HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Thon Hotel Fosnavåg
Dato: 12.06.2018
Tid: 10:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

NB!
Stad: Thon Hotel Fosnavåg
Tid: kl. 10:00

Fosnavåg, 05.06.2018

Arnulf Goksøyr
ordførar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 104/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 105/18	Protokoll frå førre møte
PS 106/18	Referatsaker
PS 107/18	Budsjettseminar
PS 108/18	Budsjettkontroll per 30.04.2018
PS 109/18	Finansrapport per 30.04.2018
PS 110/18	Tertialrapport per 01.05.2018.
PS 111/18	Søknad om lånegaranti, stor kr 4.638.330,- frå Fosnavåg Konserthus AS
PS 112/18	Økonomisk avslutning prosjekt 51922 - Veg 7 Bergslia (Smålegene)
PS 113/18	Myklebuståsen bustadfelt - utlegging av utkast til utbyggingsavtale med Myklebuståsen Utbygging AS til offentleg ettersyn
PS 114/18	Klage på vedtak. Omregulering frå parkering til park/leik. Solparken, PLANID 201713.
PS 115/18	Klagehandsaming: Klage på vedtak av reguleringsplan for indre Moltumyr
PS 116/18	Interkommunalt samarbeidsprosjekt på stab og teknisk sektor.
PS 117/18	Interkommunalt samarbeidsprosjekt for NAV og barnevern.
PS 118/18	Skuleutval Herøy vidaregåande skule - val av kommunal representant
PS 119/18	Klage enkeltvedtak tildeling av prikkar
PS 120/18	Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF)
PS 121/18	Innspel Høyring - ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2020
	Referatsaker
RS 23/18	Herøy kyrkjelege fellesråd - driftsrekneskap/investeringsrekneskap 2017.
RS 24/18	Forslagskasse - forslag til politikarane - Svar Bente Sylte Larsen
RS 25/18	Protokoll frå årsmøte 28.05.2018 - Oppdaterte vedtekter - Aktivitetsplan haust 2018
RS 26/18	Herøy kyrkjelege fellesråd - årsmelding 2017.
RS 27/18	Ruteendringsprosess 2019 - Innspel frå kommunar og operatørar i Møre og Romsdal - svar

Referatsaker:

RS 23/18	Herøy kyrkjelege fellesråd - driftsrekneskap/investeringsrekneskap 2017.
RS 24/18	Forslagskasse - forslag til politikarane - Svar Bente Sylte Larsen
RS 25/18	Protokoll frå årsmøte 28.05.2018 - Oppdaterte vedtekter - Aktivitetsplan haust 2018
RS 26/18	Herøy kyrkjelege fellesråd - årsmelding 2017.
RS 27/18	Ruteendringsprosess 2019 - Innspel frå kommunar og operatørar i Møre og Romsdal - svar

PS 104/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 105/18 Protokoll frå førre møte

PS 106/18 Referatsaker

PS 107/18 Budsjettseminar

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2018/455
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
108/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	19.06.2018

BUDSJETTKONTROLL PER 30.04.2018

Tilråding:

Herøy kommunestyre tek budsjettkontrollen per 30.04.2018 til vitande.

Særutskrift:
- Vest kontroll, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Avdelingane, her

Vedlegg:
- Budsjettkontroll per 30.04.2018 – Kommentarar frå avdelingane

Samandrag:
Det har skjedd nokre endringar sidan rapportering den 31.03.2018. og dei er diverre ikkje av det positive slaget. Gjennom endringar vedtatt i Stortinget, folketalsutviklinga/folketalssamansetjinga og kommuneøkonomiproposisjonen har staten stramma inn to knepp på Herøy kommune si livreim for 2018. I budsjettet som Herøy kommunestyre vedtok i desember vart Herøy kommune sine frie inntekter (skatt/ramme) estimert til 479,8 mill kr. Gjennom endringar som skildra ovanfor er desse to inntektene no redusert til 479,3 mill kr. Det føreet imidlertid at Herøy kommune når sine budsjetterte skatteinntekter på 265,5 mill kr.

Avdelingane/sektorane melder om stabil drift og i prognosene melder dei om eit samla meirforbruk på om lag 2,5 mill kr for 2018. I tillegg har både Pleie- og Omsorgsavdeling og Eigedomsavdelinga meldt om negative avvik utan at desse vert talfesta. Berre ei avdelinga varsler om eit mindreforbruk i 2018 på om lag kr 100.000,-. Desse talet vil nok endre seg månad for månad, men ved å halde fokus på økonomien voner ein på eit godt år: Aller helst bør kommunen si drift vere lavare enn budsjettert då ein har budsjettert med bruk av disp fond på heile 11,1 mill kr for å få budsjettet i balanse. Grunnen til sistnemnde er at Herøy kommune ikkje får auke i skatt- og rammeinntekter i 2018 sett i høve til 2017.

Saksopplysningar:
Som normalt har Herøy kommune også i 2018 eit stramt budsjett. Dei budsjetterte inntektene er strekt så langt råd er og i tillegg er kostnadane på mange områder budsjettert lavt samt at administrasjon/politikarar har saldert budsjettet med bruk av bundne fonds (11,1 mill kr).

Alle avdelingane har gitt tilbakemelding/utført budsjettkontroll per 30.04.2018. Omorganiseringa har byrja og setje seg, men budsjettkontrollen er framleis ikkje heilt i samsvar med den nye organiseringa, men dette er noko det vert jobba aktivt med for å få til.

Oversikt per avdeling og seksjon per 30.04.2017. Alle tal i heile 1.000

Avdeling/sektor	Rekneskap 2018	Rev. budsjett	Avvik i kr	Prognose år	Rekneskap 2017
Politisk leiing	**727**	**1.360**	**-633**		**1.039**
Adm leiing	**503**	**618**	**-115**		**1.007**
Servicetorget	1.029	1.101	-72		1.114
Dokumentsenter	1.337	1.355	-17		735
Økonomiavdeling	1.575	2.022	-448	-100	2.118
Personal og org avd.	4.065	3.556	510		3.821
IKT	4.155	2.211	1.944		2.108
Eigedomsavdelinga	8.814	7.237	1.577		7.749
Sum sektor STAB	**20.975**	**17.482**	**3.494**	**-100**	**17.645**
Barnehageavdelinga	30.016	22.947	7.069		28.963
Grunnskuleavdelinga	41.402	39.979	1.423		37.282
Sum sektor OPPVEKST	**71.418**	**62.926**	**8.492**		**66.245**

Helse- og omsorg. Leiing	515	449	65	180	
Barn, familie og helse ink barnevern	16.107	13.681	2.426	1.300	14.109
Pleie og omsorg	39.727	37.287	2.440		40.695
Bu og habilitering	14.853	13.780	1.073		14.707
Tenestekoordinering	2.852	2.927	-76		
Nav og flyktning	5.339	2.634	2.704		3.549
Sum sektor HELSE OG OMSORG	**79.393**	**70.758**	**8.632**	**1.480**	**73.060**
Kulturavdelinga	3.038	2.953	85		3.059
Utviklingsavdelinga ink landbruk	2.862	4.554	-1.692		2.307
Anleggs- og drifsavdelinga	-2.263	2.863	-5.126		-1.468
Brannvern og feiing	3.528	3.033	495	500	3.216
Sum sektor Samfunnsutvikling	**7.165**	**13.403**	**6.238**	**500**	**7.114**
Overføringar	3.930	4.175	-245		-7.661
Skatt / ramme/ finans etc	**-168.670**	**-174.913**	**6.244**	**500**	**-163.913**
SUM TOTALT	**15.443**	**-4.188**	**19.631**	**2.380**	**-5.974**

Berre ei avdeling meiner den får mindreforbruk dette året, medan 4 andre meiner det går mot meirforbruk. Pleie- og omsorgsavdelinga og Brannvern og feiing har ikkje noko tal på dette. Samla sett ser det per 30.04.2017 ut til at vi får eit meirforbruk i avdelingane i 2018 på mellom 1,8 og 5,0 mill kr (om ein då går ut frå at Pleie og omsorg og Eigedomsavd til saman får eit meirforbruk på 3,2 mill kr). I tillegg kjem berekna reduksjon i skatt/rammetilskott på minst 0,5 mill kr.

Sakshandsamar er også uroa for at sosialhjelpsutbetalingane skal bli mykje høgare enn budsjettert. Desse har blitt budsjetter for lavt i fleire år. I 2017 budsjetterte vi med ein kostnad på 3,0 mill medan dei utgjorde om lag 6,3 mill kr. Per 30.04.2018 er det betalt ut nær 3,2 mill medan tilsvarande utbetalingar 1 tertial i 2017 utgjorde om lag 1,8 mill kr. Med tilsvarande utbetalingar dei to neste tertiala vil ein fort få eit meirforbruk her på 6,0 mill kr.

Stab, Oppvekst og Helse og omsorg samla har brukt om lag 14,8 mill (netto) meir i 1 tertial 2018 enn i tilsvaande periode 2017 medan samla budsjettvekst for desse 3 sektorane er nær 12,9 mill kr for heile 2018. I utgangspunktet ser dette urovekkande ut, men litt utfordringar med budsjettperiodiseringa og det faktum at nokre statstilskott kjem seinare i 2018 enn det dei gjorde i 2017 vil endre litt på dette. Likevel er det grunn til bekymring.

Npr det gjeld sektor for samfunnsutvikling er forbruket 1 tertial 2018 om lag det same som for 1 tertial 2017.

Tabell: Økonomisk oversikt drift per 30.04.2018 i 1.000 kr

	Rekneskap 2018	Reg. budsjett 2018	Avvik	Rekneskap 2017
Driftsinntekter				
Brukarbetalingar	-9.327	-9.016	-309	-9.306
Andre sals og leieinntekter	-18.160	-16.073	-2.087	-16.790
Overføringar	-13.729	-10.690	-3.039	-19.144
Rammetilskott	-81.099	-85.720	4.621	-79.073
Andre statlege overføringar	-9.721	-12.636	2.915	-32.480
Andre overføringar	-622	-22	-600	-234
Inntekts- og formueskatt	-86.242	-86.819	577	-82.792
Sum driftsinnt:	**-218.900**	**-220.979**	**2.079**	**-239.819**
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	120.910	114.671	6.239	114.167
Sosiale utgifter	37.576	31.807	5.769	35.673
Kjøp av varer og tenester	27.078	27.353	-275	26.722
Kjøp av varer og tenester erstatter komm tenesteprod	38.931	30.559	8.372	35.894
Overføringar	11.739	8.767	2.972	17.794
Avskrivingar	0	11.266	-11.286	0
Fordelte utgifter	-838	-2.041	1.203	-1.742
Sum driftutg:	**235.397**	**222.382**	**13.015**	**228.508**
Brutto Driftsresultat	**16.496**	**1.403**	**-15.093**	**-11.310**
Eksterne finansinntekter				
Renter og utbytte	-474	-2.850	2.376	-613
Gevinst finansielle instrument	-467	-1.366	899	-966
Mottekne avdrag på lån	0	-67	67	-2
Sum finansinnt	**-940**	**-4.283**	**3.342**	**-1.582**
Eksterne finansutg				
Renteutgifter	-317	5.065	-5.382	6.114
Tap fin. instrument	0	67	-67	50
Avdrag på lån	-6	7.874	-7.880	620
Utlån	0	83	-83	0
Sum finansutg	**-324**	**13.088**	**-13.412**	**6.784**
Netto finansutg.	**-1.264**	**8.805**	**-10.069**	**5.202**
Motpost avskrivinger	0	-11.272	11.272	0
Netto Driftsresultat	**15.233**	**-1.065**	**16.298**	**-6.108**

Bruk av bundne fond	-9	-156	147	-450
Andre avsetnader	**0**	-2.968	-2.968	
Mindreforbruk	**15.224**	**-4.188**	**19.412**	**-6.558**

Av tabellen ser ein at det er ført svært lite av rentekostnadar og avdrag. Grunnen til dette er at mange av kommunen sine lån er avdragsfrie og at vi må betale ein eller to større avdrag i 2 halvår. Dei første store renteterminane kjem først i mai og juni. Ein kan også sjå at vi ikkje fører avskrivingar løpande.

Ein kan også legge merke til store endringar frå 2017 til 2018 når det gjeld posten Andre statlege overføringar. Den viktigaste endringa her er at RDA tilskotet vart ført her midlertidig i 2017 og det utgjorde om lag 19,8 mill kr RDA midlane hadde også si betydning for utgiftsposten Overføringar. Om ikkje desse midlane var tatt med i 2017 hadde denne posten vore om lag 8,5 mill lavare enn tala i tabellen syner.

Av tabellen ser ein vidare at dei reine lønskostnadane har auka med heile 5,91% frå 1 tertial 2017 og til same periode i 2018. Det er vesentleg høgare enn lønsveksten.. Det er grunn til å tru at denne veksten vil avta litt i mai og juni pga litt endra periodisering av budsjettet. I tillegg må ein her nemne at bokførte sjukelønsrefusjonar her heile 2,5 mill høgare i 1 tertial 2018 enn det dei var i 1 tertial 2017.

Ser ein samla reelle lønskostnadar (ink refusjonsjukeløn) er forbruket i 1 tertial kvartal om lag 4,6 mill høgare enn budsjettet. Vi har budsjettert med eit stort positivt pensjonsavvik i 2018 slik at det reelle avviket mellom rekneskapsførte og budsjetterte lønskostnadar ikkje er alvorleg per dato (om lag 1,0 mill kr).

Avdelingane sine tilbakemeldingar

Innan sektor for stab er dei fleste i rute. Eigedomsavdelinga melder imidlertid om negativt avvik. Dette skuldast utfordringa i løpande drift, men ein vonar at reduserte utgifter i reinhaldsavdelinga kan veie opp litt av dette. Ei anna utfordring er at leigeinntektene knytt til næringslokaler er mykje lavare enn budsjettert. For å halde budsjettramma er det aktuelt å bremse aktiviteten innan vedlikehald og byggdrift resten av året

Grunnskuleavdelinga melder om at det meste er i rute og at dei ikkje forventar meirforbruk i 2018. om styrka bemanning i nokre saker der det er utfordringar knytt til ekstra ressursar på barn i barneskulen. I tillegg vert elevtalet innan EMA redusert (og dermed dei statlege overføringane) medan kostnadane til drift av tilbodet er om lag uendra. Men avdelinga voner at ein skal unngå meirforbruk i 2017. Her må ein også ta med at avdelinga før større øyremerka statstilskott enn dei har budsjettert med.

Sektor for helse og omsorg melder om eit negativt avvik (reduserte inntekter) på om lag 1,3 mill kr knytt til ny legeavtale (budsjettet for 2017 og heller ikkje for 2018 vart ikkje endra som følje av at ny avtale vart inngått). Innan administrasjonen i sektoren vert det meldt om eit mindre avvik i samband med omstillingsprosjektet i Helse og omsorg. Pleie og omsorgsavdelinga melder at dei mest sannsynleg vil gå med eit meirforbruk i 2018, men vil kome attende til ei skikkeleg probnose etter ferien. Bu- og habilitering har auka behov for hjelp hjå ein del av brukarane. Mykje av dette

voner ein å få refundert gjennom ordninga for øyremerka statstilskott ressurskrevjande brukarar slik at det ikkje vert avvik. Barnvern og NAV Sosial er vanskeleg å forutseie pga tilhøve som kommunen ikkje kan styre. Det vil bli eit sort meirforbruk av sosialhjelp i 2018 som følje av auka og langvarig arbeidsløyse.

Sektor for samfunnsutvikling meiner at ein skal unngå meirutgifter i 2018, med unntak av avdeling for brann der det har kome til meirkostnadar på om lag kr 500.000,-. Tida framover vil også bli avgjerande for resultatet her. Lite væte i terrenget kan gi fleire lyng- og skogbrannar noko som er ressurskrevjande både på personell og økonomisida.

Når det gjeld skatt, rammetilskott, finans, pensjon med meir rår det stor usikkerheit med tanke på framtida. Både skatt og rammetilskott er litt lavare enn ynskjeleg.

No tippa vi også at 2015, 2016 og 2017 ville bli utfordrande, men alle desse åra viste kommunerekneskapen overskott når regnskapet var oppgjort. Det har blitt hevda at dette er dei ttr beste åra for kommuneøkonomien i dette årtusenet og det stemmer nok. I år har vi saldert budsjettet ved hjelp av inntekter frå disposisjonsfondet (om lag 11,0 mill kr). Det gjer at 2018 uansett vil bli eit utfordrande år økonomisk sett og uansett vil nok disposisjonsfondet blir redusert.

For dei andre postane på dette kapittelet er det ikkje råd å sjå nokon trend enno.
.

Vurdering og konklusjon:

Avdelingane ser ut til å kunne levere ein rekneskap med eit samla meirforbruk på inntil 5,0 mill kr basert på avdelinganse sine tilbakemeldingar. Alle tal og statestikkar syner at Herøy driv effektive tenester og at tenestene er gode. Sjukefråveret har vore litt høgare enn ynskjeleg så langt i 2018. Dei tilsette har synt stor forståing med utfordringane vi har stått ovanfor og som vi står ovanfor i tida som kjem.

Ein viser elles til vedlagte budsjettkontrollrapportar frå avdelingane for meir informasjon.

Fosnavåg, 28.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Folkevalde

Inntektene på dette ansvaret er større enn rekna med og det vil difor med eit mindreforbruk.

Administrativ leiing

Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2018.

Servicetorget

Avvik i inntekter : Det er her ført inntekter som gjeld heile året 2018, forskotsbetaling skjenkeavgift.
Avvik i utgifter : Det er inne vikar i ei stilling. Dette er ikkje budsjettert. Avvik løn vil derfor auke utover året. Her vil det vere refusjon.
Prognose per 01.05.2018: Ingen meirforbruk i 2018.

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Avvik i inntekter/utgifter:

Har eit overforbuk på kring 20 000,- kroner.

Prognose per 31.12.2018 i kr:

Dokumentsenteret og politisk sekretariat vil halde budsjettet for 2018.

Samarbeidsprosjektet med Vanylven kommune kan få innverknad på utgifter og inntekter i løpet av året.

Økonomiavdelinga ligg godt an i rekneskapen per dato.

Avvik inntekter: Av og til blir økonomiavdelinga brukt til å betale fellesrekningar som deretter blir fordelt ut på avdelingane etter bruk. Det gjer at inntektene i avdelinga er om lag kr 190.000,- høgare enn det skal vere.

Avvik utgifter: Det same som ovanfor, men her er utgiftene om lag kr 60.000,- lågare enn dei skal vere.

Konklusjon: Tale er om lag kr 250.000,- betre enn dei skal vere. Dette vil bli regulert etter kvart. Tek ein omsyn til dette vil avdelinga presentere eit mindreforbruk på minst kr 100.000,- i 2018, men vi er 0,8 årsverk mindre i 2018 enn vi var i 2017 og i tillegg har vi hatt sjukmeldingar frå 01.01.18 og fram til og med rapporteringsdato. Det gjer at arbeidspresset er høgare enn det burde vere og det igjen kan resultere i nye sjukmeldingar.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Avvik i inntekter (kvifor): Refusjon for HTV er ikkje inntektsført.

Avvik i utgifter (kvifor):

1261: Eit lite meirforbruk på lønspostane. Betaling til andre viser eit meirforbruk pga feilbudsjettering.

Prognose per 31.12.2018:
Med utgangspunkt i rekneskapa for dei siste åra og resultatet sett for heile året, vil avdelinga samla sett kunne gå i ballanse. Det er likevel usikre moment, og resultatet er avhengig av at dei aktivitetane som er planlagde vert halde og at det ikkje oppstår uventa kostnader. Usikre moment her kan vere kostnader til samarbeidsprosjektet mellom Herøy og Vanylven.

Informasjonsteknologi (IKT)

Avvik i inntekter (kvifor) - ingen avvik å melde. Inntekter frå driftsavtaler vert fakturert årleg i november/desember.

Avvik i utgifter (kvifor) - Alvorleg avvik på 29% skuldast betaling av faktura frå SSIKT som ikkje er periodisert, elles i balanse i forhold til budsjett (avviket ned frå 46% frå månadsrapport i februar).

Prognose per 31.12.2018 i kr - Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret ved årets slutt til trass for alvorleg avvik idenne perioden.

Evt ting som kan oppstå seinare i året - Lisensar vert fakturert noko ulikt frå leverandør til leverandør. Vi får rekningar både per kvartal, halvår og år. Dette kan gi utslag i avvik i utgifter enkelte månader, men jamnar seg ut i løpet av året.

Barnehagar

Avviket skuldast i hovudsak periodisering jfr utbetaling av tilskot til private barnehagar, samt redusert foreldrebetaling pga lav inntekt og søskenmoderasjon.
Prognose: Ein forventar å halde budsjettet på barnehageområdet.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Auken i netto forbruk jfr same periode i fjor, og jfr budsjett'18, skuldast i hovudsak ekstra lønnsutbetaling som vert refundert, men der utbetaling av nokre refusjonar/tilskot skjer i mai/juni. . Statlege vikarmidlar (ca 500') for vidareutdanning er ikkje utbetalt enno. Vi "forskotterer" også lønn for lærarar i vaksenopplæring, der statlege tilskot ikkje vert utbetalt før i mai, mot vanlegvis i januar.
Vi har nytta noko ekstra bemanning til barn med særlege behov, samt til mottak av flyktningar. Det siste vil bli finansiert av tilskot til flyktningar seinare.

Ein forventar å halde budsjettet for året for enhet grunnskule/kulturskule/PPT/vaksenopplæring.

Helse og omsorg leiing

Avvik utgifter: Fyrste betaling til ressurssenteret for omstilling (RO) er betalt. Rekningane vert belasta på helse og omsorg adm. Kostnaden er ikkje budsjettert, slik at her får vi eit avvik samla sett. Ein del av det negative avviket per d.d gjeld forskottering knytt til 7-stjerna HO, som vi får 6/7 delar tilbake på, ved slutten av året.

Avvik inntekter: Ingen avvik.

Prognose: Det vert eit lite avvik knytt til kjøp av tenester av RO, som ikkje er budsjettert inn i 2018-budsjettet (180.000,-), så fremt vi ikkje klarer å spare vesentleg på andre poster.

Barn, familie og helse

Avvik utgifter: Det er forventa negativt avvik på legetenesta (1,3 million) og på sosiale utgifter.

Avvik inntekter: Ikke alle inntekter er inntektsført. Ingen meldte avvik utover det.

Prognose: Samla sett vert det forventa eit negativt avvik.

Pleie og omsorg

Avvik utgifter: Det vert rapportert noko meir bruk av ressursar, knytt til auka behov. Ny buss som var tenkt skulle gå av gåvemidlar, er ført på driftsbudsjettet til adm PO.

Avvik inntekter: Det er eit lite etterslep på refusjon sjukeløn, og inntekt for vederlag.

Prognose: Det vert arbeidd for å få avdelinga i balanse, men slik det ser ut per d.d, kan det sjå ut som vi går mot eit negativt avvik. Det vert enklare å kome med ei god prognose etter sommarferien.

Bu- og habilitering

Avvik utgifter: Ekstrahjelp på grunn av auke i behov, gir ekstra kostnader. Av erfaring veit vi at ein del av dette kjem tilbake som auke i inntekter frå staten.

Avvik inntekter: Det vil nok kome ekstra inntekter, då ein del av meirforbruket utløyser statstilskot.

Prognose: Erfaringstal viser at avdelinga brukar å kome positivt ut ved slutten av året. Vi legg difor til grunn at vi klarar å få det negative avviket i balanse.

Tenestekoordinering

Kroner: Forbruk i balanse.

Forklaring: Framleis nokre feilføringar etter omorganisering. Innsparing på løn på grunn av tilsettingsstopp. 50% vakant heile 2018.

Prognose: Balanse.

Kulturavdelinga

Samla sett viser rekneskapen for område 40 eit mindreforbruk på om lag 52' ved utgangen av april 2018. Prognose ved årsslutt er budsjett i balanse.

Søre Sunnmøre landbrukskontor

Årsaka til det høge avviket er at budsjettet ikkje er periodisert på lønn- og personalkostnadar. Dei andre kostnadane er periodisert.
Del av salsinntektene på funksjon 360 og konto 16200 gjeld bundne midlar i viltfondet. Desse kan ikkje reknast som inntekter til drifta av landbruksavdelinga.

Ser ikkje ut til at det vert noko negativt avvik mellom regnskap og budsjett i 2018.

Utviklingsavdelinga

Avvik i inntekter: Mindreinntekter på plan og mindreinntekt på kart og oppmåling.

Avvik i utgifter: Meirutgifter til lisensar som kjem i starten av året og innkjøp av konsulenttenester.

Prognose pr 30.04.2018:

Totalsituasjonen er under kontroll, men for 2 halvdel 2018 må vi vere restriktive med innkjøp og få overført utestående midlar.

Anleggs- og driftsavdelinga

Totalsituasjonen er under kontroll.

Månadsrapporten gir likevel ikkje eit korrekt bilde for område 51 då delar av interne føringar ikkje er gjennomført.

Ein legg til grunn at det ikkje blir negativt avvik mellom rekneskap og budsjett i 2018.

Brannvern og feiing

Avvik i utgifter: Det er eit negativt avvik på kr. 200.000. Det kjem på grunn av mange utrykkingar.

Avvik i inntekter: Feiing og tilsynsgebyr vert innkrevd ein gang årlig. Ein vil mangle inntekter til desse vert innbetalt, hausten 2018.

Konklusjon: Ein går mot meirforbruk i størrelseorden 500.000 kr. Det avheng av kva som skjer dei 2 siste tertial.

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga har eit periodisk meirforbruk. Reinhald som største seksjon har eit mindreforbruk som vi forventer held seg ut året.
Bustadforvaltning er i balanse medan byggdrift har eit meirforbruk. Også dette er forventa på denne tida av året.
Vi legg til grunn at dette vil endre seg når vi no går inn i sommarferieperioda med mindre bemanning og mindre aktivitetet.
Vidare er meirforbruket knytt til manglande husleige frå næringslokale.

Med tanke på årsprogronse er det innan vedlikehald og byggdrift vi har moglegheit til å bremse aktiviteten for

å kome i balanse.
Dette er ikkje bra med tanke på langsiktige konsekvensar, men det er beste moglegheita for oss med tanke på balansekravet.

Overføringar

På dette området er det nær samsvar mellom rekneskap og budsjett per 30.04.2018. Etter det ein kan sjå er det liten grunn til å tru at ein vil få noko stort avvik mellom rekneskap og budsjett per 31.12.2018.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Avvik i inntekter: Det mest påfallande i 1 tertial er at kommunen har mindreinntekter på skatt og rammetilskott på hhv 0,6 og 4,8 mill kr. Sistnemnde tal kan bli justert litt med inntektsutjamnade tilskott ein månad i etterkant. Det vi i alle fall veit er at folketalet i Herøy er lavare per 01.01.2018 enn det som vart forutsett i statsbudsjettet noko som representerer eit inntektstap på minst kr 500.000,-

På dei andre postane er det ikkje ført mykje så langt i 2018, men per dato er avkastninga innan aktiv forvaltning lavare enn budsjettert. Når vi tek med at kommunen har budsjettert med eit pensjonsavvik på nær 5,0 mill kr bruk av disp fond på nær 12. 0 mill kr så ser ein at det meste her er usikkert. Vi kan kanskje budsjettere litt betre for skatt/rammetilskott i neste rapportering, Per i dag ser det ut til at vi får eit negativt avvik på dette området, men ein er høgst usikker på storleiken.

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/657
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
109/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	19.06.2018

FINANSRAPPORT PER 30.04.2018

Tilråding:

Finansrapporten per 30.04.2018 vert teken til vitande.

Særutskrift:

- Vestkontroll IKS
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon, her
- Bergen Capital Management AS
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:
- Forvaltning av gjeldsportefølje og finansieringsavtaler per 30.04.2018
- Langsiktige finansielle aktiva per 30.04.2018
- Forvaltning av pengemarknadsfond per 30.04.2018
- Oversikt over aksjar og obligasjonar per 30.04.2018

Samandrag av saka:
Herøy kommune har per 30.04.2018 nær 92,3 mill kr plassert i bank (om lag 57,0 mill av dette er frie midlar), om lag 61,3 mill kr plassert i obligasjonar/sertifikat og om lag 19,7 mill kr plasset i aksjar/eigenkapitalbevis. I tillegg har kommunen om lag 839,1 mill kr i langsiktige lån.

Samla avkastning/kostnadar i 1 tertial har vore om lag som budsjettert. Det er avdekka eit brudd/avvik på eksisterande finansreglement for det som vedkjem ei plassering (Pengemarknadsfondet i Odin Forvaltning kan investere i finansinstitusjonar i EØS - Fondet har ikkje NOK avgrensing, men EØS avgrensning).

Risikoen i porteføljen er ikkje ubetydeleg og spørsmålet er om den skal reduserast framover.

Saksopplysningar:
Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 9. juni 2009 ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning. I denne forskrifta vert det slått fast at administrasjonen skal legge fram rapportar for politisk handsaming 30.04. og 31.08 kvart år. I tillegg ei "årsmelding" per 31.12.

Kommunen sitt noverande Finansforvaltningsreglement vart handsama i kommunestyret i K-sak 55/17 den11.05.2017. .
I dette reglementet kan ein plassere inntil 30% av likviditeten i aksjemarknaden og inntil 100% i rentemarknaden.

Vi vel å rapportere den finansielle risikoen etter same mal som tidlegare. Det vil seie:
På plasseringssida:
Aksjar:
- Kva skje dersom den norske aksjemarknaden vert endra med +/- 30%?
- Kva skjer dersom den utanlandske aksjemarknaden vert endra med +/- 20%
- Eksponering i derivat

Renter:
- Kva kredittrisiko har kommunen tatt, dvs andel stat, kommune, bank, industri osb ?
- Renterisiko: Kva skjer dersom renta vert endra med +/- 1,0% ?
- Eksponering i derivat

På lånesida:
- Renterisiko: Kva skjer dersom renta vert endra med +/- 1,0%
- Refinansieringsrisiko: Kor stor del av låneporteføljen må refinansierast i år ?
- Eksponering i derivat

Alle tal vert presentert på einskildområder og samla.

Portefølje per 31.08.2017 som er under Aktiv Forvaltning:
- Bankinnskot Kr 4.258.800,-
- Sertifikat/obligasjonar Kr 51.290.800,-
- Aksjar Kr 19.725.600,-
- Pengemarknadsfond kr 10.000.000,-

Totalt Kr 85.275.300,- . Per 30.08.2017 var summen kr 72.778.600,-.

Porteføljen sin verdi har auka med om lag kr 12.496.000,- sidan 31.08.2017.

Samla avkastning per 30.04.2018 under aktiv forvaltning er 0,7% og justert for forvaltningskostnadar er avkastninga på 0,5%.

Herøy kommune sin aksjeportefølje.
Herøy kommune har per 30.04.2018 investert i 23 ulike selskap på Oslo Børs (33 selskap per 31.08.2017). Opprinneleg har investeringane i dei ulike selskapa variert mellom kr 74.400,- (Akastor ASA) og kr 1.227.000,- (Golden Ocean Group). Totalt har Herøy kommune investert om lag 11,19 mill i einskildaksjar. Marknadsverdien per 30.04.2018 er på omlag 10,66 mill kr.

Gjennom eit vedtak i kommunestyret i 2017 har vi no seldt oss ned i einskildaksjar og investert desse midlane i internasjonale aksjefond. Per 30.04.2018 har vi investert 9,0 mill kr i 4 fond forvalta av KLP (2,25 mill kr i KLP Aksje Global, KLP Aksje Europa, KLP Aksje Asia og KLP AksjeUSA). Marknadsverdien per 30.04.2018 var om lag 9,06 mill kr.

Den tidsvekta avkastninga i perioden 01.01.2018 – 30.04.2018 er positiv med om lag 2,0%. Dette er om lag 0,8% lavare enn avkastninga på Benchmark (Samanlikningsindeksen - 50% Norske aksjar og 50% globale aksjar).

Avkastninga på aksjesida har vore positiv med om lag 0,41 milll kr i årets første 4 mnd. Budsjetterte inntekter (netto) knytt til verdiauke og utbytte på denne aksjeporteføljen er på om lag 0,87 mill kr per 30.04.218. Det vil seie at ein har eit negativt avvik mellom budsjetterte og reelle inntekter på om lag 0,46 mill kr per 30.04.2018..

Finansiell risiko Norske aksjar
Alle kommunen sine aksjar er i selskap notert på Oslo Børs. Dersom ein skulle få eit nytt kursfall i den norske marknaden på t.d. 30% i perioden 01.05.2018 - 31.12.2017 vil det representere ein verdireduksjon på om lag 5,9 mill kr. Dersom verdiauken i same tidsrom vert på 30% vil det utgjere ein vinst på 5,9 mill kr. Erfaringar frå tidlegare år har synt oss at det er fullt mogeleg å få ein finansiell risiko som overstig 30%.

Herøy kommune sin obligasjonsportefølje
Herøy kommune har per 30.04.2018 i alt 8 ulike einskildobligasjonar/sertifikat. Pålydande verdi varierer frå 3,0 mill kr til 10,0 mill kr og er pålydande totalt 51,0 mill kr. Investert sum er på nær 51,2 mill kr. Tidsvekta avkastninga i perioden 01.01.18 – 30.04.2018 er om lag 0,24%. Dette er om lag 0,70 % betre enn benchmark (samanlikningsindeksen – Statsobligasjonsindeksen 3 år).

Totalt budsjetterte netto renteinntekter på obligasjonssida per 30.04.2018 er 0,13 mill kr. Rekneskapsmessig har vi i denne perioden hatt ei total avkastning på om lag 0,45 mill kr slik at differanse mellom budsjettert og reell avkastning per 30.04. er negativ med 0,32 mill kr.

Finansiell risiko
Dersom ein får eit renteskift på + 2% vil det representere ei meir- eller ei mindreinntekt på i overkant av 0,97 mill kr for 2018.

Bankinnskot aktiv forvaltning
Herøy kommune sine bankinnskot i Sparebanken Vest (Dette gjeld det som ligg under aktiv forvaltning gjennom Bergen Capital Management AS).

Herøy kommune hadde per 30.04.2018 innestående nær 4,26 mill kr. Midlane vert forrenta med 1,17 % for innskott inntil NOK 5,0 og 1,62% for innskott over 5,0 mill kr. Berekna bankrenter per 30.04.2018 er om lag kr 15.680,-.

Finansiell risiko
Med dagens rentenivå og utsiktene framover er det ikkje nokon renterisiko knytt til bankinnskott per dato.

Det er ingen avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet. Det potensielle tapet på finansporteføljen vert per dato vurdert som middels sett i høve til kommunens risikoberande evne.

Pengemarknadsfond
I samband med handsaminga av finansrapporten per 30.04.2017 Herøy kommunestyre slikt samrøystes vedtak i punkt 2:

> Ein plasserer i første omgang NOK 10,0 mill kr i pengemaknadsfond hjå to ulike fondsselskap. Rådmannen får fullmakt til å plassere desse basert på avkastningshistorikk og kostnadar.

Herøy kommune har per 30.04.2018 investert 5,0 mill kr i Odin Pengemarked og 5,0 mill kr i Pluss Pengemarked. Invesert sum blir såleis 10,0 mill kr. Tidsvekta avkastninga i perioden 01.01.18 – 30.04.2018 er om lag 0,41%.

Totalt budsjetterte netto renteinntekter på obligasjonssida per 30.04.2018 er kr 50.000,-. Rekneskapsmessig har vi i denne perioden hatt ei total avkastning på om lag kr 40.800,- slik at differanse mellom budsjettert og reell avkastning per 30.04. er negativ med kr 9.200,-.

Finansiell risiko
Dersom ein får eit renteskift på + 2% vil det representere ei meir- eller ei mindreinntekt på i overkant av 0,66 mill kr for 2018.

Honorar til kommunens forvaltar (felles for både aktivasida og gjeldsforvaltninga) er budsjettert til nær kr 304.000,- i 2018. Med dagens volum på aktiva og passivasida vil samla honorar truleg utgjere om lag 340.000,-.

Andre Bankinnskott
Etter ein anbodskonkurranse valde Herøy kommune ny hovudbank for 3+1 år. Danske Bank ASA vart vald på nytt ut i frå kriteria i anbodsdokumentet og avtalen gjeld frå september 2016. Det gjer at dei fleste kontiane per 31.08.2017 er i Danske Bank ASA, men vi har framleis dei gamle driftskontiane i Nordea og Sparebanken Møre operative.

I Sparebanken Møre har vi per 30.04.2018 samla bankinnskot på om lag kr 160.000,-. Rentesatsen er 0,46% og opptente renter så langt i 2018 er på om lag kr 280,-.

I Danske Bank ASA hadde vi per 30.04.2018 innestående om lag 87,9 mill kr. Om lag 52,7 mill av dette var frie midlar. Dei resterande om lag 35,2 mill kr er bundne midlar (RDA og Skattetrekk). For førstnemnde (RDA midlane) skal renteinntektene godskrivaste dei respektive konti. Dei kjem såleis ikkje drifta av Herøy kommune til gode. Oppsparte renter 1 tertial utgjorde om lag kr 140.000,- (rentene blir berekna og kapitalisert kvart kvartal) og rentesaten er avtalt til NIBOR + 0,26% på dei første 75,0 mill kr og NIBOR flatt for det som overstig 75,0 mill kr.

I Nordea AS har kommunen innskott på om lag kr 320.000,- per 30.04.2018. Rentesatsen er 0,63%. Opptente renter er omlag kr 2.000,-.

Netto opparbeidde renteinntekter per 30.04.2018 er nær 0,15 mill kr. Vi har budsjettert med renteinntekter på totalt 0,55 mill kr for 1 tertial 2018 Det vil seie at vi manglar om lag kr 450.000,- etter 4 mnd for å klare budsjettet i 2018.

Kontoane og innskota nemnt ovanfor er kommunen sin driftskapital. Storleiken på innskota vil variere ein god del frå månad til månad, Per 30.04.2018 hadde vi driftskapital på nær 53,1 mill kr. Unytta lånemidlar per 31.12.17 var 40,7 mill kr så mykje av likviditeten vår er knytt opp mot investeringsprosjekt.

Finansiell risiko
Med dagens rentenivå og renteutsiktene framover er det snakk om ein minimal finansiell risiko for kommunen sine bankinnskot. Om ein i snitt har innestående 60,0 mill kr vil risikoen vere om lag kr 60.000,- for det dei to siste tertiala i 2018.

Herøy kommune sin låneportefølje (iflg oversikt Bergen Capital Management)
Per 30.04.2018 hadde Herøy kommune i alt 27 lån. I Husbanken (16 lån – ca 64,5 mill kr – ca 60,86 mill av dette er startlån/vidareutlån), Kommunalbanken (8 lån – ca 544,7 mill kr), Swedbank (1 lån –65,0 mill kr), Danske Bank (1 lån 65,0 mill kr) og KLP/Kommunekreditt (1 lån ca 100,0 mill kr). Total gjeld per 30.04.2018 var om lag 839,1 mill kr eller om lag kr 93.758,- per innbyggar (kr 86.900,- per innbyggar eks vidareutlån). I desse tala ligg alt av lån kommunen har per dato – også vidareutlån gjennom husbanken, lån til VAR området og lån som staten betaler rentekompensasjon for.

Låneporteføljen kan vi dele opp slik:

Totale lån	839,1 mill kr
Av dette	
- Vidareutlån frå Husbanken	60,9 mill kr
- Lån belasta VAR området (avskrivingsgrunnlag)	100,0 mill kr
- Rentekompenserte lån (skule,kyrkje, omsorg)	51,0 mill kr

Det vil seie at Herøy kommune per 30.04.2018 må svare renter for totale lån på om lag 627,2 mill kr (om lag kr 70.078,- kroner pr innbyggar)

Rentevilkåra varierer. Lån med fast rente varierer frå 1,385% til 3,33%. Lån med flytande rente ligg på mellom 1,58% og 1,70 % og vi har nokre sertifikatlån der renta ligg på mellom 0,92 og 1,08%. Vekta gjennomsnittsrente per 30.04.2018 er på om lag 1,501 %. Dette er om lag 0,10 % lavare enn ved rapporteringa 31.08.2017. Herøy kommune hadde ikkje nokon stor gjeldsvekst frå 2017 til 2018 og den vil heller ikkje auke vesentleg i løpet av 2018. Grunnen til dette er at Herøy kommune lånte til forskottering av gangvegomlegginga på Frøystadtoppen og til utbetring av Skarabakken. Vi har fått tilbakebetalt forskotteringa av Frøystadtoppen, medan det ikkje lenger er aktuelt og forskottere Skarabakken. Vi reduserer årets planlagde lånefinansiering med desse summane (totalt om lag 33,8 mill kr), slik at planlagt låneopptak (eks vidareutlån) vil bli på om lag 30,0 mill kr. Dermed vil Herøy kommune ha samla lån per 31.12.2018 på om lag 850,0 mill kr.

Av Herøy kommune sine lån er 4,5% av porteføljen lån med flytande rente (p.t. rente), 69,1% av porteføljen har rentebinding som går ut innan 1 år og 26,4% av låneporteføljen har fast rente ut over 1 år. Balansen mellom det å ligge kort og dra nytte av lave marknadsrenter samstundes som ein har valgt å sikre noko på lengre sikt når nivåa har vore attraktive vert reflektert i forfallsstrukturen. Vi har refinansiert 2 lån i 1 tertial. Desse to låna skal slåast saman til eit nytt lån i juni 2018 og då skal vi sjekke vilkåra på lån med 1-5 års fastrente Dei to låna vi skal refinansiere har i dag rentesats på like i underkant av 1% (snitt) og det er tvilsomt om vi klarer denne rentesatsen på det nye lånet når det skal rentebindast.

Finansiell risiko
Den finansielle risikoen kan henførast til refinansieringsrisiko (lån med fast rente der fastrenteperioda er ute) og renterisiko. Renterisikoen (rentesensitiviteten) er slik at våre rentekostnadar vil auke med om lag 6,2 mill kr på årsbasis dersom rentenivået stig med 1,0%. Når det gjeld refinansieringsrisikoen så er den lav, men snittrenta vil nok auke noko som følje av refinansieringa i juni.

Samandrag/stresstest

Ved å sette opp ein slik tabell kan ein sjå på den finansielle risikoen i vår portefølje for 2017:

Aktiva-/passiva klasse	Marknadsverdi i kr	Endringsparameter	Resultat i kr	
Bank/likviditet	60.000.000	0		
Obl/sertifikat	51.290.000	+2% renteskift	- 963.000	
Aksjar og eigeinkapitalbevis	19.725.000	-30% verdiendring	- 5.917.000	
Pengemarknadsfond	10.080.000	+2% renteskift	-50.000	
Samla	141.095.000		- 6.930.000	

Gjeld	**Sum**	**Endring**	**Risiko 2017**
Lån	839.100.000	+0,25% renteskift	- 1.400.000
			-

(her har ein ikkje tatt med lån som har fast rente lenger enn til 30.04.2018 – om lag 450,0 mill kr – dvs at risikovurderinga gjeld lån pålydande i alt om lag 389,0 mill kr).

Samla risiko vil då bli om lag kr 8.330.000,-.

Vurderingar:

Herøy kommune har i dag Bergen Capital Management AS som forvaltar av både aktivaporteføljen på om lag kr 81.095.000,- og låneporteføljen på kr 839.100.000,-. Prisinga på desse tenestene er sett i samanheng og med vesentleg endring mellom aktiva- og passivasida vil nok prisbildet bli endra. Mest sannsynleg i vår disfavør. Dagens avtale kan seiast opp av ein av partane med 6 månaders varsel.

I tillegg til ovannemde har kommunen ei bankavtale med Danske Bank ASA som gjev oss ei ok avkastning på innestående inntil NOK 75,0 mill kr (NIBOR 3 mnd + 26 rentepunkt.. Innestående over denne summen vert honorert med 3 mnd NIBOR rente som utgjer i overkant av 0,8%.

Som eit resultat av handsaminga av finansrapporten for 1 tertial 2017 har kommunen i september overført totalt 10,0 mill kr til 2 pengemarknadsfond som er i samsvar med vilkåra i vårt finansreglement. Om desse plasseringane leverer betre enn vilkåra i vår bankavtale (om lag 1,07% p.a vil vi først få ei oversikt over ved årsskiftet.

Fosnavåg, 07.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Finansrapport Herøy kommune

Forvaltning av gjeldsportefølje og finansieringsavtaler

Rapport 2018 1 januar til 30 april

(Rapportdato 30. april, utskrevet 4. mai 2018)

Innholdsfortegnelse

Side 3: Oppsummering og nøkkeltall – del I
Side 4: Oppsummering og nøkkeltall – del II
Side 5: Fordeling rentebinding
Side 6: Finansreglementets krav og strategi
Side 7: Porteføljens rentebindingstid og renterisiko
Side 8: Porteføljens kapitalbinding og refinansieringsrisiko
Side 9: Utvikling i rentebindingstid
Side 10: Utvikling i gjennomsnittsrente
Side 11: Utvikling i lånegjeld
Side 12: Opptak av nye lån og refinansieringer i perioden
Side 13: Forfall og rentereguleringer i perioden
Side 14: Motpartsoversikt lån
Side 15: Motpartsoversikt rentebytteavtaler
Side 16: Markedskommentar
Side 17: Ordliste, forklaringer og beregninger
Appendiks I: Oversikt rentebetingelser og rentekostnader
Appendiks II: Stamdataoversikt

Forbehold

Denne rapporten er utarbeidet av Bergen Capital Management AS (heretter BCM) i samsvar med forskrift om finansforvaltning og Kundens reglement for finansforvaltning. Rapporten baserer seg på kilder som vurderes som pålitelige, men BCM garanterer ikke at informasjonen i rapporten er presis eller fullstendig.

Uttalelsene i rapporten reflekterer oppfatninger på det tidspunkt rapporten ble utarbeidet, og BCM forbeholder seg retten til å endre oppfatninger uten varsel.

Denne rapporten skal ikke forstås som et tilbud eller anbefaling om kjøp eller salg av finansielle instrumenter. BCM påtar seg intet ansvar for verken direkte eller indirekte tap eller utgifter som skyldes forståelsen av og/eller bruken av denne rapporten.

Denne rapporten er kun ment å være til bruk for våre klienter, ikke for offentlig publikasjon eller distribusjon, men BCM tar dog ingen forbehold om klienters eventuelle offentliggjøring. Ansatte i BCM kan eie verdipapirer i selskaper som er omtalt i rapporten, og kan kjøpe eller selge slike verdipapirer.

Rapporten er utarbeidet på et gitt tidspunkt, verdiendringene kan være store i låne- og verdipapirmarkedet slik at endelig resultat vil kunne avvike, det er brukt beste anslag på gitte tidspunkt som markedspriser i rapporten.

Historisk resultat i porteføljer forvaltet av BCM er ingen garanti for fremtidig resultat. Fremtidig resultat vil blant annet avhenge av markedsutviklingen, forvalters dyktighet, porteføljens risiko, samt kostnader ved forvaltning.

Rapporten inneholder kun gjeld som er forvaltet av BCM. Rapporten er utarbeidet på basis av opplysninger fra långivere og Kunde, BCM kan ikke ta ansvar for riktigheten av denne informasjonen oppgitt fra tredjeparter. Ved reproduksjon eller annen bruk av rapporten bør rapporten i sin helhet vedlegges. Rapporten gir et øyeblikksbilde på rapporteringstidspunkt, slik at porteføljens sammensetning og risiko p.t. kan være høyere eller lavere.

BCM vil sjekke av status mot Kundens finansreglement ved rapportering. Men BCM oppfordrer Kunden til å foreta nødvendige kontroller, da det er Kunden selv de facto som er ansvarlig for at gjeldsporteføljen er i henhold til vedtatt reglement. Dersom BCM ikke mottar innvendinger mot rapporten innen 10 virkedager etter utsendt rapport anses rapporten som korrekt og akseptert av Kunden.

Oppsummering og nøkkeltall – del I

Nøkkeltall	30.04.2018	01.01.2018	Forklaring	Kommentar
Total lånegjeld	**Kr. 839 132 750**	Kr. 840 417 407	Viser samlet lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer alle lån som er gjengitt i stamdataoversikten.	
Rentebindingstid (inkl. rentebytteavtaler med fremtidig oppstart dersom det finnes slike i porteføljen).	**0,94 ÅR**	1,1 ÅR	Måltallet angir porteføljens vektede gjennomsnittlige rentebindingstid. Tallet viser hvor lenge renten på sertifikat, lån og obligasjoner i porteføljen er fast, hensyntatt alle kontantstrømmer (rentebetalinger, avdrag og hovedstol). Dersom en låneportefølje uten avdrag og årlige rentebetalinger har rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har en rentebinding på 12 måneder. Rentebindingstid er et kontantstrøm basert nøkkeltall og benyttes fremfor durasjon som er basert på markedsverdier.	
Vektet gjennomsnittsrente	**1,50 %**	1,53 %	Måltallet angir porteføljens vektede gjennomsnittlige kupongrente, effektiv rente vil avvike noe. Ved sammenligning mot referanserente må det tas hensyn til durasjon og rentesikringsstrategi.	
Kapitalbinding	**2,03 ÅR**	1,89 ÅR	Måltallet angir porteføljens vektede gjennomsnittlige kredittbinding. Tallet viser hvor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovedstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Desto høyere tall, desto mindre refinansieringrisiko har porteføljen alt annet like.	

Oppsummering og nøkkeltall - del II

Nøkkeltall	30.04.2018	01.01.2018	Forklaring	Kommentar
Derivat volum (i % av gjeld)	**0,00 %**	0,00 %	Andel derivater (rentebytteavtaler, FRA, etc.) i (%) forhold til lånevolum.	
Rentebinding under 1 år	**73,59 %**	58,27 %	Andel forfall av rentebinding kommende år, dette nøkkeltallet viser hvor stor andel av porteføljen som har renteregulering innenfor det nærmeste året.	
Kapitalbinding under 1 år	**69,14 %**	53,76 %	Andel forfall kommende år, dette nøkkeltallet viser hvor stor andel av porteføljen som kommer til forfall innenfor det nærmeste året.	
Rentesensitivitet (1 %-poeng økning)	**Kr. 6 174 906**	Kr. 4 896 753	Estimat på økt rentekostnad ved 1 % - poeng økning I det generelle rentenivået (total gjeld x Rentebinding under 1 år x 1 %).Viser hvor mye porteføljens rentekostnad kommer til å øke med p. a. 1 år frem i tid ved 1%- poeng økning i det generelle rentenivået. Måltallet er lineært.	

Fordeling rentebinding

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	221 642 119	26,41 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	579 821 660	69,10 %
Sum rentebinding	**801 463 779**	**95,51 %**
Flytende rente (p.t. vilkår)	37 668 971	4,49 %
SUM	**839 132 750**	**100,00 %**

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	221 642 119	26,41 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	617 490 631	73,59 %
SUM	**839 132 750**	**100,00 %**

Fordeling





Forklaring til tabeller og grafer

Tabellene over viser fordelingen for gjeldsporteføljen angitt ved bruk av enkel rentebinding. Lån med rentebinding over 1 år er fastrentelån eller obligasjonslån med gjenværende rentebinding over 1 år på rapporteringsdato. Lån med flytende rente er sertifikat, obligasjoner og gjeldsbrevlån med gjenværende rentebinding under 1 år. Dersom porteføljen inneholder lån med p.t. vilkår har de 14 dagers rentevarsel og oppsigelsestid og en rentebinding på 14 / 365 = 0,04. Dersom porteføljen inneholder lån med Nibortilknytning (3 eller 6 MND) er de sortert som lån med rentebinding under 1 år. Det er til enhver tid gjenværende rentebinding som er utgangspunkt for beregning av om fastrentene er under eller over 1 år. Figurene viser grafisk fordeling av gjeldsporteføljen målt ved bruk av enkel rentebinding. Alle lån som er medtatt I beregningen er gjengitt I "stamdataoversikten" som er vedlagt denne rapporten.

Finansreglementets krav og strategi

Krav i gjeldende reglement	Status	Kommentar
Innhente minst 2 konkurrerende tilbud ved refinansieringer og låneopptak	OK	
Refinansieringsrisiko skal reduseres ved å spre forfall/Renteregulering. Gjennomsnittlig kapitalbinding skal til en hver tid være over 18 måneder.	OK	
Størrelse på enkeltlån, ikke vesentlig andel av totalporteføljen (maks 25 %)	OK	
Rapportering i henhold til gjeldende reglement og forskrift	OK	
Fordeling av låneopptak på flere långivere	OK	
Nye låneopptak tatt opp i tråd med reglene i Kommuneloven § 50	OK	
Lån med fastrente kan ligge mellom 0 – 75% av den rentebærende porteføljen	OK	

Krav til forvaltning av gjeldsporteføljen i henhold til gjeldende finansreglement. Kommentar kun dersom det er avvik fra finansreglement.

Porteføljens rentebindingstid og renterisiko

Intervall	Pålydende i NOK	Rentebindingstid	Andel	Akkumulert andel	Økning i rentekostnad ved 1% renteøkning
Under 1 år	617 490 631	0,42	73,59%	73,59%	kr 6 174 906
1 til 2 år	15 542 119	1,52	1,85%	75,44%	kr 6 330 328
2 til 3 år	206 100 000	2,44	24,56%	100,00%	kr 8 391 328
3 til 5 år	0	0,00	0,00%	100,00%	kr 8 391 328
> 5 år	0	0,00	0,00%	100,00%	kr 8 391 328
SUM	**839 132 750**	**0,94**	**100,00%**		

Rentebindingsintervall i % av porteføljen



Rentebindingsintervall i NOK



Kommentar

Rentebindingstid brukes ofte for å måle renterisiko. Det gir et uttrykk for hvor følsom kontantstrømmene til lånene er for en endring i markedsrentene. Man kan se på rentebindingstid som vektet gjennomsnittlig rentebinding for et lån eller en plassering. Porteføljens rentebindingstid er i tabellen målt ved slutten av rapporteringsperioden. Rentebindingen er i tråd med finansreglement og rentesikringsstrategi, hvor forutsigbarhet i rentekostnadene er et viktig element. Porteføljer med rentebindingstid under 1 år vil være svært sensitive for bevegelser i markedsrentene. Porteføljer med rentebindingstid over 5 år vil ha svært forutsigbare rentekostnader i de kommende årene. Alt annet like vil en slik forutsigbarhet ha en pris / «forsikringspremie», som må vurderes opp mot reduserte rentekostnader. Kolonnen økning i rentekostnad ved 1 %- poeng renteøkning viser økt årlig rentekostnad om 1 år, om 2 til 3 år, om 3 til 5 år og om 5 år dersom renten stiger med 1%-poeng. Dvs. når alle bindingene i porteføljen er løpt ut vil økt rentekostnad være 1 % x total gjeld.

Porteføljens kapitalbinding og refinansieringsrisiko

Forfallsintervall	Pålydende i NOK	Kapitalbinding	Prosentvis andel av porteføljen
Under 1 år	580 153 854	0,45	69,14%
1 til 2 år	333 310	1,13	0,04%
2 til 3 år	176 489 452	2,41	21,03%
3 til 5 år	0	0,00	0,00%
>5 år	82 156 134	12,38	9,79%
SUM	**839 132 750**	**2,03**	**100,00%**

Kommentar

Tabellen viser gjenværende tid frem til forfallstidspunkt for lånene i porteføljen. Det er tatt hensyn til kapitalbevegelser som f.eks. avdrag i beregningene.

Desto høyere tall desto lavere refinansieringrisiko. Et 3MND sertifikat vil ved inngåelse ha 0,25 i kapitalbinding.

Figurene viser en grafisk fremstilling av refinansieringsrisikoen i porteføljen.

Porteføljer med kapitalbinding under 1 år har et stort kapitalbehov det kommende året.

Porteføljer med kapitalbinding over 5 år antas å ha en «normal» forfallsstruktur.

Porteføljens kapitalbinding må vurderes ut fra et kostnads , – rente og porteføljeperspektiv. Korte lån er normalt sett vesentlig billigere enn lengre lån.

Beregninger av nøkkeltall er gjort ved bruk av lånets nedbetalingsprofil, långiver har ofte en mulighet til å kreve førtidig innfrielse slik at juridisk løpetid kan avvike.

Forfallsintervall i % av porteføljen



Forfallsintervall i NOK



Utvikling i rentebindingstid

Utvikling i rentebindingstid



Kommentar

Rentebindingstid er målt ved utløpet av hver måned i rapporteringsperioden.

Den venstre aksen angir rentebindingstid i antall år.

Status:	Pågår	Pågår
	Intern brukarundersøking for Stabs-tenestene.	Arbeide med å auke del EHF-faktura frå 62% i 2017 til 75% i 2018.
Status:	Gjennomført. Resultat Stab: 4,7 Resultat landet: 4,7	Pågår
	Etablere forslagskasse for innbyggarane til politikarane.	Oppretting av avvikskanal for innbyggarar.
Status:	Gjennomført	Gjennomført
		Etablering av rutinar og handsaming av kommunal borgarleg vigsel.
Status:		Gjennomført

5. Fokusområde organisasjon

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn lands-gjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn lands-gjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2018				
Alle sektorar	Gjennomføre Kommune-kompasset	Medarbeidardag	Implementering av nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med dei oppgåver som ligg til det.	
Status:	Pågår. Vert gjennomført i mai.	Gjennomført, fleire i Staben tok del.	Pågår i stabssektoren. HMS-gruppe skal ha møte i juni.	
Stab	Gjennomføre samarbeids-prosjekt med Vanylven/Sande kommune.	Obligatorisk HMS-opplæring av leiarar, tillitsvalde og verneombod.	Rapporter på sjukefråvær kvart tertial.	Revidere og oppfylging av medarbeidarar i tråd med seniorpolitikken og senioravtale.
Status:	Pågår. Slutt-rapportar frå arbeidsgruppene er ferdig.	Gjennomfør	Gjennomført	Pågår
	Opplæring av leiarar i løn- og personalarbeid.	Framleis arbeid med revidering av arbeidsgjevar-politikk og personalrutinar m.m.	Gjennomføre regelmessige IA-møter.	
Status:	Påbegynt arbeidet med å utforme	Pågår	Innkalling er sendt ut.	

	innhald, men ikkje gjennomført opplæring.			
	Korrigere og vedlikehalde system (Compilo og tidBANK m.m.) i høve ny organisering.			
Status:	Pågår. Mykje arbeid og særs tidkrevjande.			
	Konkludere på organisasjonsform (KF) og behov for delegeringar m.m. for Eigedoms-avdelinga. Politisk vedtak.			
Status:	Pågår			
	Kartlegging og samla oversyn over fagsystem.			
Status:	Gjennomført			

6. Prosjektplan – lokale IKT-investeringar

Prosjekt som går over lokalt investeringsbudsjett i Herøy kommune er påført estimert kostnad. Økonomiske rammer IKT-investeringar i Herøy 2018 er på 1 500 000, i tillegg til 500 000 som er øyremerka velferdsteknologi.

Infrastruktur	**Tal**	**Kroner**	**Status**
Kabling velferdsteknologi eRom Myrvåg omsorgssenter		250 000	Pågår
Kabling velferdsteknologi og utbygging av trådlausdekning PO/BuHab		250 000	Pågår
Utbygging av trådlausdekning skule		250 000	Pågår
Utbygging 10G nettverk mellom kommunale bygg		200 000	Gjennomfør t
Maskinrullering			**Status**
Herøy legesenter	25	250 000	Gjennomfør t
Myrvåg Legekontor	13	130 000	Gjennomfør t
Herøy og Sande legevakt	3	30 000	Pågår

Herøy kyrkjelege fellesråd	14	140 000	Gjennomført
Stokksund skule klassesett	30	200 000	Pågår
Tynnklientar administrasjon		100 000	Pågår
Lånepc/kurstralle rhu og po	25	200 000	Gjennomført
Andre prosjekt			**Status**
Meirope/sjølvbetent bibliotek		Felles/eige budsjett	Gjennomført
Nytt skuleadministrativt system		SSIKT	Pågår
Oppdatering Agresso, elektronisk reiserekning		SSIKT	Pågår
Totalt	**110**	**2000 000**	

7. Prosjektplan - Eigedomsinvesteringar

Eigedomsavdelinga skal i 2018 gjennomføre ei rekke investeringar i kommunale bygg.

Generelle postar	Aktivitet	Status
Asbestsanering	1. Kartlegging av asbest.	Gjennomført
	2. Sanering av asbest	Pågår
	3. Naudsynte fylgjetiltak	Pågår
Asfaltering	Asfaltering av uteområde.	Ikkje påbegynt
Brannsikring	Prioritering mellom meldte avvik	Pågår
	Gjennomføring av tiltak	Pågår
Desentralisert ventilasjon	Etablering av desentralisert vent.	Pågår
EPC	Ferdigstilling av analysefase.	Pågår
Leikeplassar	Oppgradering av uteområde.	Ikkje påbegynt.

Stab	Aktivitet	Status

Herøy rådhus	1. Ombygging av hovudinngang	Pågår
	2. Bygging av rullestolrampe	Pågår
	3. Sanering av trappeheis	Pågår
	4. Nye ytterdører og skalsikring.	Pågår
	5. Nye branndører og soneinndeling	Pågår
Nedre Dragsund 2	Tilrettelegging for vidare utleige.	Pågår
Oppvekst	**Aktivitet**	**Status**
Bergsøy skule Borga	1. Klargjering for asbestsanering	Ikkje påbegynt.
	2. Asbestsanering	Ikkje påbegynt.
	3. Etablering av desentralisert ventilasjon	Pågår
	4. Rehabilitere fasade sør-aust	Ikkje påbegynt.
	5. Ombygging av varmesystem	Ikkje påbegynt.
Bergsøy skule Blåhaugen	1. Utarbeiding av skisseprosjekt	Ikkje påbegynt.
	2. Utarbeiding av kostnadskalkyle	Ikkje påbegynt.
Einedalen skule	Fleirbrukshall	Pågår
Leikanger skule og grendahus	1. Asfaltering	Ikkje påbegynt.
	2. Økonomisk avslutning	Ikkje påbegynt
Moltu skule	Solskjerming	Ikkje påbegynt.
Stokksund skule	Nye vindu - byggetrinn 1	Ikkje påbegynt.
Helse og omsorg	**Aktivitet**	**Status**
Herøy omsorgssenter – blå	Bygging av uteplass ved Dagsenteret. Finansiert med private midlar	Ikkje påbegynt.

Herøy omsorgssenter – gul	Miljøkartlegging	Gjennomført
	Miljøsanering og riving	Pågår
Herøy omsorgssenter - raud/grøn	Prosjektering av fullsprinkling	Gjennomført
Myrvåg omsorgssenter	Planlegging av ombygging	Ikkje påbegynt.
Sjukeheimsvegen 14	1. Nytt yttertak	Ikkje påbegynt.
	2. Nye ytterdører	Ikkje påbegynt.
	3. Nytt verendarekkverk	Ikkje påbegynt.
Storenesvegen 30-36	1. Nytt yttertak	Ikkje påbegynt.
	2. Ny fasadekledning	Ikkje påbegynt.
Samfunnsutvikling	**Aktivitet**	**Status**
Herøy kulturhus og idrettshall	1. Nye ytterdører og skalsikring.	Gjennomført
	2. Nye branndører og soneinndeling	Gjennomført
	3. Fasaderehabilitering	Ikkje påbegynt.
	4. Rehabilitering av publikumstoalett	Ikkje påbegynt.
	5. Andre naudsynte tiltak	Ikkje påbegynt.
Herøy gard	Prosjektering av brannsikring	Pågår
Herøy brannstasjon	Kjøp av tomt	Ikkje påbegynt.
	Klargjering av tomt	Ikkje påbegynt.
	Nybygg	Pågår

9. Sjukefråværsrapport 1. tertial 2018

Tabell 1 viser sjukefråvær for 2. og 3. tertial 2017 og 1. tertial 2018

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 2. og 3. tertial 2017 og 1. tertial 2018 L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	**2. tertial 17**	**K**	**L**	**3. tertial 17**	**K**	**L**	**1. tertial 18**	**K**	**L**
Personal og	3,15	2,23	0,93	4,12	2,91	1,21	2,89	2,27	0,62
Økonomi (>	4,86	3,26	1,6	4,1	4,1	0	11,96	2,43	9,53
Fellessekr.	0	0	0	0,47	0,47	0	16,37	0	16,37
Rådm./ass.	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	0	0	0	0	0	0	-	-	-
Servicetorg	6,26	0,65	5,62	20,25	5,02	15,23	10,4	1,63	8,77
Utviklingsav	3,33	0,72	2,61	9	0,81	8,19	2,07	2,07	0
Barnehagea	5,71	3,47	2,24	8,07	2,91	5,16	14,67	2,92	11,75
Grunnskulea	4,65	0,68	3,97	7,19	1,19	6	9,79	2,6	7,19
Anl. og drift	4,57	0,63	3,95	5,26	0,85	4,4	15,89	1,93	13,97
Brannvern (	21,35	0,02	21,33	14,76	0	14,76	13,89	0,59	13,29
Helse (<40)	3,13	0,4	2,73	1,6	0,33	1,27	5,59	2,75	2,84
Pleie og om	7,79	1,67	6,12	9,98	2,34	7,64	11,08	3,19	7,89
Bu og hab. (	10,52	2,1	8,82	13,71	2,67	11,04	12,84	2,98	9,05
Barnevern (	14,28	1,09	13,19	14,52	0,23	14,29	13,47	1,35	12,12
Kultur (>10)	2,41	0,73	1,67	8,95	1,75	7,2	19,25	0,83	18,42
Eigedom (<	8,49	1,85	6,64	7,53	3,93	3,6	12,77	3,56	9,21
NAV kommu	21,36	1,77	19,58	24,69	2,78	21,91	19,59	0,65	18,94
Totalt fråvæ	6,83	1,4	5,43	9,32	1,91	7,41	10,94	2,66	8,28

Tabell 2 viser sjukefråvær 1. tertial 2016, 2017 og 2018

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 1. tertial 2016, 2017 og 2018									
L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	**1. tertial**	**K**	**L**	**1. tertial**	**K**	**L**	**1. tertial**	**K**	**L**
Personal og	6,57	3,01	3,56	5,81	1,99	3,81	2,89	2,27	0,62
Økonomi (>	10,48	1,36	9,13	2,77	1,36	1,41	11,96	2,43	9,53
Fellessekr. (	4,74	2,77	1,98	12,71	0,64	12,07	16,37	0	16,37
Rådm./ass.	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Servicetorg(	0,71	0,71	0	5,49	4,66	0,82	10,4	1,63	8,77
Utviklingsav	5,61	2,33	3,27	17,76	0,82	16,94	2,07	2,07	0
Barnehagea	10,3	2,54	7,77	5,8	3,14	2,33	14,67	2,92	11,75
Grunnskulea	7,11	2,32	4,79	6,68	1,94	4,75	9,79	2,6	7,19
Anl. og drift	1,12	1,12	0	2,01	2,01	0	15,89	1,93	13,97
Brannvern (	2,23	1,9	0,32	8,98	3,66	5,32	13,89	0,59	13,29
Helse (<40)	5,03	1,34	3,38	4,72	1,17	3,55	5,59	2,79	2,84
Pleie og om	8,76	2,43	6,33	9,76	2,33	7,43	11,08	3,19	7,89
Bu og hab. (	10,1	2,44	7,57	19,09	3,39	15,7	12,04	2,98	9,05
Barnevern (	9,85	3,22	6,63	18,89	3,92	14,97	13,47	1,35	12,12
Kultur (>10)	7,08	2,36	4,72	1,78	0,32	1,46	19,25	0,83	18,42
Eigedom (<	19,92	2,84	14,08	6,46	2,49	3,97	12,77	3,56	9,21
NAV kommu	18,17	5,03	13,14	20,82	2,71	18,11	19,59	0,65	18,94
Totalt fråvæ	8,61	2,04	6,2	9,05	2,26	6,79	10,94	2,66	2,28

Saksopplysningar:
Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 10,94% for 1. tertial 2018. Dette ser vi av tabell 1 og 2. Med eit sjukefråvær på 10,94% er målet om nærvær på 92,5% ikkje nådd.

Tabell 2 syner sjukefråvær for 1. tertial dei tre siste åra. Utviklinga har vore negativ, med ein auke på 2,33% når vi samanliknar sjukefråværet 1. tertial 2016 og 2018. Dersom vi ser på sjukefråværet dei tre siste tertiala er skilnaden i sjukefråvær frå 2. tertial 2017 til 1. tertial 2018 på 4,11%, der sjukefråværet går frå 6,83% til 10,94%. Periodane for sjukefråvær gjennom året, er likevel ikkje heilt samanliknbare. Ved å sjå på spikerdiagrammet tabell 3, ser vi utviklinga i sjukefråvær gjennom året. Det vi også ser i dette diagrammet er at sjukefråværet for denne perioden ligg høgare enn målingane som er gjort åra tidlegare.

Tabell 3 Tertialvise fråvær 2014-2018



Trass auke i samla sjukefråvær, har nokre avdelingar nedgang i sitt sjukefråvær. Personal- og organisasjonsavdelinga har meir enn halvert sitt sjukefråvær frå 1. tertial 2016 til 1. tertial 2018. Dette skuldast i særleg grad at nærværet til læringane at tatt seg opp. Det er og positivt at utviklingsavdelinga har ein nedgangs i sjukefråværet frå 9% i 3. tertial 2017 til 2,07% i 1. tertial 2018 (tabell 1).

Dei fleste avdelingar, slik dei er definerte i denne rapporten har ein auke i sitt sjukefråvær i dei periodane som vi ser i tabell 1 og 2. Med utgangspunkt at vi no er organisert i sektorarar, vil dette vere grunnlaget når vi i denne rapporten der på sjukefråværet.

Sektor for oppvekst har ein samla auke i sjukefråvær både for barnehage og grunnskule, og ser vi på utviklinga i barnehage for 2. tertial 2017 til 1. tertial 2018 er det ein auke i fråværet på 8,93%. I grunnskulen er tilsvarande tal på 5,14%.Tala innanfor den enkelte barnehage varierer stort, frå 26,8% til 1,73% og i skule varierer tala frå 4,71% til 34,62%.

I avdelingane som sorterer under sektor for Helse og omsorg er også variasjonane store. Ei av dei avdelingane som ligg under Helse og omsorg er NAV kommune, som har hatt eit stabilt høgt sjukefråvær. Dersom vi ser på dei ulike tenestene, varierer fråværet frå 0 til 69,9%. I overgangen frå avdelingsorganisering til sektororganisering er også to av tenestene flytta ut av NAV. Dette gjer at samla sjukefråvær slik det kjem til uttrykk i denne tabellen, er fordelt på fleire avdelingar, men framleis under sektor for Helse og omsorg.

Avdeling for pleie og omsorg og bu og habilitering har og hatt ein auke i sitt sjukefråvær på rundt 3%, dette ser vi ved å sjå på utviklinga dei siste tre tertiala, samt samanlikne 1. tertial 2016, 2017 og 2018. Dersom vi ser på dei ulike seksjonane er variasjonane store. Dette gjeld også for områda barn, familie og helse,

der fråværet også er varierande. I tabellen blir dette definert under helse, og i tabell 1 ser vi ein auke frå 3,13% til 5,59% på dette området. I tabell 2 der vi ser 1. tertial dei tre siste åra, er endringane heller små.

I det som i dag er Sektor for Stab, fell innkjøp, personal- og organisasjonsavdelinga, økonomavdelinga, fellessekretariat (dokumentsenter/arkiv), servicetorg og eigedomsavdelinga inn der. Personal- og organisasjonsavdelinga har hatt ei halvering av sjukefråvær frå 1. tertial 2016 til 1. tertial 2018, noko som mellom anna skuldast høgare nærvær blant lærlingane . Økonomiavdelinga har hatt ein auke i sjukefråvære gjennom dei tre siste tertial. Dette gjeld også dokumentsenter/arkiv. Sjukefråværet i servicetorget er om lag halvert frå 3. tertial 2017 til 1. tertial 2018. Dette er alle små avdelingar med få tilsette, der fråvær frå ein tilsett gjer store utslag på statistikken. Eigedomsavdelinga er omfatta av fleire seksjonar, og har eit samla sjukefråvær på 12,77% i 1. tertial 2018. Dette er ein auke frå 1. tertial i 2017. Følgjer vi utviklinga frå 2. tertial 2017 til 1. tertial 2018 ser vi ein auke på 4,28%. Internt er også her variasjonane store, frå 0% til opp mot 20%. Storleiken på seksjonar varierer også, og ein eller få personar kan gi stort utslag på statistikken.

I sektor for Samfunnsutvikling som omfattar landbruksavdelinga, brann, kultur, utvikling, anlegg og drift, finn vi også variasjonar frå avdeling til avdeling og i den enkelte seksjon. Utviklingsavdelinga har nedgang i sjukefråværet med om lag 1% frå 2.tertial 2017 til 1. tertial 2018. Om vi samanliknar 1. tertial 2016 og 2018 er der ein nedgang på 3,5%. Anlegg og drift har hatt ein auke frå 2. tertial 2017 til 1. tertial 2018 på 11,32%, medan brann har hatt nedgang i tilsvarande periode med 7,46%. Kulturavdelinga har hatt ein auke på 16,84%. Landbruksavdelinga har ikkje hatt sjukefråvær i 1. tertial, men der har vi ikkje samanlikningsgrunnlag sidan avdelinga vart lagt inn under Samfunnsutvikling frå 01.01.2018.

Sjukefråværet for 1. tertial er samla sett høgt, og nær 3,5% høgare enn det Herøy kommune har sett seg som mål. Årsakene til sjukefråværet er fleire, ulike og samansette.

Herøy kommune prøver gjennom førebygging og oppfølging før, under og etter sjukefråvær å legge til rette i arbeidet for den enkelte medarbeidar. Vi har rutinar for sjukefråværsoppfølging.

Herøy kommune har ikkje system eller analysereiskap, som gjer at vi kan kontrollere årsakene til fråvær opp i mot kjønn, alder, utdanning, yrke, livssituasjon osv. for å finne årsakssamanhengar. Vi veit likevel noko om årsakene til sjukefråvær.

Nokre arbeidsoppgåver er meir fysisk og mentalt krevjande enn andre, på generelt grunnlag er sektorar som pleie og omsorg, bu og habilitering, reinhald og barnevern utsette. Dette kan vi også sjå av våre fråværsstatistikkar. I nokre tilfelle kan det ta lang tid før det er avklara om den tilsette kan komme tilbake i arbeid. Eit anna element i dette, er høve til omplassering til andre avdelingar eller seksjonar i kommunen. Krav til kvalifikasjonar og kompetanse gjer avgrensingar for dette, men blir alltid vurdert i samband med oppfølging av sjukefråvær.

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2018/538
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
111/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	19.06.2018

SØKNAD OM LÅNEGARANTI, STOR KR 4.638.330,- FRÅ FOSNAVÅG KONSERTHUS AS

Tilråding:

1. Herøy kommune yter ein kommunal lånegaranti – sjølvskuldskausjon – på inntil NOK 4.216.666,-l + 10% (totalt 4.638.330,-) til Fosnavåg Konserthus AS
2. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 34 år med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskrifta § 3.
3. Garantien vert gitt under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning.

Særutskrift:
- Fosnavåg Konserthus AA, postboks 143, 6099 Fosnavåg
- Økonomiavdelinga, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest kontroll IKS
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

- Søknad om garanti datert 24.05.2018
- Kommunalbankens Lånetilbud datert 27.04.2018
- Rekneskap 2017
- Årsberetning 2017
- Styrevedtak av 16.04.2018
- Vedtekter for Fosnavåg konserthus AS
- Firmaattest

Samandrag av saka:
Fosnavåg Konserthus AS har en aksjekapital på kr 1.515.100,- Herøy kommune har aksjemajoriteten med 52,8% av aksjane. Selskapet har ei avgrensa drift og det har vore lite variasjonar både på utgifts- og inntektssida dei siste åra. Selskapet har ei langsiktig lånegjeld per 31.12.2017 på kr 4.280.555,-. Likviditeten i selskapet har blitt svakare og svakare den siste tida og dei voner at ein kommunal lånegaranti kan redusere selskapet sine renteutgifter med mellom kr 90.000,- og kr 100.000,- per år. Ein slik reduksjon vil ha mykje å seie for selskapet si drift. Fosnavåg Konserthus AS er eit såkalla «Non profit» selskapog eventuelle overskott skal gå til kulturelle føremål. For at Kommunalbanken AS skal yte eit refinansieringslån på kr 4.216.666,- krev dei at gir ein kommunal lånegaranti på 2.216.666,- + 10% (totalt kr 4.638.330,-).

Saksopplysningar:
Fosnavåg Konserthus AS ynskjer å refinansiere eksisterande lån til Kommunalbanken AS som ny långjevar. På lånetilbodet dei har fått frå banken er det snakk om ei p.t. rente på om lag 1,7% og ei nedbetalingstid på 34 år. Ein slik rentesats gir reduserte rentekostnadar og på sitt litt betre likviditet for selskapet.

Med ei nedbetalingstid på 34 år vil det gje årlege avdragsinnbetalingar på omlag kr 124.000,-. I tillegg kjemdet rentekosnadar som vil utgjere omlag kr 72.000,- per år med ei rente på 1,7%.

Kommunal lånegaranti

Kommunelova § 51 om ”garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser” seier i pkt. 2:

> ”Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv”.

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier”. Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001.

I § 2 i forskrifta står det:

> «Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varigheit. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida ikkje overstige levetida på investeringsobjektet. I denne saka er avdragstida tilpassa vekta gjennomsnittleg levetid for dei arbeida som er utført.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.

Fosnavåg Konserthus AS er eit «non profit» aksjeselskap med i alt 10 aksjonærar der Herøy kommune er størst med 8.000 aksjar (52,8%). Deretter kjem Solship Invest med 2.950 aksjar 19,47%) og Havyard Group AS med 2.000 aksjar (13,2%). Driftsinntektene i 2017 var på nær 3,4 mill kr (om lag uendra frå 2016) og sum eiendelar per 31.12.2017 var om lag 46,8 mill kr.

Fosnavåg Konserthus AS er eit eigedomsselskap der kommunen er den suverent største aktøren både på drifts- (kinosal og konsertsal) og eigarsida. I tillegg seier vedtektene at dette er eit «non profit» selskap og at eventuelt overskott skal gå til kulturtiltak. Tek vi også med at selskapet ikkje svarer skatt for overskotet så meiner vi at kommunen kan yte ein sjølvskuldnargaranti som omsøkt.

Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjenne vedtaket før det vert sett i verk.

Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 4,22 mill kr + 10%. Basert på rekneskapsresultatet for 2017 vil selskapet kome betre ut gjennom reduserte rentekostnadar.

Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 4,22 mill kr i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på nær om lag 147,2 mill kr (66,5 mill som gjeld vassverk, 65,0 mill (Sunnmørsbadet AS) og 15,7 mill på andre aktørar (barnehagar, Idrettslag og denne søkjaren). Samla gjeld per 31.12.2017 er om lag 114,0 mill kr.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:
Ikkje noko spesielt førebels

Konsekvensar for økonomi:
Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert blir det ikkje konsekvensar for den kommunale økonomien.

Fosnavåg, 30.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad Rådmann	Geir Egil Olsen Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2012/2136
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
112/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	19.06.2018

ØKONOMISK AVSLUTNING PROSJEKT 51922 - VEG 7 BERGSLIA (SMÅLEGENE)

Tilråding:

Saka vert teken til vitende.

Særutskrift:

- Økonomi, her

Vedlegg:

- Kopi av K-sak 39/07 av 21.03.2007 – Utbygging av veg 7 i Bergslia(Smålegene)

Samandrag av saka:
Saka gjeld økonomisk avslutning etter resterande opparbeiding av veg og tekniske anlegg i veg 7 i Bergslia - Smålegene. Kostnadane med prosjektet ligg godt innafor løyvinga. Arbeida vart i all hovudsak gjennomførte i 2007 og 2008. Det oppstod ei viss usemje mellom kommunen og grunneigarar i området som det tok tid å få rydda opp i. Saka burde imidlertid ha vore avslutta for lenge sidan.

Saksopplysningar:
Det vert vist til vedlagt kopi av K-sak 39/07. Som det framgår av saka vart det fastsett ei kostnadsramme på 2,8 mill. kroner. Det vart fastsett at dette skulle finansierast med ei løyving på 500.000 kroner til Veg 7 i Bergslia som var gitt i årsbudsjettet for 2005. 300.000 kroner skulle takast frå tidlegare løyving til gjennomføring av kloakkrammeplanen, og dei resterande 2 mill. kroner skulle finansierast ved nytt låneopptak eller bruk av ubundne kapitalfond.

Gjennomføringa av prosjektet har medført at dei som bur langs vegen har fått god tilkomst, sikker vasstilførsel og det har vorte rydda opp i avlaupsutfordringane i området.

Ein må sei seg lei for at det har teke så lang tid før ein har fått fram sak om økonomisk avslutning.

Økonomi

Løyving/Finansiering:

	Kr.
Løyving i budsjettet for 2005	500 000
Løyving i K-sak 39/07	2 000 000
Vedtak i K-sak 39/07 om bruk av tidlegare løyvde midlar – kloakkrammeplanen	300 000
Total løyving	**2 800 000**

Rekneskapen syner følgjande forbruk inkl.mva.:

År	**Kr.**
2005	51 670
2006	66 450
2007	632 449
2008	1 265 291
2012	75 261
2013	3 600
2014	86 604
2015	27 793
Totalt inkl.mva.	**2 209 118**

Dette tilseier eit mindreforbruk i forhold til løyving på 590.882 kroner.

Vurdering og konklusjon:

Gjennomføring av prosjektet har gitt eigedomane langs vegen god tilkomst og tekniske anlegg til glede for alle som bur i området.

Konsekvensar for drift: Prosjektet medfører auka driftskostandar i tilknyting til veg, veg- og gatelys og avlaup. Det er imidlertid vanskeleg å talfeste då ein ikkje har gode erfaringstal på dette.

Med bakgrunn i ovanståande saksutgreiing og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at den økonomiske avslutninga vert godkjent. Løyvinga til prosjektet er så gammal at der ikkje ligg restløyving i rekneskapen. Mindreforbruket må såleis berre takast til vitande og ein antar at mindreforbruket her mest sannsynleg har gått til å finansiere prosjekt med meirforbruk. Det er først dei to tre siste åra at ein har vidareført unytta løyvingar i investeringsrekneskapen frå eit år til eit anna.

Fosnavåg, 29.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

HERØY KOMMUNE
Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	TL	Arkivsaknr:	2006/1083
		Arkiv:	Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/07	Formannskapet	13.03.2007
39/07	Kommunestyret	21.03.2007

UTBYGGING AV VEG 7 I BERGSLIA.

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek å bygge veg 7 i Bergslia med ei kostnadsramme på kr 2.800.000,-

2. Tilleggsfinansieringa på kr 2.300.000,- vert å finansiere ved bruk av kr. 300.000,- av tidlegare løyvde midlar til utbygging etter kloakkrammeplanen. Det resterande kr. 2.000.000,- vert finansiert ved låneopptak eller frå ubundne kapitalfond.

3. Grunnavtalane med eigarane av gnr. 29 bnr. 80 og gnr. 29 bnr. 81 vert godkjende.

Møtebehandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 13.03.2007

1. Herøy kommunestyre vedtek å bygge veg 7 i Bergslia med ei kostnadsramme på kr 2.800.000,-

2. Tilleggsfinansieringa på kr 2.300.000,- vert å finansiere ved bruk av kr. 300.000,- av tidlegare løyvde midlar til utbygging etter kloakkrammeplanen. Det resterande kr. 2.000.000,- vert finansiert ved låneopptak eller frå ubundne kapitalfond.

3. Grunnavtalane med eigarane av gnr. 29 bnr. 80 og gnr. 29 bnr. 81 vert godkjende.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2007

1. Herøy kommunestyre vedtek å bygge veg 7 i Bergslia med ei kostnadsramme på kr 2.800.000,-

2. Tilleggsfinansieringa på kr 2.300.000,- vert å finansiere ved bruk av kr. 300.000,- av tidlegare løyvde midlar til utbygging etter kloakkrammeplanen. Det resterande kr. 2.000.000,- vert finansiert ved låneopptak eller frå ubundne kapitalfond.

3. Grunnavtalane med eigarane av gnr. 29 bnr. 80 og gnr. 29 bnr. 81 vert godkjende.

Særutskrift:

Anlegg og driftsavdelinga, her.
Eigedomsavdelinga, her.
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

1. Karutsnitt datert 06.03.07 der den prosjekterte veglina samt gangveg som må oppgraderast er markert
2. Grunnavtale med eigar av gnr. 29 bnr. 80 datert 20.11.06
3. Grunnavtale med eigar av gnr. 29 bnr. 81 datert 15.08.06

Bakgrunn:

For om lag 10 år sidan vart det løyvd 500.000 kroner til ferdigstilling/restopparbeiding av veg 7 i Bergslia, Smålegene. Storleiken på løyvinga var ikkje kvalitetssikra i form av ei kalkyle eller anslag og må sjåast på som ei startløyving. Prosjektet har grunna ulike forhold og andre prosjekt som har fått høgre prioritet ikkje vorte gjennomført tidlegare. Det er no gjennomført prosjektering og utlysing på tilbod. Innkomne tilbod er av ein slik storleik i forhold til tidlegare løyving at ein må ha ei vesentleg oppfinansiering for å kunne setje i gang prosjektet. Saka gjeld i tillegg godkjenning av grunnavtalar med dei to grunneigarane som vert mest omfatta av utbygginga.

Saksopplysningar:

Viser til tidlegare anleggsrapportering om denne saka. Grunnlaget for denne opparbeidinga kjem igjennom ei løyving i investeringsbudsjettet. Slik er det rapportert om bakgrunn for saka:

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Løyving i investeringsbudsjettet.
Løyving/storleik på løyving: kr 500.000,-

Saka gjeld ferdigstilling av Smålegane (veg 7 i Bergsøy/Bendal reguleringsplanen). Anleggs og driftsavdelinga har lyst ut arbeida på tilbod og 3 entreprenørar gav inn pris på arbeida. Kostnaden frå rimelegaste tilbod til nr. 2 var på ca. 205.000. Opp til tilbod 3 var det ca. 305.000 frå rimelegaste tilbod. Tala er etter kontrollrekning av tilboda.

Med utgangspunkt i rimelegaste tilbod vil ein trenge slik tilleggsfinansiering for å få ferdigstilt prosjektet.

Kostnader:	
Tilbodskostnad, inkl. mva og ca. 10% uforutsett	kr 2.357.729,-
Prosjektoppfylging	kr 160.000,-
Grunnkostnader	kr 164.150,-
Forbruk til no på prosjektet	kr 118.121,-
SUM prosjektkostnad	kr 2.800.000,-

Finansiering:	
Budsjett, finansiering til no	kr 500.000,-
- Prosjektkostnad	kr 2.800.000,-
= Behov for ekstrafinansiering	kr 2.300.000,-

Om lag 300.000 kroner av totalkostnaden gjeld opparbeiding av hovudavløp/kloakk i vegtraseen og kan finansierast med midlar som alt er løyvde til utbygging etter kloakkrammeplannen.

Vurdering og konklusjon:

Kostnaden er stor for eit relativt lite vegprosjekt, men det må byggast høge forstøtningsmurar som gjer utbygginga kostbar. I tillegg må all fyllmasse kjøpast og fraktast til anlegget då det er underskot på steinmasser i anleggsområdet. Det er også tatt med asfaltering av gang- og sykkelvegen ned til Bergsøy skule og reasfaltering av vegen heilt ned til Lisjebøvegen. Kostnaden med forstøtningsmurar og toppdekke/asfalt inkl. mva. og uforutsette utgifter vert aleine på kr 1.477.230,-.

Dei som bur i området har vore tålmodige og venta veldig lenge på at denne vegen og øvrig infrastruktur som avløp, vassforsyning og veglys m.m. skulle verte ferdig utbygd. Sjølv om

kostnaden med prosjektet er rimeleg høg vurderer rådmannen det slik at tilboda ein har fått er å sjå på som marknadspris. Etter ei samla vurdering m.a. på grunnlag av saksutgreiinga ovanfor og innhenta tilbod vil rådmannen tilrå at naudsynte midlar vert løyvde slik at prosjektet kan gjennomførast.

Fosnavåg, 05.03.2007

Rune Sjurgard

Jon Rune Våge


Bergsøy skule
"Borga"
Gang- og sykkelveg
Smålegene
Blåhaugen
skule
N
06.03.2007
Målestokk 1:2000
HERØY KOMMUNE

Vedlegg 2

Reg.nr. 1083/06 TL
- 8 JAN 2007
Ark.kode P 919
Ark.kode S

AVTALE

I samband med bygging av veg 7 i Bergslia vert det gjort følgjande avtale mellom eigar av gnr. 29 bnr. 80 og Herøy kommune:

1. Grunneigar avstår naudsynt grunn til bygging av veg 7 i Bergslia. Grunnprisen vert sett til kr. 70,- pr. m2. Herøy kommune ber alle kostnader i samband med eigedomsoverdraginga. Arealet Herøy kommune skal løyse inn er om lag 180m2. Oppgjer vert gjort etter oppmåling.
2. Det vert lagt ut stikkleidningar og bygd avkjørsle frå veg 7 for eit evt. framtidig hus nr. 2 på eigedomen. Grusa avkjørsle i 3,5 - 4m breidde vert bygd frå tomtegrensa til gnr. 29 bnr. 195 (Knut og Else Reite), inne på gnr. 29 bnr. 80. Grunneigaren skal ikkje betale refusjon for vegtilknytning, men må betale tilknytingsavgift for vatn og kloakk etter gjeldande satsar på det tidspunktet eigedomen vert tilknytt.
3. Det vert bygd forstøttingsmur i betong mellom eigedomen og veg 7.
4. Tre som må takast ned p.g.a. av leidningsanlegget og vegbygginga vert fjerna og grunneigaren får erstatning for m.a.: 3 plommetre/frukttre, bærbusker, 1 bjørk og 7-8 grantre. Erstatninga vert sett til kr. 8.500,-.
5. Tiltaka på gnr. 29 bnr. 80 skal gjennomførast i løpet av 4 månader frå oppstart. Finplanering av jord samt tilsåing må tilpassast årstida. Etter at arbeida/tiltaka på gnr. 29 bnr. 80 er gjennomført vert grunnen sett i same stand som før arbeida vart sette i verk.
6. Hovudleidningane skal ikkje kome i berøring med gnr. 29 bnr. 80, men i si heilheit leggast på naboeigedommen gnr. 29 bnr. 81.
7. Grunneigaren skal få sjå ei prinsippteikning av forstøttingsmuren før den vert bygd og ha rett til å uttale seg til byggherren om teikningane. Forstøttingsmuren er ein del av den kommunale vegen og såleis Herøy kommune sitt ansvar når det gjeld drift og vedlikehald. Dersom det seinare vert bygd eit hus nr. 2 på eigedomen så må ein likevel ta normalt hensyn til konstruksjonen ved utsprenging av tomta. Forstøttingsmuren skal vere 300millimeter over vegbane og sikrast med autovern der det er naudsynt for høgda.
8. Framfor forstøttingsmuren i nordre del av gnr. 29 bnr. 80 vert det sett ned ein sandfangkum som vist på vedlagt kart. Drensvatnet frå kummen vert ført inn på hovudleidninga om lag etter traseen som er vist på kartutsnittet. Bak forstøttingsmuren vert det fylt singel og langt drensrør som vert kopla saman med drensleidninga på framsida av muren.
9. Eventuelle private veiter som vert avskorne av denne grøfta vert kopla inn på det nye leidningssystemet utan kostnader for grunneigaren.
10. Denne avtalen vert tinglyst av Herøy kommune på gnr. 29. bnr. 80.

Denne avtalen må endeleg godkjennast av Herøy formannskap for å vere bindande for Herøy kommune.

Fosnavåg 20/11 06
Stad / dato

Arnfinn Bergsø
Eigar av gnr. 29 bnr. 80

Jon Rune Vågø
for Herøy kommune

HERØY KOMMUNE
Anleggs- og driftsavdelinga
6090 FOSNAVÅG

Vedlegg: - Kartutsnitt datert 25.10.06


30/28
30/29
30/30
30/81
29/81
29/80
29/191
29/185
X 482850
Kartutsnitt Bergsøy/Bendal
Dato: 25/10/06
Målestokk 1:500
N

Vedlegg 3

AVTALE

I samband med bygging av veg 7 i Bergslia vert det gjort følgjande avtale mellom eigar av gnr. 29 bnr. 81 og Herøy kommune:

1. Grunneigar avstår naudsynt grunn til bygging av veg 7 i Bergslia. Grunnprisen vert sett til kr. 70,- pr. m2. Herøy kommune ber alle kostnader i samband med eigedomsoverdraginga.
2. Herøy kommune får rett til å legge naudsynte vass- og avlaupsleidningar over eigedomen i følgje vedlagt kartutsnitt der leidningstraseen er inntekna. Traseen skal ligge om lag 2 m frå bytet til naboeigedomen.
3. Gammal vassleidning som går over gnr. 29 bnr. 81 skal blindast sør for vegen til eigedomen.
4. Det vert lagt ut stikkleidningar og bygd avkjørsle frå veg 7 for eit evt. framtidig hus nr. 2 på eigedomen. Grusa avkjørsle i 3m breidde vert bygd frå snuplass i enden av veg 7 til tomtegrensa til gnr. 29 bnr. 81.
5. Arbeida med leidninganlegget over gnr. 29 bnr. 81 skal vere gjennomført seinast 2 månader etter oppstart.
6. Det vert bygd forstøtningsmur mellom eigedomen og veg 7.
7. Det vert bygd murkant/kantstein i 12-15 cm høgde langs veg 7 for å hindre at overflatevatn kjem inn på gnr. 29 bnr. 81.
8. Tre som må takast ned pga. av leidningsanlegget og vegbygginga vert fjerna.
9. Etter at arbeida/tiltaka på gnr. 29 bnr. 81 er gjennomført vert grunnen sett i same stand som før arbeida vart sette i verk.
10. Herøy kommune har rett til naudsynt framtidig drift og vedlikehald av leidningane som vert lagt over eigedomen.
11. Denne avtalen vert tinglyst av Herøy kommune på gnr. 29. bnr. 81.

Denne avtalen må endeleg godkjennast av Herøy formannskap for å vere bindande for Herøy kommune.

Fosnavåg, 15.08.06
Stad / dato

Johan Y. Berge
Eigar av gnr. 29 bnr. 81

Tom Rune Vågø
for Herøy kommune
HERØY KOMMUNE
Anleggs- og driftsavdelinga
6090 FOSNAVÅG

Vedlegg: - Kartutsnitt



KARTUTSNITT

Dato: 15/08/06

Målestokk I:1000

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2016/1653
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
113/18	Formannskapet	12.06.2018

MYKLEBUSTÅSEN BUSTADFELT - UTLEGGING AV UTKAST TIL UTBYGGINGSAVTALE MED MYKLEBUSTÅSEN UTBYGGING AS TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

1. Med heimel i §17-4 i Plan- og bygningslova vert utkast til utbyggingsavtale vedkomande Myklebuståsen bustadfelt lagt ut til offentleg ettersyn.

2. Høyringsfristen vert sett til 30 dagar.

Særutskrift:
- Myklebust Utbygging AS, Gamle Myklebustveg 9, 6092 Fosnavåg
- Anlegg- og driftsavdelinga, her
- Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:
Utkast til utbyggingsavtale inkl. vedlegg

Bakgrunn:
I samsvar med gjeldande retningsliner for utbyggingsavtalar har det vore gjennomført forhandlingar med utbyggar Myklebuståsen Utbygging AS og utarbeidd utkast til utbyggingsavtale. Denne saka gjeld vedtak om utlegging av utkast til utbyggingsavtale til offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:
Reguleringsplanane vedkomande 200102 Myklebuståsen bustadfelt og 201277 Myklebuståsen bustadfelt II er tidlegare vedtekne av Herøy kommunestyre.

Kunngjering om oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale vart gjort i desember 2016.

Forhandlingar er no gjennomførte og utkast til utbyggingsavtale følgjer vedlagt. Etter §17-4 i Plan- og bygningslova skal utkast til utbyggingsavtale leggast ut til offentlig ettersyn med 30 dagars frist for merknadar.

Utkastet til utbyggingsavtale omfattar ma. offentlig infrastruktur som vegar, avlaupsleidningar og veglysanlegg som utbyggar skal opparbeide og som kommunen skal overta for framtidig drift og vedlikehald. Eigedomsretten til vegareala skal overdragast vederlagsfritt til kommunen.

Etter at utkastet til utbyggingsavtale har vore til offentleg ettersyn og justert i forhold til eventuelle merknadar vil avtalen bli lagt fram for ny handsaming og endeleg vedtak.

Vurdering og konklusjon:
Med bakgrunn i ovanståande saksutgreiing og vedlagt utkast til utbyggingsavtale inkludert vedlegg vil Rådmannen tilrå at utkast til utbyggingsavtale vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med gjeldande regelverk.

Konsekvensar for folkehelse:
Rådmannen ser positivt på utbygginga i eit folkehelseperspektiv. Utbygginga gir bustadtomter i eit attraktivt og sentralt område på Bergsøya og legg soleis til rette for nyetablering. Det er regulert inn fleire fri- og leikområde i bustadfeltet og det er frå bustadfeltet direkte tilgang til sjø/strand og populært turterreng.

Konsekvensar for beredskap:
Infrastruktur er dimensjonert/tilrettelagt for effektiv beredskap.

Konsekvensar for drift:
- Veg- og veglys: Utbygginga gir om lag 1,5 km ny kommunal veg. I tillegg vert om lag 300 m eksisterande veg oppgradert med fortau. Det gir om lag 110.000 kroner i auka netto årlege driftsutgifter (tal frå 2017).
- Avlaup(kloakk og overvatn/drens): Utbygginga gir nye avlaupsleidningar som vil føre til auka driftsutgifter for avlaup. Det ligg pr. i dag ikkje føre gode tal for å talfeste dette. Dei auka driftsutgiftene vert dekt inn av innkravd avlaupsgebyr frå abonnentane og vil soleis ikkje påverke kommunen sitt netto driftsbudsjett.

Fosnavåg, 29.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad Rådmann	Jarl Martin Møller Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

UTBYGGINGSAVTALE

mellom

Myklebuståsen Utbygging AS org. nr. 996 557 502

og

Herøy kommune org. nr. 964 978 840

vedkomande

utbygging av Myklebuståsen og Myklebuståsen II

UTKAST

1 Generelt

1.1 Partane i saka

Mellom Myklebuståsen Utbygging AS, heretter kalla utbyggjar, og Herøy Kommune, heretter kalla kommunen, er det inngått avtale om utbygging av dei regulerte områda i Myklebuståsen.

1.2 Formål

Formålet med denne avtalen er å regulere rettar og plikter mellom partane, og sikre offentlege og felles interesser, samt gjennomføringa av prosjektet.

Overordna denne avtalen gjeld reguleringsplanane **Myklebuståsen** (planid 200102) og **Myklebuståsen II** (planid 201277) nemnt i punkt 1.4 med tilhøyrande reguleringsføresegner. Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter i Herøy kommune.

1.3 Vedlegg

Føljande er vedlagt denne avtalen:

Reguleringsplanar
1-1 Reguleringsplan Myklebuståsen planid 200102
1-2 Føresegner til reguleringsplan Myklebuståsen 200102
1-3 Reguleringsplan Myklebuståsen II planid 201277
1-4 Føresegner til reguleringsplan Myklebuståsen 201277

Tekniske planar
2-1 Vegplan 2044-C100
2-2 VA-plan del 1 2044-GH100
2-3 VA-plan del 2 2044-GH101
2-4 Gatelysplan 2044-IN100
2-5 Offentleg friområde 2044-O100

Etappeinndeling
3-1 Etappeinndeling del 1 2044-Y400
3-2 Etappeinndeling del 2 2044-Y401

Framdriftsplan
4-1 Framdriftsplan 2018-2024

1.4 Geografisk avgrensing og omfang av tiltak

Avtalen gjeld innanfor reguleringsgrensene til planane **Myklebuståsen** (planid 200102) og **Myklebuståsen II** (planid 201277) samt infrastruktur som går utanfor grensene, vist på vedlegg 2-2.

Tekniske anlegg som utbyggar skal opparbeide og som kommunen skal overta til framtidig drift og vedlikehald er:

- Vegar, gangvegar og fortau som er regulert til offentlege markert på vedlegg 2-1.
- Hovudavlaupsanlegg, både spillvatn- og overvassanlegg markert på vedlegg 2-2 og 2-3. Dette gjeld ikkje stikkleidningar til dei einskilde eigedomane.
- Gatelys til vegar som er regulert til offentlege markert på vedlegg 2-4.

UTKAST

- Offentleg friområde, o F2 markert på vedlegg 2-5.

1.5 Varigheit

Denne utbyggingsavtalen gjeld i 7 år frå den dato den er vedteken av kommunestyret. Dersom arbeida ikkje er ferdigstilte innan den tid, må avtalen reforhandlast.

2 Tekniske planar

Utifrå tekniske planar som er opplista som vedlegg 2-1 til 2-5 skal utbyggjar detaljprosjektere tekniske anlegg. Desse skal leverast til, og godkjennast av, Anleggs- og driftsavdelinga i kommunen før oppstart. Det skal då også leverast inn liste som syner planlagt materialval og dimensjonar.

For anlegg som skal takast over av Herøy vasslag, kabeletatar o.l. skal planane også godkjennast av dei respektive etatane.

Om det under detaljprosjektering og opparbeiding vert behov for å gjere endringar i høve tekniske planar, skal kommunen varslast før endring vert utført og ha høve til å godkjenne eller avslå endringa.

3 Rekkefølgje og vilkår for utbygging

- Erklæring frå Herøy Vasslag SA der vasslaget stadfester at det kan leverast tilstrekkelege mengder vatn til bustadene og at vasslaget tek på seg framtidig drift og vedlikehald av hovudvassleidningane, må leggast fram for kommunen før opparbeidinga startar.
- Kommunen skal ha tilgang til byggeplassen.
- Kommunen skal innkallast til byggemøter.
- Krav om rekkjefølgje som er stilt i tilhøyrande reguleringsføresegnar må stettast.
- Det skal utførast spyling , kamerakontroll og innmåling av leidningar og kummar, lagast kumskisse og takast bilete i jpg format av kummar. Dokumentasjon skal leverast til kommunen for kontroll før overtaking.
- Det skal leverast "som bygd dokumentasjon" av alle anlegg som skal takast over av kommunen før overtaking.
- For avlaup (spillvatn) gjeld følgjande: Kommunen har rett til å krevje inn ordinær tilknytingsavgift frå dei framtidige bustadane i følgje det til ei kvar tid gjeldande gebyrregulativ.
- Utbyggar er sjølv ansvarleg for å krevje inn refusjon frå andre eigedommar for opparbeiding av tekniske anlegg.

4 Evt. kommunalt bidrag til utbygginga

Evt. økonomisk bidrag til utbygginga frå kommunen vert å handsame i eiga politisk sak etter søknad frå utbyggar. I utgangspunktet skal utbyggjar koste og opparbeide alle tekniske anlegg som er omfatta av avtalen.

5 Grunnerverv

Utbyggar må sjølv sørgje for og koste ev. nødvendig grunnerverv/grunnavtalar med andre grunneigarar både innafor og utanfor planområdet, samt varsle om dei anleggsarbeid som vil bli utført.

Grunn til offentlege trafikkområde, her under vegar og grøfteareal, jf reguleringsplanane, vert å overdrage vederlagsfritt og fritt for hefte til Herøy

kommune. Utbyggar dekker kostnader knytt til tinglysing. Alle skøyteformular skal godkjennast av kommunen før tinglysing for å sikre rettar slik disse går fram av avtalen.

Utbyggar skal før kommunal overtaking, legge fram tinglyst heimelsdokument som gir kommunen:

- Eigedomsrett til dei regulerte trafikkareala.
- Rett til å drifte, vedlikehalde og eventuelt legge om rørleidningar, kablar og stolpefeste som vert lagt utanom veggrunn og som skal overtakast i samsvar med denne avtalen. Ein føreset ei varig klausuleringsbreidde på 2 m til kvar side av yttarste rør i grøftene. Denne breidda skal ikkje bebyggast eller plantast til med tre høgare enn 2 m. Denne retten skal tinglysast på kvar enkelt eigedom som det vert lagt hovudleidningar over.

Kommunen må godkjenne avtaletekst før tinglysing.

6 Framdrift

Utbyggar har laga framdriftsplan, vedlegg 4-1. Framdriftsplanen omfattar opparbeiding av tekniske anlegg, opparbeiding av friområde og når tomtene er forventa byggjeklare.

I tillegg til å inngå i framdriftsplan, skal kommunen varslast ved følgjande milepælar:

- Ferdig lagde leidningar, før overfylling
- Ferdig utgraven vegbotn
- Ferdig utlagt bærelag
- Ferdig avretta underlag/bærelag før legging av fast dekke

Utbyggar skal rapportere 2 gong pr. år til kommunen ihht. framdriftsplan. Endringar i framdrift skal godkjennast av kommunen.

Ved oppstart av utbygginga skal det haldast eit oppstartsmøte der begge partane er tilstades og oppstartsdato vert protokollført.

Særskilt om framdrift for etappe 1 (jmf. vedlegg 3-1 og punkt 8 nedanfor): Etappe 1 innheld infrastruktur eksisterande innbyggarar skal nytte omgåande. Det er viktig at når arbeid på etappe 1 vert oppstarta vert den utbygd kontinuerlig og ferdigstilt for overtaking iløpet av 6 mnd.

7 Drift og vedlikehald av infrastruktur før kommunal overtaking

Drift og vedlikehald av dei framtidige kommunale anlegga er utbyggar sitt ansvar fram til kommunal overtaking. Frå anlegga er bygde vert det stilt krav til utbyggar om normalt drift og vedlikehald av slik infrastruktur, særskilt vert følgjande avtalt (lista er ikkje uttømmande):

VEG
Vinter: Brøyting og strøing
Vår: Feiing
Ved behov: Rensk av veggrøfter og tøming av sandfangkummar
Årleg: Kantslått

GATELYS
Tilsyn og reperasjonar

UTKAST

OVERVATN OG AVLAUP
Tilsyn og naudsynte tiltak som tømming/spyling
Tilsyn og reinsk av eventuelle bekkeinntak.

Alle drift- og vedlikehaldsoppgåver som vert utført må dokumenterast og rapportane skal leverast til kommunen ein gong pr. år, det er særs viktig at eventuelle feil/manglar som er utbetra vert dokumentert. Drift- og vedlikehaldsrutiner må starte så snart anlegga er tatt i bruk, dette er definert slik for de ulike elementa:
Veg: Når vegkropp inkludert grøft er bygd til og med gruslag
Avlaup- og overvatn: Når leidningsanlegget er sett i drift.
Veglys: Når lysmaster er montert

Kommunen sin uteseksjon kan nyttast til rådføring av dei ulike rutinane og spørsmål ved problem.

8 Overtaking

Det skal haldast formell overtakingsforretning som, for kommunen sin del, skal endeleg godkjennast av Formannskapet. Det er utbyggar som melder frå når han anser at det er klart for overtaking.

Ved overtaking skal det haldast synfaring med representantar både frå kommunen og utbyggar og ein skal ha moglegheita til ein gjennomgang på alle element ved infrastrukturen. Dersom det er manglar ved overtaking, må det avtalast ny dato for ferdigstilling av dei og ei vurdering om det er for mykje eller vesentlege manglar til å kunne ta over. Eventuelle utbetringar er utbyggar sitt ansvar.

Særskilt om etappevis overtaking:
Anlegga kan overtakast etappevis etter vedlegg 3-1 og 3-2.

Etappe 1: Markert på vedlegg 3-1 og 3-2 med blå farge. Gjeld o_V2, kryssområdet mellom o_V2 og o_V3; alle komplett med all infrastruktur (heri alle leidningsanlegg og kabelanlegg/lysanlegg som er plassert i vegane og som går mellom dei offentlege vegane utanom vegareal), tilpassingar til eksisterande vegar, leidningsnettet for overvatn strekk O1 – O9, leidningsnett for spillvatn strekk frå markert tilknytingspunkt til Sp3. Nødvendige utstikk (alle anlegg) for seinare etappar inngår.

Etappe2:
Markert på vedlegg 3-1 og 3-2 med grøn farge. Gjeld o_V3, kryssområdet o_V3 og o_V6, o_V5 og o_PP1; alle komplett med all infrastruktur (heri alle leidningsanlegg og kabelanlegg/lysanlegg som er plassert i vegane og som går mellom dei offentlege vegane utanom vegareal), leidningsnettet for overvatn strekket O13 – O20 – O19 med tilhøyrande leidnings- og kabelnett i same korridor. Nødvendige utstikk (alle anlegg) for seinare etappe inngår.

Etappe3
Markert på vedlegg 3-1 og 3-2 med mørk brun farge. Gjeld offentlege køyrevegar og gangvegar som inngår i planen (heri alle leidningsanlegg og kabelanlegg/lysanlegg som er plassert i dei offentlege vegane og som går mellom dei offentlege vegane utanom vegareal), tilpassingar til eksisterande vegar, leidningsnettet for overvatn

UTKAST

9 Garanti

9.1 Garanti i opparbeidingstida

Før arbeidet vert sett i gang skal utbyggar levere til kommunen bankgaranti tilsvarande 10 % av dei totale opparbeidingskostnadane for anlegga som skal overtakast til kommunalt eige og vedlikehald. Garanti kan delast opp etappevis dersom utbygginga er det. Dvs. at garanti må stillast før oppstart av dei ulike etappane. Bankgarantien skal være gyldig fram til anlegget er godkjent og overteke av kommunen. Elles gjeld reglane i NS 8405 om sikkerheitsstilling så langt dei passar.

9.2 Garanti i reklamasjonstida

Som føresetnad for kommunal overtaking skal kommunen for reklamasjonstida, som er tre år rekna frå dato for kommunal overtaking, ha motteke frå utbyggar bankgaranti for anlegg som vert overtekne til kommunalt eige og vedlikehald som svarer til 3 % av opparbeidingskostnadene.

Dersom det vert utført reklamasjonsarbeid etter reklamasjonstida si utløp eller er gjort ansvar gjeldande mot utbyggar som kan verte kravd dekt av garantien, skal garantiane gjelde til reklamasjonsarbeida er utførte og godkjende. Alle garantiane vert utløyste ved mislighald av kontraktforpliktingane, så som manglar ved utføring og ved betalingsudugleik hos utbyggar.

Elles gjeld reglane i NS 8405 om sikkerheitsstilling så langt dei passer.

10 Tvistar

Eventuelle tvistar som måtte oppstå i samband med denne avtalen, og som ikkje let seg løyse ved forhandlingar, skal løysast av dei ordinære domstolane. Eigedomens verneting vert avtalt som tvistens verneting.

UTKAST

Dato	Dato .....
.....	.....
Utbyggar	Herøy kommune

Herøy kommune
Reguleringsplan ~~/ endring~~ for Myklebuståsen
(med føresegner)
I medhald av § 27 - 2 i plan og bygningslova har Herøy kommunestyre i møte den 28.05.2001 sak 52/01 _, vedteke ovanfornemnde reguleringsplan~~/ endring~~ (med reguleringsføresegner) slik han er innteikna på dette kartet.

Fosnavåg 18.06.01.
Ordførar
Svein Gjelseth

HERØY + ORDFØRAREN I

RP31

Y-22000 Y-21900 Y-21800 Y-21700 Y-21600 Y-21500

X 482500 X 482400 X 482300 X 482200

FO1 8.7 daa
BT1 2.7 daa
BK1 1.0 daa
FL3 0.4 daa
BK1 0.5 daa
BK2 4.4 daa
BF4 5.4 daa
F3 0.2 daa
A1 0.8 daa
FL1 0.4 daa
BK1 2.0 daa
F1 0.6 daa
BF3 1.9 daa
F2 1.8 daa
BF2 2.1 daa
FL2 1.0 daa
F4 0.4 daa
BF1 7.6 daa
BT2 4.9 daa
FO2 2.8 daa
Tursti
Veg 1
Veg 2
Veg 3
Veg 4

TEIKNFORKLARING

PBL §25 REG. FØREMÅL

1. BYGGEOMRÅDE
- BF Frittliggjande småhusutbygging
- BK Konsentrert småhusutbygging
- BT Terrassehus
- A Adm. bygg Vassverk

3. TRAFIKKOMRÅDE
- Køyreveg
- Gang- sykkelveg

4. FRIOMRÅDE
- F Offentleg friområde

6. SPESIALOMRÅDE
- Friluftsområde
- Frisiktsone ved veg

7. FELLESOMRÅDE
- FL Felles leikeplass
- Anna fellesområde

STREKSYMBOL M.V.
- Planens begrensing
- Føremålsgrense
- Byggjegrense
- Regulert senterlinje veg
- Frisiktlinje i vegkryss

N

Kartgrunnlag: FKB-B

Målestokk 1:1000
0m 10m 20m 30m 40m 50m

REGULERINGSPLAN FOR MYKLEBUSTÅSEN BUSTADFELT
Herøy kommune

Revisjonar	Saksnr:	Dato:	Sign:

Vedtak	Saksnr:	Dato:	Sign:
Stadfesta av fylkesmannen			
Vedteke i kommunestyret	52/01	28.05.01	JR
3. gongs handsaming i planutvalet	25/01	08.05.01	JR
Utlagt til off. ettersyn i tidsrommet: til:			
2. gongs handsaming i planutvalet	11/01	27.03.01	JR
Utlagt til off. ettersyn i tidsrommet: 24.10.00 til: 24.11.00	25/00	10.10.00	JR
1. gongs handsaming i planutvalet			
Kunngjering om oppstart av planarbeidet: 05.07.96	23/96	19.06.96	

Dato: 15.06.00 Teikna: Kpr/khs/aka
Sakshandsamar: Tanja Roaldseth
Prosj.leiar: Magnulf Rise
Dato: Kontr.:
Godkjend:

Oppdragsgjevar:
Frantzen Maskinstasjon AS

Utarbeidd av:
ICG InterConsult Group
RÅDGIVENDE INGENIØRER

Oppdr. nr.: 105012
Teikn. nr.: 01
Rev.:

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR MYKLEBUSTÅSEN BUSTADFELT, HERØY KOMMUNE

§ 1 Arealbruk

Det regulerte området er på planen vist med plangrense.

Arealbruk etter § 25 i plan og bygningslova

Arealet innanfor denne grensa er regulert til:

1. Byggeområde
   - frittliggjande småhusutbygging
   - konsentrert småhusutbygging
   - terrassehus
   - almennyttig administrasjon

3. Offentlege trafikkområde
   - køyreveg
   - gang-/sykkelveg

4. Friområde
   - offentleg friområde

6. Spesialområde
   - friluftsområde
   - frisiktsone ved veg

7. Fellesområde
   - leikeområde
   - anna fellesområde

§ 2 Generelt

Andre lover og vedtekter

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter for Herøy kommune.

Unnatak

Unnatak frå reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av kommunen innanfor ramma av plan- og bygningslova og bygningsvedtektene.

§ 3 Felles føresegner

Bebyggelsesplan

Ingen tomter kan frådelast eller byggjast på før det ligg føre godkjent bebyggelsesplan for det einskilde byggeområde. Planen skal vise:

- plassering av bygg, herunder høgdeplassering målsett ved inngangspartiet.

- bygga si høgd og møneretning
- avgrensing av tomter og friområde
- leikeareal, parkeringsløysing og anna disponering av ubygde delar av private og offentlege areal, herunder terrengplanering og støttemurar med angitt høgd der terrengtilhøva krev slike tiltak, og eksisterande trær som skal takast vare på.

Som vedlegg til planen skal det ligge føre retningsliner for formgjeving, materialbruk og evt. andre prinsipp som skal følgjast for å ivareta innbyrdes harmonisering mellom dei ulike bygga, og mellom bygg og landskap.

Byggegrenser

Bygg skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. Der byggegrenser ikkje er viste, gjeld føresegnene i plan- og bygningslova.

Byggemelding

Ved handsaming av byggemelding skal ein sjå til at bygga får ei god og harmonisk form, og at bygga i området harmonerer med kvarandre og omgjevnadane med omsyn på form, storleik, materialval og farge.

Trafo, pumpehus o.l.

Innanfor byggeområda kan førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre innretningar der dette er naudsynt. Frittståande bygg skal tilpassast omkringliggjande bygg med omsyn til form og farge. Slike innretningar skal godkjennast av fast utval for plansaker.

1. BYGGEOMRÅDE

§ 4 Frittliggjande småhusutbygging BF1 - BF4

Utnytjing av tomta

I desse områda kan det førast opp frittliggjande einebustader med tilhøyrande anlegg. Bustadhus, garasje og eventuelt andre uthus må til saman ikkje dekke meir enn 30% (BYA = maks 30). Gesimshøgda skal ikkje overstige 5,5 m (2 etasjar). Kommunen kan gje dispensasjon dersom ein kan dokumentere god terrengtilpassing og tilpassing til omgjevnadene.

Garasje, biloppstilling

Kommunen kan tillate at garasje vert plassert nærare vegen enn byggegrensa tillet. Felles garasje for to naboeigedomar kan oppførast i tomtegrensa. Frittliggjande garasje på eiga tomt kan, innanfor reglane i byggeforskriftene, oppførast inntil 0,5 m frå nabogrensa. Det skal på eigen grunn vere plass for minst 1 overdekka bilplass og 1 oppstillingsplass for bil pr. husvære.

Plassering av garasje og biloppstillingsplass skal vere vist på situasjonsplan som følgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasje ikkje vert oppført på same tid som dette.

§ 5 Konsentrert småhusutbygging BK1 - BK2

I desse områda kan byggjast konsentrerte einebustader, kjedehus eller rekkehus med tilhøyrande anlegg. Bustadhus, garasje og eventuelt andre uthus må til saman ikkje dekke meir enn 40 % av tomta sitt nettoareal (BYA = maks 40) for BK1 og 30% (BYA = maks 30) for BK2. Gesimshøgda skal ikkje overstige 5,5 m (2 etasjar). For BK2 kan ein tillate garasje under kjellaretasjen.

§ 6 Terrassehus BT1 - BT2

I desse områda kan byggjast terrassehus. Bygga må til saman ikkje dekke meir enn 90 % av tomta sitt nettoareal (BYA = maks 90). I felt BT1 kan byggast terrassehus i 5 etasjar med garasjeanlegg i plan med 1. etasje. I felt B2 kan byggast terrassehus i 5 etasjar + 2 underetasjar med parkering under bakkenivå.

§ 7 Administrasjonsbygg vassverk A1

Området er sett av til administrasjons- og servicebygg for Bergsøy Vasslag. Bygget må til saman ikkje dekke meir enn 20 % av tomta sitt nettoareal (BYA = maks 20). Gesimshøgda skal ikkje overstige 5,5 m (2 etasjar).

3. OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

§ 8 Veg og anna trafikkareal

Avgrensing

Trafikkarealet omfattar køyreveg i dagen samt offentleg gangveg. Areal til skjering og fylling er ikkje tekne med utanfor normalprofilen av vegane.

Terrenghandsaming

Terrenghandsaming i samband med veganlegga skal skje så skånsamt som råd. Sideterrenget skal handsamast på ein landskapsmessig tiltalande måte.

Parkering

Parkeringsplass på område A1 kan og nyttast til parkering ved friluftsaktivitetar.

4. FRIOMRÅDE

§ 9 Offentleg friområde F1 – F4

Det kan ikkje førast opp bygg i friområda. Gjennom område F1 og F2 kan det leggjast til rette ein gangsti på maks 1,5m. Bekken gjennom desse områda skal haldast open.

6. SPESIALOMRÅDE

§ 10 Friluftsområde FO1 – FO2

Desse områda skal vere ein del av det omkringliggjande friluftsområdet.

§ 11 Frisiktsone

Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt i ei høgd av 0,5 m over planet til dei tilstøytande vegane. Arealet må ikkje brukast slik at frisikta på noko tidspunkt vert hindra.

7. FELLESOMRÅDE

§ 12 Leikeområde FL1 – FL3

Leikeområde FL1, FL2 og FL3 er fellesområde for dei bustadfelta som planen omfattar.

Det er ikkje tillate å setje opp bygg eller anna innretning som er til hinder for denne bruken av områda. Leikearealet skal vere lagt tilrette når bustadane blir tatt i bruk.

§ 12 Anna fellesområde

Områda er fellesområde for felt BK1.

ICG / MAR / TKN 15.06.2000
Endra 02.05.2001

Fosnavåg 18.06.01.
Svein Gjelseth

HERØY ORDFØRAREN



TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (§12-5 NR.1)
- Bustader - frittliggjande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Bustader - blokker
- Forretningar
- Barnehage
- Leikeplass

Samf. og teknisk infr. (§12-5 NR.2)
- Køyreveg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Parkeringsplassar

Grøntstruktur (§12-5 NR.3)
- Grøntstruktur
- Friområde

Omsynsoner (§12-6)
- Sikringsone - Frisikt (H140)
- Sikringsone - Sikring fjellskjering (H190)
- Infrastruktursone - Rekkjefølgekrav grøntstruktur (H450)

Juridiske linjer og punkt
- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Sikringssonegrense
- Infrastrukturgrense
- Regulert tomtegrense
- Eigedomsgrense som skal opphevast
- Byggjegrense
- Bygningar som inngår i planen
- Bygningar som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert støyskjerm
- Regulert støttemur
- Målelinje/avstandslinje
- Avkjørsel

Eierform:

o_ = Offentleg formål

f_= Felles privat formål

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geovekst AS

Dato for basiskart: Nov.2013

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter

Kartmålestokk 1:1000 (A1)

0 10 20 30 40 m

N

Herøy kommune

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

Myklebuståsen 2

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: **201277**

Forslagstiller: **Frantzen Maskinstasjon AS**

Kartprodusent: **AG Plan og Arkitektur AS**

	Revisjon av plankart	DATO	SIGN.
A			
B			

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:	**21/12**	**23.02.12**	**AZT**
Klagesak er avgjort av Fylkesmannen		25.10.13	
2. gongs behandling i Formannskapet	73/12	14.02.12	AZT
Offentlig ettersyn fra 07.07.2011 til 01.09.2011			
1. gongs behandling i Formannskapet	196/11	28.06.11	
Kunngjering av oppstart planarbeidet		13.04.10	

PLANEN UTARBEIDET AV:	PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.
AG Plan og Arkitektur AS		-	AZT

"REGULERINGSPLAN (detaljplan i hht. PBL § 12-3) FOR MYKLEBUSTÅSEN II BUSTADOMRÅDE"

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
201277	L12	23.02.2011	Herøy kommunestyre

§§ 1-3 GENERELT

§ 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)

- Bustader – frittliggjande småhus (FS)
- Bustader – konsentrerte småhus (KS)
- Bustader – blokker (BB)
- Forretning (F)
- Barnehage (BH)
- Leikeplass (LP)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Fortau (F)
- Gangveg/gangareal (G)
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Parkeringsplass (PP)

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

- Grøntstruktur (G)
- Friområde (F)

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)
- Anna sikringssone – sikring fjellskjering (H190)

Infrastruktursone (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

- Rekkjefølgjekrav grøntstuktur – leikeplass (H450)

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. BYA gjev tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

b. Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

c. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

d. Dersom det under arbeid kjem fram funn eller strukturar som kan vere automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stoggast og arkeolog ved Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast.

§ 6 – AREALBRUK

a. I område merka "FS" kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt.

I område merka "KS1-KS4" og område merka "KS6, KS8-KS11" kan det byggjast bustadhus i rekke med inntil fire (4) bueiningar i kvar rekke. KS-områda skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon. I område merka "KS5" kan det byggjast terrassehus i inntil tre (3) etasjar. Inkludert i etasjane er parkerings-/garasjeanlegg i kjellar.

I område merka "KS7" kan det byggjast bustadblokk i to (2) etasjar. For KS-områda (unnateke KS5) legg planen til grunn frittståande parkering.

I område merka "BB1" kan det byggjast blokker i inntil fire (4) etasjar. I område "BB2" kan det byggjast blokk i inntil tre (3) etasjar. Inkludert i etasjane er parkering/garasjeanlegg.

I område merka "BB3" kan det byggjast terrassehus i inntil fire (4) etasjar. Parkering skal skje på tak. "BB3" skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Planen skal syne ev. tomtegrenser, byggjetrinn, terrengsnitt og arealbruk. Utbyggingsplan skal godkjennast av kommunen som del av 1. søknad om tiltak.

I område merka "BH" kan det byggjast barnehage.

Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midlertidige konstruksjonar innanfor områda som denne planen omfattar.

b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillaten prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: 30 %
- KS1-KS4 - område: 40 %
- KS5 50 %
- KS6-KS11 50 %
- BB1-BB3 – område: 60 %
- BH– område: 40 %

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m^2 pr. bilplass.

c. Innanfor byggjeområde kan det oppførast pumpestasjonar, trafokioskar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL. På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

2. Bustadbygg:

a. I område merka "FS1-FS9" og "KS1-KS4" og "KS6, KS8-KS11" skal bustader ha maksimum gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 meter. I område merka "FS" skal garasjar ikkje byggjast større enn 46 m^2 grunnflate og då berre i ei høgd.

I område merka "KS" bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittståande enkelt garasje eller carport (til ei bueining) byggast med grunnflate inntil 36 m^2. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.
Parkering kan dekkjast ved felles parkeringsplass. Gesims- og mønehøgd gjeld for "KS" område som for garasjar i "FS" område. Det skal setjast av areal til parkeringsplassar for bilar og elektriske rullestolar/scooterar for personar med nedsett funksjonsevne i tilknyting til områda for konsentrert bebyggelse.

b. I område merka "KS5" kan det byggjast terrassehus i inntil tre (3) etasjar. Inkludert i etasjane er parkeringsanlegg i kjellar. Bygningen skal ha ei gesims/mønehøgd som ikkje overstig 10,5 meter i høve til gjennomsnittleg planert terreng.

c. I område merka "KS7" kan det byggjast bustadblokk i inntil to (2) etasjar. Ein legg til grunn frittståande parkering. Bygningen skal ha ei gesimshøgd som ikkje overstig 8 meter over ferdig planert terreng.

d. I område merka "BB1" kan det byggjast bustadblokker i inntil fire (4) etasjar. I område merka "BB2" kan det byggjast bustadblokker i inntil tre (3) etasjar. Inkludert i etasjane er parkeringsanlegg i kjellar. Blokkene innanfor "BB1" skal ha ei maksimum gesims/mønehøgd som ikkje overstig 16,5 m over ferdig planert terreng.

e. Blokka innanfor "BB2" skal ha ei maksimum gesims/mønehøgd som ikkje overstig 13,2 m over ferdig planert terreng.

Blokkbebyggelsen skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. bueining pluss 0,5 bil pr. bueining til gjesteparkering for tal bueiningar under 10. Samla tal bueiningar over 10, medfører at kravet til gjesteparkering vert redusert til 0,25 bil frå og med 11 bueining.

Det skal setjast av areal til parkeringsplassar for bilar og elektriske rullestolar/scooterar for personar med nedsett funksjonsevne i tilknyting til bustadblokkene. Det skal vere trinnfri tilkomst frå parkeringsplass til hovudinngang.

f. I område merka "BB3" kan det byggjast terrassehus med inntil fire (4) etasjar. I område merka "BB3" kan bygningar ha ei maksimum gesims/mønehøgd som ikkje overstig 14,5 meter over ferdig planert terreng. Parkering skal skje på taket.

Terrassehusa skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. bueining pluss 0,5 bil pr. bueining til gjesteparkering for tal bueiningar under 10. Samla tal bueiningar over 10, medfører at kravet til gjesteparkering vert redusert til 0,25 bil frå og med 11 bueining.

Det skal setjast av areal til parkeringsplassar for bilar og elektriske rullestolar/scooterar for personar med nedsett funksjonsevne i tilknyting til terrassehusa. Det skal vere trinnfri tilkomst frå parkeringsplass til hovudinngang.

Utgangspunkt for fastsetting av golvhøgd garasjeanlegg i områda BB1 og BB2 er ferdig bygd veg V3. Fastsetting av ferdig tak på terrasseblokker innanfor område BB3 er også ferdig bygd veg V3, jf parkering på takflate. Planeringshøgda for område KS1 skal tilpassast tilgrensande blokkbebyggelse. Lengde- og tverrprofil som følgjer som illustrasjon til planen er rettleiande, jf. teikningane (2044-101, 102, 2044-103 til 110).

g. Takflate, ev del av takflate, kan nyttast til opphaldsareal ute for områda BB1 – BB3, t.d. som MUA og som felles areal.

h. For områda BB1-BB3 kan ev heis- og trappehus samt ventilasjonsbygg på tak overstige maks gesimshøgd/mønehøgd. Storleiken på desse bygningsdelane skal avgrensast til bygget sin funksjon. Gjerde kan overstige maks gesimshøgd/mønehøgd.

i. I område merka "BH" kan bygningar ha ei maksimum gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 8.5 meter.

Det skal opparbeidast oppstillingsplass for 1 bil pr. tilsett og 1 bil pr. 5 barn.

j. Ved val av material og farge skal det for område KS1, KS5, KS7, BB1, BB2 og BB3 takast særleg omsyn til bygningane si eksponering mot kringliggande naboskap og landskap.

Som del av søknad om tiltak skal det leggjast fram 3D-teikningar som viser korleis bygningane framstår i forhold til dette. Kommunen kan setje nærmare krav til omfanget av 3D-presentasjonen.

k. Ved val av takvinkel skal kringliggande terrengformer takast omsyn til. Dette slik at bygga fell naturleg inn i terrenget som gruppe og gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

l. Garasje/carport skal plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal når denne står vinkelrett på veg. Kommunen kan vidare tillate garasje/carport oppført inntil 2,5 m frå regulert

trafikkareal når denne vert ført opp parallelt veg eller slik at avstanden mellom vegkant og garasje minst er lik 4 meter.

§ 8 – UTERAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c. Eventuell utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.

d. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.

e. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

f. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

g. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

h. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

i. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på FS- og KS- areal opparbeidast min. 20 m² areal eigna til leik pr. bueining. For bustadblokk og terrassehus (BB-område) gjeld tilsvarande 10 m^2 p. bueining.

På BB-område skal leikeareal samlast som ein eller fleire felles plassar med min. storleik lik 60 m^2. Arealet skal visast på situasjonsplan ved søknad.

j. Leikeplassar innan byggeareal: viser til § 10.

k. Dei fysiske inngrepa i terrenget skal så langt det let seg gjere gjennomførast på ein slik måte at ein tek vare på eksisterande vegetasjon og unngår sår i terrenget. Fyllingar skal plantast til med stadeigen vegetasjon. Der det let seg gjere skal skjeringar plantast til, tilsåast eller plastrast så raskt som råd.

l. Før utsprenging av byggegrop for BB1, BB2 og BB3 og KS1 skal det utarbeidast inngreps-/riggplan for områda i målestokk 1:500. Planen skal vise terrenginngrep og skildre byggjemetode, herunder sprengingsmetode. Forhold kring støy, støv, uttak av masser, tidsaspekt, framdrift skal omtalast i planen. Planen skal godkjennast av kommunen.

§ 9 - SAMFERDSELSANLEGG OG TEKN. INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande grøft (V)
- fortau(F)
- gangveg/gangareal (G)
- gang-/sykkelveg (GS)
- annan veggrunn – teknisk anlegg
- annan veggrunn – grøntareal
- parkeringsplass (PP)

I vegarealet kan det også byggjast VA- leidningar, El- og telekablar.

V8 er felles for KS10 og KS11
V11 er felles for eks. bustad på FS6
V12 er felles for eks. bustad på FS5, gnr. 37 bnr. 51
V14 er privat avkøyrsle
V15 er privat avkøyrsle for gnr. 36 bnr. 18
V16 er felles for gnr. 36, bnr. 12 og 58
V17 er felles for KS1

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal. Vist skråningsutslag på plankart kan endrast som følgje av nærmare detaljprosjektering.

Skråningar og skjeringar skal i størst mogleg grad jordkleast og plantast til med stadeigen vegetasjon for å dempe den visuelle verknaden av tiltaket.

Ved bygging av samleveg til det øvre området gjeld føresegna sin § 8 bokstav k.

Det kan etablerast trappeløysing innanfor formålsgrensa «Annan veggrunn», med tanke på etablering av tursti og tilrettelegging for friluftsliv i tilknyting til friområde o_F2 og o_V3.

§ 10 – GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, NR.3)

Grøntstruktur:
Område merka G skal dekkast med naudsynt jordlag samt vekstjord for tilplanting av stadeigen vegetasjon. Arealet skal ferdigstillast samtidig med ferdigstilling av bustadveg V5.

Friområde:
I friområda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for friområdet. Det kan opparbeidast sti i friområdet.

Det er tillate å etablere tursti frå friområde o_F2 via o_V3.

Leikeplassar:
Område merka "LP1", "LP2" og "LP3" er felles for heile området. Leikeplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald, jf. TEK kap. 8 og tilhøyrande rettleiing. Leikeareala skal utformast som rekreasjons- og leikeområde. Prinsippa om universell utforming bør, så langt råd, leggast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.

Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplassar skal opparbeidast i samsvar med forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr frå Barne- og Familiedepartementet.
Område LP1 skal planerast med utgangspunkt i veg V3 sitt nivå. Leikeplassen skal ha opparbeiding ut frå prinsippa om universell utforming som følgje av kap 8 i TEK 10.

Innanfor LP2 kan det etablerast balløkke.

§ 11 –SIKRINGSSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktsone (H140):
Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

Anna sikringssone (H190):
Der tomt eller leikeareal grensar til fjellskjering med fallhøgde over 1 m skal topp fjellskjering sikrast med gjerde i høgde 1,2 m. Gjerde skal vere slik forma at det hindrar klatring, jf. elles krav i TEK10.

Alle fjellskjeringar skal sikrast i hht. krav i TEK10, jf. desse føresegnene sin § 13.

§ 12 –INFRASTRUKTURSONE (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

Det er vist område med krav om rekkjefølgje, jf. føresegnene § 14.
Som omsynssone, kode H450, er det vist krav om opparbeiding av leikeplassar LP1-3, jf. føresegnene § 14.

§ 13 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)

a. Vegar
Veg V2 skal vere ferdigstilt før bustadbygging kan ferdigstillast på område som har regulert vegtilkomst til denne vegen. Dette gjeld bustadområda FS8-FS11 og KS5-KS11.

Veg V3 skal vere ferdigstilt før ferdigstilling av bustader, bustadblokker og terrassehus som har regulert vegtilkomst til denne vegen. Dette vil då gjelde områda KS1, BB1, BB2, BB3, FS3, KS4, FS7 og øvre tomt innan FS9.

b. Leikeplassar
Felles leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når halve tilhøyrande bustadareal er utbygd. Leikeareal innanfor byggjeareal (MUA) skal opparbeidast samtidig med bustadhusa.

c. Støy
Maksimalt støynivå for fasade, leikeplass osv. skal vere innanfor grenseverdiane i T-1442. Ved tidspunkt for full utbygging innan planområdet skal viste støyskjermar byggjast. Ansvar for gjennomføring av skjerminga ligg til utbyggar av tilgrensande samleveg.

I samband med uttak av masser i øvre del av området, skal tiltakshavar utføre sprenging og uttransport på dagtid innan perioden 07-19. Støymengda bør kun i kortare periodar overskride støymengdene i tab. 4 i T-1442.

d. Utbyggingsavtale
Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom kommunen og tiltakshavar vedkomande dei tekniske anlegga som er naudsynt for utbygginga. Dette gjeld m.a. vegar, gatelys, stiar, VA- og El-/tele- og kabelnett og drensgrøfter.

§ 14 – KRAV OM NÆRMARE UNDERSØKINGAR (PBL. § 12-7 nr. 12)

Før gjennomføring av planen skal det som del av detaljprosjektering utførast nødvendige ingeniørfaglege feltundersøkingar som grunnlag for detaljering av tilstrekkelege sikringstiltak i hht. krava i TEK10. Sameleis skal det under arbeidet sin gang gjennomførast

ingeniørfaglege vurderingar løpande for å sikre at prosjekterte løysingar samsvarer med dei faktaforholda som vert avdekka.

Som følgje av behov for endringar av prosjekterte profil og endring av sikringstiltak kan grensa mellom områda BB1, BB2 og KS1 justerast tilpassa behov for skjeringstopp. Sameleis kan skjeringstopp for vegskjering justerast innan vegareal si formålsgrense.

*Føresegnene er revidert 27.1.2012, etter pålegg frå Utviklingsavdelinga (etter offentleg ettersyn).

**Reguleringsplan godkjend den 23.02.2012, K-sak 21/12

***Kommunestyret sitt vedtak er stadfesta av Fylkesmannen 25.10.2013.

Fosnavåg,

Arnulf Goksøyr
ordførar

Fargelagde vegar inngår i utbyggingsavtalen:

Køyreveg

Fortau/gangveg

4.	Revidert iht. møte 01.06.2017	KG	06.7.2017
3.	Revidert iht. skriv datert 26.6.2012	KG	27.7.2012
2.	Revidert iht. endra reguleringsplan	KG	7.2.2012
1.	Revidert iht. avklaringar med kommunen	KG	22.12.2011
Rev.	Revisjonen gjeld:	Sign.:	Dato:

Byggherre:
Myklebuståsen Utbygging AS

Dato: 26.8.2011

Sakshands.: K.Gjengedal

Prosjekterande:
AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no

Sign. | Dato: Teikn.: 26.8.2011

Sakshands.:

Profil nr.:

Arkiv ref.:

Målestokk: 1:1000 (A1)

Prosjekt: Utbyggingsavtale Myklebuståsen

Prosjektnr.: 2044

Vegplan

Kont.pers byggherre:

Teikn. nr.: 2044-C100 | Rev. 4



Fargelagde leidningstrasear for spillvatn og overvatn inngår i utbyggingsavtalen med kommunen. Endelege dimensjonar fastsetjast ved detaljprosjektering.

- Spillvatn
- Øvervatn

Fargelagde leidningstrasear for vatn inngår i utbyggingsavtalen med Herøy Vasslag:

- Vatn
- Private utstikk spill- og overvatn

Rev.	Revisjonen gjeld:	Sign.:	Dato:
2.	Revidert forkl. tekst, jf detaljprosjekt.	KG	12.3.2018
1.	Revidert iht. møte 01.06.2017	KG	06.07.2017

Byggherre:
Myklebuståsen Utbygging AS

Dato:

Sakshands.: K.G Jengedal

Prosjekterande:
AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no

Sign. | Dato: 22.11.2012

Prosjekt: Utbyggingsavtale Myklebuståsen

Prosjektnr.: 2044

GH-plan

Teikn.:
Sakshands.:
Profil nr.
Arkiv ref.
Målestokk: 1:1000 (A1)

Kont.pers byggherre:

Teikn. nr.: 2044-GH100 | Rev. 2

Fargelagde leidningstrasear for spillvatn og overvatn inngår i utbyggingsavtalen med kommunen. Endelege dimensjonar fastsetjast ved detaljprosjektering:

- – – – Spillvatn

— — — Øvervatn

Fargelagde leidningstrasear for vatn inngår i utbyggingsavtalen med Herøy Vasslag:

——— Vatn

——— Private utstikk spill- og overvatn

2.	Revidert forkl. tekst, jf detaljprosjekt.	KG	12.3.2018
1.	Revidert iht. møte 01.06.2017	KG	06.07.2017
Rev.	Revisjonen gjeld:	Sign.:	Dato:

Byggherre:
Myklebuståsen Utbygging AS

Dato:

Sakshands.: K.Gjengedal

Prosjekterande:
AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no

Sign. | Dato:

Teikn.: 22.11.2012

Sakshands.:

Profil nr.

Arkiv ref.

Målestokk: 1:1000 (A1)

Prosjekt: Utbyggingsavtale Myklebuståsen

Prosjektnr.: 2044

GH-plan

Teikn. nr.: 2044-GH101

Rev. 2

Kont.pers byggherre:

Fargelagde lyspunkt og kabeltrasear for veglysanlegget inngår i utbyggingsavtalen med kommunen. Endeleg tal lyspunkt og plassering fastsetjast i detaljprosjekteringa:

- Kabel El-straum
- Kabel, gatelys
- LP55 Gatelys, mast/armatur LP 45 er privat/kan ev. utgå

5.	Revidert forkl. tekst, jf detaljprosjekt.	KG	12.3.2018
4.	Revidert iht. møte 01.06.2017	KG	06.07.2017
3.	Revidert iht. skriv datert 26.6.2012	KG	27.7.2012
2.	Revidert iht. endra reguleringsplan	KG	7.2.2012
1.	Revidert iht. avklaringar med kommunen	KG	22.12.2011
Rev.	Revisjonen gjeld:	Sign.:	Dato:

Byggherre:
Myklebuståsen Utbygging AS

Dato: 26.8.2011

Sakshands.: K.Gjengedal

Prosjekterande:
AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no

Sign. | Dato: Teikn.: 26.8.2011

Prosjekt: Utbyggingsavtale Myklebuståsen

Prosjektnr.: 2044

IN-plan

Sakshands.:

Profil nr.:

Arkiv ref.:

Målestokk: 1:1000 (A1)

Teikn. nr.: 2044-IN100

Rev. 5

Kont.pers byggherre:



REVISJON:	TEIKNINGSNUMMER:
	2044-0100

TITTEL: Vedlegg utbyggingsavtale

Offentleg friområde o_F2

REV.	ENDRINGA GJELD	SIGN.	DATO

TILTAKSHAVAR:

Myklebuståsen Utbygging AS

GÅRDSNUMMER: BRUKSNUMMER: KOMMUNE: Herøy

PROSJEKT:

Vedlegg Utbyggingsavtale

Friareal

AGPLAN OG ARKITEKTUR
Adresse : Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf. 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no
arkitektbedriftene

TEIKNA AV:	DATO:	MÅL.:
KG	20.04.2018	1:500
KONTROLLERT AV:	KONTROLLDATO:	FILNAMN:

TEIKNINGSNUMMER: 2044-0100

© Kopiering eller bruk av desse teikningane er forbudt uten skriftleg samtykke

1. Etappe

2. Etappe

3. Etappe

N

		Sign.:	Dato:
Byggherre: Myklebuståsen Utbygging AS			Dato: 20.04.2018
		Sakshands.:	K.Gjengedal
Prosjekterande: **AG Plan og Arkitektur AS** Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no		Sign.	Dato:
		Teikn.:	20.04.18
Prosjekt: Utbyggingsavtale Myklebuståsen	Prosjektnr.: 2044	Sakshands.:	
		Profil nr.	
	Etappeplan -utbygging	Arkiv ref.	
		Målestokk: 1:1000 (A1)	
Kont.pers byggherre:		Teikn. nr.: 2044-Y400	Rev.


Myklebust
Dagsenter
37/325
Forretning
Bensinstasjon
37/82
30510
Flatøya
37/1-2,323
Myklebust
Bensinstasjon
Bilverksted
Verksted/
kontor
Sauløya
Lerhaugen
37/180
37/412
37/472
37/410
37/450
37/304
37/285
37/286
37/284
37/287
37/291
37/293
37/294
37/257
37/183
37/155
37/182
37/181
37/467
37/466
37/468
37/133
37/134
37/135
37/125
37/400
37/481
37/190
37/151
37/150
37/152
37/236
37/238
37/64
37/767
37/180
37/161
37/309
37/160
37/322
37/310
37/258
37/259
37/395
37/397
37/367
37/393
37/365
37/368
37/392
37/11
37/91
37/89
37/176
37/427
37/428
37/431
37/430
36/58
36/12
36/66
36/17
36/18
36/128
36/11
36/83
36/82
36/81
36/84
36/85
36/87
36/88
36/90
36/92
36/93
36/94
36/95
36/96
36/97
36/98
36/99
36/100
36/101
36/102
36/103
36/104
36/105
36/106
36/107
36/108
36/109
36/110
36/111
36/112
36/113
36/114
36/115
36/116
36/117
36/118
36/119
36/120
36/121
36/122
36/123
36/124
36/125
36/126
36/127
36/129
36/130
36/131
36/132

Myklebuståsen Utbygging AS

ID	Aktivitetsnavn	Varighet
1	PROSJEKTKOORDINERING/FINANSIERING	25 dager
2	PROSJEKTERING	175 dager
3	REALISERING AV GRUNNAVTALER	59 dager
4	SØKNADER/HANDSAMING	40 dager
5		
6	**ETAPPE 1**	0 dager
7	Rigg og drift	40 dager
8	Utstikking	10 dager
9	Graving, spregning og trauing av vegar	100 dager
10	Graving og sprenging av grøfter, legging av rør	60 dager
11	Bygging av vegar	30 dager
12	Montering av gatelys, trekking kablar	5 dager
13	Planering, tilsåing skråningar	15 dager
14	Muring av natursteinsmurar	15 dager
15	Asfaltering	5 dager
16	Planering, tilpussing, tilsåing	20 dager
17	Reservetid	20 dager
18	**OVERTAKING**	1 dag
19	*ETAPPEPERIODE*	624 dager
20		0 dager
21	**ETAPPE 2**	0 dager
22	Rigg og drift	40 dager
23	Utstikking	10 dager
24	Graving, sprenging og trauing av vegar	200 dager
25	Graving og sprenging av grøfter, legging av rør	140 dager
26	Bygging av vegar	40 dager
27	Montering av gatelys, trekking kablar	5 dager
28	Planering, tilsåing skråningar	15 dager
29	Muring av natursteinsmurar	50 dager
30	Asfaltering	10 dager
31	Planering, tilpussing, tilsåing	20 dager
32	Reservetid	20 dager
33	OVERTAKING	1 dag
34	*ETAPPEPERIODE*	612 dager
35		0 dager
36	**ETAPPE 3**	0 dager
37	Rigg og drift	30 dager
38	Utstikking	10 dager
39	Graving, sprenging og trauing av vegar	90 dager
40	Graving og sprenging av grøfter, legging av rør	100 dager
41	Bygging av vegar	60 dager
42	Montering av gatelys, trekking kablar	5 dager
43	Asfaltering	5 dager
44	Planering,tilpussing	10 dager
45	Reservetid	10 dager
46	OVERTAKING	1 dag
47	**ETAPPEPERIODE**	322 dager



Prosjekt: 2044-framdriftsplan 2018
Dato: fr 20.04.18

Aktivitet
Deling
Fremdrift
Milepæl
Sammendrag
Prosjektsammendrag
Eksterne aktiviteter
Ekstern milepæl
Tidsfrist

Myklebuståsen II og Myklebuståsen

Myklebuståsen Utbygging AS

ID		Aktivitetsnavn	Varighet	2018			2019		2020		2021		2022		2023		2024	
				1. halvdel			1. halvdel		1. halvdel		1. halvdel		1. halvdel		1. halvdel		1. halvdel	
				H2	H1	H2	H1	H2	H1	H2	H1	H2	H1	H2	H1	H2	H1	H2
48																		
49		PLAN- OG BYGGEPERIODE	1630 dager															

Prosjekt: 2044-framdriftsplan 2018
Dato: fr 20.04.18

Aktivitet | Fremdrift | Sammendrag | Eksterne aktiviteter | Tidsfrist

Deling | Milepæl | Prosjektsammendrag | Ekstern milepæl

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/1037
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
114/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	19.06.2018

KLAGE PÅ VEDTAK. OMREGULERING FRÅ PARKERING TIL PARK/LEIK. SOLPARKEN, PLANID 201713.

Tilråding:

Kommunestyret i Herøy opprettheld vedtaket frå K-sak 40/18. Klagen på vedtaket frå Jon-Arne Lillebø og Karen Lillebø vert ikkje teken til følgje. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:
Jon-Arne Lillebø, Leinebakkane 32, 6094 Leinøy
Karen Lillebø, Mortensvingen 12, 0284 Oslo

Vedlegg:
1 Oversiktskart klagesak
2 Omregulering frå parkering til park
3 Klage til Fylkesmannen om parkering
4 Vedlegg No.1
5 Vedlegg No.2
6 Vedlegg No.3
7 Vedlegg No.4
8 Vedlegg No.5
9 vedlegg No.6
10 K-sak 40/18. Særutskrift Omregulering frå parkering til park/leik. Slutthandsaming.
11 Plankart solparken21112017
12 Reguleringsføresegner for Solparken, 21.11.2017, matrikkeltilføying 02.03.2018.
13 Planomtale for Solparken, 21.11.2017
14 Park
15 Brev til Herøy Kommune 30042018
16 Vedlegg til spørsmål om park.
17 Svar på spørsmål om park.

Samandrag av saka:
Kommunestyret vedtok i møte 19.04.2018, sak 40/18 «Omregulering frå parkering til park/leik. Solparken. ID 201713». Etter kunngjering av planvedtaket er det kome inn klage på vedtaket, sett fram av Jon-Arne Lillebø og Karen Lillebø.
Klagen er mottatt innanfor klagefristen.

Rådmannen meiner klagen ikkje tilfører nye moment i saka. Rådmannen rår til at klagen ikkje vert teken til følgje og at den vert sendt til fylkesmannen for avgjerd.

Saksopplysningar:
Klagar sitt forhold til planen er at dei er nabo.
Klagar krev at reguleringsplanen vert endra slik at det vert gitt løyve til gjennomkøyring gjennom park-/leikeområdet. Dersom ikkje, meiner klagar at reguleringsendringa utløyser erstatningsplikt for kommunen for tre biloppstillingsplassar.

<u>Lova sine bestemmelsar</u>
I henhold til plan- og bygningslova § 12-12, jf § 1-9 kan kommunestyret sitt endelige vedtak om reguleringsplan påklagast. Fylkesmannen er rette klageinstans for planvedtak, etter delegert mynde frå Miljøverndepartementet. Klage på reguleringsvedtak vert lagt fram for innstilling i formannskapet og vedtak vert gjort av kommunestyret. Dersom kommunestyret ikkje finn grunn til å ta klagen til følgje, gir kommunestyret uttale og sender saka til fylkesmannen.

Klagen består av:
1) Oversendelsesbrev datert 23.05.2018
2) Klagebrev stila til fylkesmannen, oss i hende 23.05.2018

3) Oversiktskart (vedlegg 1 til klagen)
4) Avtale mellom kommunen og Rolf Lillebø datert 29.06.1989 (vedlegg 2 til klagen)
5) Vedtaksbrev frå TU-sak 135/93, datert 16.12.1993 (vedlegg 3 til klagen)
6) Tre stadfestingar på bruk og høve til bruk av areal til parkering (vedlegg 4, 5 og 6 til klagen)

Andre dokument der det er gjort vurderingar av saka:
1) Saksutgreiinga i k-sak 40/18 den 19.04.2018 (vedlegg 10 til saka)
2) Svarbrev frå kommunen til Lillebø, datert 30.04.2018 (vedlegg 17 til saka)

Vurdering av klagen/uttale:
Herøy kommune har vedteke å omregulere ein offentleg parkeringsplass i Fosnavåg sentrum til park-/leikeområde (sjå figur 1).

Figur 1. Vedtatt omregulert område visast som grønt, offentleg park-/leikeområde. Nabo sitt område er vist med raudt omriss. Reguleringsføremål her er «F1 Forretning/kontor».

Klagar er nabo til regulert park-/leikeområde i søraust. Klagar har eit forretningsbygg i tre etasjar på sin eigedom, gnr. 34, bnr. 187. Klagar hevdar å miste tre parkeringsplassar/biloppstillingsplassar når kommunen no omregulerer sitt tilgrensande areal slik at det ikkje vert høve til gjennomkøyring. Klagar sine vedlegg 4 og 5 er stadfestingar på at arealet har fungert som privat parkering. Klagar sitt vedlegg 6 er stadfesting på at arealet har vore tilgjengeleg som parkeringsplass for tilsette som driv butikken i 1. etasje i dag.

Området (figur 2) mellom Ekkobygget (34/187) og Nordeabygget (34/37) ligg utanfor reguleringsområdet, men det er skissert behov for å kunne køyre gjennom det

regulerte parkområdet til/frå det aktuelle området mellom bygga.

Total breidde mellom bygga varierer mellom 7,1- 8 meter. Området mellom bygga er regulert til føremål «forretning/kontor» i ei breidde på om lag 2,5 meter langs begge bygga og føremål «gang-/sykkelveg» i ei breidde på om lag 3 meter i midten gjennom heile lengda (sjå figur 2).



Figur 2: Utsnitt frå kart med påteikna regulering. Avstand mellom bygga er mellom 7,1-8 meter. Arealet er eigd av hhv 34/187 og 34/37, delt om lag på midten (raud lang stipling).

Det er kjent at her tidvis blir parkert bilar på begge sider og også midt på dette området. Området som er regulert til forretning/kontor kan kanskje tolkast til å vere parkeringsområde. Her er imidlertid ikkje regulert til parkering. Mjuke trafikantar kan nok oppleve at den regulerte gang-/sykkelvegen gjennom området kan vere vanskeleg å forsere. At området opplevast som ein parkeringsplass og at den har fått fungere som det, kan skuldast manglande skiltvedtak og oppfølging av eksisterande regulering. Frå kommunen si side er det ynskjeleg at dette er ein

passasje for dei mjuke trafikantar. Gang-sykkelvegen gjennom passasjen er del av ein regulert samanhengande gang-sykkelveg heilt fram til Igesundvegen (sjå figur 3).



Figur 3: Gang-sykkelvegen mellom Ekko- og Nordeabygget er ein del av eit regulert samanhengande gang-/sykkelvegnett heilt fram til Igesundvegen. Derifrå er det vidare passasje mot Fosnavågparken.



Figur 4: Prinsippkisse frå skisseprosjektet til Solparken. Det mørkegrå arealet rundt heile parkområdet er gangareal kopla saman med overgangsfelt over Rådhusgata. Raud pil viser område tillatt for varelevering (§ 3a i føresegnene).

Byggjeløyve for garasje
I klagen er det vist til byggjeløyve for garasje gitt i 1993. Papira for byggjeløyvet frå 1993 manglar situasjonskart og det framgår vilkår ang. fasade. Ein får såleis ikkje eit fullstendig inntrykk av kva byggjeløyvet inneber. Garasjen er ikkje realisert og byggjeløyvet er utgått.

Dersom her var bygd ei garasje, måtte ein tatt med dette i vurderinga, men dagens situasjon er annleis, og i samband med etableringa av park-/leikeområdet ynskjer vi å legge vekt på god tilkomst og trafikksikkert opphald for mjuke trafikantar. Det er ikkje ynskeleg å opne for biltrafikk gjennom parkområdet.

Det er vanleg at bilfrie område i byar er regulert for varelevering i visse tidsrom. Såleis vil ein tilbakevise påstanden om «usakleg forskjellsbehandling» ved ei vidareføring av dagens føresegn som gir løyve til varelevering.

Avtale med kommunen
Det er lagt ved avtale datert 29. juni 1989 som underbygger eigedoms- og råderett for eit spesifisert område (sjå kart i figur 5 med avmerka område). Rettane i avtalen er ubestridt, men parkeringsløyve er ikkje sak i avtalen. I same avtale står at: «*Arbeidet og kostnaden med trapp/rampe er kommunen uvedkomande*». Omtalte tiltak i avtalen kan vere med å underbygge tolkninga av at arealet ikkje er parkeringsplass. Vi kan ikkje sjå at avtalen gir grunnlag for endra vurderingar i reguleringssaka.



Figur 5: Kart over område beskrive i avtale. Arealet går langs bygningskroppen. Tre meter breidde, 7,5 meter lengde.

Konklusjon:
Klagen tilfører ingen nye moment i saka. Rådmannen opprettheld difor sine vurderingar slik dei går fram av saksframlegget til kommunestyresak 40/18. Den samla vurderinga i saksframlegget ved sluttbehandling (vedlegg 10 her) vert opprettheldt og rådmannen anbefaler at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Enkeltelementa i klagen er gjennomgått i denne saksutgreiinga, og ilag med vurderingane i saksframlegget til slutthandsaminga utgjer dei kommunen sine vurderingar/uttale til klagen.

Klagen gir ikkje utsettande verknad for kommunestyret sitt reguleringsvedtak (forvaltningslova § 42). Dette fordi dei påklaga forholda ikkje berører byggjeområdet på ein slik måte at igangsetjing av tiltak innanfor planområdet må stansast.

Fosnavåg, 24.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

Oversiktskart område klagesak Solparken ID201713

Dato: 25.05.2018 Målestokk: 1:5000 Koordinatsystem: UTM 32N

Tegnforklaring



Hei

Viser til tlf.samtale i dag og sender her svar til Fylkesmannen ang. denne saken.
Vil nevne at dette svaret også er sendt pr. post.

Ber om å få bekreftelse på mottatt mail.

Mvh.
Jon-Arne Lillebø

Til Fylkesmannen i Møre og Romsdal

c/o Herøy kommune, utviklingsavdelinga

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Saks nr. 2017/1037 - Park / leieplass i Fosnavåg (Herøy kommune)

I samband med at Herøy kommune skal gjere ein parkeringsplass som ligg inn til vår eigedom om til park/ leikeplass, har vi hatt kommunikasjon med kommunen om dei komplikasjonar dette fører til for vår del. Etter 3 brev sendt til kommunen i denne samanheng, har vi enno ikkje fått svar på det viktigaste spørsmålet vårt. Kommunen sine svar omhandlar ikkje korleis dei vil løyse problemet vårt i det heile tatt. Det einaste vi får som svar, er at dei vil ta frå oss tre biloppstillingsplassar, noko som vil forringe vår eigedom i så stor grad, at ca. halve eigedomen vår vil stå ubrukt i framtida.

Dette gjeld g.nr. 34 b.nr. 187 i sentrum av Fosnavåg (Ekko-bygget). Det grøne feltet i nedanståande kart er parkeringsplassen som skal gjerast om til leikeplass, mens huset med raudt kryss over, er vår eigedom. Det området som er markert med blått ved sidan av huset vårt, er området der vi har hatt 3 biloppstillingsplassar på privat grunn. Dette området har vore privat parkering sidan huset var nytt på slutten av 60-talet. I tillegg til at vi legg ved dokumentasjon på at vi eig halve bredda av dette området, legg vi også ved nokre dokument som viser at dette har vore akseptert som vårt private område og har hatt som formål å vere parkering tilknytt eigedomen vår.

1) Fyrste vedlegg er kart over området som tilhøyrer g.nr. 34 b.nr. 187. Her ser ein bl.a. at vi eig det omtala området mot Nordea-bygget (g. nr 34 / b.nr. 37).
2) Vedlegg nr. 2 er ei avtale mellom Herøy kommune ved ordøraren i Herøy pr. 29. juni 1989 og vår far, Rolf Lillebø, i samband med ei generell oppgradering i sentrum av Fosnavåg. Der framgår det at i samband med «opparbeiding av parkeringsplassar, -fortau og helleganger i Fosnavåg sentrum», fekk vår far betale belegningsstein av betong på sin del av dette området mellom vårt hus og Nordea. Vidare heiter det at «eigedoms og råderetten over det hellelagde arealet vert med dette ikkje skipla.» Når så folk i kommunen hevdar i eit av sine

svarbrev i år, at vi ikkje har hatt slik råderett over området, så er det feil. Tidlegare verksemt vår familie dreiv i huset (Ekko Radioforretning) var avhengig av å kunne parkere sine 3 firmabilar her.

3) Vedegg nr. 3 er ei byggeløyve frå Herøy kommune frå 1993. Vår far søkte om å få sette opp ei garasje og fekk søknaden innvilga. Garansjen skulle rome 3 bilar og med utkøyring i begge endane. Garasjen vart dessverre for vår del, ikkje oppsett pga. diverse problem – bl.a. fordi kommunen ikkje likte arkitekten sitt utkast til utforming.
4) Vedlegg nr. 4, 5 og 6 er undersrifter frå ein person som har hatt sitt arbeid i Nordea-bygget og frå ein tidlegare tilsett i Ekko Radioforretning som vår familie har dreve i det aktuelle huset og til slutt frå dagleg leiar av Ringo Fosnavåg som leiger butikklokale i huset i dag. Her bekrefter dei at desse tre biloppstillingsplassane langs med vår eigedom og inn mot Nordea-bygget, har vore nytta som parkering for dei som har halde til i huset vårt, og at dette har vore slik i perioden frå huset var nytt til i dag.

Problemstillinga for oss er at med etableringa av park / leikeplass, så får ein ikkje køyre gjennom dette området som i dag er parkeringsplass. I og med at våre parkeringsplassar ligg etter kvarandre langs med veggen av huset vår, må det vere mulig å kome seg ut av parkeringsplassen gjennom området som er tenkt til å vere park / leikeplass. Dette gjeld dei bilane som er oppstilt lengst framme mot denne offentlege plassen. Det er ikkje så enkelt å snu bilar mellom husa, så ein må kunne kome seg ut i Rådhusgata frå vår parkeringsplass. Ut frå teikningar som viser utforming av denne parken, skal det vere ein veg langs med huset vårt til Rådhusgata, som vi kunne nytte. Denne vegen skal gå frå enden av våre parkeringsplassar og direkte ut i Rådhusgata. Så lenge det er snakk om å ha maks 3 bilar her, vil ikkje det medføre særleg stor trafikk over området.

Ut frå svarbrev frå kommunen no i år, framgår det at dei meiner vi ikkje har løyve til å ha bilar ståande på grunnen vår mot Nordea i det heile tatt. Dei skriv at «…tidvis blir det parkert bilar i dette området.» Av dette framgår det at personar i kommunen trur det er tilfeldig parkering fra folk flest på området. Det stemmer ikkje. Det har ikkje vore noko problem med at uvedkomande har parkert på våre parkeringsplassar. Dette kan kome av at det gjennom alle år har stått bilar der som tilhøyrer dei som brukar huset. Og ei anna årsak kan vere at den gongen det vart lagt beleggingsstein i området, så valgte vår far å behalde det opprinnelege fortauet med forhøya kant inn mot midten som låg på delar av eigedomen, slik at vi fortsatt tydeleg fekk ei markering av kva som var privat parkering og kva som var utanfor parkeringsplassane. Dette var eit bevisst val, for å unngå at det skulle bli oppfatta som offentleg område.

Situasjonen for oss som er eigarar i dag er, at vi ikkje får utvikle potensialet for eigedomen. Vi opplever stor uvisse om kva vi har mulegheiter til, sidan kommunen ser ut til å ville ta ifrå oss dei tre biloppstillingsplassane. Biloppstillingsplassane er for oss nødvendige å ha, for at vi skal kunne nytte huset fullt ut. I dag er det ei bueining i huset med tilhøyrande garasje, i tillegg til at vi leiger ut butikklokalet i første høgda til Ringo. Sidan næringsverksemda no er mindre i huset enn tidlegare, planlegg vi å få inn 3 bueiningar til. Med det er det forståeleg for den som vil sette seg inn i vår side av saka, at vi treng dei 3 parkeringsplassane i framtida også. Det er dette vi meiner at vi ikkje har fått svar på frå Herøy kommune. Korleis skal vi kunne utnytte resten av huset i framtida, dersom desse tre parkeringsplassane blir tekne ifrå oss? Det er heilt urimeleg at kommunen gjer dette til vårt problem. Viss det er slik at kommunen skal ta ifrå oss desse tre parkeringsplassane, eller mulegheita til å nytte dei, må dei ha ein god plan for oss ved å erstatte dei med tre nye parkeringsplassar i nærleiken av eigedomen vår. Så langt har vi ikkje sett noko svar frå kommunen om dette. Det verkar nesten som om dei ikkje tenkjer heilheitleg – at fokuset kun er på å få istand denne nye parken, utan å ense at dette har store konsekvensar på andre hald.

Det er elles slik at andre med eigedomar i same området, som blir ramma av at det vert etablert park, blir imøtekomne og får dekka sine behov. Vi tenkjer her på Fortuna-bygget, der det er to verksemder som treng varelevering. Dei har fått innvilga å få køyre til og frå området for dette formål. Det er ikkje rimeleg at vi skal bli forskjelsbehandla på denne måten. Kommunen hevdar at dette ikkje er ei forskjelsbehandling, men det er vi ueinige i. Det har den same konsekvensen for oss, nemleg at vi ikkje kan nytte eigedomen fullt ut dersom ein går imot oss på å kunne nytte parkeringsplassane som før. I samband med andre etableringar av bueiningar i sentrum, har kommunen forlanga av dei som etablerer desse, at ein sørger for å ha biloppstillingsplassar for alle bueiningane. Vi reknar derfor med at kommunen vil kreve dette av oss også. Då er det merkeleg at det nettopp er kommunen som hindrar oss i å ha desse nødvendige parkeringsplassane. **Vi ber berre om å ha mulegheita til å få nytte eigedomen vår som tidlegare og det inneber at vi fortsatt får nytte parkeringsplassane mot Nordea og at vi må få køyre ut i Rådhusgarta frå desse parkeringsplassane.**

Vi vil få vise til dette avsnittet i det siste svaret frå Herøy kommune:

«*Vi meiner at både føremålet i reguleringsplanen og manglande tilrettelagt inn-/utkøyring eller snumuligheiter underbygger kommunen sin påstand om at arealet ikkje er parkeringsplass. Ut frå dette meiner vi at det heller ikkje er grunnlag for å krevje at kommunen erstattar parkeringsplassane.»*

Her meiner kommenens folk at dei med dette kan bevise at det ikkje har vore parkering på denne staden mellom vår eigedom og Nordea. Men ein kan vanskeleg bortforklare at området har vore privat parkering sidan huset var nytt. Vi viser til velegga 2-6 om dette. Særleg vil vi vise til stadfesting av dette frå personar som har hatt sitt arbeid i Nordea-bygget og i Ekko-bygget i store deler av denne perioden frå 1968 til i dag (vedlegg 4, 5 og 6). At det har vore parkering der heile tida, er eit faktum. Vi forstår ikkje at ein forsøker å bortforklare det. Desse argumenta i svaret frå kommunen er berre ord, medan verkelegheita er ei anna. Det må vere muleg å be om at det er realitetane som blir rekna med her. At det ikkje kan ha vore parkering der nokon sinne fordi det ikkje går an å snu der og at det skulle mangle tilrettelegging, er eit usakleg argument som vert laga ut frå situasjonen som har oppstått no. Det er endringane kommunen set i gong no, som gjer plassen ueigna til parkering.

Og så skriv dei også noko som er henta frå avtalen mellom kommunen og vår far som ikkje har noko som helst med saka å gjere:

«*I same avtale står at: «Arbeidet og kostnaden med trapp/rampe er kommunen uvedkomande». Omtalte tiltak i avtalen kan vere med å underbygge tolkninga av at arealet ikkje er parkeringsplass. Vi kan ikkje sjå at avtalen gir grunnlag for endra vurderingar i reguleringssaka.»*

Det dette utsagne frå avtalen tek opp, er berre det faktum at når det vart lagt stein i 1989, så vart terrenget utanfor ei dør inn til ein lagerrom, senka litt. Dette gjorde at døra kom høgare opp frå fortauet og ein måtte ha eit trappetrinn eller liknande for lettare å kome inn. Det har ingen ting å gjere med rettane til å parkerkere der.

I dei to sitata frå kommunen vist ovanfor, ser ein at i staden for å svare på vårt spørsmål om kva vi skal gjere i denne situasjonen dei set oss i, så er dei kun konsentrert om å forsvare det dei gjer mot oss. Dei tar desse sitata frå avtalen ut av sin samanheng og tolker dei på sin måte, slik at dei kan brukast til å støtte si side av saka. Vi er kanskje naive, men vi trudde at kommunen sine folk hadde som oppgåve å finne gode løysingar for innbyggarane. I staden ser det ut for oss at dei ser på oss som fiendar frå fyrste stund. I både vårt fyrste og siste brev til kommunen, kom vi dei i møte med å foreslå måtar å løyse problemet på, men vi får berre til svar at kommunen ikkje er ansvarlege for situasjonen vi har kome i. Svara dei har sendt oss viser oss at dei ikkje ser det som si oppgåve å hindre at

privatpersonar vert svært skadelidande av planane deira. Det einaste fokuset er på å få istand denne parken utan å måtte vike på den minste detalj.

I vårt fyrste brev til kommunen, kom vi med ei løysing på problemet som gjekk ut på at vi fekk bygge ei garasjen langs med veggen til vårt hus, men mot den nye parken. Dette inneber at vi måtte ha eit makebyte med kommunen. Forslaget går ut på at kommunen fekk ta over området mot Nordea (der dei vil hindre parkering) og vi fekk ta over eit tilsvarande område mot den nye parken / leikeplassen. Forslaget inneber at vi berre får parkering til 2 i staden for 3 bilar, men det ville vere betre enn ingen parkering. Då ville vi fått utkøyring rett i Rådhusgata for ein bil, medan den andre bilen måtte køyre over dei tre parkeringsplassane vi har i dag og ut i Kjøpmannsgata. Dette ville hindre køyring gjennom parkområdet, men det vil minske litt på parken tilsvarande breidda av ei garasje. Men i slike saker innser vi at alle må ta litt og gje litt. Med dette forslaget misser vi ein parkeringsplass, mens kommunen misser ein liten bit av park- / leikeplassarealet. Derimot får dei innfridd viljen sin på at det ikkje vert parkert bilar i området mellom Nordea og vår eigedom.

I det siste brevet vi sendte kommunen, foreslo vi også ei anna løysing med å erstatte dei tre parkeringsplassane på vår eigedom, med tre nye på kommunen sin eigedom, der det seinare skal byggast eit parkeringshus. Dette gjer at vi får litt gåavstand til dei tre parkeringsplassane, men det kunne vere ei løysing vi kunne gå med på. Vi må då vere sikra tre private parkeringsplassar i dette parkeringshuset, når det blir sett opp. Vi har ikkje fått positivt svar på desse to forslaga våre.

Vi har altså forsøkt å kome kommunen i møte, men vi oppfattar det slik, at kommunen så langt kun har gitt oss eit svar på at dei vil ta ifrå oss parkeringsplassane, utan å nemne noko om løysinga på det store problemet dette skaper for oss. Argumentasjonen frå kommunens folk går ut på å bortforklare at vi har hatt 3 parkeringsplassar i det aktuelle området.

Vi meiner at sidan det vil vere heilt avgjerande for oss å ha parkeringsplassar til dei bueiningane vi skal kunne etablere i huset, så er det berre rimeleg at kommunen erstattar dei parkeringsplassane dei tek ifrå oss, eller lar oss behalde dei og gjere det muleg for oss å kome til og frå som før. Vi treng eit svar på korleis kommunen kan løyse det store problemet dei skaper for oss, slik at vi unngår at dei gjere ca. halvparten av eigedomen vår verdilaus / ikkje nyttbar.

Denne saka gjer at vi føler oss rettslause og opplever det som svært uverkeleg at det politiske systemet vi har, utan vidare skal kunne nyttast til å ta så store verdiar frå privatpersonar. Dette omhandlar ikkje berre dei kvadratmetra med parkering som ein vil ta ifrå oss, men at det hindrar bruksmulegheitene av store deler av huset. Denne konsekvensen vert ikkje handsama i det heile tatt i svara frå kommunen.

Vi ser fram til eit imøtekomande svar som viser at vi vert forstått. Dei svara vi har fått frå kommunen, viser oss berre at vi blir ignorert.

Med helsing

Jon-Arne Lillebø

Tlf. 900 44033

Leinebakkane 32

6094 Leinøy

ekkoeigedom@gmail.com

Karen Lillebø

Tlf. 950 37900

Mortensvingen 12

0284 Oslo


Vedlegg No.1
Rådhusgata
Holmsildgata
Kjøpmannsgata
Rådhusgata
34/85
34/218
34/519
34/37
34/187
34/125
34/124
34/133
34/559
34/180
34/408
34/197
34/179
34/487
34/518
34/181
34/533
20
20

Vedlegg No.2

HR

HERØY KOMMUNE

6090 Fosnavåg (070) 88 114.

Avtale

Det er i dag inngått føljande avtale mellom

Herøy Kommune-Teknisk etat 6090 Fosnavåg

og

Rolf Lillebø- 6090 Fosnavåg

I samband med opparbeiding av parkeringsplasser -fortau og helle-ganger i Fosnavåg sentrum,har vi i dag vorte enige om denne avtale.

Herøy kommune legg belegningsstein av betong (grå) på det nord-vestlegaste hjørne av Lillebøs eigedom Gr. nr.34 Br. nr.187 i Herøy som avtalt i 7,5 m lengde og 3 m bredde.

For dette arbeidet med tilfang skal Lillebø batale Herøy kommune Kr. 8.ooo,- Åttetusenkroner.

Arbeidet og kostnaden med trapp/rampe er kommunen uvedkomande.

Eigedoms og råderetten over det hellelagde arealet vert med dette ikkje skipla.

HERØY + ORDFØRAREN

Herøy kommune

Fosnavåg 29.juni 1989.

Rolf Lillebø

HERØY KOMMUNE

6090 Fosnavåg (070) 88 114.

RÅDMANNEN I HERØY

Jnr.	Mottatt	Arkiv
2330	29/06-89	504.23

Avtale

Det er i dag inngått føljande avtale mellom

Herøy Kommune-Teknisk etat 6090 Fosnavåg

og

Rolf Lillebø- 6090 Fosnavåg

I samband med opparbeiding av parkeringsplasser -fortau og helle-ganger i Fosnavåg sentrum,har vi i dag vorte enige om denne avtale.

Herøy kommune legg bedekningsstein av betong (grå) på det nord-vestlegaste hjørne av Lillebøs eigedom Gr. nr.34 Br. nr.187 i Herøy som avtalt i 7,5 m lengde og 3 m bredde.

For dette arbeidet med tilfang skal Lillebø batale Herøy kommune Kr. 8.ooo,- Åttetusenkroner.

Arbeidet og kostnaden med trapp/rampe er kommunen uvedkomande.

Eigedoms og råderetten over det hellelagde arealet vert med dette ikkje skipla.

HERØY + ORDFØRAREN I

Herøy kommune

Fosnavåg 29.juni 1989.

Rolf Lillebø

Kopi: teknisk
kasse
revisjon.

R4 - KONTOSAMMENDRAG 01/01/90 - 19/ KOMMNR 1515 ÅR 1990 SIDE 501

KONTO NR.	MK	TEKST/HENVISNING					.DØR IR.	POSTERINGS-BELØP	NY SALDO	SUM
1.681.451		SUNNMØRSPOSTEN					2000	621,00		
		VESTLANDSNYTT A/S					1220	286,20		
		LØNNSLISTE 2						4324,00		
		HERØY DYKKERSERVICE A					1963	2997,60		
								1849846,27	1 849846,27	KT
1.681.643		BET.KRAFT BRUKARAR ALLMENN.KAI					).	18 000	0,00	
		SUNNM./R.FISKESALSLAG						1550,00-		
		DIV.INNBET.STRAUMLEIG						300,00-		
		FOSNAVÅG SHV 411						250,00-		
		HELGE BERSTAD						700,00-		
		TROMSØ MARITIME SKOLE						450,00-		
								3250,00-	3250,00-	KT
1.681.810		STATSTILSKOT INNLØP FOSNAVÅG					D. 1	400 000	0,00	
									0,00	KT
1.681.820		INNLØP FOSNAVÅG HAMN, DIV REF							0,00	
		NORDENFJ.SPUNT-& PELE						4320,00-		
		NSP (RESTBELØP)						4320,00-		
								8640,00-	8640,00-	KT
1.681.840		TILSKOT PRIVATE INNLØP FOSNAVÅG					JD.	250 000	0,00	
									0,00	KT
								1970172,07	1 970172,07	UK
1.682		FOSNAVÅG SENTRUM FORRETNINGSOM								
1.682.400		GRUNNKJØP FOSNAVÅG CENTRUM							0,00	
									0,00	KT
1.682.412		LØNSDEL OPPARBEIDING FOSNAVÅG		14/08-90					0,00	
		ROLF LILLEBø	0202		1601			8000,00-		
			1402		1994			11226,00-		
		BERGE MASKINST OG KNU	2203	1745	3417	1374		375,00		
		LØNNSLISTE 2	1807		8594			6367,00		
								12484,00-	12484,00-	KT
1.682.413		ANDRE UTG.OPPARB.FOSNAVÅG		14/06-90					0,00	
		FOSNAVÅG TREVARE	2601	12313	851	1006		479,30		
		HULDAL BETONG	2601	1522	909	1180		858,00		
		HULDAL BETONG	2601	1529	910	1180		1287,00		
		HULDAL BETONG	2601	1513	911	1180		858,00		
		SØRE SUNNM. TRANSP.SE	2601	913,0.TORGER	913	2019		4302,72		
		FOSNAVÅG TREVARE	2601	12061	927	1006		2523,60		
		ULSTEIN BETONGINDUSTR	2601	22142	931	1028		1469,00		
		EKKO RADIOFORRETNING	2601	005958	947	1059		300,70		

Dette vert slik når vi ikkje opprettar eigen konto for refusjonar.

Ok! HL

Vedlegg No.3

HERØY KOMMUNE
TEKNISK ETAT

Ark. nr. 34/187 Jnr. 955/93

Dato: 16.desember,1993.

Dykkar ref:

Vår ref: Magnus Myklebust

EKKO RADIOFORRETNING,
6090 FOSNAVÅG.

SØKNAD OM BYGGELØYVE FOR GARASJE SOM TILBYGG TIL FORRETNINGS- OG BUSTADBYGG I FOSNAVÅG - GNR. 34 BNR. 187 I HERØY KOMMUNE.
SØKJAR: EKKO RADIOFORRETNING, 6090 FOSNAVÅG.

Dykkar søknad, datert 28.09,1993, vedkomande oppføring av garasje inntil nordaustveggen av forretningsbygget, vart handsama av teknisk utval (bygningsrådet) i møte den 14.d.m. under TU-sak nr 135/93.

Det vart i denne saka gjort slikt:

Samrøystes vedtak:

"Teknisk utval (bygningsrådet) viser til reglane i plan- og bygningslova, og gjev løyve til å føre opp garasje i mur i tilknyting til forretnings- og bustadbygget på gnr. 34 bnr. 187 i Herøy kommune, slik som omsøkt og med storleik og plassering som vist på revidert situasjonskart, datert 07. 12,1993.

Byggeløyve er elles gjeve på følgjande vilkår:

1: Ansvarshavande for byggearbeida må godkjennast av teknisk sjef,(ev. teknisk utval), og byggearbeida må ikkje ta til før turvande godkjenning ligg føre. Jfr. plan- og bygningslova § 98 - 1,2.

2: Dei omsøkte byggearbeida må utførast etter reglane i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter og vedtektene for Herøy kommune."

Utvalet var imidlertid ikkje heilt fornøgd med fasaden mot Kreditkassen, og teknisk etat vart bedt om å gjere merksam på dette ved oversending av saksdokumenta.

framhald:

Adr.: 6090 FOSNAVÅG - Tlf.: 70 08 81 14 - fax: 70 08 83 40

Ønskjemålet frå utvalet var å få ei fasade som var mest muleg tilpassa omgivnaden.

Sidan det gjevne løyvet inneber at teikningane likevel må reviderast for at storleiken skal samstave med den grunnflate som er gjeve løyve for, bed ein om at De også vurderer fasadeutforminga i samband med dette.

Utskrift av TU-sak nr 135/93 følgjer vedlagt til vitande. Ein viser og til punktet vedkomande ansvarsrett, og sender vedlagt skjema for dette.

Hallvard Rusten

Magnus Myklebust

Vedlegg:

Kopi av dette brevet, saman med utskrift av TU-sak nr 135/93, vert sendt Kreditkassen, 6090 Fosnavåg.

Vedlegg No.4

Stadfesting: Bruken av arealet som ligg mellom Ekkobygget og Nordea

Dette gjeld bruken av arealet langs Ekkobygget (34 / 187) på den sida som vender inn mot Nordea (34 / 37). Meir presist gjeld dette den halvdelen av dette arealet som ligg nærmast Ekko-bygget, frå fortauet mot Kjøpmannsgata og fram til enden av huset mot dagens offentlege parkeringsplass.

Underteikna har hatt sitt arbeid i Nordea-bygget sidan 19..72.....

Eg kan med dette stadfeste at nemnde areal har fungert som privat parkering av Ekko Radioforretning i den tida eg har hatt mitt virke i Nordeabygget og fram til avviklinga av Ekko Radioforretning i 2012.

Gert Kvalsvik

Styreleder i Skipsregnskap

Vedlegg No.5

Stadfesting: Bruken av arealet som ligg mellom Ekkobygget og Nordea

Dette gjeld bruken av arealet langs Ekkobygget (34 / 187) på den sida som vender inn mot Nordea (34 / 37). Meir presist gjeld dette den halvdelen av dette arealet som ligg nærmast Ekko-bygget, frå fortauet mot Kjøpmannsgata og fram til enden av huset mot dagens offentlege parkeringsplass.

Underteikna var tilsett som medarbeidar i Ekko Radioforretning frå ..1969.. og til han gjekk av med pensjon i ..2003.. .

Ekko Radioforretning hadde i denne tida stort sett 3 bilar til bruk i arbeidssamanheng. Eg kan med dette bekrefte at når desse bilane ikkje var i bruk og etter arbeidstid, så vart dei parkerte på nemnde område.

Per Husholm

Per Husholm

Tilsett i tidlegare Ekko Radioforretning

Vedlegg No.6

Stadfesting: Bruken av arealet som ligg mellom Ekkobygget og Nordea

Dette gjeld bruken av arealet langs Ekkobygget (34 / 187) på den sida som vender inn mot Nordea (34 / 37). Meir presist gjeld dette den halvdelen av dette arealet som ligg nærmast Ekko-bygget, frå fortauet mot Kjøpmannsgata og fram til enden av huset mot dagens offentlege parkeringsplass.

Underteikna er dagleg leiar av Dinas Leiker / Ringo Fosnavåg som held til i Ekko-bygget i dag. Ringo vart flytta til denne staden i oktober 2013.. og underteikna har derfor hatt sitt arbeid her sidan då og til i dag.

Eg kan med dette stadfeste at nemnde areal har vore tilgjengeleg som parkeringsplass for meg og andre tilsette i butikken i denne perioden.

Dina-Mari E. Jensholm

Dina-Mari Eikrem Jensholm
Dagleg leiar i Dinas Leiker / Ringo Fosnavåg

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/1037
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/18	Formannskapet	10.04.2018
40/18	Kommunestyret	19.04.2018

OMREGULERING FRÅ PARKERING TIL PARK/LEIK. SLUTTHANDSAMING.

Tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova §12-12 vedtek Herøy kommunestyre å regulere om føremål ved Valaker til føremål park-/ leikeområde i samsvar med plankart og føresegner datert 21.11.17.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Særutskrift:

Møtebehandling:
Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 4 røyster. Folk/SP røysta mot.

Vedtak i Kommunestyret - 19.04.2018
Med heimel i plan- og bygningslova §12-12 vedtek Herøy kommunestyre å regulere om føremål ved Valaker til føremål park-/ leikeområde i samsvar med plankart og føresegner datert 21.11.17.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 10.04.2018
Med heimel i plan- og bygningslova §12-12 vedtek Herøy kommunestyre å regulere om føremål ved Valaker til føremål park-/ leikeområde i samsvar med plankart og føresegner datert 21.11.17.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Vedlegg:
1 Plankart Solparken, 21.11.2017
2 Reguleringsføresegner for Solparken, 21.11.2017, matrikkeltilføying 02.03.2018.
3 Uttale Solparken i Fosnavåg.13.12.17
4 Omregulering frå parkering til park/leik.
5 Dokument 17/73355-6 Herøy kommune - Reguleringsplan - endring frå parkering til park - Solparken -Offentleg ettersyn - Uttale sendt fra Statens vegvesen
6 Detaljregulering - reguleringsendring - frå parkering til park/leik - fråsegn ved offentleg ettersyn
7 Innspel til omregulering til park/leik.
8 Omregulering frå parkering til park/leik.
9 Ingen merknader frå Fylkesmannen

Samandrag av saka:
Formannskapet vedtok den 25.04.17 å starte opp planarbeid med sikte på å omregulere føremål parkering ved Valaker, til føremål offentleg parkområde/leik.

Den 28.11.17 vart det gjort vedtak om utlegging til offentleg ettersyn. Planframlegget har vore til høyring/offentleg ettersyn i 7 veker. Det har kome inn 7 innspel, 3 frå offentlege instansar og 4 frå private.

Rådmannen tilrår at reguleringa vert vedteken slik den låg ute til offentleg ettersyn, med ei mindre presisering av matrikkelnummer i føresegna.

Saksopplysningar:

Føremål
Føremålet med omreguleringa er å legge til rette for meir folkeliv i Fosnavåg sentrum. At folk kan ferdast trygt og ha ein god, tilrettelagt sentrumsnær møtestad for rekreasjon og leik. Området peika seg ut tidleg i byutviklingsprosjektet til å vere ein stad der det er godt med sol og mindre vind enn i meir opne område. Området ligg sentralt mellom butikkane i sentrum og også med nære kaféfasilitetar.

Plankart og føresegner
Omreguleringa viser at eksisterande parkeringsareal og gang-/sykkelareal inngår i det nye park-/leikeområdet. Reguleringsplanframlegget har to føremål: «Anna uteopphaldsareal» som er park-/leikeområdet og føremålet «køyreveg» som er ein del av Rådhusgata. Planen har namnet «Solparken» og Plan-ID er 201713.

Føresegnene beskriv korleis området skal nyttast. Desse kan du lese i vedlegg 2.



Figur 1: Utsnitt av arealplankart for Solparken.

Planen med føresegner har lagt ute til offentleg ettersyn i 7 veker. Det har kome inn 7 merknader til planforslaget.

Her fylgjer eit **samandrag av innkomne merknader, med kommentarar:**

1. **Herøy Janitsjar v/Andreas Kvalsund, 13.12.2017**
   Dei viser til at dei ikkje vart høyrt då paviljongen på kaia vart plassert, og at denne no ofte er ueigna for opptreden på grunn av vertilhøve. Dei ynskjer ein paviljong eller ei flate/scene i Solparken. Gjerne med tak/markise festa i Ekko-veggen. Her må vere el-uttak og gjerne ei forhøyning, f.eks to trinn opp. Dei trur her vil bli mange opptredenar om det kjem på plass ei slik scene og at det vil vere med å gjere byen meir livfull både på dag- og kveldstid.

   Kommentar: Vi tek innspelet med oss vidare i skisseprosjektet og vil prøve å legge til rette for ei scene som omsøkt. Den vil imidlertid ikkje ligge heilt inntil Ekkobygget som foreslått, då det vil kome i konflikt med planlagt inn-/ utkøyring for varelevering. Vi vil sjå korleis vi kan få til tak/veggar utan bruk av feste i Ekkoveggen. Tiltaket påverkar ikkje reguleringsforslaget.

2. **Silje Sylte, utflyttar med mulige planar om tilbakeflytting, 30.12.2017**
   Meiner Solparken er eit fantastisk tiltak. Ynskjer seg ein eller to handicap-parkeringsplassar mot fortauet til baksida av Ekkobygget. Ho håper reguleringsplanen går gjennom.

   Kommentar: Vi med oss den positive tilbakemeldinga på omreguleringa. Det er ikkje ynskeleg å legge til rette for biltrafikk inne i parkarealet. Området er sett av til gangareal heilt inn til Ekkobygget (sjå figur 5). I dag er det fire handicapplassar ved rådhuset, rett over vegen for Solparken. Vi meiner dette

vil dekkje behovet og vere innanfor rimeleg avstand til park-/leikeområdet.

3. **Statens vegvesen, 04.01.2017**
   Foreslår at føresegnene endrar nemningar på bygg frå namn på bygg og bedrifter til matrikkelnummer, eventuelt i kombinasjon med visning av aktuelle bygg/område på kart. Utover dette har dei ikkje særlege merknader til endringsframlegget.

   Kommentar: Vi har føyd til matrikkelnummer på to beskrivne bygg i føresegnene. Endringa er datert 02.03.2018.

4. **Møre og Romsdal fylkeskommune, 12.01.2018**
   Dei viser til deira uttale til oppstartsvarselet. Dei meiner at parken kan vere med å skape eit inkluderande sentrum i Fosnavåg, men at ein då må legge universell utforming til grunn. Dei rår til at dette blir tydelegare i føresegna. Dei tilrår elles eit idehefte om universell utforming for å få gode idear til opparbeiding og innhald og seier vidare at universell utforming ikkje handlar om at alt skal vere flatt, men at det skal vere noko for alle.

   Kommentar: Uttalen frå fylkeskommunen knyt seg til føresegnene og til skissa som var vedlegg til reguleringsendringa. Fylkeskommunen ynskjer at vi tydeleggjer vektlegging på universell utforming i føresegnene. Vi har imidlertid sterkt fokus på alle dei ***seks gjennomgåande perspektiva*** til kommunen (Universell Utforming, Folkehelse, Barn og Unge, Likestilling, Verdiskaping, Miljø og Klima).Vi tenkjer å ivareta alle seks, og meiner at det er unødvendig å kommentere det eine perspektivet i føresegna. Plikta til universell utforming er lovfesta og minstekrav sikra gjennom lovverket. Vi tek mål av oss til å ivareta prinsippet om universell utforming i stor grad.

   Vi har sett oss inn i tilsendt idehefte og bede om utfyllande tilbakemelding frå fylkeskommunen på kva dei ynskjer at vi legg meir vekt på i planlegginga. Utfyllande tilbakemelding har vi fått i mail frå fylkeskommunen datert 01.02.2018 (uprenta vedlegg). Her er ein del tilvisingar til TEK m.m., men desse detaljane fell utanfor sjølve reguleringsplanarbeidet og er å sjå på som innspel til detaljeringa/skissearbeidet. Dette tek vi med oss vidare, i tillegg til at vi rådfører oss med og involverer fylkeskommunen i den vidare bearbeidinga av skissene. Ingen endringar i planframlegg eller føresegn.

5. **Advokat Bjørn Kristian Hove, på vegne av eigarar av gnr. 34/187 (Ekko-bygget), Karen Lillebø og Jon-Arne Lillebø, 19.01.2018.**
   Arealet som tilhøyrer Ekko-bygget og som ligg mot Nordea (red: utanfor planområdet), har i følgje Hove vore nytta som privat parkering for eigedomen heilt sidan 1968. Han viser vidare til gitt byggjeløyve frå 1993, for bygging av garasje for tre bilar på denne eigedomen.

   Hove viser vidare til, at til tross for at skisseforslaget med vegg og tak inntil Ekko-bygget er frafalt, vil omreguleringa likevel får alvorlege konsekvensar for vidare utvikling av Ekko-bygget, både som næringsbygg og som bustad. Begrunninga er at 30 offentlege parkeringsplassar vert fjerna, utan at nye kjem til, og i tillegg den foreslegne stenginga for gjennomkøyring til Rådhusgata.

   Hove meiner vidare at for å få til eit levande sentrum der folk bur, må ein

legge til rette for vidareutvikling av eksisterande eigedomar, og at i dag forventast at einkvar bustad og handlande har tilgjengeleg parkering i umiddelbar nærleik. Hove skriv at han antek at dette er vektig grunn til at arealet mellom Ekko-bygget og Nordea også i framtida kan nyttast som parkeringsplass med gjennomkøyring ut mot Rådhusgata, eller at eigarane av Ekko-bygget kan sette opp ei garasje på veggen mot dagens parkeringsplass og med innkøyring frå begge endane.

Hove viser til at omregulering som foreslått vil umuleggjere gjennomføring av tillatelse til oppføring av garasje mellom Ekko-bygget og Nordea med gjennomkøyring til Rådhusgata, og at det uansett må leggast til rette for at brukarane av Ekko-bygget får gjennomkøyring til Rådhusgata, slik som det er tenkt for varelevering til bygget til Fortuna AS, og at noko anna vil vere usakleg forskjellsbehandling.

Hove fremjar innsigelse mot at det er sett av areal for scene/opptreden. Ei slik scene vil kunne medføre støy som ikkje er forenlig med å ha bustad i umiddelbar nærleik. Om ein likevel finn å sette av areal for scene/opptreden, må denne plasserast vekk frå området det ligg bustad.

Kommentar: Sjå vurdering.

6. **Havgapet AS v/Terje S. Myklebust**
   Slik dei ser det er det feil å omgjere så mykje areal frå parkerings- og gangareala mellom nabobygningane til park og leik. Dette vil hemme tilgangen til deira bygning med forretning, bank, frisør og kontorlokaler, både for kundar og leigetakarar.

   Drift/vedlikehald/reinhald på ein slik park/leikeplass er også noko som må takast med i betraktninga ved eventuelt ny bruk av arealet.

   Slik klimaet er på våre kanter er det ikkje mange dager for året det er koseleg å opphalde seg utandørs. Anslår kanskje 10% av tida i året.

   Aksen frå rådhustrappa og ned mellom bygga til havna bør oppretthaldast som gangareal.

   Kommentar: (sjå også under vurdering angåande parkeringstemaet).
   I byutviklingsprosjektet, der føremålet er å skape eit meir attraktivt bysentrum, er arealet utpeika som det mest høvelege både klimamessig og i høve til den sentrale plasseringa. Det vert også vurdert tiltak som skjerming med tak og/eller veggar på delar av opphaldsplassane. Det er Herøy kommune som får driftsansvar og vi har stort fokus på driftsaspektet i den vidare planlegginga av parkområdet.

   Aksen vert oppretthalden som gangareal også for framtida.

7. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 18.01.2018**
   Ingen merknader.

Vurdering:



Figur 2: Raud merking viser området Hove viser til, som er nytta som parkering og der det var gitt byggjeløyve for garasje i 1993.

Vurdering av innspel nr. 5.
Området (raud ring, figur 2) mellom Ekkobygget og Nordeabygget ligg utanfor reguleringsområdet, men det er skissert behov for å kunne køyre gjennom det regulerte parkområdet til/frå det aktuelle området mellom bygga.

Total breidde mellom bygga er ca 8 meter. Området mellom bygga er regulert til føremål «forretning/kontor» i ei breidde på om lag 2,5 meter langs begge bygga og føremål «gang-/sykkelveg» i ei breidde på om lag 3 meter i midten gjennom heile lengda (sjå figur 3).



Figur 3: Utsnitt frå kart med påteikna regulering. Avstand mellom bygga er om lag 8 meter. Arealet er eigd av hhv 34/187 og 34/37, delt om lag på midten.

Det er kjent at folk parkerer bilane sine på begge sider og også midt på dette området. Området som er regulert til forretning/kontor kan kanskje tolkast til å vere parkeringsområde. Her er imidlertid ikkje regulert til parkering. Mjuke trafikantar kan nok oppleve at den regulerte gang-/sykkelvegen gjennom området kan vere vanskeleg å forsere. At området opplevast som ein parkeringsplass og at den har fått fungere som det, kan skuldast manglande skiltvedtak og oppfølging av eksisterande regulering. Frå kommunen si side er det ynskjeleg at dette er ein passasje for dei mjuke trafikantar. Gang-sykkelvegen gjennom passasjen er del av ein regulert samanhengande gang-sykkelveg heilt fram til Igesundvegen (sjå figur 4).



Figur 4: Gang-sykkelvegen mellom Ekko- og Nordeabygget er ein del av eit regulert samanhengande gang-/sykkelvegnett heilt fram til Igesundvegen. Derifrå er det vidare passasje mot Fosnavågparken.



Figur 5: Prinsippkisse frå skisseprosjektet til Solparken. Det mørkegrå arealet rundt heile parkområdet er gangareal kopla saman med overgangsfelt over Rådhusgata. Raud pil viser område tillatt for varelevering.

Hove viser til byggjeløyve for garasje gitt i 1993. Garasjen er ikkje realisert og byggjeløyvet er utgått. Dersom her var bygd ei garasje, måtte ein tatt med dette i vurderinga, men dagens situasjon er annleis, og i samband med etableringa av park-/leikeområdet ynskjer vi å legge vekt på god tilkomst for mjuke trafikantar. Det er ikkje ynskeleg å opne for biltrafikk gjennom parkområdet. Dialogen om parkering *mellom* bygga må ein kome tilbake til i ei eiga sak.

Det er vanleg at bilfrie område i byar er regulert for varelevering i visse tidsrom. Såleis vil ein tilbakevise påstanden om «usakleg forskjellsbehandling» ved ei vidareføring av dagens føresegn.

Scene
Det er fremja innsigelse frå Hove mot å etablere ei permanent scene eller areal for scene/opptreden i parkområdet. Bakgrunnen er at ei scene vil kunne medføre støy som ikkje er forenlig med å ha bustad i umiddelbar nærleik. Dette er forhold som kan regulerast med å sette begrensing i tid for opptreden og evt lydstyrke. Elles tenkjer vi at det vil vere «positiv støy» for det meste som blir framført, og at det kan bidra til ei gledeleg oppleving i kvardagen. Ut frå ei heilskapleg vurdering, og deriblant soltilhøva, er det det område «B- aktivitetsgolv» som er mest aktuelt å nytte som sceneplass.

Fortsatt parkering eller park/leik?
I innspel nr. 5 og 6 uttrykkjast generell skepsis til omgjering av parkering og gangareal til park/leik. Eksisterande gangareal rundt dagens parkering vert vidareført og vidareutvikla med krysspassasje gjennom parken (sjå figur 5). Dette skal gi snarvegar gjennom området, oppleving for forbipasserande og bidra til meir liv i parkområdet. Gangareala er såleis godt ivaretekne.

Det vert vist til at ein fjernar 30 parkeringsplassar utan å etablere nye. Vi vil gjerne også vise til at her er etablert mange nye parkeringsplassar i Fosnavåg siste åra (sjå figur 6). Parkeringsplassen bak rådhuset er utvida med 31 nye parkeringsplassar og 4 handicapplassar. Parkeringsarealet aust for rådhuset er omregulert slik at der no er plass til 10 fleire parkeringsplassar. I tillegg er det bygd nytt parkeringshus ved hotellet med 170 parkeringsplassar. Ved ytre allmenningskai er det også utvida og planert for fleire nye mellombelse parkeringsplassar.

Figur 6: Utvida parkeringsareal rundt Rådhuset i sentrum. Område 1 er utvida med 31 parkeringsplassar. I område 2 og 4 er det to handicapplassar på kvar, totalt 4. I område 3 er parkeringa no skråstilt på begge sider og ei ny skråstilt parkeringsrekke i midten gir plass til 13 fleire bilar.

Parkeringsanalysen frå nov-des 2016 viser at parkeringsplassen ved Valaker i stor grad er nytta til langtidsparkering/8t. Generelt er det eit ynskje at dei som har arbeidsstaden sin i sentrum skal parkere på ein av parkeringsplassane litt lenger unna sentrum, slik at nærparkeringa vert disponibel for handlande/kundar (korttidsparkering). Dette er noko vi må arbeide vidare med også sett i samanheng med handelsproblematikken som butikkeigarar i Fosnavåg har sett fokus på i media siste tida. Parkeringsproblematikk er eit aktuelt tema i alle landets små og store byar og ei felles utfordring. Gjennom byutviklingsprosjektet for Fosnavåg vil vi prøve å

legge til rette for både parkering og attraktive møtestader. Parkeringsanalysen viser at her er ledige parkeringsplassar litt lenger unna. Særleg ynskjer ein at dei som har sin arbeidsstad i sentrum i større grad skal nytte desse til langtidsparkering.

Solparken skal vere eit komplementært tilbod til handel og bidra til ei betre heilskapsoppleving for dei som tek turen til Fosnavåg. Her vil bli gode sitjeplassar for rast, kvile og sosialt samvær. Her vil bli ulike leik- og opplevelsesobjekt og fri wifi. Alt i ei trafikksikker sone, med gode gangtilknytingar og truleg med dei beste klimatiske tilhøve som ein kan få i ein kystby på Nord-Vestlandet.

Tilråding:
Rådmannen rår til at området ved Valaker vert omregulert frå parkering til park-/ leikeområde som vist i planframlegg og føresegner datert 21.11.2017.

Fosnavåg, 28.03.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)

P/L — Anna uteopphaldsareal

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)

V1 — Køyreveg

Linjer og tekst

Planen si avgrensing

Formålsgrense

Abc — Påskrift feltnavn

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: Geovekst

Dato for basiskart: 04.09.2017

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høgdegrunnlag: NN 2000

Ekvidistanse 1m

Kartmålestokk 1:1000 (A3)

0 10 20 30 40 m

N

HERØY kommune

AREALPLAN ETTER PBL AV 2008

Solparken

Nasjonal arealplan-ID
201713

Plantype:
Detaljplan

Forslagsstillar:
Herøy kommune

Saksnr i saksbehandlingssystem:
2013/519

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

	Behandlingsorgan	Møtesaksnr	Dato	Sign
Kunngjeringsdato for planvedtak:				
Dato for siste revisjon av plankart: 21.11.2017				
Planvedtak:				
Høyring og offentleg ettersyn frå/til:				
Kunngjering av oppstart av planarbeidet:	Formannskapet	F-sak 69/17	25.04.2017	TR

PLANEN ER UTARBEIDD AV: Herøy kommune/Utviklingsavdelinga

Reguleringsføresegner for

Solparken i Fosnavåg sentrum

Plan-ID: 201713

§ 1 Generelt

§ 1.1 Desse reguleringsføresegnene gjeld for område vist med reguleringsgrense på plankart datert 21.11.2017.

§ 1.2 Planen er ei reguleringsendring innanfor reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, Plan-ID 198701.

§ 1.3 Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 2 Reguleringsføremål
Området innanfor planen er regulert til to føremål

1. Anna uteopphaldsareal
2. Køyreveg

§ 3 Arealbruk

a. Anna uteopphaldsareal er eit offentleg park-/leikeområde. Gang- og sykkeltrasé skal etablerast både rundt og gjennom parken. Gangarealet nærast veggen til Ekko-bygget (gbnr. 34/187) kan nyttast for varelevering til Fortuna AS sitt bygg (gbnr 34/518). Området skal leggast til rette for opphald og leik. Området utanfor Valaker skal særleg tilretteleggast med tanke på muleg uteservering/naturleg ryddesone for Valaker.

b. Køyreveg V1 er kommunal bilveg i Rådhusgata. Her kan etablerast fartsreduserande tiltak i samband med etablering av park-/leikeområde.

Utviklingsavdelinga, Fosnavåg, 21.11.2017.
Presisering av matrikkelnummer under § 3a føyd til 02.03.2018.

HERØY KOMMUNE

Planomtale for Solparken

Plankonsulent:	Utviklingsavdelinga i Herøy kommune
Tiltakshavar:	Herøy kommune
Type plan:	Detaljplan etter plan- og bygningslova 2008
Rapport:	Planomtale Solparken
Referanse:	Sak 2017/1037
Dato:	21.11.2017

HERØY KOMMUNE

Innhaldsliste

1. Bakgrunn for planarbeidet

1.1 Føremålet med planarbeidet
1.2 Tiltakshavar, eigarforhold

2. Planområdet

2.1 Lokalisering og planavgrensing

3. Planprosess og rammer

3.1 Planprosess
3.2 Eksisterande reguleringsplan

4. Planforslaget

4.1 Planen sitt innhald
4.2 Arealstorleik
4.3 Beskriving av føremåla

5 Konsekvensar av planforslaget

5.1 Vurdering av planprogram og konsekvensutgreiing
5.2 Endringar i arealbruk

HERØY KOMMUNE

1. Bakgrunn for planarbeidet

1.1 Føremålet med omreguleringa

Føremålet med omreguleringa er å gjere om parkeringsplassen ved Valaker i Fosnavåg sentrum til park-/leikeområde.

Planforslaget er ei detaljregulering etter plan- og bygningslova 2008.

1.2 Tiltakshavar, eigarforhold

Tiltakshavar for prosjektet er Herøy kommune. Utviklingsavdelinga i Herøy kommune er utførande konsulent. Herøy kommune eig størsteparten av planområdet. Ein mindre del er eigd av Skipsregneskap AS.

2. Planområdet

2.1 Lokalisering og planavgrensing

Figur 1 Kartutsnitt som viser planområde og reguleringsføremål.

Planområdet er om lag 1,5 daa og er lokalisert i Fosnavåg sentrum ved Valaker. På motsatt side av bilvegen i sørvest ligg rådhuset. Området er avgrensa i søraust mot veggen til Ekko-bygget, i nordaust mot bygget til Fortuna AS (butikk Gudrun Remøy og Valaker), i nordvest mot Sparebank1 og i sørvest mot bilvegen i Rådhusgata.

3. Planprosess og rammer

3.1 Planprosess

Vedtak om oppstart av omregulering vart gjort i formannskapet i f-sak 69/17 den 25.04.2017. I samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 vart det sendt brev til aktuelle partar og offentleg mynde den 19.05.2017, med first for innspel den 03.07.2017. Oppstart vart annonsert i Vestlandsnytt den 28.04.2017 og kunngjort på Herøy kommune sine nettsider. Det er kome inn 7 innspel som følgje av oppstartsvarsel.

3.2 Eksisterande reguleringsplan

Reguleringsplanen inneber ei reguleringsendring i reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, plan ID 198701.



Figur 2 Eksisterande reguleringsplan

Planområdet består i dag av parkeringsplass med 30 plassar og omliggande gangvegar

4. Planforslaget

4.1 Planen sitt innhald

Planforslag og føresegner er datert 21.11.2017.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit park- og leikeområde i sentrum

Planforslaget legg til rette for to arealføremål:

§ 12-5 nr 1: Bygningar og anlegg
SOSI-kode 1690: Anna uteopphaldsareal; Park/leik

§ 12-5 nr 2: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
SOSI-kode 2011: Køyreveg.

Arealføremåla er vist på reguleringsplankartet med tilhøyrande reguleringsføresegner.

4.2 Arealstorleik
Anna uteopphaldsareal, park/leik er på 1,5 daa

4.3 Beskrivelse av føremåla

Anna uteopphaldsareal; Park/leik
Området er valt ut frå si beliggenheit. Området ligg sentralt, her er gode solforhold og bygningsfasadane rundt plassen gir ein del vern mot vinden. Her skal leggast til rette for ein bypark med sitjesoner og forskjellige element som høyrer naturleg til i ein bypark. Her skal etablerast element som kan fengje interesse og nyttast til leik.

Køyreveg
Vegen er del av køyreveg i Rådhusgata som ligg inntil parken.

5 Konsekvensar av planforslaget

5.1 Vurdering av planprogram og konsekvensutgreiing
Utviklingsavdelinga har ut frå type plan, storleik, funksjon og utforming vurdert det slik at reguleringsendringa ikkje vil få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Ein vurderer det slik at det difor ikkje vil vere naudsynt med utarbeiding av planprogram etter PBL § 4-1 eller konsekvensutgreiing etter PBL § 4-2.

5.2 Endringar i arealbruk
Planforslaget medfører endring i reguleringsplan for Fosnavåg sentrum Plan-ID 198701.

Reguleringsendringa medfører følgjande endringar innanfor plangrensa:
- Tidlegare område P3 (Parkering) vert erstatta med nytt P/L (Park/leik)
- Delar av tidlegare område GS (Gang-/sykkelveg) vert erstatta med nytt P/L (Park/leik)
- Tidlegare område kjørevei vert erstatta med same føremål V1 (køyreveg)

Innanfor parkområdet skal gang-/sykkelveg etablerast både rundt og gjennom parken.
Varetransport er tillatt i gangsone nærast Ekko-bygget og framfor Fortuna-bygget (Valaker og Gudrun Remøy).

Fra: Jon-Arne Lillebø[ekkoeigedom@gmail.com] Sendt: 30.04.2018 10:36:38 Til: Olaus-Jon Kopperstad Kopi: Herøy ordførar; Jarl Martin Møller; Tanja Rafteseth Tittel: Park
Hei

Sender her eit brev med nokre spørsmål vi ynskjer å få svar på.

Mvh.

Jon-Arne Lillebø
Karen Lillebø

Til Herøy kommune

v/ rådmannen Olaus-Jon Kopperstad, avd.leiar Jarl Martin Møller, sakshandsamar Tanja Rafteseth, ordførar Arnulf Goksøyr

Saks nr. 2017/1037 - Park / leikeplass

Vi viser til tidlegare korrespondanse med kommunen, sist gong i brev av 19. januar i år frå advokat Dagfinn Tynes. Dette gjeld vår eigedom i sentrum av Fosnavåg (g.nr. 34 b.nr. 187). **Fordi vi ikkje har fått svar i dei to tidlegare breva på det som er kjernen av saka frå vår side, ser vi oss nøydde til å ta kontakt igjen. Vi må be om å få svar i løpet av veke 18, for å kunne rekke å sende vår klage til fylkesmannen før utløpet av klagefristen. Sidan vi har stilt dette spørsmålet fleire gongar før, burde det vere muleg å få omgåande svar.**

Det som er det viktigaste i denne saka for oss og som vi med dette på nytt ber om svar på, gjeld parkeringsplassane vi har i dag og som i samband med utviklinga av den nye parken / leikeplassen ser ut til å bli tatt ifrå oss. Sidan bygget var nytt på slutten av 60-talet, har vi hatt 3 parkeringsplassar langs med huset vårt på den sida som vender inn mot Nordea. Desse parkeringsplassane er for oss nødvendige å ha, for at vi skal kunne nytte huset fullt ut. I dag er det ei boeining i huset med tilhøyrande garasje, i tillegg til at vi leiger ut butikklokalet i første høgda til Ringo. Sidan næringsverksemda no er mindre i huset enn tidlegare, planlegg vi å få inn 3 boeiningar til. Med det er det forståeleg for den som vil sette seg inn i vår side av saka, at vi treng dei 3 parkeringsplassane i framtida også. Det er dette vi meiner at vi ikkje har fått svar på. Korleis skal vi kunne utnytte resten av huset i framtida, dersom desse tre parkeringsplassane blir tekne ifrå oss? Det er heilt urimeleg at kommunen gjer dette til vårt problem. Viss det er slik at de skal ta ifrå oss desse tre parkeringsplassane, eller mulegheita til å nytte dei, må de ha ein god plan for oss ved å erstatte dei med tre nye parkeringsplassar i nærleiken av eigedomen vår. Så langt har vi ikkje sett noko svar frå kommunen om dette. Det verkar nesten som om de ikkje tenkjer heilheitleg – at fokuset kun er på å få istand denne nye parken, utan å ense at dette har store konsekvensar på andre hald.

Vi vise til avtale mellom vår far, Rolf Lillebø og ordføraren i Herøy pr. 29. juni 1989 (vedlagt). Der framgår det at i samband med «opparbeiding av parkeringsplassar, -fortau og helleganger i Forsnavåg sentrum», fekk vår far betale belegningsstein av betong på sin del av dette området mellom vårt hus og Nordea. Vidare heiter det at «eigedoms og råderetten over det hellelagde arealet vert med dette ikkje skipla.» Når så folk i kommunen no hevdar at vi ikkje har hatt slik råderett over området, så er det feil. Tidlegare verksemt (Ekko Radioforr.) var avhengig av å kunne parkere sine 3 firmabilar her.

Det er elles slik at andre med eigedomar i same området, som blir ramma av at det vert etablert park, blir imøtekomne og får dekka sine behov. (Vi tenkjer her på varelevering til Fortuna-huset, der ein får køyre til og frå sitt område.) Det er ikkje rimeleg at vi skal blir forskjelsbehandla på denne måten. De skriv at dette ikkje er ei forskjelsbehandling, men det er vi ueinige i. Det har den same konsekvensen for oss, nemleg at vi ikkje kan nytte eigedomen fullt ut dersom de går imot oss på å kunne nytte parkeringsplassane som før. Kjenner vi kommunen rett, vil det kome eit krav om at vi stiller med parkering for alle bueiningane vi skal ha i huset. Då er det merkeleg at det nettopp er kommunen som hindrar oss i å ha desse nødvendige parkeringsplassane. **Vi ber berre om å ha mulegheita til å få nytte eigedomen vår som tidlegare og det inneber at vi fortsatt får nytte parkeringsplassane mot Nordea og at vi må få køyre ut i Rådhusgarta frå desse parkeringsplassane.**

Vi oppfattar det slik, at kommunen så langt kun har gitt oss eit svar på at de vil ta ifrå oss parkeringsplassane, men utan å nemne noko om løysinga på det store problemet de då skaper for oss. Ei løysing kan vere at de erstattar desse parkeringsplassanen med 3 private biloppstillingsplassar f.eks. på plassen mellom rådhuset og Vestlandsnytt. Vidare når det nye parkeringshuset som er tenkt å bli sett opp på den staden, blir bygt, må desse parkingsplassane igjen bli erstatta med 3 private parkeringsplassar i parkeringshuset. Dette ville vere ei løysing på problemet. Då kunne vi unngått at de gjere ca. halvparten av eigedomen vår verdilaus / ikkje nyttbar.

Dermed ber vi om eit snarleg svar på fylgjande spørsmål: Har kommunen i det heile tatt tenkt ut ei løysing på dette problemet de steller i stand for oss? Og eventuelt, kva går denne løysinga ut på?

Vi ser fram imot eit svar i løpet av veke 18 2018.

Med helsing

Jon-Arne Lillebø

Karen Lillebø

HR

HERØY KOMMUNE

6090 Fosnavåg (070) 88 114.

TEKNISK ETAT HERØY
J nr 1136 | Mottatt 30/6.89 | Arkiv

Avtale

Det er i dag inngått føljande avtale mellom

Herøy Kommune-Teknisk etat 6090 Fosnavåg

og

Rolf Lillebø- 6090 Fosnavåg

I samband med opparbeiding av parkeringsplasser -fortau og helle-ganger i Fosnavåg sentrum,har vi i dag vorte enige om denne avtale.

Herøy kommune legg belegningsstein av betong (grå) på det nord-vestlegaste hjørne av Lillebøs eigedom Gr. nr.34 Br. nr.187 i Herøy som avtalt i 7,5 m lengde og 3 m bredde.

For dette arbeidet med tilfang skal Lillebø batale Herøy kommune Kr. 8.ooo,- Åttetusenkroner.

Arbeidet og kostnaden med trapp/rampe er kommunen uvedkomande.

Eigedoms og råderetten over det hellelagde arealet vert med dette ikkje skipla.

HERØY + ORDFØRAREN

Herøy kommune

Fosnavåg 29.juni 1989.

Rolf Lillebø

HERØY KOMMUNE

6090 Fosnavåg (070) 88 114.

RÅDMANNEN I HERØY

Jnr.	Mottatt	Arkiv
2330	29/06-89	504.23

Avtale

Det er i dag inngått føljande avtale mellom

Herøy Kommune-Teknisk etat 6090 Fosnavåg

og

Rolf Lillebø- 6090 Fosnavåg

I samband med opparbeiding av parkeringsplasser -fortau og helle-ganger i Fosnavåg sentrum,har vi i dag vorte enige om denne avtale.

Herøy kommune legg bedekningsstein av betong (grå) på det nord-vestlegaste hjørne av Lillebøs eigedom Gr. nr.34 Br. nr.187 i Herøy som avtalt i 7,5 m lengde og 3 m bredde.

For dette arbeidet med tilfang skal Lillebø batale Herøy kommune Kr. 8.ooo,- Åttetusenkroner.

Arbeidet og kostnaden med trapp/rampe er kommunen uvedkomande.

Eigedoms og råderetten over det hellelagde arealet vert med dette ikkje skipla.

HERØY + ORDFØRAREN I

Herøy kommune

Fosnavåg 29.juni 1989.

Rolf Lillebø

Kopi: teknisk
kasse
revisjon.

R4 - KONTOSAMMENDRAG 01/01/90 - 19/ KOMMNR 1515 ÅR 1990 SIDE 501

KONTO NR.	MK	TEKST/HENVISNING					.DØR IR.	POSTERINGS-BELØP	NY SALDO	SUM
1.681.451		SUNNMØRSPOSTEN					2000	621,00		
		VESTLANDSNYTT A/S					1220	286,20		
		LØNNSLISTE 2						4324,00		
		HERØY DYKKERSERVICE A					1963	2997,60		
								1849846,27	1 849846,27	KT
1.681.643		BET.KRAFT BRUKARAR ALLMENN.KAI					).	18 000	0,00	
		SUNNM./R.FISKESALSLAG						1550,00-		
		DIV.INNBET.STRAUMLEIG						300,00-		
		FOSNAVÅG SHV 411						250,00-		
		HELGE BERSTAD						700,00-		
		TROMSØ MARITIME SKOLE						450,00-		
								3250,00-	3250,00-	KT
1.681.810		STATSTILSKOT INNLØP FOSNAVÅG					D. 1	400 000	0,00	
									0,00	KT
1.681.820		INNLØP FOSNAVÅG HAMN, DIV REF							0,00	
		NORDENFJ.SPUNT-& PELE						4320,00-		
		NSP (RESTBELØP)						4320,00-		
								8640,00-	8640,00-	KT
1.681.840		TILSKOT PRIVATE INNLØP FOSNAVÅG					JD.	250 000	0,00	
									0,00	KT
								1970172,07	1 970172,07	UK
1.682		FOSNAVÅG SENTRUM FORRETNINGSOM								
1.682.400		GRUNNKJØP FOSNAVÅG CENTRUM							0,00	
									0,00	KT
1.682.412		LØNSDEL OPPARBEIDING FOSNAVÅG		14/08-90					0,00	
		ROLF LILLEBø	0202		1601			8000,00-		
			1402		1994			11226,00-		
		BERGE MASKINST OG KNU	2203	1745	3417	1374		375,00		
		LØNNSLISTE 2	1807		8594			6367,00		
								12484,00-	12484,00-	KT
1.682.413		ANDRE UTG.OPPARB.FOSNAVÅG		14/06-90					0,00	
		FOSNAVÅG TREVARE	2601	12313	851	1006		479,30		
		HULDAL BETONG	2601	1522	909	1180		858,00		
		HULDAL BETONG	2601	1529	910	1180		1287,00		
		HULDAL BETONG	2601	1513	911	1180		858,00		
		SØRE SUNNM. TRANSP.SE	2601	913,0.TORGER	913	2019		4302,72		
		FOSNAVÅG TREVARE	2601	12061	927	1006		2523,60		
		ULSTEIN BETONGINDUSTR	2601	22142	931	1028		1469,00		
		EKKO RADIOFORRETNING	2601	005958	947	1059		300,70		

Dette vert slik når vi ikkje opprettar eigen konto for refusjonar.

Ok! HL

HERØY KOMMUNE

Jon-Arne Lillebø

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2017/1037	L12		UTV / TR	30.04.2018

SVAR PÅ SPØRSMÅL OM PARK.

Viser til dykkar mail/brev datert 30.04.2018.

Historikk på dialog i reguleringssak:
I samband med sak om «omregulering frå parkering til park/leik» har Herøy kommune varsla dykk som nabo om tiltaket. Etter vedtak om oppstart i F-sak 69/17 den 25.04.2017 vart de varsla i brev datert 19.05.2017. Dykkar innspel til oppstartsvarselet mottok vi 27.06.2017. Innspelet er handsama i F-sak 210/2017 den 28.11.2017 i samband med vedtak om utlegging til offentleg ettersyn/høyring. Særutskrift frå saka og varsel om høyring vart sendt dykk i brev datert 28.11.2017. Advokat Hove har i brev datert 19.01.2018 kome med innspel på vegne av dykk. Innspelet er handsama i kommunestyret i K-sak 40/18 den 19.04.2018. Innspelet vart ikkje teke til følgje. Grunngjevinga kjem fram av saka. De vart varsla om vedtaket i brev datert 25.04.2018.

Herøy kommune følgjer praksis i plan- og bygningslova i reguleringsplanlegginga. Alle innspel er handsama og svart ut på same måte.

Manglande svar på spørsmål.
Vi meiner spørsmåla er vurdert og svart ut i samband med reguleringsprosessen og at vurdering og konklusjon kjem klart fram av saka. Ei oppsummering:

1) Kvifor ikkje gjennomkøyring?
Området som vert nytta til privat parkering er regulert til «forretning/kontor» og ligg utanfor planområdet som er under omregulering. Det er difor **gjennomkøyring gjennom parken** som vert spørsmålet. Vi har grunngitt i saka at det ikkje er ynskjeleg å opne for gjennomkøyring av biltrafikk i park-/leikeområdet. Føresegnene tillet at gangarealet fortsatt vert nytta til varelevering til Fortunabygget (gbnr 34/518). Varelevering foregår i ei begrensa tidsperiode (tidleg morgon) og i begrensa omfang. Dette meiner vi vil vere minimalt i konflikt med framtidig bruk av park-/leikeområdet. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å påberope forskjellsbehandling ut frå dette.

2) Parkeringsplass eller ikkje. Erstatningsansvar.
Arealet der det vert parkert ligg på privat grunn regulert til Forretning/kontor. Bygningskroppen ligg om lag tre meter innanfor regulert grense for Forretning/kontor.Det gjer at her er eit om lag tre meter breitt område langs bygningskroppen som har føremål Forretning/kontor. Det er dette området som vert nytta til privat parkering. Då med innkøyring frå Kjøpmannsgata. Det er ikkje mulig å snu bilen på eigen grunn og det er ugunstig/farleg å måtte rygge ut att i Kjøpmannsgata. Her oppstår behovet for å køyre ut over eksisterande gatetun og vidare ut via vegen frå eksisterande parkeringsplass til Rådhusgata.

Gjennom sakshandsaminga har det vore poengtert frå kommunen at arealet langs veggen til Ekkobygget *ikkje* er *regulert* til parkering. Under føresetnad av at ein kan køyre inn frå Kjøpmannsgata og ut att via gatetunet til Rådhusgata er det likevel mulig å parkere der. Det er ein føresetnad at fremste bil køyrer ut først osb.

Vi meiner at både føremålet i reguleringsplanen og manglande tilrettelagt inn-/utkøyring eller snumuligheiter underbygger kommunen sin påstand om at arealet *ikkje* er parkeringsplass. Ut frå dette meiner vi at det heller ikkje er grunnlag for å krevje at kommunen erstattar parkeringsplassane.

Avtale med kommunen
Det er lagt ved avtale datert 29. juni 1989 som underbygger eigedoms- og råderett for eit spesifisert område (sjå kart i figur 1 med avmerka område). Rettane i avtalen er ubestridt. I same avtale står at: «*Arbeidet og kostnaden med trapp/rampe er kommunen uvedkomande*». Omtalte tiltak i avtalen kan vere med å underbygge tolkninga av at arealet ikkje er parkeringsplass. Vi kan ikkje sjå at avtalen gir grunnlag for endra vurderingar i reguleringssaka.

Vi vonar dette klargjer våre svar på dykkar spørsmål.



Figur 1: Kart over område beskrive i avtale. Arealet går langs bygningskroppen. Tre meter breidde, 7,5 meter lengde.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Tanja Rafteseth
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2014/1715
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
115/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	19.06.2018

KLAGEHANDSAMING: KLAGE PÅ VEDTAK AV REGULERINGSPLAN FOR INDRE MOLTUMYR

Tilråding:

Kommunestyret i Herøy opprettheld vedtaket frå K-sak 23/18. Klagen på vedtaket frå naboane i samla brev vert ikkje teken til følgje. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Vedlegg:

1 Klage på vedtak i K-sak 23/18
2 K-sak 23/18: Slutthandsaming: Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gbnr 60/32 m. fl.
3 14-1715-Plankart indre Moltumyr (15.01.2018)
4 14-1715-Føresegner indre Moltumyr (15.01.2018)
5 14-1715 Planomtale indre Moltumyr
6 14-1715 Samla innspel til planforslag
7 14-1715-Illustrasjonsplan indre Moltumyr (15.01.2018)
8 Snitt A
9 Snitt B
10 Snitt C
11 Snitt D
12 Snitt E
13 Snitt F

Samandrag av saka:

Kommunestyret i Herøy handsama saka i møtet 22.03.2018 (K-sak 23/18) og gjorde slikt vedtak:

«Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gnr. 60, bnr. 32 m. fl. med plankart og føresegner datert 15.01.2018.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.»

Vedtaket er påklaga i felles brev frå ei gruppe som er naboar til planområdet. Desse har påklaga vedtaket på grunn av byggehøgder på planlagde bustadhus i planområdet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Komunestyret i Herøy vedtok i møtet 22.03.2018, K-sak 23/18, reguleringsplan for indre Moltumyr, med tilhøyrande reguleringsføresegner og plankart. Melding om vedtaket vart sendt ut til offentlege høyringsinstansar, grunneigarar og naboar. I tillegg vart det kunngjort i avis (Vestlandsnytt) 06.04.2018.

Innan klagefristen vart det sett fram eit brev med klage, dette var motteke 26.04.2018.

Planprosess:

Konsulentfirmaet *Per Mulvik AS* søkte på vegne av Jan og Kristin Truelsen (heretter kalla fam. Truelsen). Om oppstart av reguleringsarbeid eit område som omfatta eigedomen gnr. 60, bnr. 32 m. fl. sentralt på Moltu. Området er ikkje tidlegare regulert, men er sett av til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel.

Saksnr.	Dato	Tema
	17.12.2014	Oppstartsmøte med tiltakshavar og konsulent.
	16.11.2015	Varsel om oppstart.
	03.12.2015	Utvida varsel om oppstart.
F-sak 85/17	24.05.2018	Vedtak om offentleg ettersyn av planforslag.
	01.06.2017-04.08.2017	Offentleg ettersyn av planforslag.
	19.09.2017	Plan sendt tilbake til tiltakshavar for endringar etter offentleg ettersyn.
	15.01.2018	Revidert plan motteke for slutthandsaming.
K-sak 23/18	22.03.2018	Kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for indre Moltumyr.
	05.04.2018	Godkjent detaljreguleringsplan var kunngjort i avis, på nett og ved brev til grunneigarar, naboar og regionale instansar. Klagefrist 27.04.2018.
	26.04.2018	Planvedtaket vert påklaga av naboar i felles brev.

Området som er regulert markert med raud firkant.

Plankartet som er vedteke, sett i forhold til dagens situasjon.

Vurdering:

Følgjande naboar har sendt samla brev med klage på vedtak i K-sak 23/18:

- Anja Lillestøl
- Berit-Ann Lilletøl og Fred Hansen
- Randi og Geir Rønning
- Eli og Frode Wilnes
- Marita og Sverre Knotten



Lokalisering av eigedomane til naboane som har påklaga reguleringsplanen.

Følgjande i vedtaket i K-sak 23/18 vert påklaga:

«Høgd på bustader som kjem framom eksisterande byggefelt»

Naboane viser her til husa som er regulert inn nord for deira tomterekke på Monsplassen. Tomtene det her er snakk om er områda BFS1 og 4 (BFS5 er allereie utbygd etter ei dispensasjonssak nokre år tilbake).

Naboane har gjennom fleire protestar vist til eit rettsforlik frå 2014 mellom eigar av gnr. 60, bnr. 458, 60/271 og 60/273. Rettsforliket omhandlar byggehøgder (møne- og gesims) på oppføring av huset på 60/458. Også i klagebrevet frå naboane er denne historikken vist til. Den no vedtekne reguleringsplanen tek utgangspunkt i høgdene som ein kom til einigheit i i rettsforliket. Dette betyr i praksis at det skal vere same differansen mellom nye bustader og husrekka bak, som det er mellom huset som er oppført på 60/458 og dei to husa bak (271 og 273). Naboane klagar altså på eit prinsipp som nokre av partane vart einige om i 2014.

Høgdeskilnaden mellom mønehøgde på nye bygg, og terrassedekke på eksisterande bakanforliggande hus er 0,3 meter. Kommunen meiner denne differansen må vere akseptabel i eit etablert bustadfelt. Ein viser elles til plan- og bygningslova i forhold til kva byggehøgder ein kan tillate for bustadhus. Her har tiltakshavaren i utgangspunktet haldt seg godt innanfor dei maksimale høgdene for bustadhus. Arealet er sett av til bustadbygging i kommuneplanen sin arealdel. Her har tiltakshavar planlagt for frittliggande bustader, med ny tilkomstveg til meir en halve feltet.

Naboane reagerer vidare på utviding av vegen *Monsplassen* mot aust for å sikre tilkomst til BFS4. At vegen får meir trafikk er sjølvsagt. Her er det snakk om maksimalt seks bueiningar i tillegg til dagens trafikk. Vegen er regulert inn på kommunen sin eigedom i forhold til dei eigedomsgrensene som ligg i kartverket, kontrollmålingar og meir presis plassering av vegen gjerast gjennom byggesak.

Det vert stilt spørsmål ved kvifor tiltakshavar har kome med innspel i oktober 2017, to månader etter at høyringsfristen gjekk ut (planforslag) og at det er teke med i saka vidare. Brevet frå fam. Truelsen, via advokat vart skreve som ein respons til felles brev frå naboane, datert 11.07.2017. Det er ikkje slik at eit slikt brev ikkje kan takast med i saka som eit innspel, sjølv om fristen for merknader til eit planforslag er utgått.

Planen sikrar opparbeiding av nye leike- og opphaldsareal og ei utbetring av krysset mot Fylkesveg 10. Planen legg opp til ei utnytting som er relativt skånsam i forhold til mange andre bustadfelt, og som etter kommunen sine vurderingar gir ei utnytting som samsvarar med eksisterande busetnad i feltet, kommuneplanen sin arealdel. Kommunen vurderer det difor til at denne reguleringa vil løfte kvaliteten på heile området.

Konklusjon:

Rådmannen vurderer det til at det ikkje er nokon nye moment i klagen som ikkje er belyste tidlegare i planprosessen, og viser til dei dokumenta det gjeld. Det påklaga momentet (byggehøgder på nye bustadhus) er godt utgreia gjennom tidlegare sakshandsaming, dette er kommunisert til naboar gjennom høyring. Rådmannen rår til at klagen ikkje vert teke til følgje.

Fosnavåg, 01.06.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

Til Møre og Romsdal Fylkeskommune

og Herøy Kommune.

Klage på vedtak Herøy Kommunestyre sak nr: K-sak 23/18 og F-sak 85/17.

Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gnr. 60, bnr. 32 m. fl.

Vi vil med dette klage på høgd på bustader som kjem framom eksisterande byggefeltet.

Historie i saken:

I 2013 solgte Fam Trulsen ei tomt til Torgeir Hide (bror av Kristin Hide Trulsen), det vart den gong presisert overfor oss naboer i bakkant frå både Torgeir Hide og Kristin Trulsen at huset ikkje skulle bidra til tap av utsikt. Når nabovarsel skulle undertegnast var Kristin Trulsen aktiv i dette. Ho sa at det ville vere miljøkriminalitet å bygge slik vi mista utsikta.

Når graving byrja på denne tomta stilte naboane mange spørsmål ang høgd på grunnen (denne er oppfylt til det vi meinar er et unaturlig nivå)

2 av naboane tok saka til Tingretten for å få ned høgda på huset til Torgeir Hide. Det blei et forlik mellom partane, og Torgeir Hide måtte senkje taket til 18 grader. Men då huset blei bygd, byrja dei å sette opp takstolane som opprinnelig var tenkt, 26 grader. Dette vart stoppa i Tingretten.

I sakspapira som vart framlagt Herøy kommunestyre , står der at Fam Trulsen ikkje hadde interesser i saka som var oppe i Tingretten, dette er ikkje tilfelle, då Jan Trulsen satt i Tingretten å formidla lapper til Torgeir Hide og hans advokat.

Vi stiller og spørsmål kvifor ikkje utbyggar har tatt kontakt med oss naboane for å prøve å løyse dette.

No har utbygger fått gjennom saka i kommunestyret i Herøy uten forandringer i deira planer.

Husa som skal byggast skal no vere like høge som Torgeir Hide sitt i forhold til bakenforliggande terrasser, dette meiner vi naboer vil forringe verdien på våre eigendommer då vi taper sjøutsikt.

Differansen på terrasse og mønehøgd er no 0,3 m, vi ville ha dette ned til 2,3 m, men kan vere villige til å gå med på 1,3m. Vi kan ikkje sjå at dette skal vere et stort problem for utbygger anna enn at dei og får mindre utsikt. Vi synest ikkje det er rett at vi skal tape utsikt for at dei skal få meir utsikt. Slik terrenget er på staden skulle det ikkje vere noko problem å senke høgda og evt ha så flatt tak som mulig.

Dei har også fått igjennom at vegen bort til Torgeir Hide sitt hus og vidare innover skal bli breidare, dette vil gå utover våre hekker som er planta i nedre kant av våre tomter. Fram til Torgeir Hide bygde var våre hager trygge for barn ang trafikk, det har ikkje vore et problem etterpå heller då han er 1

menneske og 1 bil, men no når dette skal utbyggast vert trafikken vesentlig større og farene for barn større.

Vi hadde det i vår innsigelse til kommuna at utbygger måtte erstatte noværande hekk med gjerde for å oppretthalde sikkerheita, dette har ikkje kommuna tatt hensyn til.

Vi stiller og spørsmål med at der er komt innspel frå utbygger (okt 2017) 2 mnd etter at fristen (aug 2017) var ute og dette er tatt med i sakspapira.

Vi som naboer har aldri vore uvillige til at her skal utbyggast, men vi føler og meiner at det bør takast hensyn til oss som allereide er etablerte i nabolaget. Vi føler at dette har vore skubba fram uten at våre meiningar har vorte høyrde.

Utsikta til sjø og hav er vel ein av hovedgrunnen til at vi bur der vi bur, og vi synest ikkje det er på sin plass at vår livskvalitet skal bli dårligare for at nokon skal tjene pengar på det.

Det vart også framlagt i papira at ein del av naboen (dei i øvre rekke av eksisterande byggefeltet)hadde klaga tidlig i prosessen men ikkje seinare og det såg dei (utbyggar og kommuna) på som om at dei var einige. Det desse naboene klaga på første gang var at det var tenkt at all trafikk skulle gå gjennom her, dette er no forandra og derfor sende ikkje dei fleire klager. Høgda på husa får ikkje innvirkning på desse naboane då dei har ei rekke framom frå tidligere.

I denne saka har vi ikkje vorte høyrde av Herøy Kommune, vi har hatt innsigelser alle gongane det har vore høyringfrister, men likavel er vedtaket gjort på utbygger sine premisser.

Vi stiller og store spørsmål om kvifor Formannskapet og Kommunestyret i Herøy Kommune ikkje har tatt seg tid til synfaring i ei slik betent sak.

Vi håper med dette at vi kan bli høyrde i siste innstans og få ned høgda på heile feltet.

Mvh

Naboene sør for planområdet.

Anja Lillestøl Anja Lillestøl

Berit-Ann Lillestøl og Fred Hansen Berit-Ann Lillestøl og

Randi og Geir Rønning Randi A. Rønning og Geir Rønning

Eli og Frode Wilnes Eli Engebø Vilnes. Frode Vilnes

Marita og Sverre Knotten. Marita Hagen og Sverre Knotten

HERØY KOMMUNE

Stab

«MOTTAKERNAVN»«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/1715	L12	«REF»	DOK	23.03.2018

K-SAK 23/18: SLUTTHANDSAMING: DETALJREGULERINGSPLAN FOR INDRE MOLTUMYR, GBNR 60/32 M. FL.

Vedlagt følgjer:

- K-sak 23/18.

Herøy kommunestyre har den 22.03.2018 gjort slikt vedtak i saka:

«Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gnr. 60, bnr. 32 m. fl. med plankart og føresegner datert 15.01.2018.*

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.»

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Utviklingsavdelinga

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2014/1715
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/18	Formannskapet	13.03.2018
23/18	Kommunestyret	22.03.2018

SLUTTHANDSAMING: DETALJREGULERINGSPLAN FOR INDRE MOLTUMYR, GBNR 60/32 M. FL.

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gnr. 60, bnr. 32 m. fl. med plankart og føresegner datert 15.01.2018.*

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Møtebehandling i formannskapet – 13.03.2018:

Per Kristian Furø (AP) reiste spørsmål om Camilla Storøy (Krf) sin habilitet. Hennar sambuar har skrive under nabo-/protestskriv i saka. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Camilla Storøy vart kjend habil mot 2 røyster.

Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 13.03.2018

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gnr. 60, bnr. 32 m. fl. med plankart og føresegner datert 15.01.2018.*

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Møtebehandling i kommunestyret – 22.03.2018:

Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gnr. 60, bnr. 32 m. fl. med plankart og føresegner datert 15.01.2018.*

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

Særutskrift:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Statens Vegvesen, region midt.
Jan og Kristin Truelsen
Marita og Sverre Knotten
Eli og Frode Vilnes
Randi og Geir Rønning
Berit-Ann Lilestøl og Fred Hansen
Rollaug Anja Lillestøl
Bente Kristin Notø

Vedlegg:

1 14-1715-Plankart indre Moltumyr (15.01.2018)
2 14-1715-Føresegner indre Moltumyr (15.01.2018)
3 14-1715 Planomtale indre Moltumyr
4 14-1715 Samla innspel til planforslag
5 14-1715-Illustrasjonsplan indre Moltumyr (15.01.2018)
6 Snitt A
7 Snitt B
8 Snitt C
9 Snitt D
10 Snitt E
11 Snitt F

Samandrag av saka:

Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr er ein privat plan med fam. Truelsen (Jan og Kristin) som tiltakshavar. Planmaterialet er utarbeidd av konsulentfirmaet Per Mulvik AS. Området ligg sentralt i eksisterande byggefelt på Moltustranda (sjå kart i figuren under)**.** Planen legg til rette for etablering av nye bustader, ein ny tilkomstveg med tilhøyrande avkøyrsle mot fylkesveg 10 til delar av desse og to nye nærleikeplassar.

Rådmannen rår no til at detaljreguleringsplanen vert godkjend av kommunestyret.

Oversikt over Moltustranda, med plasseringa til det nye planområdet innanfor raud firkant i figuren over.

Bakgrunn:

Per Mulvik AS søkte på vegne av fam. Truelsen om oppstart av planarbeid knytt til deira eigedom på Moltumyr. Saka gjeld regulering av eit område som ikkje er regulert tidlegare. I kommuneplanen sin arealdel er området sett av til bustadbebyggeles (B27).

Det vart halde oppstartsmøte mellom kommunen, tiltakshavar og konsulent på rådhuset 17.12.2014 Området er ikkje tidlegare regulert, men er omhandla i kommuneplanen sin arealdel. Det vart varsla oppstart 16.11.2015. Det kom inn totalt 24 innspel til varsel om oppstart på planarbeid.

Planforslaget vart handsama i F-sak 85/17 (24.05.2017) og lagt ut til offentleg ettersyn til 4. august (2017). Det kom inn sju brev med innspel til planforslaget. Det vart fremja motsegn frå Statens Vegvesen på tre punkt. Desse er no trekt etter omarbeiding av planen (både kart og føresegner).

Det har vore mykje dialog mellom kommunen, konsulent og Statens Vegvesen for å få trekt motsegnene til planforslaget. Det har vore halde avklaringsmøte mellom kommunen og naboane som har levert felles innspel med merknadar til planforslaget (innspel ligg vedlagt saka). Fokuset har vore å finne gode løysingar for alle partar.

Saksopplysningar:

<u>Planforslaget:</u>

Fam. Truelsen ønskjer å legge til rette for nye bustader i planområdet. Planforslaget legg til rette for oppføring av følgjande:

Bustader frittliggande småhus (BFS):

Det er sett av 6 delområde for frittliggande småhus – BFS1-6. BFS1-3 kan samla byggast ut til maksimalt 13 bueiningar. Bustadtypen kan være 2-manns, og/eller einebustadar som frittståande eller kjeda evt. med sekundærhusvære. BFS4 kan byggast ut med inntil tre einebustader som frittståande eller i kjede evt. med sekundærhusvære.
BFS5 og 6 er allereie bygde med einebustadar. Til kvar bueining skal det opparbeidast to parkeringsplassar på eigen grunn, derav ein som overbygt i carport eller garasje.

Plassering og bygningshøgde:

Bygningar skal plasserast innanfor byggjegrenser og med høgder som framgår av føresegner og plankart. Av omsyn til utsikt frå bustadrekka bak, er det for BFS1, 4 og 5 gitt maksimalt tillat kote for møne/gesims på plankart og i føresegner. Utgangspunktet her er innmålt mønehøgd på gnr.60 bnr.458 (c+30,0) og innmålt veranda-dekke (c+30,3) på bustaden bak (gnr.60 bnr.273). Dette gjev ein differanse på 30cm som er lagt til grunn for resten av bakre tomterekke slik at alle bustadar bak feltet er sikra ein differanse på 30cm mellom den enkelte bustad sitt verandadekke og maks. tillat møne-/gesimshøgd på bustaden som kjem framføre.

- For BFS1,4 og 5 er maksimal møne-/gesimshøgd låst i plan og føresegner med koter.
- For BFS2,3 og 6 skal bustadbygg ha ei møne-/gesimshøgd som ikkje overstig 8,5m i høve gjennomsnittleg planert terreng. For frittståande carportar/garasjer er maks. møne-/gesimshøgd satt til 4,5m.

Grad av utnytting (%-BYA):

For delfelta er det etter avtale med kommunen lagt til grunn slik grad av utnytting:
- BFS1-3: %-BYA=40%.
- BFS4-6: %-BYA=35%.

Parkeringsplassar skal inngå i berekna utnyttingsgrad.

Tal på bueiningar/fordeling:

Innanfor plangrensa kan det oppførast følgjande:
- BFS1: Maks. 4 bueiningar som 2-manns og/eller einebustad som frittståande eller i kjede evt.med sekundærhusvære.
- BFS2: Maks. 4 bueiningar som 2-manns og/eller einebustad som frittståande eller i kjede evt.med sekundærhusvære.
- BFS3: Maks. 5 bueiningar som 2-manns og/eller einebustad som frittståande eller i kjede evt. med sekundærhusvære.
- BFS4: Maks. 3 bueiningar som frittståande eller kjeda einebustad evt. med sekundærhusvære.
- BFS5: Maks. 1 bueining som einebustad evt. med sekundærhusvære (bebygt).
- BFS6: Maks. 1 bueining som einebustad evt. med sekundærhusvære (bebygt).

Leikeplass (o_BLK1, f_BLK2-3):

Gnr.60 bnr.220 i enden av Monsplassen er kommunal og i kommunedelplanen vist som bustadområde. Grendalaget har avtale med kommunen om bruk av tomta til leikeplass, har opparbeidd den deretter og ønskjer å halde fram bruken. For å sikre juridisk vern av leikeplassen er den difor teken inn i planframlegget og regulert til offentleg leikeplass/kvartalsleikeplass o_BLK1.
I samsvar med kommuneplanen sin arealdel pkt. 2.14 er det i tillegg sett av areal til nærleikeplassar slik at kvar bueining innanfor ein gangavstand på maks. 50m har tilgang:

- F_BLK2 (700m2) er felles for BFS1-3 og gir ca. 50m2 pr. bueining.
- F_BLK3 (460m2) er felles for BFS4 og gir ca. 150m2 pr. bueining.

Kvar leikeplass skal utstyrast med minst ei sandkasse, benk og noko fast dekke.

Køyreveg (f_SKV):
I planframlegget er det lagt til rette for felles private vegar (f_SKV 1-6) for dei eigedomane som er tilknytt vegane. Dei nye bustadane er kopla til to vegtilkomstar for å fordele trafikken på to vegnett, eitt mot Fv10 i nord og eitt mot Monsplassen/Nygjerdevegen i aust. Bueiningane i bustadområda BFS1-3 skal ha tilkomst via f_SKV 2-4, samt f_SKV 6. Bueiningane i bustadområda BFS 4-6 skal ha tilkomst via f_SKV 1 og 5. Det gjerast merksam på at dei to bustadområda ikkje skal ha køyrevegsforbindelse med kvarandre, her legg planen opp til ei sone med arealformålet «SVG – Annan veggrunn, grøntareal» som skal vere eit fysisk hinder for biltrafikk mellom f_SKV1 og 2.

Merknader ved offentleg ettersyn av planforslag:

Planforslaget låg ute i perioden 02.06.2017 - 04.08.2017 der det kom inn brev med innspel frå Statens Vegvesen (SVV), Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM), Møre og Romsdal Fylkeskommune (FK), Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Randi og Geir Rønning, felles brev frå nokre av naboane: Marita og Sverre Knotten (gbnr. 60/264), Eli og Frode Vilnes (gbnr. 60/253), Randi og Geir Rønning (gbnr. 60/271), Berit-Ann Lillestøl og Fred Hansen (gbnr. 60/273) og Rollaug Anja Lillestøl (gbnr. 60/272) – heretter omtalt som «Naboar som grensar til planområdet i sør, Monsplassen». Advokat Jørund Knardal leverte på vegne av Fam. Truelsen innspel datert 11.10.2017 (etter at høyringsfristen var utløpt).

Statens Vegvesen :
Kom med motsegner på tre punkt. Første punkt sette krav til etablering av ei meir trygg og funksjonell vegløysing for gåande og syklande frå planområdet til skulen i bygda. Andre punkt sette krav til ei utgreiing på kva alternativ der var til avkøyrsle frå Fv10 til planområdet og eit eventuelt framtidig utbyggingsområde vest for dette

planområdet. Tredje punkt sette krav om frisiktsone i avkøyrsla frå planområdet til Fv10.

Kommentar til innspel frå Statens Vegvesen:
Plankart og føresegner er endra for å få trekt motsegnene til Statens Vegvesen. Første krav i motsegna vart diskutert med vegvesenet og ein vart einige om å endre noko av ordlyden i føresegnene § 10.1.3 til å inkludere krav om opparbeiding med breidde 1,6m, fast dekke og belysning på gangvegen SGG før det vert gjeve bruksløyve for bueiningane i BFS 1-3.

Andre punkt i motsegna førte til ei utviding av planområdet mot vest. Her er det regulert inn eit nytt kryss til Fv10 etter utformingskrava i vegnormalen N100. Det er lagt til eit rekkefølgjekrav i føresegnene til opparbeiding av krysset før BFS 1-3 får bruksløyve. Krysset kan fungere som tilkomst til eit eventuelt framtidig bustadområde på vestleg side av vegen f_SKV2. Grunneigaren av eigedomen (gbnr. 60/8) er orientert og har gitt sin aksept for at området vert regulert med føreliggande plankart og føresegner.

Tredje punkt utgår som følgje av det nye krysset som er regulert (jf. førre avsnitt). Motsegnene frå Statens Vegvesen vart trekt i brev av 05.02.2018.

NVE og *Fylkesmannen i Møre og Romsdal* har ingen merknader til planforslaget.

Møre og Romsdal fylkeskommune:
Meiner planforslaget er godt gjennomarbeidd, men hadde nokre planfaglege merknader. Meiner det er utfordrande når det er brukt mange lokale namn i planforslaget som ikkje er å finne i nokre kart. Viser til føresegner § 5.3 der det er vist til frisiktsone for avkøyrsle til Fv10 som ikkje er å finne i kartet. Til slutt visast det til ei juridisk reguleringsgrense kring eit areal som ikkje inngår i planen som det bør ryddast opp i. Ser på planen som positiv for barn og unge då den sikrar fleire leikeplassar.

Kommentar til innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune:
Angåande § 5.3 i føresegnene er dette no retta opp i jf. nytt kryss mot Fv10. Angåande juridisk reguleringsgrense kring eit areal som ikkje inngår i planen: Dette tolkar ein til å gjelde f_SKV2 som i planforslaget fekk ei utvida plangrense mot Fv10 for å ta med siktlinjer til Fylkesvegen. F_SKV2 er no lagt om med nytt kryss lenger vest og råka grunneigarar/naboar har fått uttale seg.

Randi og Geir Rønning (naboar til planområdet, grunneigar av gbnr. 60/271):
Meiner det må takast omsyn til rettsforliket i tingretten angåande mønehøgde på huset som står på gbnr. 60/458. Grunna rettsforliket ønskjer Rønning at maks mønehøgde på nye bustadhus i planområdet vert på kote 30,0. Viser vidare til at der ligg avlaupsledning i bakken på nedsida av gbnr. 60/271 og 60/253 og at dette må

takast omsyn til når vegen (f_SKV1) skal byggjast (utvidast). Det må då også takast omsyn til mur mot Rønning sin eigedom.

Kommentar til innspel frå Randi og Geir Rønning:
Byggehøgdene er uendra frå planforslaget. I medhald av plan- og bygningslova er det opp til kommunen å i plansamanheng fastsetje gesims- og mønehøgde innanfor høvesvis 8 og 9 meter høgde på nye bygg. Kommunen vurderer det til at eit krav om ytterlegare reduksjon i møne-/ gesimshøgde vil vere urimeleg sett opp mot plasseringa til nye bygg i terrenget og høgdene på desse i forhold til nabobygga som er der i dag. Ein vurderer det til at tapet av utsikta det her er snakk om er minimalt og noko ein må rekne med i eit bustadfelt som er sett av til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel. Det gjerast merksam på at dette er ein ny reguleringsplan og at ein då i utgangspunktet regulerer uavhengig av privatrettslege forlik.

Innspel frå naboane som grensar til planområdet i sør, Monsplassen:
Naboane meiner møne-/ gesimshøgdene i planforslaget er for høge då dei taper utsikt mot nord . Dei viser til historikken med rettsforliket som vart inngått i 2014 mellom eigarane av gbnr. 60/458, 60/271 og 60/273 og meiner at huset som i dag er ført opp på 60/458 er for høgt. Naboane meiner at nye hus i områda BFS 1 og 4 må ha ei mønehøgde som er 2,3 meter lågare enn verandadekka på eksisterande bakanforliggande hus. Dette gir følgjande kotehøgder for nye bustadhus:

Hus framfor:
- 60/272: C+ 26,7.
- 60/273: Her er allereie bygt (C+ 30,0).
- 60/271: C+ 28,9.
- 60/253: C+ 29,7.
- 60/264: C+ 29,7.

Figuren viser plasseringa til eigedomane (markert i raudt) til naboane som har levert samla brev med innspel til planforslaget.

Kommentar til innspel frå naboane som grensar til planområdet i sør, Monsplassen:
Byggehøgdene er uendra frå planforslaget. I medhald av plan- og bygningslova er det opp til kommunen å i plansamanheng fastsetje gesims- og mønehøgde innanfor høvesvis 8 og 9 meter høgde på nye bygg. Kommunen vurderer det til at eit krav om ytterlegare reduksjon i møne-/ gesimshøgde vil vere urimeleg sett opp mot plasseringa til nye bygg i terrenget og høgdene på desse i forhold til nabobygga som er der i dag. Ein vurderer det til at tapet av utsikta det her er snakk om er minimalt og noko ein må rekne med i eit bustadfelt som er sett av til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel. Det gjerast merksam på at dette er ein ny reguleringsplan og at ein då i utgangspunktet regulerer uavhengig av privatrettslege forlik. I forliket frå 2014 vart det inngått einigheit om maksimal mønehøgde på kote C+30.0 for bygg på gbnr. 60/458.

Tiltakshavar har gjennom planforslaget redusert møne-/ gesimshøgde utover det som vert kravd av lova. Det vart laga terrengsnitt som viser møne-/ gesimshøgder på bygg på kvar enkelt tomt samanlikna med bakanforliggande hus som er der i dag. Plasseringa til terrengsnitta er markerte i illustrasjonsplan (vedlagt saka) og er merka A-F. Terrengsnitta ligg også vedlagt saka.

Utgangspunktet for berekning av maksimale tillate gesims- og mønehøgder er her innmålt mønehøgd på gnr.60 bnr.458 (kote c+30,0) og innmålt veranda-dekke (kote

c+30,3) på bustaden bak (gnr.60 bnr.273). Dette gjev ein differanse på 30cm som er lagt til grunn for resten av bakre tomterekke slik at alle bustadar bak feltet er sikra ein differanse på 30cm mellom den enkelte bustad sitt verandadekke og maks. tillat møne-/gesimshøgd på bustaden som kjem framføre.

Utsnitt illustrasjonsplan frå saka.

Innspel frå Bente Kristin Notø, eigar av gbnr. 60/33:
Krev at denne planen ikkje fører til at gnr. 60/33 mister ein potensiell tilkomstveg frå vest. Det er oppført eit hus på eigedomen i dag og Notø ønskjer å legge til rette for oppføring av ytterlegare eit hus eller hytte i den sørlege delen av denne eigedomen. Notø syner til tidlegare kontakt med Herøy kommune angåande dette.



Notø sin eigedom (gbnr. 60/33) markert i raudt med alternative tilkomstvegar (køyreveg) for vurdering markert med svarte piler.

Kommentar til innspel frå Bente Kristin Notø, eigar av gbnr. 60/33:
Eigedomen er naboeigedom til planområdet i aust. Om køyrevegen f_SKV 1 skal forlengast mot aust krev dette ei utviding av planområdet og at vegen vert regulert. Det same gjeld om Notø ønskjer å skilje ut ei tomt på 60/33 til bustadhus, då det er krav om reguleringsplan for arealet. Her burde det vore sendt inn merknad ved varsel om oppstart for å få eigedomen med som ein del av planen og utvida plangrensa før planforslaget oversendt kommunen. Notø har ikkje kome med merknader ved varsel om oppstart. Ein tilkomstveg til 60/33 frå vest vil krevje at ein må bygge over eigedomane 60/241 og 60/264. Sjølv om 60/33 ikkje får regulert tilkomst frå vest i denne planen, kan grunneigar av 60/33 gå i dialog med kommunen og grunneigar av 60/241 og 60/264 for å drøfte tilkomst. Eventuelt kan dagens tilkomst frå nord (Fv10) vurderast nærmare eller ein kan sjå på andre moglegheiter frå aust om det er ønskjeleg å gå vidare med planane om utbygging.

Innspel frå Advokat Jørund Knardal, på vegne av tiltakshavar Fam. Truelsen datert 11.10.2017 (datert og motteke etter at høyringsfristen var utgått):
Viser til innspel i felles brev frå naboane datert 11.07.2017 og naboane sine protestar frå før planarbeidet var meldt oppstarta. Vidare viser advokat Knardal til

det som omhandlar rettsforliket som vart inngått i 2014 mellom eigarane av gbnr. 60/458, 60/271 og 60/273. Her meiner Knardal at rettsforliket er utan betyding for denne saka og at fam. Truelsen aldri har vore part i saka frå 2014. Truelsen og deira utnytting av eigen eigedom kan ikkje styrast ut i frå eit rettsforlik inngått mellom partane i saka frå 2014. Vidare viser Knardal til plan- og bygningslova § 29-4. Knardal skriv: «*I høve tap av utsikt, er det kun i tilfelle der det kan konstaterast ei betydeleg ulempe at dette er relevant. Og i praksis skal det mykje til før naboar kan verte høyrde med protest mot tap av utsikt». « I plan- og bygningslova §29-4 er det i utgangspunktet høve til å føre opp bygning inntil 9 meter mønehøgde».*

Knardal viser til slutt til at området, også naboeigedomane har vore ein del av Herøy kommune sin bebyggelsesplan sidan 1963, og seinast gjennom siste arealdelar av kommuneplanen. Det er difor naturleg at området vert vidare bebygt jf. Kommuneplanen sin arealdel.

Knardal skriv også om eit brev som gjekk til tiltakshavar og konsulent etter at planforslaget låg ute til høyring. Her vert det påstått at kommunen har kravd at tiltakshavar imøtekjem innspelet i felles brev frå naboar av 11.07.2017.

Kommentar til innspel frå Advokat Jørund Knardal, på vegne av tiltakshavar Fam. Truelsen datert 11.10.2017:
Som kommentert til dei to breva med innspel frå naboar til planområdet er det korrekt at rettsforliket i utgangspunktet er utan betyding for denne saka då dette er ein ny reguleringsplan (jf. plan- og bygningslova kap. 12). Det er også kommunen si oppfatning at fam. Truelsen ikkje har vore ein del av prosessen som leia til rettsforliket i 2014. I høve tillatne byggehøgder (møne-/ gesims) i det planforslaget er kommunen samd i at tiltakshavar held seg vel innanfor dei rammene som ligg i plan- og bygningslova. Det er difor ikkje gjort endringar i høgdene i forhold til det som var varsla i planforslaget.

Det er korrekt at det omtalte brevet gjekk ut frå sakshandsamar i kommunen 19.09.2017. Det Knardal ikkje har teke til etteretning er at kommunen har gått tilbake på dette etter møte med tiltakshavar og konsulent 29.09.2017. Sakshandsamar vedgjekk då å ha formulert seg dårleg i brevet. I møtet 29.09 vart ein einige om at konsulent/tiltakshavar skulle vurdere andre løysingar i forhold til høgder på nye bustadar. Dette ser kommunen no som utført.

Vurdering:
Planmaterialet som ligg føre, er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd og i tråd til kommunen sine krav. Planen vidarefører rammene frå kommuneplanen sin arealdel og legg til rette for ei vidare utbygging av bustadfeltet i området. Ein ser det som særs positivt at det er lagt fram ei løysing med nytt kryss mot fylkesveg 10 og at denne kan tene som tilkomstveg både for det planlagde bustadfeltet (BFS 1-3), men også for eventuell framtidig utbygging på naboeigedomen mot

vest/nordvest.

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12
§7 prinsipp for offentleg beslutningstaking i §§ 8 til 12
Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§8 Kunnskapsgrunnlaget
Ved ein gjennomgang av database for naturmangfald ser ein at utbygging i området ikkje vil vere i konflikt med naturtypar som er nasjonalt eller regionalt viktige områder.

§9, Føre-var-prinsippet
Ikkje relevant då det ikkje er kartlagt naturtypar av nasjonalt eller regionalt viktige områder.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad*, *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Barn og unge
Forholdet til barn og unge er vurdert og planforslaget vil styrke born og unge sine interesser ved at planen krev to nye leikeareal som skal opparbeidast og møblerast. I tillegg sikrar planen eksisterande leikeplass o_BLK1 juridisk. Ei svakheit med planen er at den ikkje omfattar etablering av gangveg langs fylkesveg 10 i strekninga planområdet-barneskulen på Moltu. Dette vart vurdert som for omfattande for å kunne påleggjast utbyggar. Etablering av den interne gangvegen f_SGG sikrar likevel gåande og syklande ein mogleg tilkomst til Monsplassen og Nygjerdevegen. Alternativet er å leie gåande/syklande ned til, og langs fylkesvegen, noko vurderast som eit særs dårleg alternativ.



Figuren viser mogleg gangveg (raud linje) frå BFS1-3, via Monsplassen og Nygjerdevegen

Konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for indre Moltumyr, gnr. 60, bnr. 32 m. fl. med plankart og føresegner datert 15.01.2018.*

Fosnavåg, 01.03.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- BFS — Bustader-frittliggjande-småhus
- BLK — Leikeplass

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV — Køyreveg
- SGS — Gang-/sykkelveg
- SGG — Gangveg/gangareal
- SVT — Annan veggrunn – teknisk anlegg
- SVG — Annan veggrunn - grøntareal

§12-6 - Omsynssoner

- H140 — Frisikt

Linjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- Regulert tomtegrense
- RpSikringGrense
- Byggegrense
- Bebyggelse som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant kjørebane
- Måle og avstandslinje

Punktsymboler

- Avkøyrsel – både inn og utkøyring

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:	Herøy kommune
Dato for basiskart:	04.11.2014
Koordinatsystem:	UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag:	NN1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk: 1:1000
0 12.5 25 37.5 50 m

N

Herøy kommune

Detaljregulering

Indre Moltumyr gnr.60 bnr.32 m.fl

Med tilhßyrande fßresegner

Arealplan-ID: **1515-201514**

Forslagstillar: **Kristin H. og Jan Truelsen**

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA	SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato — Revisjon			
Dato — Revisjon			
Dato 15.01.2018 — Revisjon — Justering etter 1.gangs off. ettersyn			
Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå .....til			
2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå.....til			
1. gongs handsaming			
Kunngjering av oppstart av planarbeid		16.11.2015	HI
Oppstartsmøte.....		17.12.2014	HI
PLANEN ER UTARBEIDD AV: Per Mulvik AS	**TEGNNR.**	**DATO**	**SIGN.**
		21.03.2017	JMO

Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak ____ Dato ____ Plansjef

Detaljreguleringsplan for
Indre Moltumyr gnr.60 bnr.32 m.fl.

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
1515-201514		dd.mm.åååå	Herøy kommunestyre

§1. – AVGRENSING AV PLANOMRÅDET/GYLDIGHEITSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa slik vist på plankartet. Innanfor denne grensa skal areala nyttast slik som reguleringsplanen (plankart og føresegner) fastset.

§2. – ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§3. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar i strid med planen.

§4. – KULTURMINNE

Dersom det i samband med utbygginga vert oppdaga automatisk freda kulturminne skal arbeidet straks stansast og regionalt kulturvernmynde varslast – jfr.lov om kultur-minne §8 andre ledd.

§5. – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

5.1. BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5)

- 1111 Bustader frittliggande småhus (BFS)
- 1610 Leikeplass (BLK)

5.2. SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5)

- 2011 Køyreveg (SKV)
- 2015 Gang-/sykkelveg (SGS)
- 2016 Gangveg/gangareal (SGG)
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- 2019 Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

5.3. OMSYNSSONER (PBL §11.8 A.1 , §12-6)

- 140 Frisiktsone (H140_1)

§6. – FELLESFØRESEGNER

a) Detaljreguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. I tillegg til regulerte vegar kan mindre korte tilkomstvegar etablerast innanfor byggjeområda som følgje av byggesøknad.
b) Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggjegrense.%-BYA angir tillate bebygt areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Parkeringsareal skal inngå i berekninga.
c) Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

d) Prinsippa bak universell utforming skal leggast til grunn i størst mogleg grad – jf. Plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.
e) Innanfor byggjeområda kan det om nødvendig oppførast trafokioskar, pumpe-stasjonar, bygg for el- og telenett eller andre tekniske innretningar. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge tilpassa bebyggelsen elles i området.
f) Vegareal er vist i plankartet. I tilllegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjekteringa. Slikt areal kan leggast på tilgrensande grunn.

§7. – SITUASJONSPLAN/DETALJAR VED BYGGESØKNAD

a) Ved byggjesøknad skal det følgje situasjonsplan som viser:
    - Bygningsplassering også for garasje/carport sjølv om dette ikkje skal byggast samtidig.
    - Interne køyrevegar/avkøyrsle
    - Ev.terrengmurar
    - Kotehøgder på utvendig terreng (arrondering).
    - Minste uteopphaldsareal MUA (20m2 pr. bueining.
    - Snitt som viser terreng og møne-/gesimshøgder i koter.
b) Der bustaden sine hovudfunksjonar er samla på inngangsplanet skal krav til tilgjengeleg bueining leggast til grunn – jfr. TEK10.

§8. – AREALBRUK

8.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)

8.1.1 Generelt:

a) Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialvalg. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.
b) Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasadar.
c) Parkeringsbehovet er føresett dekt på eigen grunn iht. dei til ei kvar tid gjeldande kommunale krav. På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.
d) Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygt areal - %BYA slik:
    - BFS1-3: maksimum %-BYA= 40%.
    - BFS4-6: maksimum %-BYA= 35%
e) Dersom garasje ikkje vert bygt tilsvarande krav til tal parkeringsplassar skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20m2 pr. bilplass.
f) Som minste uteopphaldareal ute (MUA) skal det til kvar bueining setjast av minst 20m2 eigna for leik. Arealet skal framgå av situasjonsplan i byggjesaka.
g) Til alle bustadareala høyrer naudsynte anlegg for oppfylling av bygningane sin funksjon.
h) Garasjar skal ikkje byggast større enn 48m2 grunnflate og berre i ei høgd.
i) Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3m og mønehøgd ikkje over 4,5m.
j) Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje. Garasje vinkelrett på veg skal plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal.
k) Garasjer parallelt med veg kan plasserast inntil 2m frå regulert trafikkareal.

8.1.2 Bustader frittliggande småhus (BFS):

a) Innanfor BFS1-3 kan det oppførast maksimalt 13 bueiningar (inkl. eksisterande) som:
    - 2-mannsbustadar, frittliggande eller kjeda einebustadar evt. med utleigedel og med slik maksimal møne-/gesimshøgd:
        - BFS1: kote c+28,7
        - BFS2-3: 8,5m i høve gj.snittleg planert terreng.

- Garasjer, carport, buder og liknande.

b) Innanfor BFS4 kan det oppførast:
   - Frittliggande eller kjeda einebustadar – evt. med utleigedel og med slik maksimal møne-/gesimshøgd:
     - Vestre tomt: kote c+30,9
     - Midtre tomt: kote c+31,7
     - Austre tomt: kote c+31,7
   - Garasjer, carport, buder og liknande

c) Innanfor BFS5 kan det oppførast:
   - Frittliggande einebustad – evt. med utleigedel og med slik maksimal møne-/gesimshøgd:
     - Kote c+30,0
   - Garasjer, carport, buder og liknande.

d) Innanfor BFS6 kan det oppførast:
   - Frittliggande einebustad – evt. med utleigedel og med slik maksimal møne-/gesimshøgd:
     - 8,5m i høve gj.snittleg planert terreng.
   - Garasjer, carport, buder og liknande.

8.1.3 Leikeplass (BLK):

a) o_BLK1 er offentleg kvartalsleikeplass.
b) f_BLK2 er nærleikeplass felles for bustadar innanfor BFS1-3.
c) f_BLK3 er nærleikeplass felles for bustadar innanfor BFS4.
d) Leikeplassar opparbeidast i samsvar med utformingskrav i kommunedelplanen slik at dei er eigna for leik og opphald, minimum med sandkasse, benk og noko fast dekke. På nærleikeplassar skal leik for barn i alderen 1-7 år prioriterast.
e) Der leikeplassane grensar til trafikkareal (gangveg, veg, parkeringsplass etc.) skal det setjast opp klatresikkert gjerde.

§9. – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGEAREAL

a) Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Skjemmande skjeringar og fyllingar er ikkje tillate. Skjeringar som følgjer av utgraving/planering av tomta skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte.
b) Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen før oppføring.
c) Ein bør i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering krev støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
d) Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane.
e) Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e.l etter detaljplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane.
f) Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering av overvatn og grunnvatn og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
g) Kommunen og vassverket skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg nær inntil byggjeområda.

§10. – SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. §12-5, nr.2)

10.1.1 Køyrevegar (SKV)

a) Avkøyrsler skal ikkje leggast til veg med mindre det er vist avkøyrsler eller avkøyrsle-pil på plankartet.
b) Ved etablering av nye og utbetring av eksisterande avkøyrsler skal desse utformast etter Statens Vegvesen sine krav til avkøyrsler i handbok N100.
c) Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7m over vegnivået. Ved avkøyrsle mot fylkesvegen skal det vere frisikt over 0,5m frå vegnivå. Utover dette gjeld Statens Vegvesen sine krav til avkøyrsler i handbok N100.
d) I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal – jf. Pbl § kap.16. Evt. skråningsutslag i plankartet kan endrast som følgje av detaljprosjekteringa.
e) I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-, tele-, og fiberkablar m.m.
f) Vegar opparbeidast med breidder i samsvar med plankart og kommunal rettleiar slik:
    - f_SKV1-2: med standard som for A1-veg.
    - f_SKV3-4: med standard som for privat felles avkøyrsle.
    - o_SKV6 og kryss mellom o_SKV6 og f_SKV2 skal opparbeidast i samsvar med utformingskrav nedfelt i vegnormalen N100 med tilhøyrande rettleiing i handbok V121.
g) Eigedomstilhøve:
    - f_SKV1-4: felles for tilknytte eigedomar.
    - o_SKV5 og o_SKV6 er offentleg.

10.1.2 Gang-/sykkelveg (SGS1-2)

a) Offentleg gang- og sykkelveg.
b) Opparbeidast med breidde som vist i plankart, med fast dekke og belysning.

10.1.3 Gangveg-/gangareal (SGG)

a) Felles gangveg for bustadar innanfor BFS1-3
b) Opparbeidast med breidde 1,6m , fast dekke og belysning før bruksløyve vert gjeve for bueiningane i BFS1-3.
c)

10.1.4 Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)

a) Innanfor området er det høve til opparbeiding av grøfter, skjering, fylling, terreng-murar, sikringsgjerde, autovern og øvrig teknisk anlegg knytt til vegen.
b) Eigedomstilhøve som for tilgrensande veg.

10.1.5 Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

a) Innanfor området er det høve til opparbeiding av skjering, fylling, terrengmurar.
b) Jordskråningar skal tilsåast.

§11. – OMSYNSSONER

11.1.1 Frisiktsone (H140):

a) Innanfor frisiktsona skal det vere fri sikt på minimum 0,5m over nivået til tilstøytande vegar. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikta er ikkje tillate. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i sona dersom dei ikkje hindrar fri sikt.
b) Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar langs privat/felles veg vert fjerna.
c) Vegstyresmakta for fylkesvegen kan krevje sikthindringar fjerna i krysset i tilknytninga til fylkesvegen.

§12. – FELLESFØRESEGNER

12.1. **REKKEFØLGJEKRAV**

a) Leikeplassar skal vere opparbeidde før bruksløyve for første bueining vert gjeve.
b) Felles tilkomstvegar skal byggast ut samtidig med bustadane.
c) Krysset i tilknytinga til fylkesvegen skal opparbeidast før nye bustader innanfor planen får bruksløyve som etter reguleringa skal ha tilkomsten knytt til krysset.
d) Inntil regulert vegløysing langs fylkesvegen vert realisert skal f_SGG opparbeidast med fast dekke og belysning før det vert gjeve bruksløyve for første bueining innanfor BFS1-3.

12.2. **TERRENGBEHANDLING**

a) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.
b) I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.
c) Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.
d) Drenering utførast utan ulemper for omgjevnadane.

12.3. **VEGETASJON**

a) Eksisterande vegetasjon skal bevarast der det er hensiktsmessig.
b) Byggjearbeid skal utførast med omsyn til terreng og vegetasjon.

12.4. **AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE**

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitteforhold forlengast.

Arnulf Goksøyr
-ordførar-

FORSLAGSSTILLAR:
KRISTIN HIDE TRUELSEN
JAN TRUELSEN

PLANOMTALE:
FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

Indre Moltumyr gnr.60 bnr.32 m.fl – Herøy kommune

PlanID: 1515-201514

DATO 21.03.2017

Revidert 01.03.2018



mulvik
www.mulvik.no

Innhold

1 SAMANDRAG 5
2 BAKGRUNN 5
2.1 Målet med planen 5
2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold 5
2.3 Tidlegare vedtak og øvrig korrespondanse i saka (utdrag/ikkje vedlagt) 6
2.4 Utbyggingsavtalar 6
2.5 Krav om konsekvensutgreiing 6
3 PLANPROSESSEN 6
3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram 6
4 PLANSTATUS OG RAMMER 8
4.1 Overordna planar 8
4.2 Gjeldande reguleringsplan 8
4.3 Tilgrensande planar 8
4.4 Temaplanar 9
4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar 9
5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE 9
5.1 Lokalisering 9
5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk 10
5.3 Stadens karakter 11
5.4 Landskap 11
5.5 Kulturminne og kulturmiljø 12
5.6 Naturverdiar 12
5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde 12
5.8 Landbruk 12
5.9 Trafikkforhold 12
5.10 Barn sine interesser 13
5.11 Sosial infrastruktur 13
5.12 Universelt tilgjenge 13
5.13 Teknisk infrastruktur 13
5.14 Grunnforhold 13
5.15 Støyforhold 14
5.16 Luftforureining 14
5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon) 14
6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET 14
6.1 Planlagt arealbruk 14
6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål 15
6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming 16

6.4 Bumiljø/bukvalitet 17
6.5 Parkering 17
6.6 Tilknyting til infrastruktur 17
6.7 Trafikkløysing 17
6.8 Planlagde offentlege anlegg 18
6.9 Miljøoppfølging 18
6.10 Universell utforming 18
6.11 Uteopphaldsareal 18
6.12 Landbruksfaglege vurderingar 19
6.13 Kulturminne 19
6.14 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett 19
6.15 Avbøtande tiltak/løysingar ROS 19
6.16 Rekkefølgjekrav 19
7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET 19
7.1 Overordna planar 19
7.2 Landskap og omgjevnader 19
7.3 Staden sin karakter 19
7.4 Estetikk 19
7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi 19
7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova 20
7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde 20
7.8 Trafikkforhold 20
7.9 Sosial infrastruktur 20
7.10 Universell tilgjengeligheit 20
7.11 Energibehov – energibruk 20
7.12 ROS 20
7.13 Teknisk infrastruktur 20
7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen 20
7.15 Konsekvensar for næringsinteresser 20
7.16 Interessemotsetnader/konflikttema 20
7.17 Avveging av verknader 21
8 KONSEKVENSUTGREIING 21
9 INNKOMNE INNSPEL TIL SØKNAD OM PLANOPPSTART 22
9.1 Innspel (samandrag med kommentar) 22
9.1.1 Innspel 1: Oppsitjarar Moltu (datert 04.05.2015) 22
9.1.2 Innspel 2: Oppsitjarar Moltu (datert 04.05.2015) 22
9.1.3 Innspel 3: Herøy Vasslag (datert 24.04.2015) 22
9.1.4 Innspel 4: Harald Sydhagen m.fl (datert 27.04.2015) 22

10 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART 22
10.1 Innspel (samandrag med kommentar) 23
10.1.1 Innspel 5: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 29.12.2015) 23
10.1.2 Innspel 6: Harald Sydhagen (datert 23.11.2015) 23
10.1.3 Innspel 7: Harald Sydhagen (datert 19.12.2015) 23
10.1.4 Innspel 8: Harald Sydhagen (datert 19.12.2015) 24
10.1.5 Innspel 9: Harald Sydhagen (datert 19.12.2015) 24
10.1.6 Innspel 10: Berit Ann Lillestøl og Fred Hansen (datert 20.12.2015) 25
10.1.7 Innspel 11_Bjørnar Stokseth (datert 22.12.2015) 26
10.1.8 Innspel 12_Bodil Anett Torvholm (datert 28.12.2015) 26
10.1.9 Innspel 13_Camilla Sydhagen (datert 28.12.2015) 26
10.1.10 Innspel 14_Frode G.Vilnes, Eli Engebø, Frank Erik Vilnes (18.12.2015) 26
10.1.11 Innspel 15_Tove Moltumyr (Jan-Kato Rooney) (27.12.2015) 26
10.1.12 Innspel 16_Joakim Lien m.fl (27.12.2015) 26
10.1.13 Innspel 17_Randi A. og Geir J. Rønning (21.12.2015) 26
10.1.14 Innspel 18_Randi og Roar Arnesen (22.12.2015) 26
10.1.15 Innspel 19_Rollaug Anja Lillestøl (21.12.2015) 26
10.1.16 Innspel 20_Hjalmar Olav Jacobsen (29.12.2015) 26
10.1.17 Innspel 21_Monsplassen Grendalag v/Julie Sydhagen (04.01.2016) 27
10.1.18 Innspel 22: Marita og Sverre Knotten (datert 11.12.2015) 27
10.1.19 Innspel 23: Marita og Sverre Knotten (datert 05.01.2016) 28
10.1.20 Innspel 24: Paul Sindre og Ann Helen Tarberg (30.12.2015) 28
10.1.21 Innspel 25: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 17.12.2015) 28
10.1.22 Innspel 26: Statens Vegvesen Region Midt (datert 03.12.2015) 29
10.1.23 Innspel 27: Søre Sunnmøre Landbrukskontor (datert 04.01.2016) 29
10.1.24 Innspel 28: Oppsitjarar i Monsplassen byggefelt (datert 14.11.2015) 29

Vedlegg:

1. 2178 Plankart
2. 2178 Reguleringsføresegner
3. 2178 Sjekkliste ROS
4. 2178 Referat frå oppstartsmøte
5. 2178 Varslingsbrev
6. 2178 Annonsetekst
7. 2178 Innspel/merknader til søknad om planoppstart
8. 2178 Innspel/merknader til varsel om planoppstart
9. 2178 Sol-/skuggeanalyse1 (illustrasjon)
10. 2178 Sol-/skuggeanalyse2 (illustrasjon)
11. 2178 Resultat av arkeologisk registrering
12. 2178_211 Snitt A (illustrasjon)
13. 2178_212 Snitt B (illustrasjon)
14. 2178_213 Snitt C (illustrasjon)
15. 2178_214 Snitt D (illustrasjon)

16. 2178_215 Snitt E (illustrasjon)
17. 2178_216 Snitt F (illustrasjon)
18. 2178_221 Lengdeprofil f_SKV1 (illustrasjon)
19. 2178_222 Lengdeprofil f_SKV2 (illustrasjon)
20. 2178_223 Lengdeprofil f_SKV3 (illustrasjon)
21. 2178_224 Lengdeprofil f_SKV4 (illustrasjon)
22. 2178_933 Plan frisiktlinjer Fv10 (illustrasjon)
23. 2178_931 Illustrasjonsplan (illustrasjon)
24. 2178_941 VA-rammeplan (illustrasjon)
25. 2178 Grovskisse over eksist. leidningar og kablar (illustrasjon)

1 SAMANDRAG

På vegne av Kristin Hide Truelsen og Jan Truelsen fremjar ein med dette framlegg til detaljreguleringsplan for bustadområde på gnr.60 bnr.32 - Indre Moltumyr, Moltustranda i Herøy kommune. Planframlegget er utarbeidd i samsvar med overordna plan og så langt mogleg tilpassa innkomne merknader. Planen har fått namnet «Indre Moltumyr gnr.60 bnr.32 m.fl» og planID «1515-201514»

Som alltid forsøkjer ein så langt praktisk mogleg å ta omsyn til mottekne innspel, og i dette framlegget har ein strekt seg langt. M.a er talet på planlagde bueiningar kraftig redusert i høve utgangspunktet slik at berre tre nye bueiningar vert tilknytt Monsplassen. Dette gjev minimal trafikkauke og belastning på gata. I tillegg er det lagt inn høgderestriksjonar som minimerer utsiktstapet frå bygningane bak.

Hovudtyngda av ny busetnad vert tilknytt Fv10 i eksisterande avkøyrsle vest for gbnr.60/398. SVV har vore kritiske til slik utvida bruk, men aksepterer dokumentasjonen vår på tilstrekkjeleg frisikt. Skepsisen skuldast no i hovudsak frykt for fleire mjuke trafikantar langs Fv10.

Opparbeiding av regulert fortau langs Fv10 i privat regi er ikkje gjennomførleg. Ein er difor blitt utfordra av SVV på å finne alternative gangforbindelsar austover mot butikk, skule og barnehage. Løysinga har vi funne ved å regulere inn ein felles gangsti sørover langs leikeplassen mot det same kommunale vegnettet som resten av bustadområdet nyttar. Dette meiner vi er eit godt alternativ.

Vi legg elles til at forlagsstillar på eige initiativ har betra siktforholda ved avkøyrsla yttarlegare ved fjerning av tre og størstedelen av den gamle løda som stod ved vegen.

Det er elles i merknadane stilt spørsmål ved at den kommunale tomta i enden av Monsplassen, som grendalaget har opparbeidd til leikeplass, er teken inn i planen. Bakgrunnen for dette er at kommunen vil gje tomta eit juridisk vern mot utbygging og slik sikre barn og unge sine interesser i lokalmiljøet. Tomta er i kommuneplanen vist som bustadformål, men blir no regulert til leikeplass i samvar med faktisk bruk.

Det har vore eit sterkt engasjement frå nabolaget i saka. Det er difor brukt store ressursar på å synleggjere korleis ein kjem i møte dei ulike problemstillingane. M.a er det gjort høgdemålingar og utarbeidd snitt som viser korleis ein har teke omsyn til utsiktsforholda frå bustadane bak/sør for feltet. Det er også utarbeidd ein illustrasjonsplan som viser ein av fleire moglege måtar å bygge ut området på. Basert på denne er det i tillegg utarbeidd sol/skuggeanalyse m.a av omsyn til dei som bur nedanfor/nord for planområdet. *Ein vil imidlertid på det sterkaste understreke at illustrasjonar – herunder illustrasjonsplan og snitt - kun viser eit av fleire moglege prinsipp for utbygginga og at verken bygningsform eller plassering på tomta er endeleg.*

Med dette meiner vi at saka er tilstrekkjeleg opplyst til at det kan gjerast vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Planområdet ligg i området B27 i kommuneplanen sin arealdel og er avsett til bustadføremål med krav om detaljregulering før utbygging. Målet med planarbeidet er å legge til rette for oppføring av bustader som er særleg eigna for unge i etableringsfasen eller for eldre som ønskjer enkle og lettstelte husvære framfor større einebustadar. Eit slikt tilbod manglar i denne delen av kommunen. Planområdet omfattar også delar av eksisterande bebyggelse og opparbeidd leikeplass i enden av Monsplassen.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstillar og grunneigar er Kristin H. og Jan Truelsen. Per Mulvik AS er plankonsulent.

2.3 Tidlegare vedtak og øvrig korrespondanse i saka (utdrag/ikkje vedlagt)

- 17.12.2014: Oppstartsmøte (ref.vedlagt)
- 04.03.2015: Møte mellom forslagsstillar og kommunen (ref.vedlagt)
- 16.04.2015: Søknad om oppstart oversendt kommunen
- 19.05.2015: Vedtak i FSK (95/15) om oppstart under føresetnad av utvida plangrense austover
- 26.05.2015: mottatt konkret utvida plangrense m.m frå A.Tarberg
- 05.10.2015: Møte med Herøy kommune vedr. reduksjon i plangrense m.m (ref.vedlagt)
- 15.10.2015: Revidert søknad om oppstart og redusert plangrense oversendt kommunen
- 03.11.2015: Vedtak i FSK (196/15) om oppstart iht søknad (redusert plangrense)
- 16.11.2015: Varsel om oppstart av planarbeid utsendt.
- 20.11.2015: Mottatt samla klager på vedtak i FSK 03.11.2015
- 24.11.2016: Mottatt brev frå Harald Sydhagen. Krev varsling også for dei som ikkje grensar til.
- 26.11.2016: Mottatt svarbrev frå J.M.Møller til Sydhagen m.fl. Krev utvida varsling iht. innspel.
- 03.12.2015: Utvida varsling utsendt med utvida frist (03.01.2016).
- 11.12.2015: Svart på e-post frå Sverre Leon ang. planfaglege spørsmål.
- 17.12.2015: Svar frå A.Tarberg til S.Knotten vedr. planfaglege spørsmål.
- 20.12.2015: Mottatt merknad frå H.Sydhagen
- 23.12.2015: Mottatt merknad frå Bjørnar Stokseth
- 27.12.2015: Mottatt merknad frå Tove Moltumyr/J-K.Rooney
- 30.12.2015: Mottatt merknad frå Hjalmar Olav Jacobsen
- 30.12.2015: Mottatt merknad frå Paul-Sindre Tarberg
- 04.01.2016: Mottatt merknad frå MR-fylke
- 04.01.2016: Mottatt merknad frå landbrukssjefen
- 05.01.2016: Mottatt merknad frå Marita og Sverre Knotten
- 14.01.2016: Mottat samling av merknader innsendt til kommunen – A.Tarberg.
- 02.02.2016: Mottatt svarbrev frå kommunen på spørsmål frå grendalaget om kjøp av leikeplassen.
- 05.04.2016: Brev med vedlegg frå Truelsen til SVV v/Sæverud med ønske om møte.
- 08.04.2016: Avklaringsmøte med SVV v/Sæverud.
- 15.08.2016: Bestilt arkeologisk registrering
- 21.09.2016: Brev med dokumentasjon på frisikt oversendt SVV v/Sæverud.
- 27.09.2016: Brev med vurdering av tilkomstalternativ mottatt frå Herøy kommune.
- 19.10.2016: Mottatt svar frå SVV
- 19.10.2016: Telefonsamtale til SVV v/Sæverud. Orientering til forslagsstillar.
- 30.11.2016: Mottatt resultat av arkeologisk registrering.

2.4 Utbyggingsavtalar

Det er ikkje inngått utbyggingsavtale med kommunen i denne saka. Vegar planleggast som felles for planområdet, men med ein avtalt standard som opnar for evnt. kommunal overtaking i framtida.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Sidan både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 17.12.2014 med drøfting av m.a følgjande tema:

- Planstatus og plantype

- Kvaliteten på teiggrenser
- Avgrensing av planområdet
- Mål for planarbeidet
- Plannamn
- Tilhøvet til overordna plan
- Planprogram og konsekvensutgreiing
- Relevante vedtekter, forskrifter og retningslinjer
- Planfaglege vurderingar: utn.grad, krav til stigning, jordvern, miljø, kultur, ROS, barn og unge, veg og tekniske forhold, kommunalteknikk, vegstatus m.m.
- Makebyte med gnr.60/206.

Referat frå møtet er vedlagt.

Varsel om oppstart
Varsel om oppstart vart annonsert ved annonse i Vikebladet og varslingsbrev datert 16.11.2015 med frist for innspel/merknader: 31.12.2015. Varslingsbrev og annonsetekst er vedlagt. I tillegg vart utvida varsling sendt 03.12.2015 etter krav frå Herøy kommune.

Innspel til søknad om planoppstart
I samband med *søknad om oppstart av planarbeid* kom det inn fire merknader med underskrifter til kommunen. Etter ønskjer frå kommunen er desse vurdert, oppsummert og kommentert som innspel til planoppstart bak i planomtalen. Innspel er også i si heilheit vedlagt.

Innspel til varsel om planoppstart
I samband med *varsel om planoppstart* – herunder utvida varsel – kom det inn 24 innspel. Også desse er vurdert, oppsummert og kommentert bak i planomtalen. Alle innspel er vedlagt.

Vidare saksgang
Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.

Etter høyringsfristen vert framlegg til reguleringsplan evnt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med planlagt framdrift.

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	konsulent/kommunen	17.12.2014
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varslingsbrev til berørte partar.	konsulent	Varslingsbrev: 16.11.2015 Kunngjeringsannonse: 16.11.2015 Merknadsfrist: 31.12.2015
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	Januar 2016
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Januar 2016 – mars 2017
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	Mars 2017
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/ høyring (frist 12 veker).	kommunen	Mars 2017 – juni 2017
Offentleg ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	Juni - august 2017
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.	kommunen	August - april 2018
Ev . endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.	*kommunen/konsulent*	
Godkjenning av planforslag	kommunen	April 2018

(Kommunestyret)		
Kunngjering av godkjent plan	kommunen	September - 2017

4 PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar

PlanID: 201250 «Kommuneplan arealdel for Herøy 2013-2025» – datert 30.10.2014 – er gjeldande for planområdet. Planområdet inngår der i området B27 avsett til bustadområde med krav om utarbeiding av reguleringsplan før bygging.

Figur 1 Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan – med planavgrensing

4.2 Gjeldande reguleringsplan

Planområdet er frå før uregulert med unnatak av avkøyrsla frå Fv10 som inngår i PlanID 199102 «Tarberg-Moltumyr». Den bebygde eigedomen gnr.60 bnr.398 er der regulert til offentleg park (!). Ein har difor vurdert utviding av plangrensa nordover mot formålsgrense fortau med tanke på omregulering frå park til bustad, men då dette truleg vil utløyse krav om ny politisk handsaming er det i denne omgang utelatt.

4.3 Tilgrensande planar

Mot nord grensar planområdet som nemnt til PlanID 199102 «Tarberg-Moltumyr». Utover dette er områda rundt plangrensa uregulert. Om lag 120m aust for planområde har kommunen sjølv regulert Myrabakken bustadfelt – planID 201312.



Figur 2 Tilgrensande reguleringsplan 1992102 Tarberg-Moltumyr og Myrabakken i aust.

4.4 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter. I tillegg er SVV sine handbøker nytta ved utforming av vegar og kryss. RPR for barn og unge er lagt til grunn for planarbeidet.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering

Lokalisering

Planområdet ligg på Moltustranda, Gurskøya i Herøy kommune - nærare bestemt på gnr.60 bnr.32 - Indre Moltumyr.



Figur 8 Oversiktskart med avmerkt planområde.

Avgrensing og storleik på planområdet

Planområdet utgjer om lag 14,3 daa, og er avgrensa som vist i kartutsnitt nedanfor.

Mot nord:	I NV mot regulert vegformål i planID 1992102, vidare langs plangrense mot denne planen. Deretter langs grensa mot 60/450, 129, 130 og 399.
Mot sør:	Om lag i teiggrensa mot bustadane 60/276,272,273,271,253 og 241. Vidare sørover langs Monsplassen opp til og langs nordlege grense av gbnr.60/50 og 60/123
Mot aust:	Om lag i teiggrensa mellom 60/32 og 60/450, 129, 33 og 276
Mot vest:	Følgjer i hovudsak grensa mot 60/8, 206 og 220.



Figur 9 Planavgrensing

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Planområdet er dels bebygt, dels dyrkamark og dels utmark. Vest for planområdet ligg ei stor open, dyrka mark, elles grensar planområdet til bustadtomter. Lengst nord ligg Fv10 og i sør den kommunale bustad-gata Monsplassen. Vest for Monsplassen ligg ei kommunal tomt som grendalaget etter avtale med kommunen har opparbeidd og nyttar som leikeplass. Innanfor planområdet er det fire eksisterande bustadar. Dette gjeld gbnr.60/458, 149, 32 og 398. Nokre av desse også med garasjer/uthus. Trasè for hovudvassleidninga og spillvassleidning går gjennom feltet – det same gjer ei steinsett veite og kablar.

Figur 10 Ortofoto av planområde og omgjevnader

5.3 Stadens karakter

Struktur/estetikk/byform/eksisterande bebyggelse

Eksisterande bebyggelse består hovudsakleg av frittliggande småhus/einebustader med frittståande garasjer - eldre bebyggelse nord for planområdet, noko nyare på sørsida. Den eldre bebyggelsen har gjerne innreidd loft i tillegg til hovudetasje og kjellar medan den nyare etter det vi kan sjå er utan innreidd loft og med relativt slak takvinkel. Etter det vi kan sjå har alle husa i området saltak med eitt unnatak med valm-tak. Fleire av husa har arker.

5.4 Landskap

Topografi og landskap

Planområdet ligg ved utløpet av U-dalen mellom fjella Veten (556moh) i vest og Storehanen (491moh) i aust. Terrenget fell naturleg mot Herøyfjorden i nord. Naturleg utsiktsretning er nordover ut fjorden mot Nerlandsøya, Bergsøya og Leinøya. Elles er dette eit typisk kystlandskap – ope og med flott utsikt i alle retningar.

Solforhold/lokalklima
Vedlagt følgjer sol/skuggeanalyse for området som syner soltilhøva ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni. Det er utarbeidd to analysar der nr.1 er overordna for heile Moltustranda. Nr.2 viser sol/skuggeverknad frå bebyggelse basert på ei utbygging i samsvar med illustrasjonsplanen og innanfor tillatne bygningshøgder og flate tak. *Ein poengterer igjen at illustrasjonar, herunder illustrasjonsplanen, ikkje er juridisk bindande og at val av bygningstypar o.a ikkje er gjort på dette stadiet.*

Som ein ser er Indre Moltumyr svært solrikt, og generelt har eksisterande bebyggelse veranda på nord- og vestside gjerne også med ein opparbeidd uteplass på sørsida. Beste soltilhøva vil naturleg vere på sør- og vestside av bygga, med beste utsikt mot nord.

Estetisk og kulturell verdi
Området har ingen registrerte estetisk eller kulturelle objekt, men ein er oppmoda om å – så lang mogleg – ta vare på steingarden langs sørlege grense av gbnr.60/38.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø
Ifølgje tilgjengelege kartbasar (www.kulturminnesok.no) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet, men som nevnt ovanfor ein steingard som det er ynskjeleg å bevare. Elles er det i samsvar med innspel frå fylkeskommunen gjennomført arkelogiske registreringar utan funn.

5.6 Naturverdiar
I følgje kartbasar som www.naturbase.no er det ikkje registrert artar av forvaltningsinteresse i eller ved planområdet.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde
Sjølve planområdet har etter det vi kjenner til ingen særleg verdi som rekreasjonsområde.

5.8 Landbruk
I følgje www.naturbase.no består hovuddelen av planområdet av overflatedyrka jord og open skrinn fastmark. Observasjonar i felt tilseier at vegetasjonen i området hovudsakleg består av torv og lyng.

5.9 Trafikkforhold
Avkøyrsle/tilkomst til planområdet
Planområdet får vegtilkomst frå to sider der vestre del av planområdet vert tilknytt Fv10 i eksisterande avkøyrsel, medan austre del får tilkomst frå vegen Monsplassen.

Vegsystem
I nord ligg Moltuvegen/Fv10, i sør den kommunale vegen Monsplassen som munnar ut i Nygjerdevegen i aust. Nygjerdevegen er hovudsamleveg for bustadfeltet og er opparbeidd med vegbreidde ca 4m. Vegen har blanda funksjon men er regulert med breiddeutviding og fortau heilt frå krysset med Monsplassen og ned til Fv10. Monsplassen er ei bustadgate/sekundærveg med fartshumpar og opparbeidd vegbreidde på ca 3m. Vegen har blanda funksjon.

Trafikkmengde
Årsdøgntrafikken for Fv10 forbi planområdet er ihht SVV sine kartbasar ca 350. Dei kommunale vegane har ein ikkje tal for, men vanleg praksis er å legge til grunn 3,5 bilpasseringar/døgn/bustad.

Ulykkessituasjon/trafikktryggleik for mjuke trafikantar
SVV har ingen registrert personskade ved sjølve planområdet, men i krysset Myrabakken/Fv10 var det i 2004 ei sykkelulukke og i 1998 påkøyrsel av eit barn som leika i vegbana. SVV opplyser at det går ein del tungtrafikk langs Fv10.

Kollektivtilbod
Det går buss langs Fv10 forbi planområdet.

5.10 Barn sine interesser

I enden av Monsplassen har grendalaget avtale om å disponere den kommunale tomta til leikeplass. Denne er opparbeidd og i bruk.

5.11 Sosial infrastruktur

Skulekapasitet

Moltu skule er fådelt (1-7 klasse), har god kapasitet og ligg ca 750m aust for planområdet.

Barnehagedekning

I krysset mellom Nygjerdevegen og Monsplassen – ca 250m frå planområdet - ligg Moltu barnehage. Denne er kommunal, pr. dato med ei avdeling og har god kapasitet.

Butikk

Ved krysset Fv10 og Nygjerdevegen ligg nærbutikken – om lag 500m frå plangrensa.

5.12 Universelt tilgjenge

Planområdet er ikkje universelt tilgjengeleg i dag.

5.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Området har vassforsyning frå privat vassverk – Moltustranda vassverk, og Herøy vasslag si hovudvass-leidning går også gjennom området. Ein viser her til VA-rammeplanen som er lagt ved som illustrasjon der også dimensjonar er påført iht. opplysningar frå Herøy vasslag.
I same trasè har Herøy kommune liggande ei spillvassleidning (160mm. PVC) som vert å knyte seg til. Når det gjeld avløp (spillvatn) er der mange ulike løysingar i området både private og felles herunder septik-tankar eller felles private avløpsleidningar. Ein antar likevel at eigedomar nær kommunal SPV-leidning er tilknytt denne. Kommunalt reinseanlegg er elles under planlegging nord for Fv10 og vil ta imot alt avløp frå busetnaden på Moltustranda når ferdig. I samband med arkeologisk kartlegging utarbeidde forslagsstillar ei skisse over rør, kablar og steinsette veiter i planområdet. Denne følgjer som illustrasjon, med atterhald om feil eller manglar.

Trafo

Mørenett har som høyringspart ikkje kome med innspel. Ein legg difor til grunn at straumforsyning til området er ivaretatt. I Myrabakken bustadfelt aust for planområdet finnast både høgspentlinje (22kV), trafokiosk og telekablar i luftspenn.

Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Planområdet er ikkje underlagt krav om tilknyting til fjernvarmenett.

5.14 Grunnforhold

Stabilitetsforhold

Planområdet ligg i sona for marine strandavsetningar.

Skredfare
NVE sine aktsemdkart syner at planområdet ligg utanfor aktsemdsona for snøskred.

5.15 Støyforhold
Fv10 har ein ÅDT på 350 og eksisterande bustadhus nærmast Fv10 ligg delvis i gul sone (Ldb 55-60). Planområdet ligg godt utanfor sona og er ikkje utsett for vegtrafikkstøy.

5.16 Luftforureining
Der er ingen kilder til luftforureining i området som utløyser behov for tiltak. Vegstøv frå Fv10 er vurdert til å ligge godt under grenseverdiane i «T-1520 retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging».

5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)
I følgje NVE sin kartbase består planområdet av marin strandavsetning som kan bety ustabile massar i grunnen. Myrabakken bustadfelt ca 120m aust for planområdet ligg i same sona og i reguleringssaka som kommunen sjølv utførte i 2015 vart det gjort vurderingar rundt stabilitet som kan gjerast gjeldande også for denne planen. Kommunen fekk stadfest frå NVE at det ikkje er særskild fare i dette området knytt til verken grunnforhold eller skred.

I kommunen si utgreiing viste ein m.a til synfaringar i området utan teikn til risiko, herunder synfaringar på gbnr.60/441 i samband med oppføring av ein garasje og samtalar med grunneigar.

Vi legg elles til ein uttale frå Einar Anda – tidlegare fylkesgeolog – i samband med planarbeid i Hareid kommune i 2012:
*«NGU sitt kvartærgeologiske kart viser **marint strandmateriale** i området. Denne jordarten er utvikla like etter siste istid med bølgevasking og sortering i strandsona. Dei finkorna partiklane er ført bort med bølgjer og straum, medan dei grove partiklane ligg att. Marint strandmateriale har normalt høg stabilitet. Fylkesmannen si grunngjeving er at det kan ligge ustabil marin leire under strandmaterialet, noko som er vanleg i område med store marine avsetningar (typisk for låglandet i Trøndelag og på Austkysten). Langs kysten av Møre og Romsdal, og særleg på Sunnmøre, finn ein knapt nok marin leire. Årsaken til dette er den låge marine grensa. Havet har ikkje sått særleg høgt etter den siste istida, kanskje 20 meter over denne lokaliteten som ligg 15-16m.o.h»*

Opparbeiding av Myrabakken bustadfelt er no godt i gang utan at der er registrert ustabile massar. I sum vurderer ein difor planområdet som trygt m.o.t stabilitet/grunnforhold, men tek likevel med i føresegnene at det skal utvisast varsemd og gjennomførast grundigare undersøkingar ved mistanke om ustabile massar.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader frittliggande småhus (BFS)	8,44
Leikeplass (BLK)	2,26
Sum areal denne kategori:	10,70
§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Annan veggrunn – grøntareal (SVG)	0,56
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	0,92
Gangveg/gangareal (SGG)	0,09
Køyreveg (SKV)	2,07
Sum areal denne kategori:	3,63
Totalt alle kategoriar:	14,33

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Bustader frittliggande småhus (BFS)
Det er sett av 6 delområde for frittliggande småhus – BFS1-6.

BFS1-3 kan samla byggast ut til maksimalt 13 bueiningar inkl. eksisterande busetnad grunna restriksjonar i høve avkøyrsla mot Fv10 der ein føreset ÅDT<50 i sekundærvegen f_SKV2. Bustadtypen kan være 2-manns, og/eller einebustadar som frittståande eller kjeda evnt. med sekundærhusvære.
BFS4 kan byggast ut med inntil tre einebustader som frittståande eller i kjede evnt. med sekundærhusvære.
BFS5 og 6 er allereie bebygt med einebustadar.
Til kvar bueining skal det opparbeidast to parkeringsplassar på eigen grunn, derav ein som overbygt i carport eller garasje.

Leikeplass (o_BLK1, f_BLK2-3)
Gnr.60 bnr.220 i enden av Monsplassen er kommunal og i kommunedelplanen vist som bustadområde. Grendalaget har avtale med kommunen om bruk av tomta til leikeplass, har opparbeidd den deretter og ønskjer å halde fram bruken. For å sikre juridisk vern av leikeplassen er den difor teken inn i planframlegget og regulert til offentleg leikeplass/kvartalsleikeplass o_BLK1.

I samsvar med kommuneplanen sin arealdel pkt.2.14 er det i tillegg sett av areal til nærleikeplassar slik at kvar bueining innanfor ein gangavstand på maks. 50m har tilgang:

F_BLK2 (700m2) er felles for BFS1-3 og gir ca 50m2 pr. bueining.
F_BLK3 (460m2) er felles for BFS4 og gir ca 150m2 pr. bueining.

Kvar leikeplass skal utstyrast med minst ei sandkasse, ein benk og eitt leikeapparat.

Annan veggrunn – tekniske anlegg (f_SVT og o_SVT)
Område langs køyrevegar avsett til grøft, snøopplag, autovern, terrengmur m.m.

Gangveg/gangareal (f_SGG) og o_SGS1 og 2
F_SSG: Privat/felles gangveg/gangareal felles for BFS1-3 som alternativ gangforbindelse austover til butikk, skule og barnehage.
O_SGS1 og 2: Offentleg gangveg langs Fv10.

Køyreveg (f_SKV1,f_SKV2, f_SKV3-4, o_SKV5 og o_SKV6)
F_SKV1 og 2 er regulert som fellesvegar, men med snuplassar og breidder i samsvar med kommunale krav til offentleg A1-veg for å sikre tilgjenge for liten lastebil, renovasjons- og utrykningskøyrety m.m.

f_SKV1 er opparbeidd fram til gnr.60 bnr.458, men må hevast og breiddeutvidast gjennom svingen for å møte kommunale krav om tilgjenge for utrykningskøyrety- herunder maksimal stigning 1:8. I følgje kommunen opnar dette for ei framtidig kommunal overtaking. Dei ynskjer difor framleis å eige veggrunnen. Med lenginga austover skal f_SKV1 tene som tilkomst til tre nye bustadar innanfor BFS4 i tillegg til eine-bustadane på gnr.60 bnr.143, 276 og 458 – altså totalt 6 bueiningar.
For å sikre nødvendig vegareal i svingen er det inngått avtale med grunneigarane på begge sider. For gnr.60 bnr.276 inneber avtalen m.a flytting av avkøyrsle til nordsida av tomta og for gnr.60 bnr.143 er det gjennomført makebyte med den kommunale tomta 60/220.

F_SKV2 kan forsyne maksimalt 14 bueiningar (inkl. gnr.60 bnr.398) utfrå grensa på ÅDT50 som er ein premiss i dimensjonering av frisikt mot Fv10. Elles får vegen maksimal stigning 1:10 og vegbreidder iht. A1-krava. I enden er avkøyrsla mot f_SKV3 dimensjonert som snuplass som opnar for evt. kommunal overtaking.

F_SKV3-4 regulerast som private felles avkøyrsler med breidder i samsvar med kommunal rettleiar pkt.2.4.

O_SKV5 (lenging av Monsplassen) er offentleg og regulert i samsvar med krav til A1-veg (pkt.2.1)

O_SKV6 er offentleg veg, del av Fv10 som ligg innanfor planområdet og må sjåast i samanheng med kryss til f_SKV2. Frisiktlinjer og utforminga av krysset elles er gjort i henhald til vegnormalen N100 etter dialog med statens vegvesen.

6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

Plassering og bygningshøgde
Bygningar skal plasserast innanfor byggjegrenser og med høgder som framgår av føresegner og plankart. Av omsyn til utsikt frå bustadrekka bak, er det for BFS1, 4 og 5 angitt maksimalt tillatt kote for møne/gesims på plankart og i føresegner. Utgangspunktet her er innmålt mønehøgd på gnr.60 bnr.458 (c+30,0) og innmålt veranda-dekke (c+30,3) på bustaden bak (gnr.60 bnr.273). Dette gjev ein differanse på 30cm som er lagt til grunn for resten av bakre tomterekke slik at alle bustadar bak feltet er sikra ein differanse på 30cm mellom den enkelte bustad sitt verandadekke og maks. tillatt møne-/gesimshøgd på bustaden som kjem framføre. Ein viser her til vedlagte terrengsnitt som illustrerer dette og understrekar (igjen) at bustadtype ikkje er valt og at illustrasjonar kun viser prinsippet.

For BFS1,4 og 5 er maksimal møne-/gesimshøgd låst i plan og føresegner med koter.
For BFS2,3 og 6 skal bustadbygg ha ei møne-/gesimshøgd som ikkje overstig 8,5m i høve gjennomsnittleg planert terreng.
For frittståande carportar/garasjer er maks. møne-/gesimshøgd satt til 4,5m.

Grad av utnytting (%-BYA)
For delfelta er det etter avtale med kommunen lagt til grunn slik grad av utnytting:
BFS1-3: %-BYA=40%.
BFS3-6: %-BYA=35%.
Parkeringsplassar skal inngå i berekning av utnyttingsgrad.

Antal bueiningar/fordeling
Innanfor plangrensa kan det oppførast følgjande:

BFS1:	Maks. 4 bueiningar som 2-manns og/eller einebustad som frittståande eller i kjede evnt. med sekundærhusvære.
BFS2:	Maks. 4 bueiningar som 2-manns og/eller einebustad som frittståande eller i kjede evnt. med sekundærhusvære.
BFS3:	Maks. 5 bueiningar som 2-manns og/eller einebustad som frittståande eller i kjede evnt. med sekundærhusvære.
BFS4:	Maks. 3 bueiningar som frittståande eller kjeda einebustad evnt. med sekundærhusvære.
BFS5:	Maks. 1 bueining som einebustad evnt. med sekundærhusvære (bebygt).

BFS6: Maks. 1 bueining som einebustad evnt. med sekundærhusvære (bebygt).

Innanfor BFS1-3 kan det maksimalt etablerast 13 bueiningar.

6.4 Bumiljø/bukvalitet

Barn og unge
Innanfor planområdet er det sett av tre leikeplassar. o_BLK1 er oppparbeidd av grendalaget på kommunal tomt og blir no regulert til offentleg leikeplass. F_BLK2 og 3 er felles nærleikeplassar for planområdet slik at alle bueiningar får tilgang til nærleikeplass innan ein gangavstand på maksimalt 50m. Leikeplassar opparbeidast med minst ein benk, ei sandkasse og noko fast dekke. Vidare er det lagt til grunn minste breidde 10m, største stigning 1:3 og mist 50m2 pr.bueining i samsvar med gjeldande krav. Opparbeiding og krav til utstyr er nedfelt som rekkefølgjekrav i føresegnene.

Sol-/skuggeanalyse
Vedlagte sol/skuggeanalyser syner soltilhøva ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni. Det er utarbeidd to analysar der nr.1 viser soltilhøva for heile Moltustranda inkl. planområdet. Nr.2 viser korleis sol- og skuggeverknader kan bli basert på ei mogleg utbygging av feltet. Denne analysen byggjer på vedlagte illustrasjonsplan og bygningar med flate tak og maks. tillatt møne-/gesimshøgd slik nedfelt i føresegnene. M.o.t skuggeveknad er flate tak å rekne som eit «worst-case» og difor naturleg å legge til grunn sidan planframlegget opnar for slik takform.

Som ein ser er Indre Moltumyr svært solrikt, og ulemper m.o.t sol/skugge på naboeigedomar nærmast fråverande.

Generelt har eksisterande bebyggelse veranda på nord- og vestside, og gjerne også opparbeidd uteplass på sørsida. Beste soltilhøva vil naturleg vere på sør- og vestside av bygga, med beste utsikt mot nord.

6.5 Parkering

Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar
Til kvar bueining skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar på eigen grunn – derav ein overdekt i carport eller garasje.

6.6 Tilknyting til infrastruktur

Vatn og avløp
Gjennom f_BLK2 og vidare nordover gjennom Fv10 går det rør for vatn og spillvatn. Det er privat vassverk i området, og både Herøy vasslag si hovudleidning, Moltustranda vassverk si fordelingsleidning og Herøy kommune si spillvassleidning går gjennom området.
Det er difor lagt til grunn at bustader innanfor BFS1-3 knyter seg til vassverket og kommunen sine leidningar i prinsippet slik vedlagte VA-rammeplan syner.
Dersom ein oppnår avtale med grunneigarar om kryssing av teig og/eller sambruk av leidningar kan tilknytingane gjerast annleis, men prinsippet om tilknyting til offentleg avløp og vassverket si 110mm PVC-leidning står fast.

Som rammeplanen viser vil det bli nødvendig med ei mindre omlegging av den kommunale SPV-leidninga slik at denne vert flytta inn i den same traseen som vassleidningane i området regulert til leikeplass.

6.7 Trafikkløysing

Køyretilkomst
Det er lagt til grunn køyretilkomst til BFS1-3 via f_SKV2 til eit nytt kryss til Fv10 vest for gnr.60 bnr.398. BFS4-6 får tilkomst frå den kommunale bustadgata Monsplassen like sør for feltet.

Utforming av vegar
F_SKV1 og 2 opparbeidast som fellesvegar, men med standard som for A1-veg. f_SKV3/f_SKV4 opparbeidast som privat felles avkøyrsle og o_SKV5 som offentleg A1-veg iht. kommunal rettleiar.

Stigningsforhold
Lengdeprofil for dei ulike vegane er vedlagt. Utfrå gjeldande forhold oppnår ein ikkje kommunale krav til stigning for f_SKV1. Sidan vegen skal betene berre eit fåtal eigedomar har kommunen akseptert 1:8 som maks. stigning under føresetnad av at vegen elles dimensjonerast for utrykningskøyrety. Vegen er difor regulert som felles for tilknytte eigedomar, men med breidder som ein A1-veg og med snuplass i enden. Dette opnar i følgje kommunen for evt. kommunal overtaking ved eit seinare høve.
Også f_SKV2 er regulert som felles, men med breidder som ein A1-veg og snuplass i enden. Utforming etter vegnormalen N100 «Kryss».

Frisikt
SVV har vore kritisk til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle mot Fv10 og kravd opparbeiding av regulert fortau langs Fv10 før utbygging av BFS1-3. Verken SVV eller kommunen ser føre seg ei snarleg gjennomføring av dette og evt. opparbeidinga vil difor måtte forskotterast av utbyggjar. Kostnadane med dette vil stoppe prosjektet, så i møte med SVV vart ein utfordra på å vurdere alternative tilkomstar og helst sjå planen i samanheng med eigedomen på vestsida. Dette er vurdert, og løysinga som er akseptert er det no innteikna krysset mellom f_SKV2 og o_SKV6 (Fv10).

Mjuke trafikantar
Sjølv om frisikta er ivaretatt, opprettheld SVV sitt krav om opparbeiding av fortau då ein fryktar at utvida bruk vil tilføre fleire mjuke trafikantar langs Fv10. Ein vart difor i ein samtale med SVV sin sakshandsamar utfordra på å finne gode alternativ for mjuke trafikantar, slik at dei kjem seg austover mot skule, barnehage og butikk utan å måtte gå langs Fv10. Dette meiner vi å ha funne ei god løysing på ved å regulere inn ein gangsti langs leikeplassen f_BLK2 sørover mot kommunal veg gjennom Monsplassen. På denne måten kan dei gåande nytte det same vegnettet austover som resten av bustadområdet på Moltu.

Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold
Alle vegar – unntatt o_SKV5 - regulerast som felles for bustadane innanfor plangrensa. O_SKV5 er offentleg og ei lenging av vegen Monsplassen. Herøy kommune ønskjer framleis å eige grunnen der f_SKV1 vert opparbeidd.

6.8 Planlagde offentlege anlegg
Ingen.

6.9 Miljøoppfølging
Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane.

6.10 Universell utforming
Krav:
Bygningar og uteareal opparbeidast i samsvar med gjeldande reglar og der alle bustaden sine hovudfunksjonar ligg på inngangsplanet skal krava til tilgjengeleg bueining gjerast gjeldande – jfr. Tek10.

Løysing:
Avheng av valt bustadtype – avklarast i byggjesak.

6.11 Uteopphaldsareal
Privat og felles uteopphaldsareal
I samsvar med kommuneplanen er det sett av min.50m2 til nærleikeplass innanfor ein avstand på 50m frå kvar bustad.

Leikeplassar/grunngjeving for evnt. avvik frå vedtekter/normer.
Ingen avvik.

Tilkomst og tilgjenge

Leikeplassane er organisert slik at dei kan nåast trygt av små barn utan å krysse trafikkareal.

Sesongbruk
Både storleik og form på leikeplassane gjev etter vårt syn rom for god og variert leik til alle årstider og for alle brukarar. F_BLK2 har ei form som gjer den eigna til akebakke.

Andre uteopphaldsareal
Øvrig uteareal opparbeidast på eigen tomt tilpassa aktuell bustadtype – primært mot sør og vest.

Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav
Rekkefølgjekrav vedr. opparbeiding av leikeplassar framgår av føresegnene.

6.12 Landbruksfaglege vurderingar
Reguleringsformålet er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Ein føreset at landbruksfaglege vurderingar vart gjort i samband med kommuneplanarbeidet.

6.13 Kulturminne
Inga endring som følgje av plan.

6.14 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett
Vedlagt VA-rammeplan som prinsippavklaring. Det utarbeidast plan for VA i samband med byggjesak.

6.15 Avbøtande tiltak/løysingar ROS
Ingen.

6.16 Rekkefølgjekrav
Vegar og leikeplassar skal vere opparbeidde før det vert gjeve bruksløyve for bygningane.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar
Planframlegget er i hovudsak i samsvar med overordna plan både m.o.t formål og utstrekning. Unntaket er leikeplassen som grendalaget har opparbeidd i enden av Monsplassen (gbnr.60/220) som er lagt ut til bustadområde i kommuneplanen. Denne blir no regulert til offentleg leikeplass i samsvar med faktisk bruk.

7.2 Landskap og omgjevnader
Nedbygging av ubebygt areal vil nødvendigvis endre landskapet sin karakter. Det er imidlertid lagt til rette kun for småhusbebyggelse med begrensa bygningshøgde som både ivaretek omsynet til utsikt frå bygningar bak og hindrar oppføring av bygg som verkar dominerande i høve omgjevnadane.

7.3 Staden sin karakter
Området rundt er i stor grad bebygt med einebustader og planframlegget representerer såleis ei naturleg fortetting av eit etablert bustadområde.

7.4 Estetikk
Omsynet til estetikk skal ivaretakast og synleggjerast i den enkelte byggjesaka.

7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi
Inga endring som følgje av plan. Det er ikkje registert verneverdige kulturminne i området, men delar av steingarden langs f_SKV1 vil truleg gå tapt grunna behov for utviding og heving av vegen.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Utfrå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

Regulering av opparbeidd leikeplass i enden av Monsplassen gjev denne eit juridisk vern og sikrar vidare bruk. I tillegg er det regulert inn to nærleikeplassar som ivaretek særleg dei minste barna sine behov. Elles er området utanfor plangrensa rikt på rekreasjonsmoglegheiter som t.d fjellturar og fiske.

7.8 Trafikkforhold

Vegforhold

BFS1-3 får køyretilkomst via eksisterande avkøyrsle frå Fv10 – med noko oppgradering/ breidde-utviding. BFS4-6 får tilkomst frå den kommunale bustadgata Monsplassen like sør for feltet.

Trafikkauke/-reduksjon/-tryggleik

Som omtalt framanfor vert vestre del av planområdet tilknytt Fv10 i eksisterande avkøyrsle vest for 60/398. Ein føresetnad for utvida bruk er at talet på tilknytte bueiningar ikkje overstig 14 som tilsvarar ein ÅDT på 50. Fv10 har i dag ein ÅDT på 350. Under føresetnad av maks 14 bueiningar er det dokumentert at krava til frisikt er ivaretatt i avkøyrsla og som alternativ for mjuke trafikantar er det regulert inn ein gangsti sørover mot kommunalt vegnett. Med dette er det ingen som treng å gå langs Fv10.
Innanfor BFS4 er det høve til opparbeiding av maksimalt tre einebustader evnt. med utleigedel. Desse får tilkomst via den kommunale bustadgata Monsplassen. F_SKV1 gjev i tillegg tilkomst til tre eksisterande einebustadar. I sum gjev dette ein marginal trafikkauke langs kommunale vegar.

7.9 Sosial infrastruktur

Busetjing av barnefamiliar vil kunne styrke driftsgrunnlaget for både barnehage, skule og nærbutikk.

7.10 Universell tilgjengeligheit

Ved utbygging vil relevante krav m.o.t tilgjengeleg bueining bli gjort gjeldande.

7.11 Energibehov – energibruk

Det leggast til grunn bruk av elektrisk oppvarming (panelovn/varmepumpe etc.) kombinert med vedfyring.

7.12 ROS

Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?

Nei.

7.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Ny busetnad knytast til stamma som går gjennom f_BLK2 – jfr. VA-rammeplan. Ein føreset at leidningane har nødvendig kapasitet. Dimensjonering og plassering av leidningar og kummar – herunder evt. brannkum – avklarast i samråd med Herøy kommune og Moltustranda vassverk i prosjekteringsfasen.

7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen kjende økonomiske konsekvensar for kommunen som følgje av utbygginga utover drift og vedlikehald av kommunal veg ved evt. kommunal overtaking.

7.15 Konsekvensar for næringsinteresser

Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for næringsinteresser utover at auka busetnad vil kunne styrke drifts-grunnlaget for både skule, barnehage og nærbutikk.

7.16 Interessemotsetnader/konflikttema

Ein registrerer med undring at planarbeidet allereie før varsling utløyste uvanleg sterk aversjon hos enkelte i

nabolaget. Av merknadane ser ein at desse enkeltpersonane har fått med seg fleire i det som framstår nærmast som ein kampanje mot både konsulent, forslagsstillar og Herøy kommune. Vi noterer oss også at nokre av dokumenta inneheld konspiratoriske skuldingar av til dels injurierande karakter. Som planfagleg konsulent må ein imidlertid kommentere alle innspel på ein sakleg måte. Det er å håpe at ein har lukkast.

Mange av argumenta går igjen i fleire innspel og ber preg av manglande kunnskap om planprosessen, kombinert med misforståelsar og feiltolkningar av dokument i saka. Vi ser m.a at eit vedlegg til referat frå oppstartsmøtet er blitt tillagt feil betydning. Vedlegget viser eit utkast til plankart utarbeidd av kommunen i 2013 som ein ikkje gjekk vidare med men som kommunen nytta som underlag/kladd/notatblokk i møtet. I referatet viser ein til desse notatane som dermed måtte følgje med ved varsel om oppstart. Det synest imidlertid som at dette vedlegget er blitt oppfatta som «vårt» plankart og sidan kartet ikkje samsvarar med politiske vedtak har påstanden om feil sakshandsaming kome opp.

Forutan det som framstår som ein generell motstand mot nyetablering, er det 3 konflikttema som utmerkar seg.

1) Utsikt
   Frå bustadrekka bak/sør for feltet er det bekymring for å misse utsikt. Her er det difor gjort eit grundig arbeid med å måle inn verandahøgdene samt møne- og gesimshøgd på bustaden på 60/458 framfor 60/273. Ein har så lagt til grunn at ingen av bustadane i rekka skal bli påført større utsiktstap enn bustaden bak 60/458. Basert på dette er det sett krav til maksimal møne- og gesimshøgd for nye bustader i reguleringsføresegnene.
2) Trafikkbelastning/vegsystem Monsplassen
   Ein teori som har utvikla seg er at SVV vil nekte tilknyting mot Fv10 og at utbyggar då har til hensikt å føre all trafikk frå feltet oppover mot Monsplassen. Dette sjølv om alle dokument i saka seier noko anna. Så vert det hevda at Monsplassen i realiteten vil få tilført meirtrafikk tilsvarande ÅDT=240 som igjen tilsvarer 68 bueiningar. Sett i lys av dette kan ein forstå uroa, men når realiteten er 3 bueiningar og ein auke i ÅDT på ca 11 er det etter vårt syn liten grunn til uro verken av omsyn til trafikktryggleik eller vegoverbygninga. Ein kan også legge til at tilkomstvegen til 60/458 vil bli vesentleg oppgradert både m.o.t breidde og stigning, og blir også opparbeidd med snuplass.
3) Trafikkbelastning/vegsystem Fv10
   Størstedelen av feltet er planlagt med tilknyting til Fv10 via eksisterande avkøyrsle vest for 60/398. SVV er kritiske til dette då dei fryktar tilførsel av fleire mjuke trafikantar mot Fv10. Her har ein på oppfordring funne eit godt alternativ for gåande å kome seg austover mot butikk, skule og barne-hage.

7.17 Avveging av verknader

Ein har i planframlegget teke vesentlege omsyn til innspela som er komne både når det gjeld utsikt og trafikale forhold. I høve opprinnelege planar er talet på bueiningar redusert og låst i høgd slik at utsiktstap frå bustadar bak er minimert. I tillegg er det meste av feltet tilknytt Fv10 og ikkje det kommunale vegnettet som er hevda å ha for dårleg standard til særleg meir trafikk.
Overfor SVV er det dokumentert at med eit øvre tak på 14 tilknytte bueiningar stettar avkøyrsla krav til frisikt nedfelt i SVV sine vegnormalar. Ein har i planframlegget også lagt til rette for at gåande skal ha eit betre alternativ enn langs Fv10 austover mot skule og nærbutikk.

Etter vår vurdering finnast det difor ikkje argument som talar i mot at området kan byggast ut innanfor dei rammene som planframlegget set.

8 KONSEKVENSUTGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL TIL SØKNAD OM PLANOPPSTART

I samband med søknad om oppstart av planarbeid kom det inn 4 innspel til kommunen. Desse er oversendt for kommentar og i si heilheit vedlagt.

9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

9.1.1 Innspel 1: Oppsitjarar Moltu (datert 04.05.2015)

Oppsummering av merknad:
Ser føre seg at ei utbygging med 15 bueiningar vil generere ein auke i ÅDT for vegane Monsplassen, Myrabakken, Nygjerdet på ca 240 og at vegane ikkje er dimensjonert for dette eller anleggstrafikken. Spør kven som skal betale reparasjon av vegane etter anleggsperioden. Påpeikar at vegane manglar gangfelt, og ikkje er godt nok opplyst og at trafikken vil kome i konflikt med barnehage/leikeplass. Viser til at vegen vert brukt som skuleveg også for barn som kjem frå ytre/øvre del av bygda pga trafikken langs Fv10. Stiller krav om gangfelt langs Monsplassen/Nygjerdevegen og tettare belysning. Varslar krav om erstatning for verditap langs vegane. Viser til at steingarden må vernast. Stiller seg uforståande til val av tilkomst når det finnast kortare og flatare tilkomst frå Fv10. Krev at kommune kjem på synfaring og at tilkomst må etablerast frå Fv10. Avsluttar med å påpeike at feltet vil kome i konkurranse med det kommunale bustadfeltet like ved, at overskot på tomter vil gje verditap på eksisterande eigedomar.

Kommentar:

- *Planframlegget har delt tilkomst med inntil 14 bueiningar frå Fv10 og 6 (inkl. 3 eksisterande) frå Monsplassen. Dette genererer hhv. ÅDT=50 og ÅDT=12.*
- *Vegar med breidde som Monsplassen er iht. Herøy kommune sin rettleiar dimensjonert for inntil 50 bueiningar. Etter det vi kan sjå av www.sunnmorskart.no er det pr. dato tilknytt ca 30 bueiningar + barnehagen. Med tre ekstra einebustadar evnt. med sokkelhusvære vil ein framleis ligge innanfor.*
- *Steingarden nord for gbnr.60/276 er ikkje registrert som kulturminne, men vil likevel bli bevart så langt praktisk mogleg.*
- *Val av tilkomst er gjort utfrå moglege alternativ og vi deler ikkje synet på at tilkomst frå Fv10 er flat.*
- *Når det gjeld konkurranseaspektet i høve kommunale felt og potensielt verditap på eksisterande eigedomar viser vi utan yttarlegare kommentar til kommuneplanen som opnar for bustadbygging både på gbnr.60/32 og i eit langt vidare omfang. Det er dermed eit politisk ønske om bustadbygging i relativt stort omfang på Indre Moltu. .*

9.1.2 Innspel 2: Oppsitjarar Moltu (datert 04.05.2015)

Same ordlyd som i 9.1.1, men med fleire underskrifter. Sjå difor kommentar ovanfor.

9.1.3 Innspel 3: Herøy Vasslag (datert 24.04.2015)

Gjer merksam på at hovudvassleidninga til Herøy vasslag går gjennom det omsøkte området og at der er krav om avstand frå den til faste konstruksjonar.
Kommentar:
Iht. Herøy Vasslag sitt reglement pkt. 3.4 er avstandskravet mellom vassleidning og bebyggelse minst 4m. Avstandskravet er sikra ved bruk av byggjegrense og evt. behov for omlegging vil skje i samråd med vasslaget.

9.1.4 Innspel 4: Harald Sydhagen m.fl (datert 27.04.2015)

Protesterer mot tenkt veg til privat bustadfelt til familien Truelsen og ber om kontaktinfo til saksbehandlar.

Kommentar:
Viser til øvrige merknader frå H.Sydhagen i saka.

10 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART

I samband med varsel om oppstart kom det inn xx innspel. Desse er i si heilheit vedlagt med kommenterte utdrag nedanfor:

10.1 Innspel (samandrag med kommentar)

10.1.1 Innspel 5: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 29.12.2015)

Barn og unge:
Viser til krav m.o.t felles opphald og leik og at det må opparbeidast rekkefølgjekrav i føresegnene der opparbeiding er knytt til ferdigattest for første bueining.
Viser til utformingskrav i rundskriv T-2/08 og varslar motsegn om ikkje planframlegget tek tilstrekkjeleg omsyn til barn og unge sine interesser.
Automatisk freda kulturminne
Området har potensiale for funn og må kartleggjast.

Kommentar:
Barn og unge: Det er sett av tre område til leikeplass, herunder ein offentleg og to felles nærleikeplassar. Utformingskrava er innfridde og det er teke inn rekkefølgjekrav i samsvar med merknad.
Automatisk freda kulturminne: Det er gjennomført arkeologiske undersøkingar utan funn. Jfr. vedlegg.

10.1.2 Innspel 6: Harald Sydhagen (datert 23.11.2015)

Etterlyser varslingsbrev også til dei som grensar til vegen Monsplassen sidan dette er ei stor utbygging. Etter karta (vedlagt) å dømme er tilknytinga til Fv10 sløyfa utan at planområdet er minske tilsvarande som då betyr at utbyggar har tenkt å nytte Monsplassen som tilkomstveg til heile det planlagde byggefeltet. Viser til vedtak i FS95/15. meiner at utbyggar prøver å omgå vedtaket i FS95/15 ved å kome med tilsynelatande mindre planar men som det no viser seg aldri har hatt planar om tilknyting frå Fv10 eller har tenkt å redusere utbygginga. Forstår ikkje korleis utbyggar kan ta seg til rett, omgå kommunalt vedtak og sende ut varsel til naboar som heilt tydeleg ikkje samsvarar med vedtaket i FS196/15 eller FS95/15 utan at kommunen reagerer og stoppar all planlegging. Har ikkje tillit til planavdelinga og sakshandsamar. Det er heller ikkje sendt kopi av brevet til utbyggar.

Kommentar:
- *Utvida varsling datert 01.12.2015 vart utsendt (vedlegg). Sydhagen fekk utvida frist – 31.12.2015.*
- *Påstanden om at utbyggar forsøker å omgå politiske vedtak får stå som ein feilaktig og injurierande påstand som kunne vore unngått dersom ein sette seg betre inn i saka.*
- *I 2013 utarbeidde Herøy kommune eit forslag til plankart som dei av ulike grunnar ikkje gjekk vidare med. Dette plankartet vart nytta som skisse/kladd i oppstartsmøtet og påført ein del kommentarar som det også vert vist til i referatet. Av den grunn var det nødvendig at kladden følgde som vedlegg til referatet ved varsel om oppstart.*
- *At klagar ignorerer situasjonsplanen og det som står beskrive i tekst, og vel å legge til grunn denne kladden frå oppstartsmøtet som «fasit» på utbygginga stiller vi oss undrande til.*

10.1.3 Innspel 7: Harald Sydhagen (datert 19.12.2015)

a) Plankartet vedlagt varsel om oppstart er ikkje i samsvar med plankartet vedlagt revidert søknad om planoppstart datert 15.10.2015 og som ligg til grunn for vedtaket i F-sak 196/15. Der var det innteikna veg frå Fv10 til nordvestre del av feltet, noko som ikkje er innteikna på plankartet som følgjer nabovarselet. Dette plankartet vil resultere i auka trafikk gjennom Monsplassen.
b) Understrekar at det må vere samsvar mellom reguleringsplan og politiske vedtak.
c) Begge plankarta – både det som kommunen tilsendt 15.10.2015 og det som låg ved nabovarselet viser at det vil vere enkelt å bruke vegen gjennom Monsplassen for heile feltet. Ei slik løysing vart avvist i F-sak 95/15.
d) Dersom vegen gjennom Monsplassen skal godkjennast som tilkomstveg må det vere i samsvar med vedtaket i F-sak 196/15; «tre einebustader med utleigedel/hybel»
e) Stiller spørsmål ved kvifor leikeplassen på gbnr.60/220 er med og viser til avtale som grendalaget har med Herøy kommune vedr. bruk som leikeplass.

Kommentar:
a) Det aktuelle plankartet er som omtalt ovanfor altså eit utkast utarbeidd av kommunen sjølv i 2013 (før dette prosjektet starta opp) men som vart brukt som underlag i oppstartsmøtet og påført

diverse notatar. I kommunen sitt referat – som alltid skal følgje varsel om oppstart av planarbeid – vart dette kartet med som eit vedlegg og har på merkeleg vis blitt oppfatta som «fasit» med all trafikk frå feltet ført gjennom Monsplassen. Dette er sjølvsagt ikkje intensjonen, og som ein vil sjå er det ferdige plankartet nærmast identisk med illustrasjonsplanen som følgde varslinga der vestre del av planområdet får tilkomst frå Fv10 og berre tre nye eine-bustader får tilkomst frå Monsplassen.

b) *Viser til punktet ovanfor og legg til at det ikkje er vanleg å utarbeide plankart før ein varslar oppstart av planarbeid. Heile bakgrunnen for slik varsling er å sanke inn synspunkt som ein så forsøker ta omsyn til i det førestående planarbeidet - herunder utarbeiding av plankart.*
c) *Som vist både i situasjonsplanen som følgde varslinga, og det endelege plankartet her er det ingen vegforbindelse mellom vestre del av feltet og Monsplassen. Avkøyrsleplassering til kvar enkelt tomt er dessutan vist med pilsymbol på plankartet. Desse pilene er juridisk bindande og låser kvar ifrå eigedomen skal ha tilkomst. Som ein ser av plankartet er det kun dei tre tomtene lengst aust som – i tillegg til tre eksisterande einebustadar langs vegen - kan opparbeidast med tilkomst frå Mons-plassen. Dei øvrige må tilknytast Fv10.*
d) *Jfr. punktet ovanfor. Kun tre einbustader med utleigedel/hybel vert tilknytt Monsplassen.- i samsvar med vedtak i F-sak 196/15.*
e) *Leikeplassen er teken inn i planen for å gje den eit juridisk vern som leikeplass då den i gjeldande kommuneplan er utlagt til bustadområde. Leikeplassen skal bestå og er difor no regulert i samsvar med faktisk bruk som offentleg leikeplass.*

10.1.4 Innspel 8: Harald Sydhagen (datert 19.12.2015)

a) Viser til e-post av 26.11.2015 med lovnad frå konsulenten om å sende ut varsling om planoppstart i eit utvida område. Har ikkje mottat slikt varsel og krev utvida høyringsfrist.

Kommentar:

- *Utvida varsling datert 01.12.2015 vart utsendt. Sydhagen fekk utvida frist – 31.12.2015.*

10.1.5 Innspel 9: Harald Sydhagen (datert 19.12.2015)

a) Viser til at plankartet på siste side i nabovarselet ikkje er i samsvar med plankartet som låg ved revidert søknad om oppstart av planarbeidet og som ligg til grunn for vedtaket i F-sak 196/15. Der er det teikna inn tilkomstveg for nordvestre del av feltet via Fv10. Dette er ikkje innteikna på plankartet som ligg ved nabovarselet (vedlagt)
b) Plankartet vi har fått tilsendt vil gje auka trafikk gjennom Monsplassen byggefelt.
c) Det må vere samsvar mellom reguleringsplan og politisk vedtak.
d) Begge plankarta, det kommunen fekk tilsendt 15.10.2015 og det som låg ved nabovarselet viser at det vil vere enkelt å bruke vegen gjennom Monsplassen byggefelt til heile det private feltet. Ei løysing som F-skapet samrøystes gjekk i mot i F-sak 95/15.
e) Vegen gjennom Monsplassen er ikkje dimensjonert for stor trafikkauke og det er ikkje forsvarleg med mykje tungtrafikk gjennom eit etablert bustadfelt i byggeperioden. Viser til at Monsplassen sin leikeplass ligg tett inntil vegen.
f) Ved Moltu barnehage er ein trafikkfarleg bakketopp. Ved avlevering/henting av borna vil det ikkje vere forsvarleg med passering av tungtrafikk.
g) Dersom vegen gjennom Monsplassen skal godkjennast som tilkomstveg, må det være i samsvar med vedtaket i F-sak 196/15; «tre einebustader med utleigedel/hybel»
h) Stiller spørsmål ved kvifor leikeplassen på gbnr.60/220 er med. Kva er planen med dette? Opplyser om at Herøy kommune har gitt grendalaget bruksrett som ikkje kan overdragast til andre utan eit nytt vedtak i kommunestyret.

Kommentar:

a) Igjen vert det vist til skissa det vart kladda på i oppstartsmøtet. Jfr. tidlegare kommentarar. Legg også til at det til søknad om planoppstart følgde med ein situasjonsplan for å illustrere prinsippa vi ønskte å arbeide vidare med – altså ikkje noko plankart. Denne situasjonsplanen viste tilkomst frå Fv10.
b) Viser til ovanståande.
c) Ja, og det er det.

d) Jfr. kommentar ovanfor herunder skilnaden på plankart og situasjonsplan. Det er ingen vegforbindelse mellom vestre del av planområdet og Monsplassen – og dermed heller ikkje mogleg å gje tilkomst til heile feltet frå Monsplassen.
e) Det blir ingen stor trafikkauke gjennom Monsplassen. I byggeperioden vil det bli litt tungtrafikk, men ikkje utover det som må forventast og som vegen er dimensjonert for å tole.
f) Jfr. punktet ovanfor. Det er snakk om ei begrensa utbygging av tre einebustader og ein vegstubbe.
g) Planframlegget er på alle punkt i samsvar med vedtaket i F-sak 196/15 – tre einebustader med utleigedel/hybel.
h) Som omtalt i førre innspel er leikeplassen teken inn i planen for å gje den eit juridisk vern som leikeplass då den i gjeldande kommuneplan er utlagt til bustadområde. Leikeplassen skal bestå og er difor no regulert i samsvar med faktisk bruk som offentleg leikeplass.

10.1.6 Innspel 10: Berit Ann Lillestøl og Fred Hansen (datert 20.12.2015)

Om lag likelydande med pkt.a-d ovanfor – sjå difor samandrag og kommentar der.
Har følgjande tilleggskommentar:

a) Husa må byggast i trappetrinnsmønster då terrenget fell ned mot fjorden. Krev difor at grunnplanet for husa i øvste rekke ikkje må ligge høgare enn på kote +23 moh. Husa nedanfor må ligge tilsvarande lågare i terrenget.
b) Krev også at det kun vert bygt ein-etasjes hus med takvinkel 18 grader og mønetak. Ved takvinkel over 18 grader må grunnplanet for husa senkast.
c) Mønetoppen på dei andre husa i øvste rekke må vere lågare enn det som er bygt på gbnr.60/458.
d) Kritiserer også plankonsulenten for ikkje å spele på lag med innbyggjarane i Monsplassen som blir berørte, gjennom informasjon om utbygginga i forkant. Vi opplever at dette blir «tredd nedover oss» og er med på å øydeleggje eit heilt bustadfelt.
e) Det blir også sagt at ein vil tilby rimelege bustadar for unge og eldre, men slik vi ser det er utbyggjar kun ute etter å få flest mogleg bueiningar på minst mogleg areal på bekostning av eksisterande bustadar.
f) Ber om konsekvensanalyse for eksisterande bustadar – med det alternativet som ligg i plankartet.

Kommentar:

a) Bygningar må tilpassast terrenget, så vestre del (BFS1-3) er planlagt med avtrapping slik skissert og med høgdebegrensingar som i stor grad kjem merknaden i møte. Som omtalt framanfor er det foretatt innmåling av topp veranda for alle bustadane sør for f_SKV1 samt møne- og gesimshøgd på 60/458. Ein fann då at møne på 60/458 ligg 30cm lavare enn verandadekke på bustaden bak (60/273). Tilsvarande er det sett maks. kotehøgd for møne på resten av bygningane i bakre rekke i forhold til nivå på verandadekke til bustaden bak. Sidan både terreng- og verandanivå stig mot aust kan det tillatast høgare mønehøgd dess lenger aust ein kjem. Tilsvarande vil nivået gå ned mot vest. Dette inneber at tillatt mønehøgd innanfor BFS1 vil ligge ca 1m lavare enn mønehøgda på 60/458. Ein viser til vedlagte snitt som illustrerer dette. .
b) Ved innføring av maksimal mønehøgd, er omsynet til utsikt frå bygningar bak etter vår vurdering sikra på beste måte. Vi ser difor ikkje behov for yttarlegare regulering av etasjetal, takvinkel, takform etc. Det må t.d vere høve til oppføring av bygningar med flat takform så lenge kravet til maksimal møne-/gesimshøgd er innfridd.
c) Jfr. punkt a)
d) Planarbeidet er varsla på vanleg måte og i samsvar med regelverket ved varslingsbrev til naboar og offentleg mynde samt annonse i lokalavisa og på kommunen si heimeside. Vi vonar elles at det i planframlegget kjem fram at omsynet til nabolaget er tillagt stor vekt.
e) Regulering og utbygging av bustadfelt er kostnadskrevjande. Det krevst difor eit visst tal bueiningar å fordele desse kostnadane på. Alternativet er få men svært dyre tomter. Ved å legge til rette for «mange» bueiningar går stykkprisen ned, og gjer det mogleg både for eldre med ønskje om noko mindre og lettstelt og yngre førstegangsetablerarar å kome i posisjon.
f) Sidan plankartet ein viser til ikkje har relevans ifht. endeleg planframlegg antar vi at dette punktet går ut. Konsekvensar m.o.t utsikt synest elles belyst gjennom dei vedlagte snitta.

10.1.7 Innspel 11_Bjørnar Stokseth (datert 22.12.2015)

Om lag likelydande med merknadane som er kommentert ovanfor – sjå difor samandrag og kommentar der.

a) Viser til plankartet på siste side som ikkje er i samsvar med kartet vedlagt revidert søknad om planoppstart. Fryktar at ein har til hensikt å føre all trafikk frå heile feltet inn på vegen gjennom Monsplassen. Viser elles til at eksisterande vegnett ikkje har standard/kapasitet til slik trafikkauke eller anleggstrafikk og krev at dersom vegen gjennom Monsplassen skal godkjennast som tilkomstveg må det skje i samsvar med vedtak i F-sak 196/15 «tre einebustader med utleigedel/hybel». Resten av feltet må ha annan tilkomst.
b) Viser elles til pkt.3.5 ang arkeologiske undersøkingar for området og at dette er viktig.
c) Viser til referat frå oppstartsmøtet pkt.3.6 og spør om ikkje resultatet frå ROS-analysen bør ligge ved nabovarselet. Krev denne offentleggjort.
d) Påpeker skredfare, at Moltustranda er ein U-dal m.m. Krev geologisk registering.
e) Ønskjer svar på kvifor leikeplassen på gbnr.60/220 er med i planen.

Kommentar:

a) Plankartet det visast til er altså ei skisse til plankart utarbeidd av Herøy kommune i 2013 – altså lenge før dette planarbeidet vart sett i gang. I referat frå oppstartsmøtet har kommunen lagt ved dette med kommentarar som eit utgangspunkt for det vidare arbeidet. Situasjonen no er i alle fall den at planframlegget er utforma slik at berre tre einebustader skal ha tilkomst via Monsplassen. Resten skal ha tilkomst frå Fv10. Dette i samsvar med vedtak i F-sak 196/15.
b) Arkeologiske registreringar er gjennomført utan funn.
c) ROS-analyse er del av planarbeidet og vert innlevert til kommunen saman med det ferdige planframlegget. ROS-analysen er ikkje utført når ein varslar planoppstart.
d) Området ligg utanfor aktsemdsona for snøskred.
e) For å sikre juridisk vern. Jfr.elles kommentar til Harald Sydhagen ovanfor.

10.1.8 Innspel 12_Bodil Anett Torvholm (datert 28.12.2015)

Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.

10.1.9 Innspel 13_Camilla Sydhagen (datert 28.12.2015)

Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.

10.1.10 Innspel 14_Frode G.Vilnes, Eli Engebø, Frank Erik Vilnes (18.12.2015)

Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.

10.1.11 Innspel 15_Tove Moltumyr (Jan-Kato Rooney) (27.12.2015)

Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.

10.1.12 Innspel 16_Joakim Lien m.fl (27.12.2015)

Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.

10.1.13 Innspel 17_Randi A. og Geir J. Rønning (21.12.2015)

Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.

10.1.14 Innspel 18_Randi og Roar Arnesen (22.12.2015)

Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.

10.1.15 Innspel 19_Rollaug Anja Lillestøl (21.12.2015)

Viser til merknadar og kommentarar ovanfor.

10.1.16 Innspel 20_Hjalmar Olav Jacobsen (29.12.2015)

a) Viser til forslag til planområdet og at forslaget er missvisande då bustaden deira på gbnr.60/399 ikkje er innteikna.
b) Har fått utarbeidd ei analyse som viser tap av sollys i 3-4 mnd.

c) Har investert mykje i uteområde og fryktar verdiforringelse og varslar søksmål mot Herøy kommune og utbyggar for dekning av verditap.
d) Ber difor utbyggar legge inn desse begrensingane i planen:
    a. Einebustad med utleigedel BYA 30% istadenfor KS 1,3daa med BYA 40%
    b. Bustaden trekkast så langt tilbake som mogleg for å redusere mønehøgde/solvinkel.
    c. Krav til maksimal gesims- og mønehøgde
    d. Krav til type takkonstruksjon som reduserer mønehøgd og solvinkel.

Kommentar:

a) Det blir truleg igjen vist til plankartet/skissa/kladden som låg ved referatet – og som altså ikkje viser planane for vårt prosjekt – jfr. kommentarar rundt dette ovanfor.
b) Merknaden er imøtekomt ved at området nærmast teiggrensa er regulert til nærleikeplass. I tillegg er det lagt inn byggjegrense i avstand 15m frå teiggrensa som sikrar yttarlegare avstand til bygning. Utfrå tomteinndeling, terreng- og vegnivå er det naturleg at bygningar innanfor BFS4 vert plassert i øvre og ikkje nedre del av tomtene. Slik plassering vil ikkje påverke soltilhøva på 60/399.
c) Viser til punktet ovanfor.
d) Ein opprettheld BYA35% som for øvrige delområde og fridom i val av takkonstruksjon. Mange hus i dag har t.d flate tak eller pulttak. Utover dette er merknaden imøtekomt – jfr. også pkt.b)

10.1.17 Innspel 21_Monsplassen Grendalag v/Julie Sydhagen (04.01.2016)

Viser til avtalen med kommunen om bruk av gbnr.60/220 til leikeplass og spør om avtalen fortsatt vil gjelde og om grendalaget kan få kjøpe tomta.

Kommentar:

- *Viser til svarbrev frå kommune omkring dette, men legg til at tomta gjennom denne reguleringa vert gitt eit juridisk vern som leikeplass. I gjeldande kommuneplan er den lagt ut til bustad, men i planframlegget her er den foreslått regulert til offentleg leikeplass i samsvar med faktisk bruk.*

10.1.18 Innspel 22: Marita og Sverre Knotten (datert 11.12.2015)

Stiller følgjande spørsmål:

a) Kvifor er leikeplassen på Monsplassen med i planområdet? Kva er status på tomta og kva vil kommunen gjere med tomta.
b) Stemmer det at høgda på planlagde bustadar er satt og kva blir den?
c) Kva rettar har vi som naboar mot å bli innebygt?
d) Området er myrlendt og her har vore utglidningar og jordras i samband med mykje nedbør mykje pga ei elv i austre enden av planområdet som går over sine breidder. Er ein obs. på dette slik at nødvendige geotekniske underøkingar vert gjort?
e) Viser til at det i varsel om oppstart på siste side er med eit plankart stempla Herøy kommune 16.11.2013 og at dette forvirrar. Viser til samtale med Heidi Istad som opplyser at dette er eit gammalt kommunalt kart og at det berre forvirrar å ha det med. Kvifor er ikkje det sist godkjende kartet av 15.10.2015 som var godkjent i FSK 03.11.2015 med i «varsel om oppstart» av 16.11.2015. Kva reglar er det for slikt?

Kommentar:

a) Som omtalt fleire stader blir tomta gjennom denne reguleringa gitt eit juridisk vern som leikeplass. I gjeldande kommuneplan er den lagt ut til bustad, men i planframlegget her er den foreslått regulert til offentleg leikeplass i samsvar med faktisk bruk. Grendalaget skal framleis disponere tomta.
b) Bustadhøgder framgår av reguleringsføresegnene.
c) I utgangspunktet ingen, men ein søkjer så langt som råd å ta omsyn til naboar ved planlegging. Utsikt er imidlertid ikkje ein lovfesta rett.
d) Omsynet til geotekniske forhold er ivareteke. Planområdet ligg i sona for marine strandavsetningar.
e) Kartet på siste side var teke med fordi det vart nytta i oppstartsmøtet som underlag og kladd. Det vart påført kommentarar som referatet viser til , og difor nødvendig å nytte som vedlegg ved varslinga. Kartet vart utarbeidd av kommunen sjølv i 2013, men av ulike grunnar ikkje gått vidare med. Elles er det krav til at referat frå oppstartsmøte skal følgje med varsling om oppstart.

10.1.19 Innspel 23: Marita og Sverre Knotten (datert 05.01.2016)

Oppsummering av merknad:

a) Gata er ikkje eigna som anleggsveg til større og langvarige prosjekt.
b) Gata er ikkje dimensjonert og eigna som tilkomstveg for vesentleg fleire einingar enn som nemnt i varselet: tre einebustadar evt. med ekstra leiligheit/hybel.
c) Det er flott utsikt . Ønskjer fleire velkomne, men ber om å få behalde utsikta. Ber om at bebygglesen ikkje vbert lyfta opp frå eksisterande terreng/lagt på høge steinfyllingar.
d) Ber om at høgdene på husa vert omtrent som husa i gata her: ei etasje utan loft.
e) Ber om at det vert gjennomført geotekniske vurderingar.

Kommentar:

a) Omfanget av utbygginga er svært begrensa – tre einebustader og noko opparbeiding av veg.
b) Det er dette som er planlagt.
c) Utsikta er ivaretatt. Sjå omtale lenger framme.
d) Jfr. utgreiingar i planomtalen.
e) Grunnforholda er gjort greie for lenger framme i planomtalen..

10.1.20 Innspel 24: Paul Sindre og Ann Helen Tarberg (30.12.2015)

Oppsummering av merknad:

a) Ber om at reguleringa ikkje forringar solforholda på terrasse/plen mot plangrense sør for gbr.60/130.
b) Kan ikkje akseptere oppbygging/utfylling av tomter og oppføring av bustadar sør for 60/13 med høgare mønehøgd i moh enn på 60/458.
c) Ber også om at områdeaust for 60/130 av same grunn vert regulert for bustad med maks. byggehøgde som for ein einebustad slik at total byggehøgde ikkje vert unaturleg høg og skjermande for omgivelsane. Må ikkje fråvike naturleg terreng i stor grad ved oppfylling/utbygging.
d) Ved ei evt. oppbygging/utfylling av terrenget for opparbeiding av tomtene i tilknyting til 60/130 ber ein om at det vert framlagt plan for godkjenning m.o.t visuelle forureining.
e) Ber også om at utbyggar planlegg drenering av grunnvatn og overvatn slik at dette ikkje vert ført inn på eigedomen.

Kommentar:

a) Det er gjennomført sol/skugge-analyse som syner at innanfor tillatt bygningshøgde vil ikkje soltilhøva her bli forringa.
b) Som omtalt andre stader er maksimal tillatt kote på møne/gesims satt utfrå verandanivå på bustaden bak.
c) Jfr. pkt. ovanfor.
d) Det skal ved byggjesøknad framleggast situasjonsplan og snitt som viser arrondering av tomta.
e) Overvasshandtering er del av søknad og skal sjølvsagt ikkje påføre naboar ulemper.

10.1.21 Innspel 25: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 17.12.2015)

Barn og unge:
Føreset at barn og unge sine interesser vert ivaretekne og viser til gjeldande krav m.o.t krav til fysisk utforming m.m:

a) Ved etablering av 5 eller fleire bueiningar skal alle bueiningar innan 50m ha nærleikeplass for dei aller minste barna. Eigna areal må sikrast i plankart og førsegnene må sikre følgjande:
    a. Minimum storleik på nærleikeplassen (50m2 pr. bueining)
    b. Areal smalare enn 10m skal ikkje reknast inn i leikearealet
    c. Leikeareal skal ikkje vere brattare enn 1:3
    d. Leikeareal skal ha gode sol- og vindtilhøve.
    e. Areal som er satt av til køyreveg, parkering, fareområde, og med restriksjonar som hindrar barn i fri leik skal ikkje reknast med.
    f. Nærleikeplassar skal oppsrbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.
    g. Nærleikeplassen skal vere opparbeidd før første bustadeining vert ferdigstilt i kvar sine område.

b) Viser til merknad frå SVV og varslar at ei løysing som ikkje er tilfredsstillande m.o.t trafikktryggleik kan gje grunnlag for motsegn ved offentleg ettersyn.

Kommentar:

a) I tillegg til å sikre eksisterande leikeplass i enden av Monsplassen ved å regulere denne til offentleg leikeplass, er det sett av areal til to felles nærleikeplassar for planområdet. Leikeplassane stettar alle fysiske utformingskrav.

b) Viser til merknad frå SVV og kommentarar til denne.

10.1.22 Innspel 26: Statens Vegvesen Region Midt (datert 03.12.2015)

Oppsummering av merknad:

a) Slik eksisterande avkøyrsle er lokalisert og utforma er det ikkje særleg tilrådeleg i høve trafikktryggleiken i området med ei løysing der det vert lagt opp til auka trafikk i den private avkøyrsla.

b) Utfrå trafikale tilhøve på eksisterande fylkesveg er det ikkje tilrådeleg å leggje til rette for ei regulering som vil føre til meir trafikk av gåande og syklande på den aktuelle vegstrekninga. Ein føresetnad for slik auka trafikk vil vere ei realisering av regulert gang- og sykkelveg langs Fv10.

c) Det er viktig at heile arealet som i kommunedelplasnen er utlagt til bustadføremål og då spesielt den ubygde delen av tilstøytande areal på vestsida av planområdet vert vurdert mest mogleg heilskapleg og samordna med sikte på regulering og etablering av framtidig funksjonell og trygg vegløysing.

d) Konklusjon: SVV finn utfrå dei trafikale tilhøva på fylkesvegen ikkje å kunne akseptere ei reguleringsløysing der det vert lagt opp til tilkomst for 10-12 bueiningar frå eksisterande private avkøyrsle frå Fv10 og med auka ferdsel av mjuke trafikantar på dagens fylkesveg. SVV føreset at reguleringa vert sett i samanheng med tilstøytande bustadareal med sikte på regulering av framtidsretta og trygg vegløysing for heile området som i kommuneplanen er avsett til bustadføremål.
Dersom det gjennom reguleringa vert lagt opp til ei løysing som fører til særleg auka ferdsel av mjuke trafikantar på og langs fylkesvegen, bør det i reguleringsplanen innarbeidast rekkefølgjekrav om opparbeiding av gang- og sykkelveg langs Fv10.
Statens Vegvesen vil vurdere å fremje motsegn ved offentleg ettersyn til eit planframlegg som ikkje tek omsyn til momenta vi har framheva i høve til vegtilkomst frå fylkesvegen og vegløysinga for mjuke trafikantar.

Kommentar:

a) Det vart avholdt møte mellom forslagsstillar/kommunen og SVV med formål å finne ei løysing. I etterkant av møtet utarbeidde plankonsulent dokumentasjon på at krav til frisikt i avkøyrsla er innfridde under føresetnad av at talet på tilknytte bueiningar ikkje overstig 14/ÅDT=50. SVV si skriftlege tilbakemelding var litt tvetydig, men i telefonsamtale same dag kom det fram at avkøyrsla som køyreveg ikkje er optimal, men kan aksepterast dersom ein finn ei løysing der ein unngår tilførsel av fleire mjuke trafikantar til Fv10.

b) På bakgrunn av denne tilbakemeldingar har vi regulert inn ein felles gangsti for vestre del av planområdet langs/gjennom felles leikeplass og sørover mot f_SKV1 som igjen møter Monsplassen. Dette vil gje en trygg gangforbindelse austover som alternativ til Fv10.

c) Utviding av planområdet vestover er ikkje aktuelt i denne omgang. I samråd med planavdelinga legg ein til grunn plangrensa i samsvar med politisk vedtak.

d) Med inntil 14 bueiningar totalt tilknytt avkøyrsla mot Fv10 er krav til frisikt innfridd. Når ein også har funne eit godt alternativ til Fv10 for mjuke trafikantar, vonar vi at slik utvida bruk av avkøyrsla kan aksepterast.

10.1.23 Innspel 27: Søre Sunnmøre Landbrukskontor (datert 04.01.2016)

Har ingen merknad til oppstart av planarbeidet.

10.1.24 Innspel 28: Oppsitjarar i Monsplassen byggefelt (datert 14.11.2015)

Samandrag:

Meiner at vedtaket i FS196/15 den 03.11.2015 er teke på feil grunnlag og at det dermed er begått sakshandsamingsfeil. Ber difor om at Herøy FSK avviser vedtaket i FS 196/15 og gjer ei ny handsaming med slik grunngjeving:

1) Viser til at FSK skulle ta stilling til revidert søknad med tilsynelatande mindre utbygging, men som altså er same området som tidlegare. Meiner det går klart fram av kart og søknad at et er snakk om tre byggesteg og at tre einebustader med utleigemoglegheiter betyr 2 etasjes hus og 6 nye bueiningar i b.trinn 1.Meiner det er tvilsamt at protestane ikkje er vedlagt saka for det nye formannsskapet og at formannsskapet då kan ha gitt løyve på feil grunnlag. Vart også lovde å verte varsla med eige brev i den vidare prosessen. Dette har ikkje skjedd, me har ikkje blitt varsla om nye søknadar, planar etc. Det er berre utbyggar som har blitt varsla og som naboar krev vi fullt innsyn og deltaking i planprosessen.
2) Gjeld at protestbreva frå naboar mottatt 11.mai 2015 ikkje kom FSK i hende. Vi vart merksame på dette kvelden før møtet i FSK og sende difor skriva til medlemmane om kvelden 18.mai pr. e-post. Viss ikkje hadde ikkje protestane kome FSK i hende, så kvar har dokumenta vore mellom 13-19.mai. Og kven har ansvaret for at dokumenta vart vedlagt saksdokumenta?
3) Når no same saka er oppe i FSK etter små justeringar er ikkje breva våre lagt ved saka. Me har ikkje blitt varsla om dette før enn vi sjølve tek kontakt nokre dagar før møtet i FSK. Får då vite at saka skal opp i FSK den 03.11.2015 og det er for seint å sende inn nokon protest då me heller ikkje veit kva som skal handsamast. Tok det som sjølvsagt at våre brev vart vedlagt saka i den vidare proesessen. Det har ikkje skjed.. Vi har ikkje blitt informert om noko i denne saka og føler oss overkøyrt av både utbyggar og Herøy kommune i saka.
4) Eit brev frå H.Sydhagen datert 27.04.2015 til planavdelinga vart heller ikkje vedlagt saka til FSK 19.mai 2015 med grunngjevinga for seint innlevert. Brevet vart sendt pr.e-post 27.04.2015 i god tid før frist for innsending av saker til FSK.møtet 19.mai 2015.
5) Kartet viser tre byggesteg der 2 og 3 er tenkt med tilkomst frå Fv10, men slik vi forstår det er det tvilsomt at SVV går med på dette. Kvar skal då 2 og 3 få tilkomst frå? Meiner det blir gjort forsøk på å omgå vedtaket i FSK 19.mai 2015 ved at utbyggar har til hensikt å bygge veg mellom byggetrinn 1,2 og 3 når SVV gir avslag på tilknyting mot Fv10. Meiner at «dette opplegget» som FSK vedtok er same sak som dei gjekk i mot 19.05.2015 og stiller seg uforståande til at FSK med få månaers mellom rom går einstemmig imot og legg krav til utbyggar om vegstandard gjennom byggefeltet for så 5mnd seinare gå einstemmig inn for at utbyggar kan bygge ut det prisvate byggefeltet og likevel nytte vegen gjennom byggefeltet som den er. Føler at kommunen kun passar på utbyggar sine interesser og ikkje naboane.
6) Krev at FSK tek vedtaket i F-sak 196/15 opp til ny handsaming og gjer om på vedtaket om bruk av vegen gjennom byggefeltet utan krav til vegstandarden. Nye vedtak må vere i tråde med F-sak 95/15 og at utbyggar må utbetre vegen iht. vedtaket som vart gjort 19.05.2015.
7) Merker oss at ny plangrense omfattar gbnr.60/147, 206 og 220. Viser til at bnr.220 vert nytta til leikeplass og at det er avtale om disposisjonsrette mellom grendalaget og kommunen. Om det no er slik at leikeplassen skal overdragast til fam. Truelsen så vert dette oversendt til advokat og fylket. Hevdar at dagens leiar av Monsplassen grendalag ikkje er varsla.
8) Ber om at FSK vedtek at grendalaget fortsatt får disponere tomta til leikeplass vederlagsfritt og gir grendalaget forkjøpsrett til ein overkomeleg pris sidan det er grendalaget som har opparbeidd leikeplassen.
9) Stiller også spørsmål ved bruken av vegen gjennom Monsplassen bustadfelt for store og tunge køyrety. Veit nokon kva akseltrykk vegen toler? For ikkje å snakke om vegen fram til Torgeir Hide som er gjort privat og som er smal og uoversiktleg. Også for privatbilar.
10) Vegen gjennom Monsplassen vart bygd for transport av lettare bilar og ikkje t.d tunge betongbilar. Dette vil øydelegge vegen og det som ligg under som drensveiter, el-kablar, kloakkrør og vassrør. Når det gjeld den private vegstubben fram til T.Hide så ligg den kommunale kloakkleidninga rett under eine hjulsporet. Kva om den vert øydelagt av tungtrafikk. Her er også mange born som brukar vegen og dei skal vere trygge.
11) Me oppsitjarar finn det merkeleg at kommunen ikkje kjem på synfaring slik at dei kan sjå kor smal og ueigna vegen er til anleggstrafikk i byggjeperioden. Og kva trafikkauken betyr for oss som bur i området.
12) Eit moment det er teke lite omsyn til av kommunen er at det er Nygjerdevegen og den bratte

Myrabakken som er tenkt nytta som tilknytingsveg til byggeområdet. Kva med sikkerheita for ambulanse og brannbil vinterstida? Har erfart at slike bilar ikkje har klart å ta seg fram pga glatte og isete vegar sjølv når det vert strødd. Meiner difor at slik desse vegane er i dag er dei ueigna for tilkomst til fleire bustadar.

13) leikeplassen då den er opparbeidd og disponert av grendalaget sidan 1998. Siste punkta i

Kommentar:

1) *a) Arkivering og intern distribusjon av kommunale dokument ligg ikkje til planleggjar å kommentere. Når det gjeld sjølve prosjektet er det som omtalt fleire stader slik at det kun er dei tre einebustadane i aust som får tilknyting mot Monsplassen – saman med eksisterande busetnad.*
   b) Som plankartet viser er det ingen vegforbindelse mellom planområdet sin vestre del og Monsplassen. Dette inneber at det vil vere umogleg utfrå dette planframlegget å gje vegutløysing mot Monsplassen frå desse bustadane. Pilsymbola på plankartet er juridisk bindande og viser i frå kva veg den enkelte eigedomen skal tilknytast. Som ein ser er det ingen slike pilsymbol frå vestre del og sørover.
   c) Når det gjeld merknaden knytt til manglande varsling synest det nødvendig med ei kort orientering om saksgangen ved planarbeid::
   Når nokon vil starte reguleringsarbeid er det først eit såkalle oppstartsmøte mellom forslagsstillar, plankonsulent og kommune. Her presenterer ein for kommunen kva formålet med arbeidet skal vere, diskuterer løysingar på eit overordna nivå og blir av kommunen gjort kjent med dei ytre rammene for prosjektet, overordna plan, utgreiingstema etc. Kommunen utarbeider så eit referat frå møtet og sender dette til konsulenten. Så er det slik i Herøy og nokre andre kommunar at konsulenten må søkje kommunen om løyve til å starte reguleringsarbeidet, og som vedlegg til denne søknaden skal m.a referatet frå oppstartsmøtet følgje. Søknaden skal behandlast politisk og først etter eit politisk «grønt lys» kan ein starte sjølve reguleringsarbeidet som alltid startar med varsling av naboar og offentleg mynde, samt annonsering i avis og på kommunen si heimeside. ***Det er altså først her at naboar og andre berørte normalt blir gjort kjent med/varsla om at det skal startast opp reguleringsarbeid****. Når fristen for merknader er ute, startar sjølve planarbeidet. Då prøver ein alltid så langt mogleg å ta omsyn til merknadane som er komne inn. Alle merknadane skal kommenterast av konsulent og leggast ved oversendinga av planframlegget til kommunen. Deretter vert framlegget behandla av administrasjonen (planavdelinga) som så lagar ei innstilling når framlegget skal til politisk behandling for å avgjere om framlegget skal leggast ut til offentleg ettersyn. Når det blir gjort vedtak om utlegging til offentleg ettersyn vert dei berørte på nytt tilskrivne og igjen gitt høve til å kome med synspunkt. Deretter opplever ein stundom at framlegget må omarbeidast i større eller mindre grad før det anten vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn eller godkjent direkte av kommunestyret dersom små eller ingen endringar.*
   Det er altså fleire høve for naboar til å kome med innspela sine.
2) *Viser til kommentar ovanfor.*
3) *Viser til kommentar ovanfor.*
4) *Viser til kommentar ovanfor.*
5) *Viser til kommentar ovanfor.*
6) *Viser til kommentar ovanfor. Utover dette vil ei kommunale bustadgate av normal standard tole anleggstrafikk i eit omfang det her er snakk om. Som klagaren sjølv påpeiker legg ikkje vegstandarden opp til bruk av store anleggsmaskiner.*
7) *Leikeplassen på gbnr.60/22 er teken inn i planen for å gje den eit juridisk vern slik at den også i framtida kan nyttast som leikeplass. I kommunedelplanen er tomta vist som byggjeområde, men blir no regulert til offentleg leikeplass i samsvar med faktisk bruk. Når det gjeld spørsmål om kjøp viser vi til kommunen sitt svar til grendalaget på dette. Leikeplassen skal ikkje overdragast til familien Truelsen og det er i planframlegget lagt inn eigne såkalla nærleikeplassar forbeholdt dei som høyrer til i planområdet.*
8) *Viser til kommentar ovanfor.*
9) *Viser til kommentar ovanfor. Vegen fram til Torgeir Hide (gbnr.60/458) vert oppgradert i samband med gjennomføring av planen. Vegbreidda vert som for ein kommunal A1-veg, og vegen vert heva/ oppfylt i kurva slik at maksimal stigning opp mot Monsplassen vert 1:8 i samråd med kommunen.*
10) *Viser til kommentar ovanfor. Ved behov vert rør lagt om/senka slik at ein oppnår tilfredsstillande*

overdekning og vern mot leidningsbrot.

11) *Viser til kommentar ovanfor, og at det er tale om ein marginal trafikkauke/begrensa anleggstrafikk.*
12) *Stiller oss undrande til at Myrabakken vert tillagt rolla som tilkomstveg til feltet. Denne vegen er svært bratt. Kommunen stadfestar at det er Nygjerdevegen som er hovudtilkomst til feltet. Dersom nødetatane ikkje er kjende med denne vegen og i staden nyttar Myrabakke, er det uheldig. Legg avslutningsvis til at Nygjerdevegen nyleg vart regulert med fortau frå Monsbakken til Fv10.*

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
11.08.2017
Dykkar dato
01.06.2017

Vår ref.
2015/6852/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan Indre Moltumyr gnr60 bnr32 m.fl.
Offentleg ettersyn - Motsegn

Det er lagt fram detaljreguleringsplan til offentleg ettersyn for indre Moltumyr.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Fylkesmannen viser til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 1. april 2015. Prosjektet er utvida til å gjelde ut 2017. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremmer motsegn på vegne av Statens vegvesen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgande punkt:

Statens vegvesen:

- Gjennom planen må det regulerast og settast krav om etablering av ei meir trygg og funksjonell vegløysing for gåande og syklande på strekninga planområdet – skulen i bygda.

- Det må utgreiast moglege løysingar for overordna vegstruktur, med fokus på tilknyting til fylkesvegen, for tilstøytande ubygde bustadareal på vestsida av planområdet, slik ein får eit meir heilskapleg avgjerdsgrunnlag å vurdere vegløysinga i reguleringsframlegget utifrå.

- Frisiktsonene i avkøyringa frå fylkesvegen må teiknast inn på plankartet og leggast i si heilheit innanfor planområdet. Det må innarbeidast i planføresegna at avkøyrsla skal ha ei geometriske utforming i samsvar med utformingskrava i vegnormalen N100.

Konklusjon:

Statens vegvesen reiser motsegn til planen i 3 ulike punkt. Dersom noko er uklårt ber vi om at det blir teke direkte kontakt med dei.

Med helsing

Lodve Solholm
fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fagsjef-plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/1715	01.06.2017	71758/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 28 02 43	07.08.2017

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Indre Moltumyr gbnr 60/32 m.fl - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader
Planen er godt gjennomarbeidd. Vi har berre nokre få planfaglege merknader:

- Planomtalen nyttar ei rekkje lokale namn som ikkje er å finne på kartet, og som gjer det vanskeleg for utanforståande å orientere seg.

- I føresegnene, § 5.3 er det vist til frisiktsone. Vi kan ikkje sjå at denne finst i kartet. Det er vist ei frisktlinje i krysset heilt nordvest i planen, men denne ligg utanfor plangrensene. Ein kan ikkje ha føresegner for areal utanfor planen, jamfør 11.1.1.

- Kartet viser også juridisk reguleringsgrense kring eit areal som ikkje inngår i planen. Dette bør ryddast i.

Barn og unge
Næraste areal ikring planen er for ein stor del uregulert, og den nye reguleringa sikrar ein offentleg kvartalsleikeplass også for bustader utanfor planen. Dette er svært positivt. Etter planomtalen er plassen allereie opparbeidd og i bruk (trur vi, men sjå planfagleg merknad).

Leikeplassen f_BLK3 er på grensa til å være for smal i forhold til tilrådingane i rikspolitiske retningslinjer for barn og unge (10 m). Samla sett er likevel tilretteleggingga for barn og unge slik at vi kan tilrå eigengodkjenning.

KONKLUSJON
Planen kan for vår del eigengodkjennast, men vi tilrår nokre mindre opprettingar i plankart, føresegner og planomtale.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjåholm
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 29.06.2017 13:23:53
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Ingen merknad til dtaljreguleringsplan GBnr 60/32 mfl - Indre Moltumyr - Boligfelt - Herøy kommune

---

Fra: Systad Terje [mailto:tes@nve.no]
Sendt: 29. juni 2017 12:42
Til: postmottak
Emne: Ingen merknad til dtaljreguleringsplan GBnr 60/32 mfl - Indre Moltumyr - Boligfelt - Herøy kommune

NVE har ingen merknad til planen.

Med helsing

Terje Systad
Overingeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Arealplan, Region vest
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon: 22 95 95 59
E-post: tes@nve.no
Web: www.nve.no

Innspel på Planforslag for Indre Moltumyr, behandla i F-sak 85/17 (24.05.2017)

Høyringsfrist 4.august 2017.

3 Aug. 2017

Frå naboane som grensar til planområdet i sør, Monsplassen. (60/272, 60/273, 60/271, 60/253, 60/264)

Då vi (eigarar av 60/271 og 60/273) skreiv under nabovarsel for hus 60/458, fekk vi klar lovnad på at mønehøgda ikkje skulle vere meir enn det som tilsvarer C+29.0.

Då huset blei oppført viste det seg at mønehøgda ville bli ca C+31.0. Dette var mykje høgare enn lovnaden og Tingretten i Volda var einige med oss.

(viser til rettsforliket (05.09.14) mellom 60/458 og 60/271-60/273)

Det enda med et rettsforlik som gav ei mønehøgd på C+30.0 (som då er 1 meter høgare enn opprinnelig lovnad). Vinkelen på takstolane skulle då vere 18 gr, opprinnelig 26 gr.

(til tross for rettsforliket prøvde dei å sette opp takstoler på 26 gr. Tingretten stoppa dette)

At huset på 60/458 er C+30.0 er eit resultat av rettsforliket og vi meinar at dette derfor ikkje kan brukast som utgangspunkt for mønehøgda på dei andre husa som skal byggast.

Lovnaden på mønehøgda på 60/458 skulle vere det som tilsvarer C+29.0 og det er dette som må vere utgangspunktet for mønehøgda på dei andre husa.

Grunnen til hus 60/458 er fylt opp til et svært unaturlig høgt nivå. (sjå vedlagt bilde)

Mønehøgd C+29.0 på 60/458 , ville då vore 1,3 meter lavare enn verandadekke på hus 60/273 noko vi synest også er for høgt .

Dette må då vere gjeldande for mønehøgda på dei andre husa som skal byggast.

Alle hus må ha ei mønehøgd som er 2,3 meter lavare enn verandadekket på eksisterande bakanforliggande hus.

Mønehøgd på hus framom kvar eigendom må ikkje overstige:

60/272 – C+26,7

60/273- her er allereide bygt

60/271 – C+28,9

60/253 –C+29,7

60/264 – C +29,7

Vi kjem til å sette oss sterkt imot om det vert gitt dispensasjon på Planen i overskuelig framtid (20-30 år.

Det er av eigendomsmeglar vorte forespeila eit verditap på våre eigedomar, størrelseorden 500.000 pr stk pga tap av utsikt.

Vi ser også at veien som er der pr i dag skal utvidast, då vil det mest sannsynlig vert tatt vekk dei hekkane/gjerder som er der pr i dag. (hekken ved 60/272 vart fjerna når 60/458 vart bygd.)

Hagane våre har til i dag vore et område vi kan sleppe ungane uten å vere redde for trafikk, dette vil forandre seg når der kjem 3 hus med evt sokkelleiligheiter, dvs 6 husstander med minimum 1 bil kvar. Vi fryktar også at hagane vår vert brukte som gangvei . Vi vil derfor kreve at utbygger må sette opp fysisk sperre i form av mur (lik den som vert brukt i det andre byggefeltet på Moltu).

Vi håper Herøy Kommune vil imøtekome oss på dette innspelet slik vi fortsatt kan ha både utsikt og et godt naboforhold.

Mvh

60/264 Marita og Sverre Knotten

Marita Vågen og
Sverre Knotten

60/253 Eli og Frode Wilnes

Eli Engeba Wilnes
Frode Wilnes

60/271 Randi og Geir Rønning

Randi A Rønning, Geir Rønning

Berit-Ann Lillestøl

60/273 Berit-Ann Lillestøl og Fred Hansen

Rollaug Anja Lillestøl

60/272 Rollaug Anja Lillestøl

Moltustranda 11/07-17

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 03.07.2017 13:13:22
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Sak 15/1763:

Fra: Lillestøl, Anja [mailto:Anja.Lillestol@tess.no]
Sendt: 3. juli 2017 12:08
Til: Erlend Sporstøl Vikestrand <erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no>
Emne:

Hei

Innspel frå Randi og Geir Rønning:

Vi meinar det må takast omsyn til rettsforliket i Tingretten ang mønehøgde på husa nedanfor 60/271 og 60/253. Pga dette forliket bør maks mønehøgde på desse husa også vere 30.0

Nedanfor oss 60/271 og 60/253 ligg kloakkledning og drensledning, der det skal byggast veg.

Når vegen skal byggast må det takast omsyn til muren mot eigedomen vår.

Mvh Anja





LTV

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2014/1715
- 7 AUG. 2017

Bente Kristin Notø

6394 Fiksdal
26. juli 2017

Herøy Kommune

Vedr. bygging av Enebolig og leikeplass som grenser til min eiendom gardsnr. 60/33

Viser til hyggelig tlf. samtale med dere i juni der jeg fikk nærmere opplysninger om byggeprosjektet på Monsplassen.

Jeg har ei tomt over for huset mitt, der jeg har lenge hatt tanker og meninger om seksjonere senere til hus evt hyttetomt. Når jeg ser nærmere på skissene så ser det ut som jeg blir innebygd slik at det kan bli vanskelig for meg da å seksjonere til tomter da jeg ikke har tilgang til veg bort til evt. tomt. Jeg har for et par år siden vært i kontakt med dere ang. den tomten og da var dere veldig positivt at jeg skulle sette igang prosjektet.

Når det gjelder meninger om prosjektet så forstår jeg at de fleste i naboområdet har ei mening om det. Jeg har ei ønske og krav at jeg ikke blir innebygdt, slik at mine ideer blir spolert pga den byggingen. Derfor blir jeg og berørt av det store byggeprosjektet.

Viser til vedlagte skisse som jeg har merket som viser hva jeg setter som ønske og krav.

Hvis det er noe spørsmål om denne sak, kontakt meg gjerne på mob. 93603318.

Jeg håper dere forstår mitt ønske og imøteser et positivt svar fra dere.

Med vennlig hilsen

Bente Kristin Notø

Bente Kristin Notø

Vedlegg: 1 skisse mrk. om ønske av veg.

Håper dere
forstår mitt ønske
ved vedlagte skisse
Ring gjerne mob 93603318
Mvh
Bente Kristin Nolte



Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- BFS — Bustader-frittliggjande-småhus
- BLK — Leikeplass

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV — Køyreveg
- SGG — Gangveg/gangareal
- SVT — Annan veggrunn – teknisk anlegg
- SVG — Annan veggrunn - grøntareal

Linjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Bebyggelse som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant kjørebane
- Måle og avstandslinje

Punktsymboler

- Avkøyrsel – både inn og utkøyring

* Nye tomter
= Tilkomst til tomt
* Husk mitt

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:	Heroy kommune
Dato for basiskart:	04.11.2014
Koordinatsystem:	UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag:	NN1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk 1:1000

N

Detaljregulering
Indre Moltumyr gnr.60 bnr.32 m.fl
Med tilhøyrande foresegner

Heroy kommune

Arealplan-ID: 1515 201514

Forslagstillar: Kristin H. og Jan Truelsen

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

SAKS NR.	DATO	SIGN.
	16.11.2015	HI
	17.12.2014	HI
TEGNNR.	DATO	SIGN.
	21.03.2017	JMO

Dato	Revisjon
Dato	Revisjon
Dato	Revisjon

Kommunestyret sitt vedtak

Ny 2. gongs handsaming
Offentleg ettersyn frå ..... til .....
2. gongs handsaming
Offentleg ettersyn frå ..... til .....
1. gongs handsaming
Kunngjering av oppstart av planarbeid
Oppstartsmøte

PLANEN ER UTARBEIDD AV: multiK

Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

Dato Signatur

WV

ADVOKATANE
MAURSET, KNARDAL OG HEGGEN

STRYN - VOLDA
Advokat Per Maurset
Advokat Jørund Knardal
Advokat Thore Heggen

I kontorfellesskap
Medlemmar av
Den Norske Advokatforening

Herøy kommune
Samfunnsutvikling
Pb. 274
6099 Fosnavåg

2014/1715

Volda 11.10.2017

SAK 2014/1715
DETALJREGULERINGSPLAN FOR INDRE MOLTUMYR – KOMMENTAR TIL INNSPEL FRÅ NOKRE FÅ AV NABOEIGEDOMANE

Eg representerer Kristin og Jan Truelsen som arbeider med detaljreguleringsplan på sin eigedom for å utvikle denne til bustadføremål. Planen vil vere eit stort løft for Moltustranda, og vil skape vekst og utvikling. Målet er å leggje til rette for oppføring av bustader som er særleg eigna for unge i etableringsfasen og for eldre som ynskjer enkle og lettstelte husvære. Planområdet er særs godt eigna for bustadbyggjing ved at det ligg sentralt i høve butikk, skule, barnehage og fylkesveg.

Vi ynskjer å kommentere innspel til framlegg for detaljregulering, i fellesbrev datert 11.07.2017, frå nokre av naboane som grensar til planområdet i sør:

1.
Det ein registrerer er at planarbeidet allereide før varsling utløyste uvanleg sterk aversjon hos enkelte av naboane plassert i sør mot plangrensa. Av merknadane ser ein at desse enkeltpersonane har fått med seg fleire i det som framstår nærast som ein kampanje både mot forslagsstillar, Herøy Kommune og konsulent. Vi noterer oss også at nokre av dokumenta inneheld konspiratoriske skuldingar av til dels injurierande karakter. Dette står skrive i sjølve planomtalen. Merknadane det her visast til, vart på lik linje med alle andre, behandla og kommentert på ein sakleg måte. Vi ber kommunen her om å merke seg, at dei fleste av naboane som hadde innspel til planforslaget, ikkje har kome med vidare kommentarer til framlegget til detaljregulering. Ein konkluderar dermed med at sakshansaminga for dei fleste opplevast som vellukka. Trass dette har ei mindre gruppe naboar sør for plangrensa valgt å sende eit innspel til sjølve detaljreguleringsplanen. Innspelet bringer ikkje fram moment som ikkje har vore belyst tidlegare i planprosessen. Vi stiller oss undrande til at kommunen på bakgrunn av dette brevet, ber forslagsstillarane om å ta brevet til vitande, i den forstand at dette medfører ei alvorleg endring i planforslaget på det som gjeld byggehøgder.

2.
I innspelet frå desse naboane er det vist til eit rettsforlik. Dette er eit rettsforlik som ikkje vedkjem saka i det heile. Mine partar har ikkje vore nokon part i denne rettssaka, og spørsmålet i den saka dreia seg om det hadde vorte inngått ein bindande privatrettsleg avtale og lovnad vedr. monehøgde mellom nokon naboeigedomar. Dette har ingenting med vår sak å

Advokat Per Maurset
Org.nr. 981 858 182 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
per.maurset@sentrumsgaarden.no

Advokat Thore Heggen
Org.nr. 983 584 284 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
thanre.heggen@sentrumsgaarden.no

Advokat Jørund Knardal
Org.nr. 914 795 869 MVA
Hamnegt. 3, P.b. 75, 6101 Volda
Telefon 70 07 70 07
Telefaks 70 05 00 02
post@knardal.no

gjere. Og Truelsen kan sjølvsagt ikkje vere bunden av ein evt. privat avtale mellom nokre av naboane, når dei no skal utbyggje sin eigedom.

Det er beklageleg at naboane openbert mot betre vitande framstiller det som at det er inngått eit rettsforlik mellom Truelsen og dei underteikna naboane. Desse naboane kjem også med falske opplysningar om at Truelsen har trassa rettsforliket, og tingretten stansa dette. Og hevdar også at tingretten var samde med dei. Dette er feil - Truelsen har ikkje vore nokon partar i denne saka.

3.
I høve tap av utsikt, er det kun i tilfelle der det kan konstaterast ei betydeleg ulempe at dette er relevant. Og i praksis skal det mykje til før naboar kan verte høyrde med protest mot tap av utsikt.

Det vert her vist til:
«*Rundskriv H-8/15 Til plan- og bygningsloven § 29-4. Byggverks plassering, høyde og avstand fra nabogrense*

Plan- og bygningsloven § 29-4 forutsettes praktisert slik at tiltakshavers ønske imøtekommes der ikke avgjørende grunner taler imot dette. Med avgjørende grunner sikter en særlig til plassering og høyde som medfører betydelig ulempe for f. eks. naboeeiendommer og/eller omkringliggende miljø. Det er kun i tilfeller der det objektivt sett kan konstateres betydelig ulempe for naboeiendommer eller omkringliggende miljø at kommunen kan utøve "kan"- skjønnet etter plan- og bygningsloven § 29-4 første ledd (fritt skjønn). I praksis skal det mye til for at naboer i tettbygd strøk blir hørt med protest eller klage over tap av utsikt eller reduksjon i solforhold. Dette er forhold som vil være påregnelig i boligfelt, og særlig i forbindelse med kommunal fortettingspolitikk.»

I detaljreguleringsplanen er det teke langt meir omsyn til naboane si utsikt enn det plan- og bygningslova tilseier, og det naboane kan forvente.

I plan- og bygningslova § 29-4 er det i utgangspunktet høve til å føre opp bygning inntil 9 meter mønehøgde. Detaljreguleringsplanen har planlagt bygningar godt under kravet til mønehøgde i plan- og bygningslova.

Vidare er endåtil mønehøgda på dei nye bygningane 30 cm lågare enn verandadekke til kvar bakanforliggande klagar. Siktelinja for bakanforliggande bustad er berekna til heile 2 meter høgare enn mønehøgda på planlagt bygning framfore. Dette er meir enn nokon kan drøyme om når ein vel å busetje seg i eit byggjefelt, og det motsette vil vere eit sterkt inngrep i Truelsen sine rettar.

Til illustrasjon så har klagar Rønning nyleg lagt ut bilete av utsikta teke frå sin veranda, som er utlagt på sosiale media. I høgre biletkant kan ein sjå det omtalte huset som dei hevdar ligg unaturleg høgt. Vi kan legge til at i planen har vi gjort vårt beste for at ingen av dei bakanforliggande husa vil få dårlegare siktelinje enn dette.

Det er også høgst påreknelig for naboane at det kjem bygningar framføre dei. Planområdet har vore ein del av Herøy kommune sin bebyggelsesplan sidan **1963**, og har vore avsett i seinare kommuneplanar til bustadføremål t.d. i 1998 og 2004. Alle dei aktuelle naboane har busett seg der lengje etter at arealet vart avsett til byggjeføremål, og samtlege av bustadane deira har også vorte bygd etter bebyggelsesplanen låg føre.

Dersom Herøy kommune vel å etterfylgje dei ekstreme utsiktskrava frå naboane, så ser vi i det vanskeleg føre oss at det kan verte særleg vidare utbygging i Herøy kommune heretter med den presedens dette medfører.

Med helsing

Jørund Knardal

Jørund Knardal
Advokat

Kopi: Klient



Teiknforklaring

- Veranda/balkong/terrasse
- Bustadbygg - fritliggande småhus
- Garasje/carport
- Leikeplass
- Køyreveg
- Gatetun
- Gang-/ sykkelveg
- Gangveg/gangareal
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annen veggrunn - grøntareal
- Parkeringsplassar
- Grønnstruktur
- Eksisterande bygning
- Eksisterande veg
- Regulert tomtegrense
- Byggjegrense
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje i veikryss
- Regulert kant køyrebane
- Regulert parkeringsfelt
- Gangfelt
- Måle-/avstandslinje
- Teiggrense
- Formålsgrense eks. plan SVV
- Justert plangrense

A	Etter off. ettersyn	JMO	15.01.18
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:

Detaljregulering bustadområde Moltu

Oppdragsgivar:

Jan og Kristin Hide Truelsen
Myklebustvegen 39
6092 Fosnavåg

Prosjekterande:

mulvik
www.mulvik.no

Tittel:

Illustrasjonsplan
(NB! døme på utbygging og hustypar)

Teikna av:	JMO
Dato:	15.03.17
Kontr.av:	
Dato:	
Erstattar teikn.:	

Teikningstype:

PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2178	931	1:1000	A



PROFIL NR.	0.00									
TERRENG H.	28.92	27.12	26.51	26.02	23.98	22.01	20.31	19.37	18.45	17.47	16.56

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma:	Per Mulvik AS	Sentral:	70 07 49 90
Adresse:	Holmen 7	Direkte:	70 07 49 94
Postnr./stad:	6100 Volda	E-post:	jan@mulvik.no
Org.nr.:	941 987 516		

Prosjektnamn:
Detaljregulering bustadområde Moltu

Oppdragsgivar:
Jan og Kristin Hide Truelsen
Myklebustvegen 39
6092 Fosnavåg

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Snitt A

Teikna av: JMO
Dato: 15.03.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2178	211	1:500	



Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering bustadområde Moltu

Oppdragsgivar:
Jan og Kristin Hide Truelsen
Myklebustvegen 39
6092 Fosnavåg

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Snitt B

Teikna av: JMO
Dato: 15.03.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2178	212	1:500	



PROFIL NR.	0.00									
TERRENG H.	30.83	29.37	28.27	27.10	26.29	25.15	23.28	20.61	19.39	17.68	17.38

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering bustadområde Moltu

Oppdragsgivar:
Jan og Kristin Hide Truelsen
Myklebustvegen 39
6092 Fosnavåg

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Snitt C

Teikna av: JMO
Dato: 15.03.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2178	213	1:500	



Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516
Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering bustadområde Moltu

Oppdragsgivar:
Jan og Kristin Hide Truelsen
Myklebustvegen 39
6092 Fosnavåg

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Snitt D

Teikna av: JMO
Dato: 15.03.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2178	214	1:500	



PROFIL NR.	0.00									
TERRENG H.	31.15	30.00	29.22	28.17	26.23	25.25	23.51	21.56	19.57	17.68	16.55

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:

Detaljregulering bustadområde Moltu

Oppdragsgivar:

Jan og Kristin Hide Truelsen
Myklebustvegen 39
6092 Fosnavåg

Prosjekterande:

mulvik
www.mulvik.no

Tittel:

Snitt E

Teikna av: JMO
Dato: 15.03.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:

PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2178	215	1:500	



PROFIL NR.	0.00									
TERRENG H.	30.43	28.58	27.52	27.19	26.14	24.90	22.79	21.02	18.87	17.69	17.62

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:

Detaljregulering bustadområde Moltu

Oppdragsgivar:

Jan og Kristin Hide Truelsen
Myklebustvegen 39
6092 Fosnavåg

Prosjekterande:

mulvik
www.mulvik.no

Tittel:

Snitt F

Teikna av: JMO
Dato: 15.03.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:

PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2178	216	1:500	

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/881
		Arkiv:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/18	Arbeidsmiljøutvalet	11.06.2018
116/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	19.06.2018

INTERKOMMUNALT SAMARBEIDSPROSJEKT PÅ STAB OG TEKNISK SEKTOR.

Tilråding:

Herøy kommune vil delta i eit interkommunalt samarbeidsprosjekt saman med Vanylven kommune, etter følgjande fordeling og med føresetnad om ei innsparing på 0,1 årsverk per 1000 innbyggjarar:

Saksområde	Ansvarleg kommune	Innsparing
dokumentsenter, arkiv og servicetorg	Vanylven	0,9
økonomi, skatt, løn og personal	Vanylven	0,9
plan, bygg og geodata	Herøy	0,9
brannvern	Herøy	0,9

Rådmannen i den ansvarlege kommunen har i prosjektperioden ansvaret for å utarbeide ei teneste med eit godt fagmiljø; robust tenestestruktur og god tenestekvalitet – samt etablere vertskommunemodellar innanfor heile eller deler av tenesteområdet.

I prosjektperioden skal det vurderast ei funksjonsfordeling innanfor tenesteområda, for å sjå om vi kan få til interkommunale samarbeidsprosjekt med desentralisert kontorstruktur, der einskilde funksjonar innanfor kvar einskild tenesteområde kan bli samlokaliserte.

Gevinstrealiseringa må byggje på ei samla vurdering av alle tenesteområda, der Vanylven og Herøy kommunar fordeler den totale effektiviseringsgevinsten etter

folketal. Rådmannen er delegert fullmakt til å godkjenne ei slik fordeling og ved ueinigheit så vil kommuneadvokaten mekle.

Styringsgruppa vil ved behov be om rapportering og/eller anna tilbakemelding frå prosjektleiarane i prosjektperioden – rapporteringa skal vere knytt til organisering, økonomi, effektiviseringspotensial og tidsplan. Rådmannen vil at dei respektive arbeidsgruppene skal bestå som fagressurs for styringsgruppa i prosjektperioden.

Rådmannen får fullmakt til å utvide samarbeidet med andre tenesteområde og godkjenne at andre kommunar blir invitert inn i samarbeidet.

Prosjektperioden er frå 1. januar 2019 til 30. juni 2021.

Særutskrift:

- Vanylven kommune
- Sande kommune
- Kommunalsjef samfunnsutvikling
- Kommunalsjef stab

Vedlegg:

Innstilling frå arbeidsgruppene

- dokumentsenter, arkiv og servicetorg
- økonomi, skatt, løn og personal
- plan, bygg og geodata
- brannvern

Samandrag av saka:
Vanylven og Herøy kommunar har i det siste året hatt samtalar for å vurdere samarbeidsprosjekt på det som vi kan kalle rådhusfunksjonar, og kommunane er samde om å samarbeide innanfor:

- dokumentsenter, arkiv og servicetorg
- økonomi, skatt, løn og personal
- plan, bygg og geodata
- brannvern
- NAV
- barnevern

Sande kommune har delteke i samtalane og ønskjer å samarbeide på områda NAV og barnevern – det blir lagt fram eiga sak for desse to tenesteområda.

Intensjonen med samarbeidet er å sikre eit godt fagmiljø; robust tenestestruktur; god tenestekvalitet samt oppnå ein effektiviseringsgevinst.

Saksopplysningar:
Herøy kommune ser at vi i framtida vil vere sårbare på fleire tenesteområde – dette sjølv om vi kunne dokumentere gode resultat på fleire område. Kommunestyret i Vanylven vedtok den 16. mai 2017 følgjande framdriftsplan for samarbeid:

2017: IKT – informasjon- og kommunikasjonsteknologi
2018: Løn/rekneskap
2019: Plan/teknisk
2020: Barnevernstenesta
2021: PPT – pedagogisk-psykologisk teneste

Vanylven og Herøy kommunestyre vedtok hausten 2017 å starte utgreiingsarbeid innanfor dei fleste tenesteområda med unnatak for IKT og PPT – i tillegg var det teke med NAV og brannvern og dokumentsenter, arkiv og sentralbord.

Utgreiingsarbeidet starta med eit fellesmøte den 6. og 7. desember 2017 på Thon hotell i Fosnavåg, der også Sande kommune var invitert. På dette møtet deltok representantar frå fylkesmannen og NAV. Det var sett ned seks faggrupper med prosjektleiarar innanfor følgjande område:

- dokumentsenter, arkiv og servicetorg
- økonomi, skatt, løn og personal
- plan, bygg og geodata
- brannvern
- NAV

- barnevern

I tillegg var det nedsett eit politisk utval; digitaliseringsgruppe og ei styringsgruppe.

Arbeidsgruppene har hatt mellom fire og sju møte før prosjektrapport var utarbeidd og presentert i avsluttande møte i Fosnavåg på Thon hotell den 25. og 26. april 2018. Der deltok også representantar frå fylkesmannen og NAV.

Faggruppene har hatt ulik tilnærming og det er ikkje lett å samanfatte innhaldet i rapportane frå arbeidsgruppene. Det som likevel er klart, er at fagpersonane i kommunane ønskjer eit tettare samarbeid og ser utfordringane med små fagmiljø. Arbeidsgruppene har lagt fram ulike modellar til samarbeid, men det er innafor mange område eit fagleg ønskje om samlokalisering etter vertskommunemodellen.

Faggruppene har ikkje tydeleg differensiert mellom dei ulike funksjonane innafor dei ulike tenesteområda, men det går fram av prosjektrapportane for både tenesteområde «dokumentsenter, arkiv og sentralbord» og «plan, bygg og geodata», at det er lagt fram forslag til ei tenestefordeling med samlokalisering av bestemte funksjonar innanfor tenesteområda. Til dømes er det lagt fram forslag om samlokalisering av sentralbord for «dokumentsenter, arkiv og sentralbord» og tilsvarande samlokalisering av planavdeling innanfor tenesteområde «plan, bygg og geodata».

Rådmannen legg til grunn at ei slik samlokalisering av funksjonar innanfor tenesteområda kan bidra til innovasjon og effektivisering, slik at vi unngår berre å lage større tenesteområde. Til dømes kan stadsuavhengig rekneskapsføring blir skilt ut av økonomikontoret og lagt saman med tilsvarande stadsuavhengige oppgåver frå lønskontoret. Ein slik funksjon vil kunne verte samlokalisert, på same måte som det er gjort med sentralbordet. Dette vil såleis sikre betre ressursutnytting enn om det skulle vere ein del av eit større økonomikontor – spesielt med tanke på å kunne tilby ei slik stadsuavhengig teneste til fleire kommunar.

Det blir eit ansvar for den ansvarlege kommunen å sikre samlokalisering av funksjonar innanfor nemnde tenesteområde, som gir den forventa effekten som:

- godt fagmiljø med utdanna fagpersonar
- robust tenestestruktur som kan takle sjukefråvær og turnover
- god tenestekvalitet som blir målt årleg
- effektiv drift med krav om innsparing tilsvarande 0,1 årsverk per 1000 innbyggjar

Det blir lagt til grunn at på enkelte tenesteområde, så kan ein få til full samlokalisering i framtida, og på andre tenesteområde kan samlokalisering av funksjoner bidra til innovasjon og effektivisering når det gjeld kommunal forvaltning.

Vanylven og Herøy kommunar nyttar begge Kommunekompasset som evalueringsverktøy for utvikling av kommunen – dette kan vere ein viktig føresetnad for å kunne få til eit godt samarbeid.

Det blir lagt fram ny sak våren 2021 med evaluering og eventuelt forslag til vidare interkommunalt samarbeid.

Vurdering og konklusjon:

Det blir tilrådd at Herøy kommune deltek i eit to-års interkommunalt samarbeidsprosjekt på det som blir omtalt som rådhusfunksjonar, med oppstart innan 1. januar 2019.

Fosnavåg, 04.06.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Prosjektrapport

Mars 2018

Arbeidsgruppe for dokument, arkiv og service
Herøy og Vanylven kommunar

Innhald

1. 0 Overordna prosjektmål 3
    1.1 Effektmål/mandat for arbeidsgruppa 3

2.0 Rammer og organisering 3

3.0 Arbeidsgruppa sin visjon 4

4.0 Kritiske suksessfaktorar for vidare arbeid i prosjektperioden 2018-2020 5

5.0 Avklaringar definert i prosjektet 5
    5.1 Arbeidsområde som kan samlokaliserast i ein kommune (A) 5
    5.2 Arbeidsområde som kan styrkast gjennom samarbeid (B) 6
    5.3 Arbeidsområde som må løysast i dei enkelte kommunane (C) 6
    5.4 Personvern 6

6.0 Risiko- og moglegheitsvurderingar 7

    6.1 Økonomiske gevinstar 7

7.0 Korleis er kostnads- og effektbildet over tid? 7
    7.1 Korleis sette konkrete mål som kan etterprøvast? 7

8.0 Arbeidsgruppa si tilråding 8

Vedlegg:

- Statusgrunnlag
- Serviceerklæring mellom Herøy og Vanylven kommunar som gjeld digital førsteline

1. 0 Overordna prosjektmål

Mandatet for arbeidsgruppa vart presentert og drøfta i arbeidsgruppene under fellessamlinga den 5. og 6. desember.

Føresetnader:
- Interkommunale prosjekt som tener brukarane. Utgangspunktet er like tilbod i dei to kommunane
- Styrkje det faglege samarbeidet mellom kommunane
- Ein skal ta ut effektiviseringsgevinstar
- Digitalisering av tenester skal stå sentralt
- Utgreie ulike alternativ for samarbeid, organisering og lokalisering

Arbeidsgruppa skal i lys av mandatet og føresetnader vurdere og gje innspel om:
- Skildre samarbeidsområdet
- Myndigheitsfordeling
- Ressursar som inngår
- Kostnadsfordeling
- Andre innspel som gruppa ønskjer å løfte fram

Tillegg for stabsektoren:
- Vurdere personvernombodsrolla
  - Felles eller kvar for seg
  - Stillingsstorleik
  - Andre høve

1.1 Effektmål/mandat for arbeidsgruppa

Med utgangspunkt i vedtaka i begge kommunane ynskjer arbeidsgruppa å fokusere på kva område som er realistisk å ha eit fellesskap rundt, kva oppgåver ein kan samarbeide om fagleg og kva oppgåver som av praktiske årsaker må vere lokaliserte i dei enkelte kommunane. Samstundes vil enkelte oppgåver har eit digitaliseringspotensiale. Dette vil bli vurdert utifrå omfang, målgruppe og administrativ belastning.
Det er også ein ynskja effekt at eit fellesskap, og nokre omfordelingsgrep, vil medføre at dei enkelte stillingane vert styrka/reindyrka i eit fagleg perspektiv.

2.0 Rammer og organisering

Arbeidsgruppa etablerte ein prosjektplan for arbeidsperioden, med milepælar der sentrale avklaringspunkt skulle drøftast.
Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth var prosjektleiar for arbeidsgruppene knytt til stab, og arbeidsgruppa har bestått av:

Ane Malene Søvik Nygård	- rådgjevar, Vanylven	arb.gr.leiar
Silje Ekroll Riborg	- arkivar, Vanylven	
Sonja Lade	- fagkoordinator servicetorg, Vanylven	
Iselin Nevstad Øvrelid	- informasjonskonsulent, Herøy	
Hilde Skinnes	- fagleiar arkiv, Herøy	
Susann Fosnavåg	- servicevert, Herøy	
Randi Aarønes	- tillitsvald	
Marina Hoff Myking	- tillitsvald	

I tillegg deltok Elin Rokstad og Tove Kvamme frå Sande kommune som observatørar f.o.m. januar.

Arbeidsgruppa har hatt fire møte; to i Herøy og to i Vanylven.

3.0 Arbeidsgruppa sin visjon

Arbeidsgruppa har vorte utfordra til å vere visjonære, og slik vi ser det: skulle løfte seg frå dei opplevde taumane som ligg til arbeidsoppgåvene våre, både av omsyn til avgrensingar på tvers av kommunane, økonomi og ein kabal med tilsette.

I fleire år har både Herøy og Vanylven, og dei andre kommunane i sjustjerna-samarbeidet jobba saman for utvikling av tenestene våre, både fagleg og gjennom felles system for korleis oppgåvene verte løyste.
Slik arbeidsgruppa ser det, er dette eit utgangspunkt for eit endå tettare samarbeid i framtida.

Felles dokumentsenter

Samle alle sju kommunane i eit dokumentsenter – felles postmottak – spisskompetanse på arkiv. Stor nok plass til å ta inn eldre arkiv for rydding/eventuelt skanning.
Dei sju kommunane skal vere så like i oppbygning av sak/arkiv at det er same kva kommune ein journalfører for. Alle fagsystema skal vere integrerte mot sak/arkiv og svarut.

> Ein rådgjevar skal tilsetjast – og vere personvernombod for alle sju kommunane og ha det overordna ansvaret i dokumentsenteret. Handsame innsynskrav og drifte dokumentsenteret med eige budsjett og prioriteringar.
> Ein nestleiar/den som trer i staden for skal vere tryggleiksansvarleg for alle sju kommunane og samarbeide tett mot rådgjevaren som er personvernombod.

Politisk sekretariat

Vi skal vere så like at det er det same kva kommune vi stiller som møtesekretærar i.

> Rådgjevar – skal vere valansvarleg for alle sju kommunane. Gjerne jurist som kan hjelpe den politiske toppleiinga og rådmannen. Ansvar for budsjett og prioriteringar.
> Skannesenter for mottak av røystesetlar og valoppgjer.

Kommunikasjonstenesta

Kommunikasjonsfeltet er relativt nytt for kommunane, det er mangfaldig, og der er stort potensiale for samarbeid.
I løpet av våren 2018 startar arbeidet med å byggje opp nye nettsider på lik plattform (ACOS). I samarbeid med resten av kommunane legg vi i fellesskap føringane på korleis vi skal ha det.
Allereie har dei fleste kommunane teke i bruk nytt intranett, der vi også har høve til å publisere på tvers, og saman, med fleire av kommunane. Ny skjemaløysing har også vore drøfta.
Dette gjer at vi vert såpass like at det er same kva kommune ein publiserer for.
For at ein kommune skal kunne drive dette arbeidet på vegne av fleire, føreset det at der framleis er eit medvite forhold til kommunikasjon og informasjon i kommunane.
Det å kunne samlast i eit fagleg forum vil løfte dei som driv med dette i det daglege til å fungere i eit fellesskap, ei felles kommunikasjonsavdeling for kommunane.

> Eit team på to-tre rådgjevarar som har eit fagleg ansvar for dette feltet for alle kommunane i sjustjerna, og som vil kunne fungere som ein koordinator for utviklingsarbeid. Teamet har overordna ansvar for informasjon- og kommunikasjonsarbeidet og for innbyggjar- og brukarorientering i servicetenestene. For planlegging, prioritering og tiltak i samsvar med strategi- og plandokument.

4.0 Kritiske suksessfaktorar for vidare arbeid i prosjektperioden 2018-2020

Oppsummering frå avtale/serviceerklæring, som utarbeidd på februarmøtet.
I tillegg er det ein føresetnad for at det skal opnast for fleire mogleg samarbeid, at nytt sak/arkiv-system kjem på plass.
Med bakgrunn i ulikskap på korleis enkelte oppgåver er plassert i organisasjonen, så vil vonleg fleire oppgåver ha eit utviklingspotensiale – utfordringa for denne arbeidsgruppa har vore at mange av desse ligg innan andre fagområde, som teknisk og kultur.
Arbeidsgruppa ser at det å gjere prosessar heilelektroniske vil vere nøkkelen til effektivisering av tenestene, men det føreset at kommunane sitt innhald er «bygd på lik lest», ref. felles sak/arkiv-system.

5.0 Avklaringar definert i prosjektet

Då Herøy og Vanylven kommunar har ulik organisering, må ein definere nokre omgrep for å kunne samanlikne og ha felles ståstad under arbeidet.
Herøy kommune har delt servicetorg og dokument/politikk, medan Vanylven kommune har samla alle desse funksjonane under servicetorg.
Ein må difor skilje mellom intern og ekstern service.
I intern inngår dokument, arkiv og politikk. I ekstern inngår servicetenester retta mot publikum.
I starten vart det utarbeidd eit samanlikningsgrunnlag for å få ei oversikt på omfang og oppgåver knytt til desse områda.
Arbeidsgruppa har vurdert kva som er mogleg å samlokalisere og samarbeide om innan prøveperioden, og samstundes sjå på kva som kan vere mogleg/føremålstenleg i eit lengre perspektiv.
Arbeidsgruppa har avdekt oppgåver som vert utført på servicetorga, men som fagleg høyrer til andre avdelingar (t.d. tekniske tenester). Arbeidsgruppa vil ikkje ta stilling til om desse skal hentast ut frå servicetorg eller samlast inn, då dette omfattar andre fagområde og må løysast på eit høgare nivå.
Arbeidsgruppa starta med ei oversikt på kva oppgåver som ligg til dei enkelte – og kategoriserte desse i samsvar med fylgjande kategoriar:
A – oppgåver som kan samlokaliserast i ein kommune
B – oppgåver som kan styrkjast gjennom samarbeid
C – oppgåver som må løysast i dei enkelte kommunane

5.1 Arbeidsområde som kan samlokaliserast i ein kommune (A)

Digital førsteline: Arbeidsgruppa har vore tydeleg på at sentralbord kan samlokaliserast til ein kommune. For å fylle ut denne «arbeidsoppgåva» definerer vi digital førsteline som telefon, chat og e-post til postmottak. Arbeidsgruppa ser dette som eit høve til å avlaste dei andre arbeidsområda med å samle desse aktivitetane som eit eige arbeidsområde. Det har vore ei utfordring i begge kommunane at styring av desse funksjonane er utfordrande fordi det skjer parallelt med utføring av andre arbeidsoppgåver. Det vert krevjande å konsentrere seg med jamlege avbrot. Med ei reindyrking av sentralbordfunksjonen vil ein kunne utvikle den digitale førstelina.

Skjenkesaker: Arbeid med alkoholpolitisk plan og handsaming av skjenkesaker (ambulerande, enkeltarrangement, generelle løyver og tildeling av prikkar) kan utførast av ein kommune, på vegner av fleire.

Arkiv/dokument: I samband med ePhorte og arkiv har også opplæring vore omtalt, og arbeidsgruppa ser det som eit potensiale for meir effektiv opplæring av tilsette ved å ta i bruk e-læring.

Oppgåver som å legge inn nye brukarar, tilgangskontroll, redigering for brukarar, påminning om restanselister, opprette søk og andre endringar i ePhorte, var punkt vi merka med status A. For å utføre desse oppgåvene må ein ha ein del bakgrunnskunnskap om organisasjonane. Etter drøfting og vurdering ser ein ikkje tidssparing på det jamne, anna enn å kunne steppe inn ved kriser/ferieavvikling.

Andre oppgåver som er nemnde og kategoriserte under mogleg samlokalisering i statusgrunnlaget:

- Legge inn i kalender for Søre Sunnmøre. Denne kalendaren går ut og web-gruppa i SSIKT er einige om å syne til fylket sin kulturkalendar. Her kan aktørar sjølve sende inn opplysingar om arrangement/møte for automatisk registrering.

5.2 Arbeidsområde som kan styrkast gjennom samarbeid (B)

Gjennom samarbeidsprosjektet har terskelen også vorte lågare for å kontakte kvarandre og spørje om råd og rettleiing knytt til ulike problemstillingar.
Arbeidsgruppa ser det som mogleg å styrke samarbeid på tilrettelegging av informasjon ved val. Når det gjeld dokument/arkiv elles, har (både) Vanylven (og Sande) framleis enkelte arkivdelar i papirformat. Det vil derfor vere meirarbeid å sende papir til rett arkiv i etterkant av registrering. Nytt sak- arkivsystem og fullelektronisk arkiv er ein føresetnad for at fleire punkt med status B kan endrast til status A. Det er derfor ikkje praktisk å samlokalisere arkiv pr. d.d.

Informasjons- og kommunikasjonsarbeid: Kommunane har mykje å hente på å etablere eit fagleg samarbeid innan dette området. Gjennom utarbeiding av planar og strategidokument, rutinar for annonsering og pressemeldingar, opplæring av tilsette, system for sosiale media, elektroniske skjema og språkvask.

5.3 Arbeidsområde som må løysast i dei enkelte kommunane (C)

Arbeidsgruppa ser at enkelte oppgåver potensielt kan samlokaliserast, men ein må ta omsyn til serviceaspektet ovanfor innbyggjarane/gruppa som tek imot tenesta.
Døme på dette er følgekort, parkeringsbevis for forflytningshemma og generelle råd/rettleiing som går føre seg i servicetorget.

Samstundes er der fleire oppgåver som vert merka C då desse vert løyst ut i organisasjonen i Vanylven kommune og i servicetorget i Herøy, og inngår soleis i oppgåvene til andre på andre avdelingar. På sikt må ein rekne med at desse anten vert lagt til servicetorg og/eller vert løyst annleis enn i dag, gjennom auka digitalisering.
Døme på dette er fakturering, utrekning av kulturmidlar, registrering av feil på gatelys og andre merknadar om avvik som kjem frå publikum.

5.4 Personvern

Arbeidsgruppa syner til at styret i SSIKT vedtok på møte den 26. januar 2018 at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på utfordringane knytt til personvern (GDPR). Dette var med bakgrunn i ei sak frå strategigruppa. Alle kommunane har peika ut medlemer til arbeidsgruppa, og dagleg leiar i SSIKT har ansvar for at denne gruppa startar arbeidet. Arbeidsgruppa GDPR har fått følgjande oppgåve: "Fase 1. Felles rutinar, malar osv. Fase 2. Etablere ombod, som skal handtere rutinar osv. Fase 3: Detaljkunnskap om det enkelte punkt".

Arbeidsgruppa for samarbeidsprosjektet mellom Herøy og Vanylven kommunar syner difor til dette arbeidet, og er budd på at eit slikt ansvar vil kunne bli lagt til eksisterande stillingar. I tillegg til at arbeidsgruppa GDPR vil legge ramme for omfang, og kor vidt der er føremålstenleg at fleire kommunar har felles personvernombod.

Frå Datatilsynet sin omtale av stillinga personvernombod:

> *Personvernombudets oppgaver kan kombineres med annet arbeid under forutsetning av at disse andre arbeidsoppgavene ikke kommer i konflikt med personvernombudets rolle. Særlig i små virksomheter kan det være naturlig å kombinere personvernombudets oppgaver med annet arbeid.*
>
> *Personvernombudet må inneha en stilling som gir selvstendighet og autoritet i forhold til ledelse, ansatte og utenforstående. Avhengig av organisasjonens form og størrelse, kan dette være for eksempel arkivleder, juridisk- eller IT- ansvarlig, personalsjef, revisor eller advokat.*

6.0 Risiko- og moglegheitsvurderingar

6.1 Økonomiske gevinstar

Arbeidsgruppa ser det som vanskeleg å kostnadsrekne mykje av det effektiviseringspotensialet som ligg på auka samarbeid. T.d. i arbeid med planar og strategidokument vil det sjølvsagt vere høve til sparing ved at ikkje begge kommunane må gjere parallelt arbeid, men kan samarbeide og fordele arbeidet. Innanfor dei enkelte fagområda er der difor eit effektiviseringspotensiale, som vil kunne realiserast ved at mange oppgåver vil kunne løysast på andre måtar, og samlast innan eksisterande ressursar ved t.d. naturleg avgang i avdelingane.

Det mest tydelege innsparingspotensialet er på sentralbordtenesta, då det vil frigjere ressursar med den kommunen som ikkje skal utføre dette arbeidet. Kor mykje meir ressursar dette vil seie for kommunen som skal utføre tenesta på vegner av fleire, er vanskeleg å sette eit konkret tal på då trykket varierer veldig. Samstundes som ein alltid må ha nokon tilgjengeleg til å svare anten det er ein telefon per halvtime eller der er kø med fleire telefonar. Ved å samle fleire kommunar om denne tenesta, trur arbeidsgruppa at ein vil kunne fylle arbeidsdagen for dedikerte ressursar på eitt sentralbord, samtidig som det er mogleg å legge til høvelege arbeidsoppgåver som lettare let seg kombinere med telefontenesta. Som t.d. chat og handtering av e-post til postmottak.

7.0 Korleis er kostnads- og effektbildet over tid?

Ei samlokalisering av den elektroniske førstelina vil også kunne effektivisere kommunikasjonen til publikum, med at det vert meir tydeleg og standardisert kvar og korleis ein får hjelp når ein er i kontakt med kommunen. Om ein berre ser på auken i bruken av elektroniske skjema, er det naturleg å tru at stadig meir av kommunikasjonen vil gå føre seg elektronisk. Det er viktig at der er eit godt, publikumsvenleg punkt gjennom sentralbordet der ein raskt kjem i kontakt med den som kan svare best.

Samstundes er det viktig å understreke behovet for eit godt samspel med dei som er ansvarleg for kommunikasjon, då dette heng tett saman med det potensielle trykket som kjem frå publikum. Er der god informasjon ut om aktuelle saker, er det færre som ser det naudsynt å kontakte kommunen direkte.

Gjennom ei endring i korleis oppgåvene knytt til servicetorget vert løyste, og ei form for avlasting der det er mogleg å samarbeide om enkelte fagområde, ser servicetorga det som eit høve til å yte betre service til den delen av publikum som ikkje er sjølvhjelpte.

7.1 Korleis sette konkrete mål som kan etterprøvast?

Innleiingsvis i prosjektet vart det etablert eit statusgrunnlag med innsamla informasjon om telefontrafikk og resultat frå brukarundersøkingar (både intern og ekstern) som gjer det mogleg å ta nye målingar kontinuerleg for å følgje utviklinga.

	Herøy	Vanylven
Stillingar		
Intern service – Dokumentsenter/politikk	1,9	2
Ekstern service – Servicetorget/sentralbord	4,5	1,4
Totalt	6,4	3,4
Måleindikatorar 2017		
Telefonar (snitt per mnd)	Legg inn frå statistikk	Legg inn frå statistikk
Snitt e-post til arkiv per dag (til ePhorte)	Ca. 20	Ca. 15
Journalpostar	16 000	9 000
Elektroniske søknadar per år		
Kvalitetsmåling		
Internundersøkinga		
- Arkiv/dokument	4,9	
- Servicetorg/sentralbord	4,9	5,2
- Informasjon/kommunikasjon	4,9	4,9
Innbyggjarundersøkinga		
- Nøgd med servicetorg	5,0	5,0
- Nøgd med nettbasert teneste	4,4	4,2
- Serviceinnstilling hjå tilsette generelt	4,3	4,3

8.0 Arbeidsgruppa si tilråding

Den digitale førstelina (telefon, chat, e-post til postmottak) i Herøy kommune vert flytta til Vanylven kommune frå og med 9. april. Avtale/serviceerklæring for praktisk tilrettelegging rundt flyttinga er drøfta og utkast er lagt ved. Serviceerklæringa utdjupar den digitale førstelinetenesta mellom Vanylven og Herøy kommunar.

Dei to kommunane har starta tilnærmingsarbeidet med å verte likare på fleire felt. Ein samarbeider om blant anna rutinar og malar, intranett, internettside (heimside), e-læring, skjema for utmelding/innmelding av tilsette som skal gå til ulike avdelingar.

Ved hjelp av e-læring ser vi for oss at vi kan lette på arbeidet vårt og gi betre kvalitet til dei tilsette. (Alle e-læringsvideoane skal fungere for både Herøy og Vanylven. Dei skal vere lett tilgjengeleg på intranett under kategoriar.) Forslag til e-læringsområder:

- Nytilsette
- Ephorte – «oppskrifter» på enkle operasjonar
- Forvaltning, offentlegheit og anna lovverk
- Politikk
- Personal

Arbeidsgruppa går inn for at dei to kommunane Herøy og Vanylven må ha kvar sitt personvernombod.

Arbeidsgruppa har drøfta potensielle samlokaliseringar. Viser til punkt 5.0.

Statusgrunnlag, oppdatert 21.01.2018 vedlegg

Punkta er delt inn i tre kategoriar:

A) Kan samlokaliserast/flytte tenester
B) Utarbeide felles rutinar på (få hjelp med kvarandre)
C) Lokaliserast i kvar enkelt kommune.

Oppgåver		
Saksbehandling		
A - Alkoholpolitisk plan	X	
A - Skjenkesaker (ambulerande, enkeltarrangement, generelle løyve og tildeling av prikkar)	X	X
B - Tilskot trusamfunn	X	X
C - Kulturmidlar	X	
C - Transportteneste	X	
C - Følgekort	X	X
C - Fritak kommunale avgifter (slam/kloakk, feiing og tilsyn)	X	
C - Sal av kommunale bustadtomter (kontrakt, fakturering, skøyte og konsesjonsfritak)	X	
C - Privat brøyting	X	
C - Parkeringsbevis	X	X
C - Adressetildeling	X	
Registreringarbeid:		
A - Legge inn i kalender for søre sunnmøre	X	X
C - Matrikkelføring (nyoppretting bygg, adresse og ajourhald)	X	
C - Registrere i ISY (registrere feiing, tilsyn og vannmålar samt ajourhald)	X	
C - Kommuneregisteret	X	
C - Styrevervregisteret	X	
C - Kontaktinfo nettsida	X	
C - Ledige stillingar i skjemabasen	X	
C - Oppdatering CIM (beredskap)	X	X
C - Feil på gatelys	X	
C - Avviksmelding når ting ikkje funger (gjeld på vegne av publikum)	X	
Fakturering:		
C - Frådeling	X	
C - Reguleringar	X	
C - Byggesak	X	
C - Dispensasjonar	X	
C - Kommunale avgifter	X	
C - Privat brøyting	X	
C - Eigedomspakkar	X	

C - Skjenkeavgift	X	
C – Tomter	X	
C - Digitale kart	X	
C - Sal av straum til båtar	X	
C - Vasslevering båtar	X	
Val:		
B - Tilrettellegge info ved val	X	X
C - Tidlegrøysting kommunale val	X	X
C - Førehandsrøysting kommuneval og stortingsval	X	X
Informasjon og kommunikasjon		
B - Utarbeide planar og strategi for informasjonsarbeidet – framtidsretta	X	
B - Annonsering	X	
B - Brosjyrar og informasjonsmateriell	X	X
B - Opplæring tilsette (også er pådrivarrolle for å få ting ut)	X	(x)
B - Pressemeldingar	X	
B - Oppdatere nettsida vedkomande tenester, nyhende m.m	X	(X)
B - Sosiale informasjonskanalar, oppdatering og overvåking (alle kommunale sider)	X	
B - Informasjonaarbeid vedkomane beredskap	X	X
B - Gi rettigheite til tilsette på nettsida	X	
B - Elektroniske skjema og oppdatering av variablar (feltverdiar)	X	
B - Delta i samarbeid med dei andre kommunene vedkomande internett, intranett, strategigruppe m.m	X	X
B - Lage til inforskjerm kvar dag	X	
B - Design ulike planar og skriv før trykking	X	
B - Turisinformasjon	X	X
B - Språkvask	X	
Andre oppgåver:		
A - Registrere møterom eksterne bestillarar	X	X
C - Råd og rettleiing (går mykje på kvar skal ein finne info, kven er rett person å snakke med, kva må ein legge ved i søknad, sjekke at naudsynt dokumentasjon ligg ved,++)	X	X
C - Konsesjonsfritaksjema for private (må ligge ved alle eigedomar som skal tinglysast)	X	
C - Sal av krykker med ekstrautstyr	X	
C - Sal av gripetang	X	
C - Servicepakke eigedomsopplysningar	X	
C - Sal av straumpolettar	X	
C - Løn brannvern	X	
C - Byggid-kort	X	
C - Kartutsnitt til kunde	X	
C - Hente fram opplysningar til kunde i Docmaster (deira elektroniske byggesakmappe)	X	
C - Flyttemeldingar (ferdigstille for innsending)	X	

C - Registrere inn feil og manglar kommunale bygg (Famac)	X	
C - Rapporteringar	X	
C - Godkjenning trefelling kommunal grunn	X	
C - Utrekning av beredskap og overtid utestyrken	X	
C - Grunnbokutskrift	X	
C - Matrikkelbrev	X	
C - 10 – på topp	X	
C - Kontantkasseoppgjer	X	X
C - Bestilling av kontorrekvisita		X
C - TV-aksjonen		X
C - Hente medisin til institusjon		X
Dokument og politisk	Herøy	Vanylven
A - Legge inn nye brukarar i ePhorte	X	X
A - Tilgangskontroll i ePhorte	X	X
A - Redigering i ePhorte for brukarar	X	X
A - Påminning restanseliste ePhorte	X	X
A - Opprette nye søk og andre endringar i ePhorte	X	X
A - Legge inn stedfortreder og varsle	X	X
A - Opplæring i ephorte for nytilsette	x	x
A - Kurs	x	x
A - E-læring		
A - Ordne med vara for politisk utval	X	X
B - Journalføring av inngåande post	X	x
B - Rutine for arkivsøk på ettermiddag	X	X
B - Oppdatere arkivplanen	X	X
B - Veilede i arkivdanning	X	X
B - Ekspedering av alle politiske vedtak	X	x
B - Lage møteprotokoll	X	X
B - Oppdatere ePhorte og møtekalendar ved endring	X	X
B - Forslag til møtekalendar	X	X
B - Melde opp referatskriv til politiske møter	X	X
B - Skrive saker til politisk behandling	X	X
B - Å delta på formannskap/kommunestyremøta	X	X
B - Valgarbeid annakvart år	X	X
C - Registrere møtegodtgjersle politiske møter	X	X
C - Attestere reisegodtgjersle og tapt arb.fortjeneste	X	X
C - Bestilling av bøker, kort, blomar og gåver	X	
C - Arbeidsavtaler	X	
C - Opptak og redigering av webopptak i kommunestyresalen	X	X
C - Attestere for rådmann, avdelinga og politisk	X	X
C - Skrive artikkel på heimesida	X	
C - Lage møteinnkalling	X	X

Kommentar frå arkivleiarane: Både Vanylven og Sande har fortsatt enkelte arkivdelar i papirformat. Det vil då vere meirarbeid med å sende papir til rette arkiv i etterkant av registrering. Det er derfor ikkje praktisk å samlokalisere postmottak pr. d.d. Nytt sak- arkivsystem og fullelektronisk arkiv er ein føresetnad for at fleire punkt med status B kan endre til status A.

vedlegg

SERVICEERKLÆRING mellom

Herøy kommune og

Vanylven kommune for digital førsteline

I fylgje kommunelova §4 skal kommunane drive aktiv informasjon om si verksemd, og i det ligg ein føresetnad av å vere tilgjengeleg og imøtekomande i kontakta med publikum. Med eit samfunn med stadig meir kvalitetsmedvitne og informasjonsorienterte innbyggjarar, må kommunane yte eit servicenivå som tilfredsstiller dei forventingane som ligg til tenestene.

Føremålet med ei slik serviceerklæring er å sikre eit brukarorientert samspel mellom Vanylven kommune som tenesteytar og Herøy kommune som bestillar av tenesta.

Sentralbord (telefon) og chat vert definert som den digitale førstelina i kommunen. Vanylven kommune vil gjennom samarbeidsavtalen arbeide med desse funksjonane.

I høve serviceerklæringa vert innbyggjarane i kommunane og andre aktørar utanfor organisasjonen definerte som dei eksterne brukarane og dei tilsette i kommunane som dei interne brukarane.

Vanylven kommune vil gjennom denne erklæringa ta på seg plikt til å yte service til dei eksterne brukarane, men vil samstundes vere avhengig av at dei interne brukarane leverar eit underlag som gjer det mogleg å yte kvalitativ god service eksternt. I det underlaget som ein føreset vert levert internt, må det ligge til grunn ein god informasjonsflyt på tvers av kommunane og ut i avdelingane.

Organisering

Kommunane utarbeidar oppdaterte **organisasjonskart** og kontrollerer at desse samsvarar med søkeord i sentralbordet.

Representantar frå administrativ leiing i begge kommunane deltek i eit utval som årleg skal gi ei evaluering av ordninga. Dersom eventuelle avvik//flaskehalsar/problem vert oppdaga, skal desse utgreiast for å kunne identifisere årsak og føreslå løysing, i samråd med fagleiar/fagansvarleg for servicetorg.

Alle tilsette i servicetorget i kommunane skal ha kjennskap til denne serviceerklæringa.

Generelle gode råd for korleis yte god service

* *Spør kva det gjeld – kanskje vert det meir tydeleg kven vedkommande skal snakke med og ein unngår å sette over feil.*
* *Svar på førespurnader så snart som mogleg, då slepp du fleire purringar = mindre mas.*
* *Ikkje lov noko du ikkje kan halde. Ringe deg etterpå, men har eigentleg ikkje tid før om to dagar?*
* *Hold omgjevnadane informert – god informasjonsflyt kan tilfredsstille informasjonsbehovet til fleire, og slik sett avlaste trykket på fleire førespurnader.*

Eksterne forhold

For best mogleg opplevd service frå publikum:

- Sentralbordet skal ha ei opningstid som svarar til kjernetida for dei tilsette på rådhusa, som er 09::00 – 15:00. Opningstid utover dette ser ein på som ei utfordring i høve føremålet med å yte god service, då det utanom desse tidspunkta kan vere vanskeleg å treffe sakshandsamarar/fagmiljøa. Lite tilgjengelig organisasjon gir dårleg service og dårlig omdømme.
- Gjennom godt informasjonsarbeid skal kommunane yte aktiv orientering til innbyggjarane, då der kan vere situasjonar/aktivitetar som potensielt kan bidra til stort trykk av førespurnader.
- Sentralbord har ansvar for å lese inn talebeskjedar i telefonsystema.
- Sakshandsamarar som tek i mot ein førespurnad/kontakt frå eksterne, bør, så langt det let seg gjere, fylgje opp og gje eit (midlertidig) svar innan to arbeidsdagar.
- Når sentralborda er kopla saman opnar ein samtalane med «Sentralbordet, du snakkar med …» eller «Sentralbordet på rådhuset».

Interne forhold

For best mogleg samspel mellom kommunane og ut i organisasjonen:

- Dei tilsette i kommunane har tilgang til kontaktinformasjonen til alle tilsette på intranett. Denne funksjonen skal nyttast framfor ein førespurnad til sentralbordet.
- Herøy kommune har høve til å hente fram sentralbord dersom behovet skulle oppstå, i t.d. beredskapssamanheng eller ved akutt manglande bemanning i Vanylven kommune.
- Servicetorget vil kunne svare på førespurnader som der ikkje er direkte sakshandsamarar eller fagområde å setje over til, og som gjerne kan gjelde lokale forhold utanfor eit sentralbord sin naturlege kjennskap.
- Dei tilsette i kommuneorganisasjonane har ansvar for tilstrekkeleg fråværsmarkering i kalendrane sine – Dette må det jamleg minnast om. Dette må også løftast opp på leiarnivå som eit ansvar som kvar enkelt tilsett har.

Kvalitetssikring

- Ved oppstart av samarbeid mellom kommunane vert det gjennomført brukarundersøkingar som vil gje eit bilete av oppfatta kvalitet på tenesta. Vidare er det ynskjeleg at slike undersøkingar vert gjennomført årleg eller kvart 2. år.
- Fagleiar/fagansvarleg for servicetorg vil ha ansvar for å halde ei oversikt på eventuelle merknadar, klager eller andre forhold som vil oppstå.
- Før oppstart av samlokalisering av sentralbord bør det leggjast til rette for hospitering mellom kommunane.

Dato for overflytting av sentralbord frå Herøy til Vanylven: måndag 9. april 2018.

SAMARBEIDSPROSJEKT MELLOM VANYLVEN KOMMUNE OG HEROY KOMMUNE

OBSERVATØR SANDE KOMMUNE

PROSJEKTPERIODE DESEMBER 2017-MARS 2018

FAGOMRÅDE

ØKONOMI OG SKATT

LØN, PERSONAL OG ORGANISASJON

Innhald:

Bakgrunn	3
Mandat arbeidsgrupper	4
Arbeidsprosess og framdrift	5
Skildring av samarbeidsområdet	7
Scenario for samarbeid	20
Oppgåver, struktur, teknologi og HR	22
Leiing og føresetnad for leiarskap	24
Kompetanse	24
Vurderingar	24
Harmonisering	25
Økonomi og utsikter til innsparing	26
Felles løysing for enkeltfunksjonar	26
Oppsummering/konklusjon	27
Vedlegg	

BAKGRUNN:

Saksframlegg 2017/760 Herøy kommune.

Likelydande saksdokument finn ein for Vanylven kommune.

Den politiske avgjerda om utgreiing av samarbeid mellom Vanylven og Herøy byggjer på følgjande forhold:

1. **Effektivitetsutfordringa**
   - Meir kostnads effektiv tenesteproduksjon

2. **Kvalitetsutfordringa**
   - Utnytte felles ressursar for å betre kvaliteten på tenesterer

3. **Styring**
   - Klart definerte ansvar og oppgåvefordeling mellom Herøy kommune og Vanylven kommune

Faktorar som vert trekt fram som avgjerande er kommunikasjon og teknologi.

I den samla vurderinga og konklusjonen heiter det:

«Herøy kommune og Vanylven kommune har som felles målsetting å legge til rette for interkommunale samarbeidsprosjekt, som skal tene til meir kostnadseffektive og kvalitative tenester til det beste for innbyggjarane og medarbeidarane i begge kommunar.»

MANDAT ARBEIDSGRUPPER

Mandatet vart presentert og drøfta i arbeidsgruppene under fellessamlinga den 5. og 6. desember.

Føresetnader:

- Interkommunale prosjekt som tener brukarane, utgangspunktet er like tilbod i dei to kommunane
- Styrkje det faglege samarbeidet mellom kommunane
- Ein skal ta ut effektiviseringsgevinstar
- Digitalisering av tenester skal stå sentralt
- Utgreie ulike alternativ for samarbeid, organisering og lokalisering

Arbeidsgruppa skal i lys av mandatet og føresetnader vurdere og gje innspel om:

- Beskrive samarbeidsområdet
- Myndigheitsfordeling
- Ressursar som inngår
- Kostnadsfordeling
- Andre innspel som gruppa ønskjer å løfte fram

Tillegg for Stabsektoren:

- Vurdere personvernombodsrolla
    - Felles eller kvar for seg
    - Stillingsstorleik
    - Andre høve

Mandat til føresetnader, og kva legg vi i desse:
Like tilbod:
Stabsfunksjonane i dei to kommunane er både interne og eksterne tenesteleverandør, sjølv om grad og omfang varierer frå avdeling til avdeling.

Føresetnaden som dette samarbeidsprosjektet byggjer på er at tilboda skal vere like i dei to kommunane. Det går ikkje fram av føresetnadane kvar desse tenestetilbodet skal kome i frå. Altså: Om det skal skje frå det respektive kommunehus, eller om det isolert sett er sjølve tenestetilbodet det er snakk om.

Styrke det faglege samarbeidet:
Dette tolkar arbeidsgruppa som at vi både skal kunne styrkje fagmiljøet og utvikle kvaliteten på tenesteområda.

Ta ut effektiviseringsgevinstar:
Å ta ut effektiviseringsgevinstar inneber at vi ved eit samarbeid skal kunne gjennomføre arbeidsoperasjonane raskare, og dermed produsere fleire tenester med same eller færre tal på ressursar. Med dette som utgangspunkt må arbeidsoppgåvene spesialisertast, og dermed også organiserast og fordelast på ein måte som gjer at vi får skalafordelar.

Effektivisering må sjåast i høve til organisering og fordeling av arbeidsoppgåver og kontroll med desse. Dei strukturelle og teknologiske sidene ved dette, er difor avgjerande.

Digitalisering:
Ein føresetnad for effekttivisering er digitalisering. Dette inneber einskaplege og heilskaplege operasjonar som er lik i begge kommunar. Bortfall av fysisk papirflyt og system som snakkar med kvarandre.

Effektivisering og digitalisering er to sider av same sak.

Med utgangspunkt i føresetnadane har arbeidsgruppa sett på ulike scenario for samarbeid, der organisering og lokalisering er ein del av dette.

Arbeidsprosess og framdrift

På lik line med fleire av dei andre arbeidsgruppene starta arbeidet for økonomi, skatt, løn og personal med «kick off» på Thon Hotel, Fosnavåg 6. og 7. desember 2017. Etter dette har arbeidsgruppa hatt følgjande møte:

1. Arbeidsgruppemøte for skatt og økonomi møte på rådhuset Herøy kommune 09.01.18.
2. Arbeidsgruppemøte for løn og personal Herøy og Vanylven 10.01.18
3. Samarbeidsmøte for alle fagområder for Vanylven og Herøy samt Sande som observatør15.01.18.
   I dette møte kartla vi alle arbeidsoppgåvene i dei respektive avdelingar, og vurderte likskapar og ulikskapar, samt utsikter til kva typar samarbeid som er mogleg.

4. Samarbeidsmøte for Herøy og Vanylven med Sande som observatør 05.02.18.
   Dette møte starta med rådmannen i Vanylven til stade, der føresetnadane for samarbeid, organisering og arbeidsfordeling vart drøfta. Spørsmålet om felles personvernombod vart også diskutert.
5. Videomøte mellom Herøy og Vanylven 19.02.18
   I dette møte vurderte vi fordelar og ulemper, med grunnlag i tre ulike scenario for samarbeid.
6. Videomøte mellom Herøy og Vanylven 16.03.18.
   I dette møte gjekk vi gjennom førebels utkast til rapport, og såg på kva som må ligge til grunn for å oppnå måla for eit framtidig samarbeid mellom Herøy og Vanylven. Stikkord for dette er harmonisering, med utgangspunkt i handlingsplanar for å nå eit overordna mål om samarbeid innan eit av tre scenario.

Skildring av samarbeidsområdet for kommunane Vanylven og Herøy

Avdelingane skatt og økonomi, løn og personal

Tabellen under gir ei oversikt over dei oppgåvene som høyrer til fagområda løn og personalområdet. Oppgåvene er dels skildra/spesifiserte og gruppa har prøvd å få fram kva som er likt/ulike i Vanylven og Herøy. I tabellen ligg også vurderingar knytt til kva som er mogleg å samarbeide om eller om oppgåvene konkret må delast.

Mange av oppgåvene ligg i dag på enkeltpersonar, og vurderingar kring dette er også tatt med. Tabellen er ikkje uttømmande, og dei vurderingane som er gjorde er ikkje heilt like frå arbeidsoppgåve til arbeidsoppgåve. Oppgåvene tek utgangspunkt i Herøy kommune sine ressursanalyser over dei to avdelingane Skatt og økonomi og Personal og organisasjon.

Tabell 1

Lønn:		
Oppgåver:	Skildring/merknad:	Konklusjon samarbeid:
Legge inn faste endringar på lønn:	Rette opp feil i forhold til siste lønskøyring td. Manglande lønsmelding ved at leiarane har gløymt å melde inn lønn. Lønsendringar skal eigentleg gjerast før lønskøyringa. Legge inn nye medarbeidarar faste og midlertidige.	Begge kommunar kan gjere dette, gitt oversikt over alle leiarar med fullstendige opplysningar på leiar, for og etternamn, e-post, arbeidsstad/ansvar. Utfordring: Korleis kanalisere oppgåvene og kva metode skal vi nytte for å fordele arbeidet.
Variabel løn:	Punsje og hente inn filer.	Digitalisering er ein føresetnad. Dersom ei fullstendig arbeidsfordeling skal kunne skje. Det er likevel ikkje mulig å fordele arbeidet med å hente ut enkeltfiler frå begge kommunar på dei respektive stadane.

Legge inn alle nye innkassotrekk og påleggstrekk:	Desse vert sende til dei ulike arbeidsplassar i kommunen og vert vidaresendt personalavdelinga. Det som kjem frå namnsmannen kjem direkte til PeOrg. Nettolønn må skjekkast av den som skal betale ut lønn.	Dersom den eine kommunen skal avhjelpe den andre, må trekket skannast og sendast vidare.
Etterbetaling:	Grunnlag for etterbetaling er ofte feil, feil utbetaling som følgje av for sein innmelding og innsending av timelister.	Den kommunen feilen høyrer heime i, må rette opp og gjennomføre etterbetaling.
Køyre ansiennitetsopprykk:	Dette skal gjerast kvar månad, og skal skje før lønskøyringa. Er ein del av faste gjeremål knytt til lønsprosessen.	Føreset at dei opplysningar som er registrert i lønssystemet er riktig. Dette er også ein føresetnad for at ein skal kunne gjer arbeidet for kvarandre.
Ta inn e-skattekort:	Vert tatt inn rett etter at alle timelister er punsja og filer er henta inn. Det må køyrast lønsforslag før skattefilene vert teken inn. Etter at det er gjort, må lønsforslaget slettast og køyrast på nytt.	Dei respektive kommunar må gjere dette. Føresetnaden er at den som skal gjere denne oppgåva må ha tilgangar. NB! Person vern!
Køyre lønsforslag: (sjekke stor/liten netto, slette dei som er feil)	Sjekke feilliste og rette opp alle feil.	Kommunane kan gjere dette for kvarandre, men lokalkunnskap er avgjerande i høve til å avdekke feil å listene.
Køyre lønsbekreftelse:	Når alle feil er retta køyrer ein lønsbekreftelse. Bokfører løna.	Det er naturleg at dette er ein del av heile lønsprosessen, og må gjerast av ein og same person.
Remitteringsforslag/	Sjå punkt over. Det vert laga forslag på desse områda: Skatt, lønn for tilsette, trekkeigarar/fagforeiningstr., innkassotrekk. Dersom det er feil på	Same person må gjennomføre heile prosessen frå lønsforslag til og med alle betalingsfiler.

Remitteringsbekrefteles e:	desse, må det rettast opp.	
Lage betalingsfiler:	Neste steg etter remittering.	Den personen som gjennomfører lønsprosessen, må også lage betalingsfiler.
Ta utskrift av lister og leverer til økonomi:	Kontrollerer lister opp i mot beløp som ligg på fil.	Føreset tilgang til bank og har tilgangane for å betale. Er ein del av lønsprosessen. Innanfor respektive kommune. I Herøy kommune er det økonomiavdelinga som overfører filene til bank, i Vanylven er det lønsmedarbeidar som gjer denne jobben.
Køyre lønsslippar:	Slutten på lønsprosess. Den som gjer dette får også førespurnader om eventuelle feil på lønsslipp.	Høyrer til same prosess.
A-meldinga:	Alle reiserekningsrapportar må vere ferdig før A-meldinga vert køyrd.	Gjerast av den som køyrer lønna. Må ha tilgang i Alt inn. Den som køyer løna har også føresetnader for å sjå feil.
Køyre/generere arbeidsforhold:	Feil i arbeidsforhold vert avdekt når du utfører første del av A-meldinga. Dette må rettast før A-meldinga vert køyrd. Det må køyrast ny rapport etter at rettinga er skjedd.	Den som har køyrd løna bør gjere dette.
Generere fribeløpoversikt:	Når det gjeld arbeidsgjevaravgift er det ulikt frå kommune til kommune.	Prosessane er ulike.
Bokføre generert arbeidsgjevaravgift for månaden:		Berre Herøy, sidan vi opererer med fribeløp.

Reiserekningar:		Jfr. Prosess med løn. Ein og same person må ta seg av denne prosessen. I prinsippet kan ein person ta seg av denne prosessen, men ein person i kvar kommune må kunne denne prosessen.
Rapportering:	SPK og KLP, pensjon. SBP ein gong per månad, KLP kvart kvartal. Køyre rapport og sjekke feil. Rette opp eventuelle feil.	Den som køyrer rapportane må ha lokalkunnskapar for å kunne avdekke feil. Den som avdekkar feila, må også rette det opp. Alle rapportar har tidsfristar.
Rapporteringa av PAI, ein gong per år, fråværsrapportering til KS 2 gongar i året	Rapportering på person, arbeidsopplysningar og inntektsopplysningar. Viktig i høve til for eksempel tariffoppgjer. Fråværsrapportering med ansiennitetsdato, utdanningskode.	Viktig med lokalkunnskap for å utføre denne arbeidsprosessen.
Terminoppgjer annakvar månad:	Det skal lagast terminoppgjer 6 gongar i året, og for Herøy kommune er dette 4 firma. Vanylven 3. Skatt, arbeidsgjevaravgift og påleggstekk skal summerast og sendast til økonomiavdelinga.	Dei som har køyrt A-melding for kommunen må gjere dette.
		Det er mogleg at kommunane kan gjere denne jobben for kvarandre, gitt at A-meldinga er ok.
Lage nye stillingskodar og heimlar når det er endringar i organisasjonen:		Dei som gjer dette må ha kunnskapar om organisasjonen. Altså, jobbar i respektive kommune.
Refusjonskrav på løn til enkeltpersonar:	Gjeld mellom anna personar som er på lønstilskot.	Respektive kommune tek seg av dette med omsyn til oppfylging av prosessen.
Ved overgong til nytt år:	Endringar må gjerast for kvart firma. Det er ein del av årsavslutninga å gjere klart til eit nytt.	I prinsippet kan dette gjerast av ein person i ei av kommunane. Nokre av satsane er ulike, men dei fleste er likevel like.

Ekstra lønskøyring:	Det må gjennomførast fleire ekstra lønskøyringar før overgong til nytt år.	Dette må gjerast i kvar enkelt kommune.
Sjukefråvær, sjukepengar og refusjonar		Førebels er det ikkje mulig å vite korleis dette vil fungere. Spørsmålet er vidare om den enkelte kommune sin rett til å hente ut opplysningar i Alt inn om tilsette/personar frå ei anna kommune. Personvernet.
		Kommunane går inn og tek denne prosessen isolert sett.

Personalområdet:		
Henting og fordeling av post:		Må gjerast på den enkelte arbeidsplass/lokasjon
Utrekning av ansiennitet:	Rett utrekning etter ansiennitetsreglement. HTA. Utbetaling i hht. ansiennitet frå den dag kravet vert lagt fram.	Kan gjerast på begge stadar. Dersom denne oppgåva skal gjerast for kvarandre må den som skal utføre arbeidet ha tilgang til ephorte i begge kommunar.
Skrive tenestetidsattestar:	I periodar er etterspurnaden etter denne tenesta stor. Kan vere tidkrevjande med omsyn til at arbeidstid og arbeidslengde kan vere ulik over tid.	Kan gjerast på begge stadar, men føreset at begge kommunane har tilgang til arkivsystem og personalmapper.
Personalforvaltning:	Søknader etter permisjonsreglement, stadfesting avslutning av arbeidsforhold.	Begge stadar kan utføre dette arbeidet, men føreset tilgang til saksbehandlingssystem. Litt ulik sakshandsamingsrutinar. Herøy: PeOrg. Sender ut svar. Vanylven: Svar ute i avdelingane. Det å kunne ta kvarandre sine saker, vil kunne vere ein styrke med omsyn til lik sakshandsaming. Vil lette jobben til den enkelte.
Permisjonssøknader, fødselspermisjonar, oppseiingar mm.		

Rekruttering:		
Utlysing:	PeOrg. Kvalitetssikrar utlysingstekst	Herøy: Samarbeid mellom fag, kommunikasjon og personal.
		Vanylven: Samarbeid mellom fag, personal.
		Kan gjerast begge stadar, og det vil vere ein styrke at kommunane kan utføre arbeidet for kvarandre både med omsyn til flyt og kvalitetssikring.
Publisere stillingar på heimeside:	Herøy: Kan gjerast både av servicetorget og personal	Kan gjerast begge stadar, men det er naturleg at den som har ansvar for den gitte tilsettinga.
	Vanylven: Personal	
Ta ut søkjarlister:	Herøy: PeOrg tek ut søkjarlister når alle søknadane har kome inn i ephorte.	Dette kan gjerast begge stadar, gitt tilgang på system. Det er naturleg at den som har ansvar for ei bestemt stilling fyl heile prosessen.
	Vanylven: Kommunalsjefane tek ut søkjarlister.	
Skrive tilbodsbrev:	Skrive tilsettingsbrev etter tilsetjingsvedtak. Litt ulik praksis i Herøy og Vanylven.	
	Herøy: Skriv alle tilsettingsbrev.	
	Vanylven: Alle tilsettingsbrev med unntak av kultur.	
Lønsfastsetjing:	Avklare med sektor/avdeling og i hht. tariff.	Kan gjerast på begge stadar av den som fyl tilsettingssaka.
Orientere tilsettingsgruppa:	Orientere leiarar, tillitsvald	Kan gjerast på begge stadar av den som fyl tilsettingssaka.
	Litt ulik praksis i dei to kommunane.	
Sende avslagsbrev:	Vanylven: Sakshandsamar	Sjå over.
	Herøy: PeOrg	
Skrive arbeidsavtalar:	Herøy: PeOrg sender ut avtalar	Begge stadar
	Vanylven: Vert gjort saman med tilsettingsbrevet	

Vedlikehald av personopplysningar:		Begge stader, gitt tilgang på system. Ved samarbeid mellom to lokasjonar, må det avgjerast kven som skal ha ansvaret. Finne ein måte å organisere og fordele dette arbeidet på.
Kontere faktura:	Herøy: Eli-Gunn	Kan gjerast begge stadar, gitt tilgang på system. Fordel med lokalkunnskap.
	Vanylven: Sigrid-Marie	
Bilgodtgjersle:	Herøy: PeOrg lagar oversikt over dei som skal ha bilgodtgjersle.	Kan gjerast begge stadar.
	Vanylven: Løn tek ut oversikt over køyreliste.	
Heidringsreglement:	Herøy: Eli-Gunn	Gjerast på dei ulike stadar.
	Vanylven: Sigrid-Marie	
Senioravtale/livsfaseplan:		Så lenge desse planane er ulike i dei to kommunane, må dette gjerast på dei respektive stadar
		.
Rådgjeving:	Alle på Personal og organisasjon	Kan gjerast på begge stadar, men må ha ein plan på korleis ein fordeler og organiserer arbeidet.
Leiarfunksjon		
HMS:	Oppfølging i HMS spørsmål og oppgåver.	Begge stadar, organisere og fordele arbeidet.
	Vanylven: Teknisk har eigen HMS-ansvarleg.	
IA:	Sigrid Marie: IA-kontakt	Må gjerast i den respektive kommune.
	Ann Kristin: IA-kontakt	
Oppfølging sjukefråvær:		I den enkelte kommune.
Personalsaker:	Herøy har hatt ein del saker, Vanylven færre.	Søke råd og samarbeide.
BHT kontakt:	Vanylven: Sigrid-Marie	I den enkelte kommune.
	Herøy: Ann Kristin	
tidBANK:	Ann Kristin/Magnus/Sigrid-Marie	Kan gjerast av begge, gitt tilgang.
Compilo:	Vanylven KF Kvalistetssikringssystem	Ulike system i dei to kommunane.

Kontakt VO og TV, HTV		I den enkelte kommune.
Drøftingar og lønsforhandlingar:	Vanylven: Sigrid Marie	I den enkelte kommune.
	Herøy: Ann Kristin	
OU-prosessar/organisasjons endringar	Lite endrignar i Vanylven. Herøy har vore gjennom store endringar.	Arbeidet som vert gjort no, er eit døme på ein felles OU-prosess og eit arbeid som vert gjort i fellesskap.
Tilsettingar:		I den enkelte kommune, men det er mogleg å fylgje opp tilsettingar i kvarandre sine kommunar gitt tilgangar og avklaring i forhold til fordeling og ansvar.
Kontaktmøte/samhandlingsmøte:	Sekr.: Ann Kristin, Sigrid-Marie	I den enkelte kommune
Rettleiing i forhold til reglar, lov og avtaleverk.	Alle som jobbar i avdelingane.	Kan gjerast av begge, men arbeidet må organiserast og fordelast.
Tilvising av all fast løn:	Vanylven: Sigrid-Marie	Må gjerast i den enkelte kommune.
	I Herøy all fastløn tilvist av leiarane.	

Arbeidsoppgåver for rekneskap, generell økonomi og leiing		
	Merknad:	**Samanlikning Herøy mot Vanylven**
Oppfølging av betalinger mot bank.	Nedlasting og bokføring av bet.filer.	Kommunane er ganske like her.
	Produsere og sende bet.filer	
	Sjekke at det er dekning for bet.filer	
	Ordne opp i beløp til feilkonto OCR	
Skanning	Skanne leverandørfaktura	Kommunane er like her.
	Validere leverandørfaktura	
EHF-faktura	Laste ned og validere.	Kommunane er like her.
	Kontakte leverandører for å få dei til å bruke EHF	
Oppfølging arbeidsflyt	Sjekke at faktura vert behandla på flyten innan tidsfrist.	Kommunane er like her.

Purringar	Sjekke at purringer på faktura ikkje er betalt tidlegare. Få tak i kopi av orginalfaktura eventuelt.	Kommunane er like her.
Bokføring av leverandørfaktura	Sjekke mva om den er sansynleg, samt kontobruk ved bokføring.	Kommunane er like her.
Føring hovudbok	Føre hovudbok og passe på at beløp er dokumenterte	Kommunane er like her.
Avstemme bankkonti og balansekonti	Avstemme og finne grunn til eventuelle avvik, og korrigere	Herøy brukar elektronisk avstemmingsmodul i Agresso. Vanylven er i ferd med å gå over til elektronisk avstemming og kommunane vert då like.
Periodiske momsoppgjer	Kontrollere mva-koder, og eventuelt korrigere. Lage oppsett, som skal stemme med rapport. Korrigere etter revisoranmerkningar	Kommunane er ganske like her. Likevel forskjellig ved at Herøy avstemmer på dato, medan Vanylven avstemmer på periode (unntatt årsskiftet).
Fakturering	Fakturering fra fil	Kommunane er ganske like her. Herøy brukar forssystema Proaktiv og Speedadmin. Vanylven brukar forsystem på SFO.
	Fakturere abonnement	Litt ulik bruk av webfakturering, men begge kommunane brukar det. Litt ulike rutinar for fakturering av kommunale avgifter.
	Tilfeldig fakturering	Vanylven brukar erigne variantar ved fakturering pga efakturarabatt.
Agresso - systemarbeid	Nye perioder	Kommunane er ganske like her.
	Bilagsserier, posteringsrunder osv	Litt ulike rutinar knytt til rapportering om nye brukarar etc.
	Nye ansvar etc	
	Rett rolle til rett bruker	
	Opprette/avslutte brukere.	
Bistå attestanter og tilviser og generelt hjelp	Mange spørsmål om mva og kontobruk	Kommunane er like her. Herøy brukar eige

til Agressobrukere	Rapporter, spørringer osv	hjelpeprogram «Kostrahjelp»
Kontantkasse/kontantkort	Oppfølging av kasser	Mykje likt her, men i Herøy er det NAV som fyller på korta.
enkeltutbetalingar	Påfylling av kontantkort	
Sender remitteringsfil fra NAV	Fysisk sende remitteringsfila til banken	Likt i dei to kommunane.
Avstemming løn	Balansekonti	Mykje likt i dei to kommunane.
	AA-melding mot rekneskapen	
	RF 1022	
Dagleg leiar Vanylvssmia AS	Ymse til dømes utleige, utbygging, markedsføring, gen. administrasjon mindre vaktmesteropppdrag samt styrearbeid. Oppgåve i Vanylven. I Herøy vert tilsvarande oppgåver utført av eigedomsavdelinga.	
Rekneskapsavslutning	Avstemme og legge fram kommunerekneskapen både drifts og investeringsrekneskapen. Fleire firma i begge kommunane.	Ganske likt i dei to kommunane
Innlån og finansiering	Samarbeide med BCM - mellom anna med anbodsprosessar på lån og generell oppfølgjing av finansreglementet.	
		Mykje likt i dei to kommunane
Plassering av ledig likviditet	Forvalte kommunens kapital på ein best mogeleg måte. Kontakt med finansforvaltar og i samarbeid med dei plassere kommunens	Dette gjeld primært Herøy då Vanylven for tida ikkje har vesentleg med overskotslikviditet.
	Midlar til høg avkastning og lav risiko.	
Næringsutlån	Saksbehandle søknader om lån. Gjeld lån som må manuelt oppfølgjast med rente og avdragsfakturering.	Dette er oppgåve som Vanylven har.
Tertialrapportering / månadsrapportering	Administrere og dels utarbeide deler av rapporten	Litt ulike måtar å gjere dette på i dei to kommunane. Van

		ylven har ikkje månadsrapportering medan Herøy rapporterer til formannskapet 5-4-5 gongar per år + tertialrapportar til kommunestyret.
Utføre budsjettendringar – både saksbehandling og oppfølgjing i Agresso	Godkjenne endringar i Agresso i webmodulen. Dels saksbehandle endringar til politiske utval.	Gjeld begge kommunane
Budsjett og økonomiplanarbeid	Deltar i prosessen med å utarbeide og få vedtatt planane	Gjeld begge kommunane
Administrere Arena budsjettsystem og Framsikt	Systemansvarsarbeid generelt og bistand overfor brukarane.	Gjeld begge kommunane for Arena, men kun Herøy for Framsikt.
Konsesjonskraft	Selge årleg konsesjonskrafta – i det ligg å følgje opp markedet og lovverket på området,	Gjeld Vanylven kommune
Startlån	Bidra overfor saksbehandlar med vurdering m/m av startlånsøknader	Gjeld Vanylven kommune. Herøy berre rådgjevar i nokre saker.
Anleggsoversikt med utrekning av avskrivingar etc,	Brukar rekneark med oppfølgjing 2-3 gongar per år.	Vi er ganske like her.
Skatteoppkrevarfunksjonen		For Vanylven har Hallvard formell funksjon, medan i Herøy er det Jan Driveklepp som innehar funksjonen
Ymse leiings- og støttefunksjonsarbeid	Fagansvar i avdelinga og deltaking på leiarmøter etc.	Gjeld begge kommunane. Deltaking i leiarmøte gjeld Herøy. I Herøy har også økonomileiar personalansvar.
Ymse oppfølgjing knytt til økonomiske reglement og rutinar	Ulike reglement som til dømes finansreglementet skal vedtakast ein gong per kommunestyreperiode.	Gjeld begge kommunane og der det i dag er eit lite samarbeid.
Kostra-ansvarleg	Kvartalsvis rapportering av økonomidata.	Gjeld begge kommunane.

	Årleg rapportering til SSB Oppfølgjing av skjemainnleveringa ved årsskiftet og stå som kontaktperson overfor SSB.	
Innkjøpskontakt	Vere kontaktperson i innkjøpssaker overfor Ålesund kommune og avdelingane våre. I dette ligg praktisk implementering av alle innkjøpsavtalar. Deltakar i "straumgruppa" på vegne av Ålesund kommune.	Økonomiavdelinga utfører dette i Vanylven. I Herøy ingår arbeidet i eiga stilling som innkjøpar.
Ajourhald Momentum	Halde vedlike økonomiske data i sjølvkostsystemet "Momentum" med oppfølgjing av kommunale årsgebyr på VAR-områda.	Gjeld begge kommunane.
Tilskotsutrekning privat barnehage	Saman med saksbehandlar følgje opp regelverket knytt til tilskot til private barnehagar med årleg berekning av satsar per born og samla tilskot.	Gjeld begge kommunane.
Generell saksbehandling av økonomisaker som til dømes garantisaker.	Type saker kan variere. Garanti- og forskotteringssaker dei mest vanlege.	Stort sett likt i begge kommunane.
Opplæring	Overfor Politiske organ og i sektorar.	Gjeld begge kommunane, men Herøy har nok vore mest aktiv her.

Avdeling:	**Skatt/innkreving**	
Navn:		
Arbeidsoppgave:	**Kort beskrivelse:**	**Mogleg samarbeid:**
Skatterekneskapen	Bilagsføring/oppgåveregistrering	Vanskeleg å samarbeide så lenge det er krav om bilag på papir, blir dette meir arbeidskrevjande for å unngå hol i bilagsseriar. Bilag må sendast i posten.

	Kontakt med skattytarar og kundar	Må ha tilgang til Sofie eller ERP/Agresso. Det må framleis vere mogleg å få hjelp på kvart rådhus, slik at ingen blir avvist.
	Arbeidsliste i Sofie - oppfølgjing	Enkelt å samarbeide om, dersom arbeidsoppgåvene skal fordelast.
Skatteinnkreving	Skattar og avgifter – oppfølgjing og tvangsinnkreving (utleggsforretning, påleggstrekk, konkurs m.m.)	Enkelt å samarbeide om tyngre innkreving, t.d. ved at vi får felles formell skatteoppkrevjar (Herøy), som då kan ta konkursar, utleggsforretningar, tvangssal.
Søknadshandsaming	Gjeldsordning, lemping, skatteutval	Enkelt å samarbeide om, då søknadshandsaming kan delegerast til enkelte sakshandsamarar.
Rapportering	Periodisk oppgjer, årsplan, driftsplan, årsmelding og resultatrapportering.	Vanskeleg i høve til arkivering, signering. Må utarbeidast på kvart kontor, om ikkje felleskontor.
Arkivering	Dokumentasjon – ajourhald permar	Vanskeleg, må gjerast på kvart kontor.
Avstemming	Konto for skatt (hovudbok/kto.utskrift)	Enkelt å samarbeide om, kan delegerast til eitt kontor.
Nettbank	Oppfølgjing av utbetalingar	Enkelt å samarbeide om.
ERP	Innkreving av kommunale krav	Felles system pr. i dag. Mogleg å fordele oppgåver, men det er viktig med god kontakt med andre etatar (kravseigar).

Tre scenario:

A. Sentralisert organisering med felles leiar

1. Samlokalisering for skatt og økonomi og løn og personal
2. Felles leiar for økonomi, felles leiar for løn og personal

Fordelar:

- Betre utnytting av personalressursar, utnytting av kompetanse og bygging av fagmiljø
- Høve til funksjonsinndeling og spesialisering
- Høve til å løyse komplekse arbeidsoppgåver/sakshandsaming i felleskap
- Prioritere leiarrolla
- Mindre sårbar ved vakansar og ferie
- Styrke fagmiljø som gjer kommunane til attraktive arbeidsplassar

Ulempar:

- Avstand til brukarane, leiarar og tilsette
- Lang reisetid for enkelte, kostnader knytt til dette
- Kostnader til eventuelle nye lokalar, system
- Opplever framleis at vi er for små i høve til skalafordelar
- Lokalkunnskapar kan forsvinne
- Saker/problemstillingar som må opp på rådmannsnivå kan bli ein flaskehals
- Krav om kompensasjon for leiarar
- Kostnader i form av møter, harmonisering av avtalar, system osv.
- Kan misse arbeidsplassar

- Det er ein føresetnad ved samlokalisering at skatt og økonomi, løn og personal har kontor på same stad

Vurdering:

Ut i frå målsettinga som kjem fram i Saksframlegg 2017/760 om effektivitetsutnytting, kvalitet og styring, er det arbeidsgruppa si vurdering at vi ved ei samlokalisering kan få ei best mogleg ressursutnytting, og då er dei faglege og organisatoriske forholda også lagt til grunn.

Ved å vere samlokalisert er det mulig å:

- Organisere, fordele, koordinere, etterprøve og leie arbeidet i det daglege for dei ressursane som sorterer under skatt og økonomi, personal og økonomi
- Ei samlokalisering gir høve til dialog og samarbeid mellom faggruppene
- Ei samlokalisering gir høve til å fordele og organisere arbeidet etter prinsippet om funksjonsinndeling som gir meir effektiv utnytting av ressursane
- Synergieffekt av å samle fagressursane
- Samlokalisering skaper betre grunnlag for å følgje opp medarbeidarane

B. Desentralisert organisering med felles leiarar

Fordelar:

- Nærleiken til rådmann/kommunestyre
- Nærleiken til interne brukarar
- Reiseveg som i dag

- Bruken av lokalkunnskapar (dette kan vere både ein fordel og ein ulempe)
- Prioritering av leiarrolla
- Krav til standarisering av prosedyrar og retningsliner
- Tvinge fram krav til avdelingane ute i dei respektive kommunar
- Bevare busetnadsmønsteret og tilboda lokalt
- Omsyn til miljøet

Ulemper:

- Avstand til rådmann for den kommunen som ikkje har økonomi/personalleiar direkte under seg i kommandolina
- Manglande kunnskapar om kvarandre
- Fordeling av leiarressursar, personalressursar
- Utfordringar med detaljstyring for kommunestyre og rådmann
- Avgrensingar til funksjonsinndeling
- Avgrensingar i fordeling og organisering av arbeidsoppgåver
- Høve til å utnytte kvarandre sin kompetanse i det daglege arbeidet blir mindre enn ved samlokalisering

Vurdering:

Dersom arbeidsgruppa skal ta utgangspunkt i at arbeidsplassane skal bevarast eller behaldast (lys i rådhusa) i dei respektive kommunar, er føresetnadane for å nå dei overordna måla ikkje i så stor grad til stades. Dette fordi det vil krevje meir ressursar å fylgje opp medarbeidarar på to stadar, og det vil krevje meir å koordinere og leie eit arbeid på to/tre ulike stadar.

Ei desentralisert organisering vil likevel vere eit incitament til å vidareutvikle og tvinge fram digitale tenester og teknologiske løysingar, som gjer oss i stand til å jobbe meir effektivt. Vegen mot like løysingar og like grunnlag for å utføre arbeidsprosessane vil føre både til meir effektive tenester og betre kvalitet på tenestene. På den måten at vi både får ein referanse og kontrollpunkt.

C. Organisering som i dag med avlasting og hjelp etter behov

Denne forma for samarbeid er den minst omfattande, men skal denne nyttast i praksis må ein også her har ein gjensidig forpliktande avtale som gjer oss i stand til å handle ved behov.

Fordelar:

- Vi er i stand til å køyre løn til kvarandre om nødvendig
- Kan føre rekneskap til kvarandre
- Skatt har same system og løysingar som gir grunnlag for samarbeid (mynde og autorisasjon må på plass)
- Vi rådfører oss med kvarandre og deler kunnskapar ved behov

- Lokale avgjerder vil ikkje kome i konflikt med avgjerder i den andre kommunen
- Kvar kommune rår sjølv over eigne ressursar
- Beheld lokalkunnskapane
- Beheld kompetanse lokalt
- Beheld lokale arbeidsplassar

Ulemper:

- Førebuingar til løn må gjerast lokalt
- Har ikkje lokalkunnskapar om det som skjer ute i den respektive kommune (må vere på staden)
- Avstand til skatteytarane, arkiv og «arkivering» av dokumentasjon
- Generalister på område der vi treng djupne kunnskapar
- Begrensa høve til effektiviseringsgevinst
- Nærheit til oppgåvene kan vere ei utfordring med omsyn til profesjonalitet
- Manglande deling av kunnskapar
- Mindre utnytting av systema
- Konservering (ved å halde fram med den organiseringa og samarbeidet som vi har dag blir vi mindre tvinga til å endre og utvikle organisasjonane og dermed å tilpasse dei rammevilkåra som gjer seg gjeldande)
- Samarbeidet er mindre forpliktande og sårbarheit ved sjukdom osv.vert uendra

Felles personvernombod

Med utgangspunkt i at Personvernombodet skal ha ei omfattande rolle som i tillegg er kompetansekrevjande, er det både av økonomisk og fagleg interesse at kommunane kan dele på eit slikt ombod.

Oppgåver, struktur, teknologi og HR

Dei fleste tenestene og arbeidsprosessane som skal gjennomførast i dei to kommunane er mykje like, men dei strukturelle føresetnadane er til dels ulik. Teknologisk sett, nyttar vi mange av dei same systema, men vi har ikkje tilgang i kvarandre sine system per i dag. Informasjonsflyten som vi har behov for, føreset digitalisering.

I teorien er det ikkje noko problem og organisere og fordele arbeidsoppgåvene etter funksjonar, og dermed få ei effektivisering av arbeidsoppgåvene. Fleire like arbeidsoperasjonar og spesialisering gir effektivisering. Ei slik organisering av arbeidsoppgåvene krev harmonsering av mellom anna politikk, rutinar, reglar, retningsliner, datasystem og digitalisering. I tillegg må ein organisere og fordele arbeidsoppgåvene uavhengig av kvar medarbeidarane på dei respektive avdelingane

sit. Føresetnadane for å oppnå stordriftsfordelar er med andre ord funksjonsorganisering.

Når det gjeld organisering og arbeidsfordelinga, må ein også sjå på dei totale «ferdigheitene» til den enkelte medarbeidar når ein vurderer «fordeling» av arbeidsoppgåver. Dersom geografisk plassering av dei ulike funksjonane skal takast med i reknestykket må også kost nytte vere med som ein av vurderingskriteriene.

I føresetnadane til mandatet heiter det at «utgangspunktet skal vere like tilbod i dei to kommunane», og rådmannen i Vanylven sa i møte den 09.02.18 at ein desentralisert modell med lys i begge/alle rådhusa er utgangspunktet. Når det gjeld like tilbod føreset arbeidsgruppa at det skal vere like tenester i dei to kommunane, men det er ikkje definert kvar desse tenestene skal komme i frå eller kva kommune som skal levere desse tenestene til medarbeidarane eller innbyggjarane i dei respektive kommunar.

Leiing og føresetnadane for leiarskap

I føringane frå saksutgreiinga frå Stab Herøy kommune 2017/760 går det fram at kommunane skal ende opp med å ha ein felles leiar på områda skatt og økonomi og personal og organisasjon, der desse leiarane skal vere stasjonert i Herøy.

Kva rolle og kva føresetnader for leiarskap avdelingsleiaren vil få, vil avhenge av kva senario for samarbeid som vert vald og kva nivå for harmonisering som vert utfallet.

Dersom skilnadane mellom dei to/tre kommunane er om lag som i dag, vil det i stor grad bli som å tilby tenester til to/tre ulike selskap med tilpassa avtalar som er kundedrive i den forstand at skatt og økonomi og personal og organisasjon tilpassar seg den som ein leverer tenester til. Det som vert kalla «Speilbildeprinsippet.» Dette vil medføre ekstraarbeid både for leiar og medarbeidarar som skal tilpasse seg to/tre «selskap», med omsyn til dei ulikskapane som gjer seg gjeldane.

Arbeidsgruppa ser difor som den viktigaste føresetnaden for samarbeidet mellom kommunane, at det vert gjennomført ei målretta harmonisering som grunnlag for å løyse oppgåvene på ein kostnadseffektiv og kvalitetsmessig god måte. Uansett val av modell.

Samarbeidsmodellane som er skissert krev ulike grader av harmonisering, men dersom vi skal halde fram som i dag må digitalisering og tilgang til dei ulike datasystema realiserast. På den måten vil medarbeidarane på dei ulike fagfelta faktisk kunne utføre arbeidsoppgåver for kvarandre, når situasjonen tilseier at det er nødvendig.

Kompetanse

I saka om «Interkommunalt samarbeid mellom Herøy kommune og Vanylven kommune innan fagfelt i stabssektoren» ser ein føre seg ei klart og definert ansvar og oppgåvefordeling mellom Herøy kommune og Vanylven kommune. Det vert her lagt til at faktorar som kommunikasjon og teknologi vil spele ei avgjerande rolle med omsyn til avgrensingar og utsikter.

Når det gjeld å organisere og fordele oppgåver etter ansvar og kompetanse har ikkje arbeidsgruppa i særleg grad drøfta dette, men kravet til utvikling av kompetanse er ein føresetnad for å fylle dei rollene som framtidig digitalisering og teknologisk utvikling vil krevje.

Vurderingar

Arbeidsgruppa har skildra samarbeidsområda, skilnader og føresetnader for samarbeid, i tillegg til å sett på fordelar og ulemper med dei ulike samarbeidsformene.

Dersom vi tek utgangspunkt i prinsippet om effektivisering, kvalitetet og utvikling av fagmiljø, er arbeidsgruppa samd i at ei samlokalisering med alle ressursane samla på ein stad vil vere det beste. Dette fordi mange av dei oppgåvene og tenestene som

vi leverer er heile arbeidsprosessar, som ikkje kan brytast ned i enkeltfunksjonar som kan utførast av enkeltpersonar. Ein medarbeidar er avhengig av å gjennomføre ein heil arbeidsprosess for å sikre kvalitet på tenestene og at det skal vere enkelt å etterprøve for å finne feil og eventuelt rette opp feil. Ved ei samlokalisering kan til dømes to jobbe med lønsprosessar, og dermed også vere i stand til å kvalitetssikre kvarandre sine arbeidsprosessar.

Ei samlokalisering gjer oss styrka i arbeidet med komplekse arbeidsoppgåver og arbeidsprosessar. Dette kan medverk til at vi blir meir effektive og kan levere produkt til betre kvalitet.

Dersom vi vel ei desentralisert løysing, misser vi ein del av kvalitets og effektivitetsgevinsten på den måten at vi må nytte andre former for kommunikasjon, synergieffektane og den situasjonsbestemte leiinga som det er høve til å gjennomføre ved at alle er samla på ein stad fell bort.

Eit desentralisert samarbeid vil likevel vere med på å halde på andre delmål, slik som rådmannen i Vanylven understreka, at det skal vere lys i begge/alle rådhus. Dersom kommunane går inn for eit gjennomgripande samarbeid med ei desentralisert løysing, vil vi likevel stå overfor ein situasjon der begge/alle tre kommunane må tilpasse seg kvarandre gjennom harmonisering av løysingar og dei effektiviseringsgevinstar som følgjer av dette.

Det tredje scenario er ein modell om lag som i dag, men med eit gjensidig forpliktande samarbeid under tilhøve som vert definert som «samarbeid ved behov». Dette er nok den minst effektive modellen og kan nok definerast som brannslokking. Harmonisering er nok like fullt eit krav her, om vi skal ta ut noko form for effektiviseringsgevinst.

Harmonisering

Føresetnadane for samarbeidet er at vi skal bli meir effektive, utnytte dei teknologiske og digitale løysingane som alt fins og vert utvikla for dei tenestene som vi skal levere. I tillegg skal samarbeidet styrkje det faglege fellesskapet.

Sagt på ein annan måte: «Målet er at vi skal samarbeide, men for at vi skal samarbeide må vi bli meir effektive og levere tenester til betre kvalitet.»

Ein føresetnad for at vi skal jobbe meir effektivt er at vi blir like på avgjerder, arbeidsprosessar, avtalar, normer og reglar osv. Dette vil igjen påverke organisering og fordeling av arbeid.

Døme på at einingskostnadane kan gå ned er:

- Fleire like oppgåver skaper effektivitet
- Fleire like arbeidsprosessar skaper effektivitet
- Lik politikk, retningsliner, reglar, avtalar osv kan nyttast av fleire og lagast av færre

- Felles forhandlingar, drøftingar mm
- Reduserte einingskostnadar av digitale løysingar og system

Arbeidsgruppa sitt poeng er at å utnytte stordriftsfordelane ved å harmonisere, vil skape ein meir effektiv organisasjon med betre kvalitet på tenestene. Ei harmonisering vil gjere kommunane betre rusta til å handtere endringar, og vere mindre sårbare i samband med feriar, sjukdom osv.

Harmonisering er ein føresetnad for samarbeid, og ved ei stegvis tilnærming av like løysingar vil ei ny organisering og arbeidsdeling kunne ta form.

Harmonisering er også føresetnad for effektiv leiing.

I høve til leiing tek arbeidsgruppa utgangspunkt i dei føringane som er lagde, om at leiarane for skatt og økonom og personal og organisasjon skal sitje i Herøy. Arbeidsgruppa ser det likevel som naturleg at tilgang på ressursar og rammevilkår elles, over tid vil kunne legge føringar både på organisering og arbeidsfordeling. Dette vil og kunne spele ei rolle for kvar leiaren skal sitje.

Økonomi og utsikter til innsparingar

Eit av delmåla for samarbeid mellom kommunane er at vi skal kunne ta ut effektiviseringsgevinstar og på den på få ei betre utnytting av den kapitalen som blir skoten inn i dei tenestene som vi produserer.

Vi har no vore gjennom ei kartleggingsfase der vi har sett på kva oppgåver vi løyser, korleis vi løyser dei, kva system vi brukar, kven løyser dei osv. I denne prosessen har vi kome fram til at vi gjennom harmoniserte løysingar, kan få meir effektiv tenesteproduksjon. Meir effektiv tenesteproduksjon, kan gi rom for førebyggjande arbeid, noko som igjen kan gjere oss i stand til å «gjere rett første gangen».

Kravet til digitale løysingar og bruk av teknologi, samt opplæring og reorganisering av oppgåver, gir ikkje utsikter til innsparing på kort sikt. Dersom vi ser dette i eit lengre tidsperspektiv, vil resultatet at ein harmoniseringsprosess vere med på å påverke til at vi også får reduserte kostnader.

Felles løysing for enkelt funksjonar

Innanfor enkelt funksjonar er vi i dag klare til å utføre tenester for kvarandre eller å ta over funksjonane til kvarandre, basert på at felles system og at data for utføring av arbeidet er klare. To døme på dette er sjølve lønskøyringa og registrering og oppfølging av tidsregistreringssystemet. Teknisk sett er ikkje dette noko utfordring, men kravet om at vi har likt utgangspunkt er likevel til stade. Jf. tabell 1.

Oppsummering/konklusjon

Dersom vi tek utgangspunkt i at vi er avdelingar som leverer tilnærma like tenester, vil det ut i frå eit organisatorisk og fagleg perspektiv vil det vere naturleg å legge dei to stabsfunksjonane til ein felles lokasjon. Den viktigaste føresetnaden for samarbeid er likevel harmonisering, uansett kva nivå vi skal samarbeide på. Dette for å oppnå effektiviseringsgevinstar. Digitalisering er ein føresetnad for effektivisering.

Arbeidsgruppa tek det som gitt at ved eit samarbeid skal dei to avdelingane løn og personal, og skatt og økonomi har ein leiar for dei kommunane som går inn i samarbeidet, og med dei kommandolinene som følgjer av dette.

Kva type kostnadsfordeling som skal gjere seg gjeldande vil avhenge av kva nivå for samarbeid som vert valt.

Med utgangspunkt i avgjerd om ein av samarbeidsmodellane, vil ein handlingsplan for harmonisering av arbeidsoppgåver og felles løysingar vere det viktigaste arbeidet for tida frametter. Med dei mål som ligg i grunnlag for samarbeidet.

Vedlegg:

Ressurs- og oppgåveoversyn Personal- og organisasjonsavdeling

Ann Kristin Eiken: 100% stilling

Arbeidsoppgåver:

- HMS – rettleiing og oppfølging i organisasjonen, planarbeid, er med i arbeidsgrupper knytt til det organisatorisk- og psykososialt arbeidsmiljø
- IA - rettleiing og oppfølging av leiarar, møter med involverte partar, handlingsplanar
- Sjukefråvær – rettleiing og oppfølging av leirar, statistikk og rapportar, omplassering mm.
- BHT – kontaktperson Herøy kommune, handlingsplanar mm.
- Personalsaker – oppfølging og oppseiingar
- Hovudadministrator tidBANK – kontaktperson Norsk Tid, opplæring, oppdatering, endringar, nye brukarar mm.
- Administrator Compilo – liknande oppgåver som er knytt til tidBANK
- Kontaktpunkt – arbeidstakarorganisasjonar, verneombod
- Drøftingar og lønsforhandlingar
- Sakshandsaming
- Arbeid med OU-prosessar på organisasjon- og personnivå, konkrete oppgåver knytt til endringsprosessar
- Involvert i enkelte tilsettingssaker
- Sekretær i kontaktmøte
- Rettleiing knytt til lover, reglar og avtaleverk

Dette er oppgåver som eg har tatt med meg inn i jobben som leiar, og desse oppgåvene grensar også dels opp i mot det som ligg i delegasjonsfullmakta med omsyn til rolle og ansvar som Personalleiar.

Eil-Gunn Botn: 100 stilling

Arbeidsoppgåver:

- Henting og fordeling av post
- Berekning av ansiennitet
- Skriving av tenestetidsattestar
- Personalforvaltning (svare på permisjonssøknader, oppseiingar m.m.)
- Kvalitetssikre utlysingstekster på stillingar som kjem frå avdelingane
- Publisere stillingar på heimesida
- Ta ut søkjarlister frå ePhorte og sende til avdelingane når søknadsfristen er ute.

- Skrive tilbodsbrev på stilling når det er gjort tilsetjingsvedtak
- Orientere tilsetjingsgruppa når vi mottek svar på tilbod om stilling.
- Sende avslagsbrev til dei som ikkje har fått tilbod
- Skrive arbeidsavtalar
- Punche løn ved behov
- Vedlikehald av lønssystem (endre adr. og e-post adr., kontonr., legge inn opplysningar i Memo)
- Kontere fakturaer
- Lage liste over dei som skal ha utbetalt bilgodtgjersle
- Følge opp Heidringsreglementet
- Følgje opp Senioravtalen
- Rådgjeving i administrative rutiner.
- Mange førespurnader på e-post som må svarast på. (Dette har auka).
- Ein god del telefonar frå avdelingsleiarar og tilsett.

Magnus Næverlid: 100% stilling

Arbeidsoppgåver:

Sjukefråvær, refusjonar MM

- Registrere sjukmeldingar, eigenmeldingar, permisjonar i fråværsregisteret
    - Kvalitetskontroll sjukmeldingar, eigenmld, permisjonar osv.
- Generere refusjonskrav
- Fylle ut og sende inntektsopplysningar til NAV
- Kopiere og sende D-skjema av sjukmeldingane
- Arkivere, arkivere, arkivere.
- Registrere motteke refusjon, avstemme mot genererte krav
- Følgje opp utestående refusjonskrav
- Purre NAV
- Følgje opp maksdatoar for sjukepengar mm.
    - Kontakt med avdelingsleiarar om vidare forløp
- Følgje opp vedtak frå NAV, kronisk sjukdom, avslag mm.

Endringar som kjem:

- Elektroniske sjukmeldingar - oppgje leiar med personalansvar (namn + personnr) for kvar sjukmelding
- Elektroniske sjukmeldingar – sjukmeldingar kjem i altinn frå januar 2018. Nye rutinar.

Løn

- Registrere variable lønsbilag
    - Kvalitetskontroll lønsbilag – undersøkje eller avvise lønsbilag med manglar.
- Kontrolliste variabel løn
- Registrere nye lønsmottakarar
- Endringar på eksisterande lønsmottakarar

- Rapportering til fagforeiningane
- Lønskøyring Landbrukskontoret
    - Lønsforslag og kontroll
    - Lønsbekreftelse
    - Remittering, generere betalingsfilar og overlevering til økonomi
- Lønskøyring Opplæringskontoret
    - Lønsforslag og kontroll
    - Lønsbekreftelse
    - Remittering, generere betalingsfilar og overlevering til økonomi
- Hente e-skattekort
- Rapportering til off. myndigheiter - A-meldinga
- Årsavslutning løn
- Legge opp nytt år i Agresso (periodar, kalender etc.)

Div

- Rettleiing, telefonar mm.
- Ymse stadfesting mm, bl.a.
    - skjema nedsett arbeidstid ism arbeidsløyse
    - Opplysning til politiet ism. inkassotrekk.

Marit I. Skår: 100% stilling

ARBEIDSOPPGÅVER

Kvar lønskøyring

- Legge inn faste endringar på lønn
- Variabel bilag
- Legge inn alle nye innkassoterkk og påleggstrekk
- Etterbetaling
- Hente inn filer frå shift.
- Køyre Ansiennitetsopprykk
- Ta inn nye e-skattekort
- Køyre lønsforslag
- Sjekke stor/liten netto
- Sjekke dei med negativ netto- og slette det som er feil
- Køyre lønsbekreftelse
- Remmiteringsforslag
- Remmiteringsbekreftelse
- Lage betalingsfiler
- Ta utskrift av alle lister og levere Økonomi for utbetaling
- Køyre lønnsslippar
- Melding kvar månad på alle firma

- Køyre generere arbeidsforhold
- Generere fribeløpsoversikt
- Bestille ny rapport
- Sjekke feil og rette dei.
- Sende inn rapporten og sjekke om der er feil
- Ta ut kvittering
- Bokføre generert arbeidsgiveravgift for månden

Reiserekningsmodulen. 1 gong pr. veke

- Godkjenn til utbetaling alle som ligg klar og som eg har fått bilag på
- Ein del arbeid med å etterlyse papirkopi av rekningar som ligg klar til utbetaling.
- Køyre bokføring.
- Remmiteringsforslag
- Remmiteringsbekreftelse
- Lage betalingsfil
- Ta kopi og levere på økonomiavdelinga for utbetaling.
- EL_ komm (kommunal mobil) legge inn i systemet alle som brukar den privat, og ajourføre liste over alle med kommunal mobil.

Rapportering.

- Køyre rapportering til SPK kvar månad
- Sende inn fila via Altinn når alt er rett
- Køyre rapportering til KLP kvar 3 månad
- Sende inn fila via sida til KLP og rette alle feil (er ein jobb som tek mykje tid)
- Rapportere til PAI ein gong i året (mykje retting på ansatte før dette kvar gong.)
- Søkje og godkjenne søknad om pensjon i KLP og SPK
- Rapportere til KS 2 gongar i året, her er og ein del retting før kvar innsending.
- Rapportere egenmeldt sjukefråvær 4 gongar i året.
- Generere fråvær den 15 kvar månad.
- Halde seg oppdatertt på HTA og passe på å endre stillingskode når det vert endringar

Terminoppgjer annakvar månad

- Lage til terminoppgjer på 4 firma 6 gongar i året.
- Det er samla skatt, arbeidsgiveravgift og påleggstrekk i perioda, som skal summerast og sendast til Økonomiavdelinga for betaling.
- Lage nye stillingskoder og heimlar når det er endringar i organisasjonen
- Lage til grunnlag for refusjonskrav på lønn til enkeltpersoner for alle avdelingar i HK når dei har behov for det.

- Ved overgang til nytt år.

- Legge inn endring på satser på fagforening, nye satser for støttekontakt, pensjonistløn.
- Lage til ny kalender i det nye året i Agresso
- Køyre oppdatering av satser for ansatte
- Overføre opptente feriepenger til nytt år, og passe på at kontoane stemmer.
- Legge inn nye lønsperioder i Agresso
- Passe på at liste over dei med kommunal mobil som har brukt 5 sifra betalingsnummer, og med bruk over kr. 1000, vert registrert i Agresso på desemberlønna kvart år.

- Passe på at alle tilbakeføringar for året, tilbakeføring pensjon, retting av feil i lønssystemet og likn., vert køyrt inn i ei ekstralønskøyreing før overgang til nytt år.
- Desember har ei ekstra lønskøyring + fleire ekstra lønnskøyring med oppretting av div. før overgong til nytt år.

Ressurs- og oppgåveoversyn Økonomiavdeling

Merete G. Frøystad – 70% stilling

- Fakturering PO, SFO, Husleige og diverse tilfeldige faktureringar (moped, internasjonal skule, kultur etc)
- Avstemming månadleg fakturering mot rekneskap
- Faste føringar i rekneskapen (utbetalingar)

Merethe Grunnan – 100% stilling

- Rekneskapsansvarleg og systemansvarleg Agresso Rekneskap
- Investeringsrekneskapen
- Bilagshandsaming
- Meirverdiavgift
- Bankavstemming
- Kostra rapportering
- Avstemming løn
- Avstemming rekneskap
- Bokføring av faktura
- Skatt/arbeidsgjevaravgift
- Barnehagetilskott

Johanna Runde – 100% stilling

- Rekneskapen til:
    - Herøy kyrkjelege fellesråd ink investering
    - Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre (lærlingar)
- Remittering
- OCR returar

- Fakturering: barnehage, kommunale avgifter og kulturskulen
- Bankavstemming
- Skatt/innfordring kommunale krav
- Sosialfila
- Sjekke budsjettsaker i politiske fora og evt budsjettkorrigere desse

Jan Driveklepp – 100% stilling

- Skatteoppkrevjar (ink Særnamnsmannskompetanse)
- Innfordring kommunale krav
- Sakshandsaming

Christin Vanvikaas – 50% stilling

- Skanne og sende ut manuelle fakturaer (papir/epost)
- Hente inn EHF fil og sende ut EHF fakturaane
- Sjekke purringar
- Manuelle fakturaer
- Bilagsføring

Linda K. Kvalsvik – 100% stilling

- Rekneskapsføring for:
    - Ytre Herøy sokn
    - Indre Herøy sokn
    - Leikanger sokn
    - Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Bankavstemmingar
- Balanseavstemmingar
- Manuelle utbetalingar til bank (t.d. barnevern)
- Remitering
- OCR
- Konserthus/kino
- Oppsyn med alle kontantkassene i kommunen
- Sosialfila og avstemming av bankkontoen
- Bilagsføring

Geir Egil Olsen – 100% stilling

- Månadsrapportering
- Lån
- Finans
- Budsjett
- Sakshandsaming
- Bokføring av leverandørfakturaer
- Opplæring
- Systemansvarleg Arena, Nordkapp og Framsikt

Organisering og arbeidsfordeling Vanylven:

Sigrid Marie Lillebø - 100% personalrådgjevar

Mette Osnes Kriken – 50% løn

Helene Bjørlykke – 50% løn

Hallvard Takset – 100 % økonomileiar

Randi Toftesund – 100% økonomi/rekneskap

Dagrun Sandnes – 80% skatt

Samarbeidsprosjekt Herøy og Vanylven innan fagområda plan, byggesak, oppmåling/geodata, prosjektleiing og drift.

HERØY KOMMUNE

Vanylven kommune

Utgreiing av samarbeidsmoglegheiter mellom Herøy og Vanylven 2018

Sist revidert 31.03.2018

Innhold

1. Innleiing 3
1.1 Mandat 3
1.2 Føresetnadar 3
1.3 Innspel frå arbeidsgruppa 3
2. Beskrive samarbeidsområdet i dag med oppgåvekartlegging, ressursbruk og programvareplattform. 4
2.1 Ressursar 4
a. Plan 4
b. Byggesak 4
c. Oppmåling/geodata 5
d. Prosjektleiing 5
e. Drift 6
2.2 Arbeidsoppgåver 6
a. Plan 6
b. Byggesak 6
c. Oppmåling/geodata 7
d. Prosjektleiing 8
e. Drift 9
2.3 Programvare 9
2.4 Myndigheitsfordeling 10
2.5 Organisasjonsstruktur 10
2.6 Delegasjonsreglement 10
3. Forslag til flytting av arbeidsoppgåver mellom kommunane 10
3.1 Plan 10
3.2 Byggesak 11
3.3 Oppmåling/geodata 13
3.4 Prosjektleiing 16
3.5 Drift 17
4. Vurdering av flytting av oppgåver og mogleg innsparingspotensiale 17
4.1 Kva oppgåver må ligge der dei er i dag? 17
4.2 Kva oppgåver vil arbeidsgruppa tilrå å flytte? 17
a. Innsparingspotensiale 18
4.3 Felles programvareplattform 18
4.4 Premiss for at samarbeid skal lykkast 18
5. Konklusjon 19
5.1 Avsluttande kommentar 20

1. Innleiing

1.1 Mandat

Herøy og Vanylven er positiv til å utarbeide eit interkommunalt samarbeidsprosjekt knytt til planlegging, byggesak og kart/oppmåling seinast frå 1 januar 2019.

Herøy og Vanylven skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgjande evaluering»

1.2 Føresetnadar

Interkommunale prosjekt som tener brukarane, utgangspunktet er like tilbod i dei to kommunane

- Styrkje det faglege samarbeidet mellom kommunane - oppgåvefordeling(spesialisering)
- Ein skal ta ut effektiviseringsgevinstar
- Digitalisering av tenester skal stå sentralt
- Utgreie ulike alternativ for samarbeid, organisering og lokalisering

Arbeidsgruppa skal i lys av mandatet og føresetnader vurdere og gje innspel om:

- Beskrive samarbeidsområdet – oppgåvekartlegging
- Myndigheitsfordeling
- Ressursar som inngår – ressurskartlegging(kapasitet)
- Kostnadsfordeling

1.3 Innspel frå arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa ønskjer også å sjå på andre tekniske fagområder som drift, veg, avløp og prosjekteiing på infrastruktur

Digitalisering av eigedomsarkiv i Vanylven

Kartlegging av programvare i kommunane – må ha felles plattform

Felles gebyrregulativ (tekst, ikkje sats): For gebyr knytt til sakshandsaming og oppmåling vil det vere godt mogleg å samarbeide om regulativmodellen. Satsane vil då ikkje verte like i denne omgang. For VA ser dett ut til å bli vanskeleg frå Vanylven si side.

2. Beskrive samarbeidsområdet i dag med oppgåvekartlegging, ressursbruk og programvareplattform.

2.1 Ressursar

a. Plan

Herøy kommune har per 01.01.2018 tre årsverk knytt til planlegging. Ei stilling er kombinert med leiarfunksjon for Utviklingsavdelinga og ei stilling er kombinert med rolla som folkehelsekoordinator(50%). Avdelinga har god kontroll på plansakene som er til handsaming og alle vert handsama innanfor tidsfristen.

Vanylven har per 01.01.2018 ingen ressursar på plan. Vanylven har også folkehelsekordinator i 0,5 stilling.

b. Byggesak

Byggesak i Herøy kommune har pr i dag 3 stillingsheimlar, pr no 2,5 stillingar som arbeidar med byggesak, frådeling, rettleiing og dispensasjonsaker. Slik situasjonen er i dag må det kunne seiast at vi har god kontroll på området og løyser oppgåvene for det meste innanfor gitte tidsfristar. Byggesak i Herøy opplever byggesaksforumet for søre sunnmøre(7 stjerna) som eit godt fagleg forum inn mot oppgåveløysing. Vi kunne tenkt oss betre kunnskap om tilsyn og ulovlegheitsoppfølging. Dette er saker som er ein del av vårt arbeidsfelt, men så lenge ein ikkje vel å prioritere det oftare eller har det som ein implisert del av kvardagen, vil det erfaringsmessig verte litt tunge saker. Dette er eit område der 7 stjerna burde samarbeide og få til ei eiga avd for tilsyn. SSIKT har no sett digitalisering på dagorden inn mot ulike faggrupper i 7 stjerna – det er bra og vi i byggesaksforumet har nytta høvet til å spele inn konkrete forslag som kan bidra til meir digitalisert byggesakshandsaming. Vi har her spelt inn at vi kan ha gjennomføre tilsyn via ein app – på eit nettbrett/ipad. Dette vil gjere tilsyna like og arbeidet kan utførast i felt på ein enkel og digitalisert måte. Det å vere med vidare no når ebyggesak løysingane kjem er viktig. Då må, helst alle i 7 stjerna vere med, slik at vi jobbar på ei felles løysing som er lik - SSIKT kan her bidra til dette.

Å inngå eit samarbeid om felles byggesakshandsaming verkar som vanskeleg og vil nok ikkje gi nokon særleg økonomisk gevinst på kort sikt. Kostnadane med å kome opp på eit felles nivå, med digitalisert byggesaksarkiv også i Vanylven vert store. Ser ein utover desse 2 åra må ein vel kunne seie at ein vil hente ut økonomiske gevinstar. (Viktig at ein sitt ilag – bygg eit fagmiljø) Hadde i den samanheng vore bra å fått med Sande. Ein kunne då ha laga eit felles byggesakskontor for alle 3 kommunane, men det ville krevje flytting av arb plassar og at sevicetorg ansette i førstelinja har kunnskap om byggesak opp til eit visst nivå. Evt kunne ein ha faste byggesaksdagar i kvar kommune der innbyggarane har høve til å kome med sine spørsmål.

Byggesak Vanylven: Her er i dag rundt 0,5 årsverk på byggesak og frådelingsaker. Slik kapasiteten er i dag vert arbeidet med byggesakene lagt opp etter arbeidsmengd. Det er pr i dag to-tre stillingar som delar desse 0,5 årsverka, det vert difor fleksibilitet her, og normalt held man tidsfristane. Av dei 0,5 årsverka ligg ca. 0,4 på byggingeniør med byggesaker og 0,1

ligg på kommunalsjef for frådelingsaker, her er også oppmåling delaktig etter behov. Dei tek no matrikkelføringa. Man ynskjer her å få lagt frådelingsakene over på byggesak eller oppmåling i staden for på kommunalsjef innan kort tid. Tilsyn vert utført sporadisk, men kapasiteten på oppfølging er for liten. Kunnskapen her vert dårleg med for lite erfaringar knytt til slikt arbeid. Her er mykje å vinne på samarbeid for begge kommunane.

Det resterande på byggingeniør vert i dag bruk til drift og vedlikehald på kommunale bygningar i Vanylven. Samt prosjektering av mindre prosjekt og prosjektleiing. Det kan her vere moglegheiter for å omorganisere denne i framtida. Det resterande på denne byggingeniørstillinga ser man som vanskeleg å samarbeide om, då Herøy har eige eigedomsavdeling for drift og vedlikehald. Dette kan undersøkast nærare om det vert aktuelt. Det vil også kunne ver ein stor fordel med samarbeidet at man får heile stillingar innanfor kvart fagfelt med sterke fagmiljø. Om dette er oppnåeleg med samarbeid mellom våre to kommunar, kan ver litt vanskeleg. Dette samarbeidet bør vere ein start på eit større samarbeid der byggesaksforumet med alle sju kommunar er med.

c. Oppmåling/geodata

Geodata i Herøy har pr i dag 2 årsverk knytt til oppmåling og geodata. Begge to stillingar har kombinerte arbeidsoppgåver. Det vil sei at ein jobbar både med oppmåling/matrikkelføring og GIS arbeidsoppgåver. Avdelinga fullførar ca. 80-100 oppmålingsforretningar pr. år og alle er innanfor tidsfristar.

Matrikkelføring av bygg/adresse informasjon er delegert til servicetorg som utgjer ca 15-20% av årsverk. Ein slik fordeling av arbeidet er ikkje tidsparande. Matrikkelførar bruker mye tid å finne nødvendig informasjon.

Oppmåling/Geodata Vanylven har pr. i dag 1 og 1/2 årsverk knytt til oppmåling og geodata. ½ årsverk er oppmåling med ca. 40 oppmålingsforretningar pr. år. Denne stillinga har og ansvar for skjøte skriving ved kjøp og sal av kommunale eigedom. 1 årsverk er knytt til geodata der oppgåvene er matrikkelføring av eigedom, bygg og adresse. Litt oppmålingsarbeid og GIS arbeidsoppgåver. Denne stillinga er og med i planarbeid.

d. Prosjektleiing

Anlegg og driftsavdelinga i Herøy har pr. i dag 2 heile stillingar på prosjektleiarar. Samarbeidar ved behov med prosjektleiarane på Eigedomsavdelinga og nyttar like malar for innkjøp, SHA-plan og liknande. Har pr. i dag ikkje nok ressursar til å utføre alle anlegg som står på budsjett/økonomiplan, men tilstrekkelig til å utføre dei som vert prioritert.

Anlegg Vanylven kommune har i dag 0,5 stilling på prosjektleiing for infrastruktur (veg, vatn, avløp og idrettsanlegg). Prosjekta vert her prosjektert, anbodsutsett, kontrahert og byggeleia gjennom denne stillinga.

Prosjektleiing for bygg Vanylven: Resterande stilling for byggingeniør vert fordelt mellom drift og vedlikehald av kommunale bygg, der de også kjem inn mindre prosjekt å

prosjektleiing av desse. Det vert rekna ca. 0,2 stilling til prosjektleiing og ca. 0,4 stilling til drift og vedlikehald.

e. Drift

Driftsavdelinga i Herøy har pr. i dag 2,5 stillingar inne på kontoret 50% er knytt til hamnetenester, 50% til utedrifta medan den andre stillinga er knytt til Avdelingsleiar Anlegg og drift samt Avløp. Dei siste 50% er knytt til drift.

Teknisk innanfor veg, vatn, avløp i Vanylven har pr. i dag 0,5 stillingar inne på kontoret.

Hamnesjef Vanylven: Det er i dag tilsett ein person i 0,5 stilling som hamnesjef. Dette er ei nyoppretta stilling i 2017/2018 der det er utarbeida hamnedistrikt i Vanylven. I samband med stillinga er det også innkjøpt hurtiggåande Targa 27 fots båt. Av resterande stilling vil ca. 0,3 ligge på personen som eigedomsforvaltar for kommunens næringseigedomar, Fiskåholmen (tidlegare Ulstein verft) mm. resterande 0,2 av stillinga ligg som sakshandsamar på teknisk sektor.

2.2 Arbeidsoppgåver

a. Plan

Planavdelinga i Herøy har arbeidsoppgåver knytt til handsaming av private detaljreguleringsplanar, utarbeiding av kommunale detalj- og områdeplanar, utarbeiding av samfunnsplanar(planstrategi, kommuneplan, kommunedelplanar og temaplanar mm.).

Plan har ein person som er knytt opp som folkehelsekoordinator i 50% stilling med diverse arbeidsoppgåver. Mykje arbeid i 2017 knytt til ungdataundersøking. Ein person på avdelinga har arbeidsoppgåver knytt til behandling av saker om RDA- midlar og midlar frå kommunalt næringsfond og er kontaktperson opp mot næringslivet.

Vanylven har i dag ingen tilsett på planavdelinga. Arbeidsoppgåvene som høyrer til under plan(samfunnsplanlegging og detaljplanlegging) vert ikkje utført.

b. Byggesak

Byggsak Herøy tek hand om byggesaker, frådeling, dispensasjonar, tilsyn og rettleiing innanfor fagområdet. Vi har ikkje avløp, vatn eller veg som fagområde. Matrikkelføring og fakturering ut av byggesaksgebyr ligg til servicetorget.

Byggesak Vanylven: Det vert her tatt hand om alt ved byggesakene frå søknad om løyve til ferdigattest. Frådelinga ligg i dag på kommunalsjef. Tilsyn vert gjort sporadisk etter behov, då gjerne etter ulovlegheitoppfølging og farleg/skjemmande bygg. Oppfølginga her er for dårleg då kunskap og erfaringar knytt til dette ikkje er bra nok. Det er godt samarbeid om vatn, avlaup og veg i byggesakene internt i sektoren. Matrikkelføring ligg i dag på oppmåling, men kan også utførast på byggsak. Fakturering av byggesaker, frådeling, oppmåling mm. ligg

pr. no på byggingeniør. Servicetorg og nettside er dårleg oppdatert. Her burde man samarbeide med å få dette meir likt mellom kommunane.

c. Oppmåling/geodata

Geodata Herøy har 3-delte arbeidsoppgåver.

1. Oppgåver som er knytt til matrikkelloven: oppmålingsforretningar, matrikkelføring, adressering, retting av eigedomskart, rettleiing.
2. Gis arbeid:
    - Utarbeiding av temakart/analyser/3D prosjekter.
    - Kartløysing for innsyn
    - Planregister, arbeid med reguleringsplanar
    - Andre GIS prosjekter
    - Ajourføring av FKB.
    - Samarbeid med kommunane i 7-stjerna om felles QMS server. Herøy og Ulstein har ansvar om serveren. Men Herøy er støtte apparat for Vanylven, Sande og Volda.
    - Drone arbeid (også arbeidsoppgåver frå Eigedomsavdelinga).
    - Leidningskart for VA, registrering av data i Gemini.
    - Skredfare vurdering.
3. Grunnerver – utarbeiding av avtaler, søknad, tinglysing av skøyter.

Fakturering ut av oppmålingsgebyr, utskrift av situasjonskart/nabovarsling/meglerpakke og enkelt rettleiing ligg til servicetorget.

Alle arbeidsoppgåver som ligg hos Geodata vert gjort innan tidsfristar og etter beste evne.

Oppmålingsforretningar vart gjennomført med god kvalitet og vi har ingen klagar på oppmålingsarbeid. Av og til manglar vi kompetanse å tolke gamle utskifting dokument som gjer det vanskelig å kvalitetsheve gamle eigedomsgrenser i Matrikkelen. Ingen av annaste har utdaning som landmålar med begge har gått på etterutdaning kurs for landmålarar (eigedomsmåling).

Arbeidsoppgåver knytt til gis arbeidet vert utført med god kompetanse og interesse. Herøy geodata alltid tar i bruk nye løysingar og finner gode idear. Vi jobbar heile tida med å lage nye temakart, illustrasjonar knytt til sakshandsaming.

Oppmåling Vanylven

- Utføre delingssaker/oppmålingsforetninger i felt.
- Utarbeide fakturagrunnlag i oppmålingssaker.
- Skjøte skriving ved kjøp og sal av kommunal eigedom.
- Rettleiing i delingssaker

Geodata Vanylven

- Matrikkelføring av bygg, adresse, eigedom og konsesjonssaker.
- Utarbeiding av temakart
- Kartløysing for innsyn/web

- Ajourføring av FKB
- Arbeid med reguleringsplaner
- Samarbeid med kommunane i 7-stjerna om felles QMS server.
- Ledningskart for VA ?
- Tilrettelegging av oppmålingsarbeid.
- Kontakt og rettleiing når det gjeld kart og oppmålingssaker.

d. Prosjektleiing

Prosjektleiing Herøy:

- Nybygging av teknisk infrastruktur:
  - Politisk handsaming
  - Samarbeid med andre etatar (vatn, el)
  - Engasjere konsulent
  - Lage innkjøpsdokument
  - Innkjøpsprosess, anten anbod på Doffin eller via rammeavtalar, spørs omfang
  - Kontrahering av entreprenør
  - Oppfølging i byggeperiode/byggeleiing
  - Økonomisk avslutning
- Utbyggingsavtalar med private (Pbl §17):
  - Dialog med utbyggar
  - Lage avtaleutkast
  - Polisk handsaming
  - Oppfølging i anleggsfase
  - Overtaking
- Budsjettprosess – lage 4 årsplan
- Bidragsytar til kommunedelplan for avløp (faglig innhald)
- Prosessar kring finansiering, td. søknadar om støtte
- Innspel i reguleringssaker ved behov

Prosjektleiing Vanylven:

- Nybygging av teknisk infrastruktur (veg, vatn, avløp og uteidrettsanlegg):
  - Utarbeid forprosjekt med kalkyler for budsjett
  - Utføre grunnforhandling
  - Prosjektering av anlegg
  - Utarbeiding av konkurransegrunnlag og teikningsgrunnlag.
  - Prosjektkoordinering med andre kabel og leidningsetatar
  - Utføre komplett anbodskonkurranse.
  - Kontrahering av entrepriser
  - Utarbeiding av arbeidsteikningar
  - Byggeleiing og økonomistyring

e. Drift

Driftsavdelinga i Herøy:

- Veg
- Idrettsområder, friområde og leikeplassar
- Avlaupsanlegg
- Slam
- Renovasjon
- Hamn

Teknisk i Vanylven:

Har ansvar for:

- Veg
- Vassanlegg
- Avløpsanlegg
- Kommunale bygg
- Idrettsområder og leikeplassar
- Kyrkjegardsdrift og graving
- Slam
- Renovasjon
- Hamn

2.3 Programvare

Begge kommunane bruker GisLine som basis programvare for arealplanlegging, matrikkelføring, oppmåling. I tillegg har Herøy Arcgis som vert brukt til 3D, analyser, Marine grunnkart.

På oppmåling er det et ønske at Vanylven avdelinga får tilgang til Gisline oppmålingsforretning modul med beregning/utjevning av måledata.

For vann/avlaup leidningskart bruker Herøy Gemini men Vanylven VA-Gisline. Begge kommunane bruker programvare til registrering/innsyn.

Tabell 1. Oversikt om programvare

Oppgåve	**Programmvare**	**Herøy**	**Vanylven**
Saksystem	Ephorte	x	x
Innsyn Kart	Kommunekart	x	x (er ikkje i bruk)
	GISLINE		x
Oppmålingsforretning	GISLINE	x	
Planregister	GISLINE	x	x
Temakart/analyse	GISLINE	x	x
	ArcGIS	x	
3D data	GISLINE		x
	ArcGIS	x	

VA data	Gemini	x	
	VA-GISLINE		x
VA prosjektering	Autocad		x
Veg prosjektering	LIMA		x

2.4 Myndigheitsfordeling

Utviklingsavdelinga og Anleggs- og driftsavdelinga i Herøy kommune har delegert mynde til å gjere vedtak i «ikkje prinsipielle saker». Avdelingane har felles kommunalsjef og saker kan løftast til kommunalsjefen for vedtak eller vidaresending til politisk handsaming.

2.5 Organisasjonsstruktur

Herøy kommune er i dag organisert etter kommunalsjefmodellen. Herøy har 4 sektorar (Helse og omsorg, oppvekst, stab og Samfunnsutvikling). Utviklingsavdelinga og Anleggs- og driftsavdelinga er eigne avdelingar under Samfunnsutvikling med eigne avdelingsleiarar og med felles kommunalsjef. Under kvar avdelingsleiar er det ulike fagleiarar.

Vanylven kommune har flat struktur under kommunalsjefar og rådmann. For Teknisk sektor vil det sei at kommunalsjef er leiar for byggesak, oppmåling og VAR områda.

2.6 Delegasjonsreglement

Utviklingsavdelinga i Herøy har i dag delegert mynde til å gjere vedtak i «ikkje prinsipielle saker» innanfor byggesak og oppmåling. Dette gjeld i hovudsak vedtak etter plan- og bygningslova(pbl) §§ 19, 20, 26 og 32, matrikkellova §§ 33 og 34.

Saker etter desse paragrafane som er «prinsipielle» skal fremjast for politisk handsaming i Maritim og teknisk komitè.

Saker som skal handsamast etter pbl. §§ 4 og 9-13 skal handsamast politisk i Formannskap eller Kommunestyre.

Saker som skal handsamast etter Jordlova skal oversendast til Landbrukskontoret for vedtak. Saker som skal handsamast etter veglova skal oversendast til Anleggs- og driftsavdelinga for vedtak.

Anleggs- og driftsavdelinga i Herøy

3. Forslag til flytting av arbeidsoppgåver mellom kommunane

3.1 Plan

Herøy har i dag tre stillingar på plan. Vi behandlar alle vanlege reguleringsplanar innanfor fristen på 12 veker og har såleis tilstrekkeleg med kapasitet.

Sidan Vanylven per i dag ikkje har plankompetanse er det ikkje relevant å vurdere samarbeid. Herøy kommune vil derfor sjå på kva moglegheiter vi har for å bistå Vanylven i plansaker.

§ 12-2 områderegulering § 12-3 detaljreguleringar og § 12-14 reguleringsendringar:

- Planavdelinga i dag har god kontroll på detaljplanane som er under handsaming. Dersom planavdelinga skulle ta på seg fleire arbeidsoppgåver vil nok sakshandsamingstida på dei enkelte saken gå opp, men framleis vere innanfor kravet til handsaming innan 12 veker. Sidan det er relativt få detaljreguleringsplanar i Vanylven kan Herøy kommune derfor bistå på behandling og utarbeiding av detaljplanar etter § 12-3 og § 12-14.
- Planavdelinga i Herøy har per i dag ikkje kompetanse på regulering av veg og treng derfor data frå Vanylven ved regulering av offentlege eller private vegar.
- Planavdelinga kan også utarbeide saksframlegg for plansakene. Dette kan vere fornuftig då planleggar kjenner saka best og kan skrive saka raskare enn ein sakshandsamar som må sette seg inn i saka. Planleggar i Herøy vil også vite kvifor kva val som har blitt teke undervegs i planprosessen. Dersom Vanylven ynskjer å ta saksførbuinga sjølve har likevel ikkje Herøy noko i mot det.
- For at planavdelinga i Herøy kan ta på seg planarbeid for Vanylven vil det vere svært viktig at Vanylven har gode digitale kartløysingar(helst kommunekart proff som Herøy nyttar) med same utval og kvalitet på kartlaga som Herøy kommune har.

§ 11-1 kommuneplan og kommunedelplanar (område, tema eller sektor)

- Planavdelinga i Herøy har i dag fleire kommunedelplanar under rullering eller revidering og har ikkje kapasitet til å ta på seg fleire kommuneplanar eller kommunedelplanar.

Planavdelinga kan bidra inn i prosessar og Vanylven vil såleis få tilgang til kompetansen som er på Herøy kommune si planavdeling.

3.2 Byggesak

Kva kan vi samarbeide om på byggesak?

- Felles malar
- Felles rettleiingsmateriell
- Felles kurs og opplæring
- Byttearbeid – i dette ligg det at ein ved sjukdom/anna fråver tek over byggesaker frå den kommuna som ikkje greier å halde tidsfristane. Evt at ein kjøper teneste/ fakturerer for medgått tid.
- Tilsynssaker i kvarandre sine kommunar, f eks at vi i Herøy tek 5-10 tilsyn i Vanylven og motsatt.

Byggesak Herøy og Vanylven møttast for å diskutere samarbeidet 08.03.2018. Vi held fast på at vi kan inngå eit samarbeid som går på å saman utvikle heimesidene likt- gjere dei lette å bruke for dei som skal finne fram inn mot byggesaker. Viktig å ha eit sterkt fokus på dette med oppdatert informasjon på heimesidene våra. Vi må vere «på» no når vi mest truleg får

nytt sakssystem- ebyggesak er på veg inn for fullt. Her må vi samarbeide tett – gjerne gjennom 7 stjerna.

Skal ein no i fase 1 få ein effekt av eit samarbeid må ein finne dei felles plattformene ein rett å slett kan samarbeide om – begge byggesaksavdelingane kan gjennom eit samarbeid verte styrka ved at ein kan ta arbeid frå kvarandre ved behov – f eks gjennom timepris pr medgått tid. Vilkåret er at vi er oppe å går på same verkty – digitalisert byggesaksarkiv må vere på plass i Vanylven, samt tilgangar i sakssystema og kartløysingar. I neste fase vil det bli meir aktuelt å sjå på om ein kan kutte halvestillingar, kanskje kjem Sande også med og vi kan, viss det er vilje til det politisk få ei felles byggesaksavdelinga?

Det er også viktig å tenke på at det å drive byggesaksbehandling er meir enn å fatte vedtak. Det er difor slik at dersom ei kommune, for eksempel Herøy skal ta over all byggesaksbehandling må vi få tilført ei stilling til eller i alle fall 50%. Det betyr at vi må ha 3,5 stillingar på byggesak. Viss ikkje kan ein risikere at ein ikkje greier å drive ei fullverdig god byggesaksbehandling i tråd med det som sentrale mynde legg opp til. Byggesaksbehandlinga framover går i retning av meir fokus på tilsyn og meir ansvar på dei som søker/utfører prosjekta. Då er det viktig at vi har byggesaksavdelingar med tidsmessig spelerom for å utøve byggesak som dekker opp heile sakene frå rettleiing/førehandskonferanse til evt ulovlegheitsoppfølging. Dette kan ein først verte god på når einingane er større , for eksempel Herøy, Vanylven og Sande, eller det optimale, nemleg 7- stjerna . (eller alle fem kommunene i ytre, Herøy Sande Vanylven Ulstein og Hareid)

Økonomi:

Ser ikkje noko stort innsparingspotensiale gjennom det kortsiktige samarbeidet på 2 år. Dette vil først kome ved eit større samarbeid f.eks 7-stjerna.ett pr år.

Konklusjon frå byggesak Herøy:

Herøy byggesak og Vanylven byggesak kan nok få til ein samarbeidsavtale som går på å hjelpe kvarandre dersom ei av byggesaksavdelinga skulle kome «bakpå» med sakene – slik at begge kommunane har ein buffer mot sjukdom og anna langvarig sjukdom. Ein vil også kunne samarbeide om malar, rettleiing og felles kurs/opplæringsmateriell.

Byggesak Vanylven: Gjennom møter mellom byggesak i Herøy og Vanylven den 18. januar og 8. mars har man kome fram til nokre synspunkt i forhold til samarbeid og moglege løysingar som må til for å få dette i stand. Vanylven stiller seg bak dei første punkta til Herøy med felles malar for vedtak mm. Felles rettleiingsmateriell, å kurs og opplæring. I tillegg kan namnast felles mal for handtering av spørsmål i fyrstelina på servicetorget ved kontakt, samt gode nettsider med korrekt og lett forståeleg informasjon. Her er potensiale for å spare tid stort.

Tilsyn utpeikar seg som det av arbeidsoppgåvene vi ikkje får prioritert godt nok. Det resterande arbeidet med sakshandsaming går forholdsvis greitt å fylje opp. Man held tidsfristar bra så lengebyggesakshandsamarane er på jobb fulltid. Men med en gang nokon skulle bli vekk over ei periode, får man problem med å oppfylle fristar. Man ser då for seg at hovudsamarbeide på noverande tidspunkt vil vere på dette med bytearbeid i «pressa tider».

Vanylven stiller seg bak det som vert skissert frå Herøy på dette. Korleis man ser for seg ein formell avtale på slikt arbeid lyt man ta etter at man har fått bekrefta at samarbeidet blir noko av. Eventuelt at man får innspel frå styringsgrupper eller politiske fora.

Om man vil få alle halvestillingar inn i fulltidsstillingar for byggesakshandsaming, lyt dette vere del av eit større samarbeid med fleire enn to kommunar involvert. Man ser ikkje for seg noko stor økonomisk gevinst med å flytte stillingsprosentar frå Vanylven til Herøy, eller omvendt i denne omgang.(2 år) Det vil heller krevje større investeringar i digitalisering for å kunne få felles plattformer i eit samarbeid. Om her ikkje er den store økonomiske gevinsten som peikar seg ut no, må man ikkje gløyme effektiviseringsgevinsten av det som vert skissert over, mest sannsynleg vil dette også medføre større tidssparing, å då også økonomiske innsparingar her.

3.3 Oppmåling/geodata

Diskusjon om samarbeid vert oppdelt slik:

- oppmåling,
- matrikkelføring,
- planarbeid, planregister
- Innsynsløysingar, temakart, GIS

Oppmåling.

Oppmåling/Eigedomsoppmåling fungerer godt i begge kommunane i dag.

Den kompetansen som ligg til dette fagområdet er viktig for den enkelte kommune og behalde.

Landmålarane sin eigedomskompetanse kjem godt med i andre kommunale oppgåver innanfor byggesak, plan, vatn- og avlaup med meir.

Eit samarbeid mellom kommunane kan være:

- Felles informasjon til innbyggerne på heimesida til kommunen.
- Felles/samme tjenester innen oppmåling.
- Felles rutinar/arbeidsbeskrivelser av tenestene vi utfører til kommunens innbyggere.
- Felles tekst til gebyrregulativ for oppmålingstjenester.
- Utveksling av kompetanse, råd i vanskelige saker og lovtolkingar.

Ved at Vanylven kommune innfører bruk av GISLINE oppmålingsforretning og får digitalt eiendomsarkiv og byggesaksarkiv kan Vanylven utføre oppmålingstjenester for Herøy og omvendt. Eks. der en kommune er inhabil i oppmåling saka og ved lengre sykefravær m.m.

Lovendring som er viktig å nemne:

Endringar av Matrikkellova seier at «Kommunen skal peike ut ein landmålar for kvar oppmålingsforretning. Landmålaren må ha gyldig landmålarbrev..»

Lovendringar legar opp til, at dei som er ansatte som landmålar no, må få gyldig landmålarbrev. Det er krav om utdanning og praksis for å få brevet.

Det kan væra aktuell med eit felles oppmålingskontor. Dette kan ein først verte god på når einingane er større , for eksempel Herøy, Vanylven og Sande, eller det optimale, nemleg 7-stjerna .

Alternativ å flytte oppmålingstjeneste til privat virksomhet gir lite gevinst fordi at det er andre oppgåver knytt til oppmåling kvar kommune har ansvar for: VA ledningar, nye vegar, FKB data som skal innmålast, arealplanlegging.

Matrikkelføring.

Oppmålingsdata som vert utført av kommunal landmålar bør matrikkelførast av det same kommune. Det er mye enklare å jobbe når ein har nær kontakt med han som har fullført oppmålingsforretning. I Herøy vert oppmåling/matrikkelføring gjort av det same person. I Vanylven varierer dette.

Endringar av Matrikkellova seier at: «Kommunen kan etter avtale overlate til annan kommune etter reglane i kommunelova kapittel 5 A eller til sentral matrikkelstyresmakt, å føre matrikkelen på sine vegner.»

Det kan være aktuell at Vanylven tar over matrikkelføring av jordskiftesaker og saker frå Statens vegvesen. Slike saker er ikkje ofte men har ei spesifikk registrering som treng erfaring. Pr. i dag er det Vanylven som har beste kunnskap om slike saker. Her ser Herøy stor nytte av et samarbeid med Vanylven.

Vi har i dag et samarbeid der vi yter hjelp til kvar andre ved tekniske problem ved føring i matrikkelen.

Begge kommunane er einige om at det er behov for prosjekt Kvalitetsheving av Matrikkelen. Vi foreslår at dette blir utført som et digitaliseringsprosjekt. Her kan vi samarbeide om å kjøre en felles prosess og drage inn fleire kommuner. Her bør ein også sjå på om staten/kartverket kan komme på bana.

Herøy har pr. i dag digitalt gnr/bnr-byggesaks arkiv som gjer at gamle dokumenta er lett tilgjengelige via internett og det vert brukt mindre tid å finne rette dokument. Vanylven ser også fordel med eit digitalt arkiv. Viss kommunane har digitalt arkiv (tilgang til gamle oppmålingssaker, målebrev, byggesøknad) er det mulig å flytte matrikkelføring/retting av kart. Men her vi må nemne at stor del av feilrettingssaker begynner seg med oppmøte på kontoret av grunneigar.

Planarbeid, Planregister

Herøy har pr. i dag digitalt planregister – kart og dokumentarkiv. Vanylven har planarkiv på Excel-format. Programvaren GISLINE planarkiv er innkjøpt men ikke tatt i bruk. Vanylven har Kommuneplan og 17 Reg. planer som er gjeldende, reg.planane er digitale og med forskjellig

kvalitet i henholde til SOSI-standard. Her har Vanylven et arbeid som må utføras med å kvalitsheve disse planene til gjeldene sosi standard og innlegging i planarkivet til kommunen. Her ser Vanylven stor nytte av et samarbeid med Herøy.
Herøy kan bistå med erfaring og kompetanse til ein slik arbeid eller gjere arbeidet etter medgitt tid.

Innsynsløysing, Temakart, GIS

I Herøy bruker Sakshandsamarar/servicetorg Kommunekart som innsynsløysing til kart/matrikkeldata. Vanylven bruker GisLine. Fordel med Kommunekart er at den er internett basert og passordbeskytta og kan brukast kvar som helst, mer framtidsretta løysing. Kan brukast også på telefon/nettbrett.
For å få løysinga å fungere, krev det ein del arbeid og kompetanse. Herøy kan bistå med erfaring og kompetanse til ein slik arbeid eller gjere arbeidet etter medgitt tid.

Det vert diskutert at begge kommunane bør ha like temakart. Vi skal gå gjennom liste.

Begge kommunane ser føre seg ein modell der Herøy bygger opp en Kommuneløysing for Vanylven og drifter denne. Vanylven står for oppdaterte basiskart og temakart som brukes i løysinga.

Analyseverktøy

Vanylven har ikkje analyseverktøy eller kompetanse innen dette fagområdet.

Herøy har god kompetanse om å bruke Matrikkeldata og kartdata til analyse og 3D og har verktøy for å utføre dette.

Ajourhald av kartbaser

Ajourhold av kartbaser blir i dag utført i den enkelte kommune. Her kan ein sjå på løysinger der ein kommune tar seg av vedlikeholdet/ajourholdet for begge kommunene eks AR5 basen.

Konklusjon:

1. I prosjekt periode kan samarbeid går på å etablere lik kartgrunnlag/plattform (temakart, kartløysing, planregister).
2. I tillegg kan samarbeide om :

- Felles malar, rutinar
- Felles rettleiingsmateriell
- Felles kurs og opplæring
- Byttearbeid – i dette ligg det at ein ved sjukdom/anna fråver tek over oppgåver. Evt at ein kjøper teneste/ fakturerer for medgått tid.

3. Vi foreslår og at drift og produksjon av WMS-tjeneste i Kommunekart løysinga for Vanylven kan bli utført i Herøy der denne kompetansen er størst. Mens ajourholdet

og ansvar for at karta er oppdaterte ligg i Vanylven. Samme modell kan gjelde for planarkiv at Herøy utfører drifta av planarkiv og produksjon av planene i WMS-format i WEB løysinger. Mens Vanylven har ansvaret for ajourholdet av planene.

4. Matrikkelføring av jordskiftesaker/Statens vegvesen vert flytta til Vanylven.
5. I prosjekt perioden skal vi og sjå på muligheter med felles ajourhold/oppdatering av kartbasene til Vanylven og Herøy. Eventuell flytte ajourføring av AR5 til Vanylven.

3.4 Prosjektleiing

Herøy og Vanylven jobbar ulikt når det gjeld prosjekt med nybygging av infrastruktur:

Oppsummering av hovudtrekka	
Herøy	**Vanylven**
Prosjektering vert utført av konsulent på rammeavtale (rammeavtale med fleire konsulentar i samarbeid med Ålesund kommune)	Prosjekterar sjølve, delvis med bistand frå konsulent ved krevjande/spesielle oppdrag.
Har rammeavtale med to grunnentreprenørar på inntil 2 mill kr	Har ikkje rammeavtale med entreprenør
Har samarbeid internt med prosjektleiarane på eigedom og innkjøpskonsulent kring det formelle (regelverk, malar, innkjøpsdokument, kontraktsoppfølging mm), samt rammeavtale for bistand ved behov ved konkurranser.	Har ikkje samarbeid kring det formelle
Har prosjektleiing for bygg på anna sektor (stab).	Har også prosjektleiing for bygg i same avdeling.
Har løysing for å få levert inn anbod digitalt.	Har ikkje løysing for digitale anbod.
Prosjektleiarane fører timer på prosjekta og prosjektbudsjetta vert belasta med 650 kr pr. time.	Prosjektleiar si løn vert ført …

Vanylven vel å teikne sjølv og ikkje ha rammeavtalar, medan i Herøy meiner vi at rammeavtalane gir oss muligheit til å utføre fleire prosjekt og det vil uansett ikkje vere realistisk å ha kompetanse internt til dei meir spesielle og komplekse prosjekta. Sidan Herøy har rammeavtale med entreprenør på enkle prosjekt, er det ikkje behov for å produsere anbodsmaterial av same omfang som ved dei større prosjekta, samstundes som rammeavtalen gjer innkjøpsprosessen vesentleg enklare. I Herøy er det slik at løna til prosjektleiarane vert belasta prosjekta med 650 kr pr. time..

Det at kommunane jobbar forskjellig treng ikkje nødvendigvis gi at den eine gjer rett og den andre feil. Kommunane har ulik storleik og det kan synast som at begge utfører prosjektarbeid på ein velfungerande måte for sin situasjon.

Det er ein fordel at same personen fyl opp dei ulike frå oppstart prosjektering til ferdigstilling av fysisk arbeid for å ha kontinuitet og sleppe dobbeltarbeid, så vi ser det som lite aktuelt å splitte oppgåvene. Begge kommunane meiner dei har knapt med ressursar i henhald til

oppdragsmengd pr. i dag, og det ser ikkje ut til å endre seg framover. Det er også store geografiske avstandar. Sjølv om ein i teorien kan ta prosjektleiing for kvarande og ein kan nytte digitale verktøy for møtevirksomheit og liknande, vil ein ved slike prosjekt vere avhengig av også fysisk oppmøte på staden, ofte på kort varsel. Å utføre oppgåver for kvarande vil fungere som å leige inn konsulent der den andre må bistå i oppfølginga likevel, noko som då opptek ressursar unødig.

Vi ser det slik at gruppa er for liten til å få særskilte effektar av eit samarbeid, i alle fall i form av innsparing og effektivisering. Det vi ser som særs positivt, er å kunne fortsette å ha ein dialog ved utfordingar kring dei formelle prosessane i prosjektsamanheng.

Eit anna moment er at vi i denne prosessen berre har hatt som oppgåve å sjå på prosjekt på anleggssida og ikkje sett heile biletet med prosjekt/drift på byggsida. Bygg og byggdrift er organisert forskjellig i dei to kommunane.

3.5 Drift

Både Herøy og Vanylven kommune har fult sin kapasitet i dag når det gjeld arbeidsressursar. Lokalisering til anlegga i kommunen og intern kunnskapen til eigne anlegg gjer det lite effektivt å samarbeide om arbeidstokken. Når det gjeld leige av utstyr mellom kommunane og felles investering i nytt utstyr ser ein derimot eit innsparingspotensial.

4. Vurdering av flytting av oppgåver og mogleg innsparingspotensiale

4.1 Kva oppgåver må ligge der dei er i dag?

Byggsak Vanylven: Pr. no bør byggesak vere representert på rådhuset i Vanylven då man er avhengig av dokument og planar som ligg i papir form her. Ved betre opplæring av servicetorget sine tilsette og oppdaterte nettsider med betre veiledarar, ebyggesak, digitale fellesarkiv og digitalt kartmateriell som td. situasjonsplan på felles dataløysingar, ser man for seg at dette kan endrast. Dette er kostbare investeringar som lyt gjerast før man kjem i gang, men etter gruppas meining er dette heilt nødvendig for eit godt og effektivt samarbeid. Når dette er på plass bør det då leggast opp til felles byggesakskontor mellom Herøy og Vanylven, gjerne med fleire enn to kommunar for å sikre eit sterkare fagmiljø. Tilsyn i byggesaker er noko som ikkje vert fylt godt nok opp i Vanylven her ville det vert ein stor fordel å få hjelp utanfrå både med kompetanse og det å vere ein uavhengig part. Dette er noko som bør samordnast med eit større samarbeid. Det har vert arbeidd med felles tilsyn mellom sjustjerne kommunane. Dette ser ut til å ha stoppa opp pr no.

Geodata: Matrikkelføring av oppmålingsarbeid bør ligge til kommunen som utførte forretning. Ajourføring av FKB, unntatt AR5 (landbruksdata).

4.2 Kva oppgåver vil arbeidsgruppa tilrå å flytte?

Plan: Arbeidsgruppa vil rå til at Herøy får ansvaret for all planlegging i dei to kommunane. For utarbeiding av samfunnsplanar legg vi til grunn at det vert tilsett ein samfunnsplanleggar

der kostnadane vert delt på dei to kommunane og at Fylkesmannen bidreg med 50% av lønsmidlane.

Geodata: Arbeidsgruppa vil rå til at Herøy får ansvaret for drift av kommunekart, planregister. Vanylven for ansvar for matrikkelføring av saker frå jordskifteretten/Statens vegvesen.

a. Innsparingspotensiale

Plan: For Vanylven sin del vil det vere eit innsparingspotensiale ved at Herøy tek all detaljregulering og då slepp Vanylven å tilsette ein person til dette. Herøy vil då ta gebyr frå dei private som utarbeidar planar etter vanleg gebyrregulativ og for kommunale planar vil Vanylven betale Herøy kommune per time. Samla meinar vi dette vil gje ei auka inntekt for Herøy kommune og ei innsparing for Vanylven ved at dei slepp å tilsette ein planleggar.

4.3 Felles programvareplattform

Informasjon frå Norkart (levandør av GisLine): Reglane er at kvar kommune må kjøpe og betale vedlikehald for modulane dei bruker. Dersom alle kommunane i Søre Sunnmøre kjøper ein modul har det vore gitt 25% rabatt på vedlikehald og kjøp. Når då to kommunar i same samarbeid går saman kan vi ikkje gje ytterlegare rabatt.

Oppmålingsforretning vert knytta til kommunens sak/arkiv og må difor installerast i begge kommunane.

4.4 Premiss for at samarbeid skal lykkast

- Vanylven må digitalisere sitt byggesaksarkiv.
- Vanylven må heve kvaliteten på dei digitale kartløysingane og lage digitale plankart etter dagens SOSI-standard.
- Digitalt planarkiv må også vere på plass.
- Det må tilsettast felles samfunnsplanleggar for Herøy og Vanylven (plan kan organiserast etter Vertskommunemodellen, men spørsmålet om «korleis» overlet vi til styringsgruppa å avgjere).
- Dersom det skal samarbeidast må utarbeidast delegeringsmynde mellom kommunane i «ikkje prinsipielle saker».
- Herøy og Vanylven må ha tilgang til saksarkiv for å kunne skrive saker for kvarandre.
- I saker der Herøy eller Vanylven tek på seg arbeid for den andre (i staden for innleige av konsulentar) kan det fakturerast etter nærare avtale.
- Vanylven kjem inn i same «syklus» som Herøy på oppdatering av flyfoto.
- Forenkling av heimeside og samkøyre Herøy og Vanylven ift. informasjon og slik at dei tilsette i kommunane kan rettleie for begge kommunane.
- Digitalisering av søknadsskjema.

5. Konklusjon

Arbeidsgruppa har i dette prosjektet ikkje sett på kostnadar ved dei ulike tiltaka, men ynskjer at det skal kome tydeleg fram at for å ha eit effektivt samarbeid må det investerast i digitalisering av kart, byggesaksarkiv og programvare. For å kunne ta i bruk framtidige digitale løysingar må kommunane etablere ei felles digital plattform først.

Herøy og Vanylven skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst i løpet av prosjektperioden. Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgjande evaluering.

Arbeidsgruppa meiner det ikkje vil vere realistisk å ta ut effektiviseringsgevinst i form av økonomisk innsparing i løpet av ei prosjektperiode på 2 år. Vi meiner at i den 2 årsperioda vil vere eit behov for auka investering for å «likestille» kommunane. Innsparing vil kome på lenger sikt.

Eit premiss for eit godt samarbeid vil vere å samkøyre heimesidene og ha oppdatert informasjon for innbyggarane. Det må vere enkelt å finne fram til informasjon og til dei ulike søknadsskjema.

Første steg vil vere at Vanylven kjøper tenester med Herøy og eit styrka samarbeid og back-up for kvarandre.

Arbeidsgruppa foreslår at det vert inngått eit prosjekt innanfor plan med vertskommunemodell der Herøy står som arbeidsgjevar og har personalansvar for alle planleggarane. For å arbeide med samfunnsplanar for Vanylven må det tilsettast ein person der kommunane deler kostnadane.

Premiss for samarbeid mellom kommunane på byggesak må vere gode digitale løysingar som er like mellom kommunane. Slik at man har dei nødvendige tilgangane i den andre sitt system for effektiv sakshandsaming. Felles for kommunane er at tilsynsdelen ikkje vert fylt godt nok opp, her er moglegheitene for samarbeid veldig gode. Samtidig utpeikar ulike former for fråvær seg som noko vi kan samarbeide om, med å i periodar ta over saker for kvarandre. Som tidlegare nemnd er det då ting som må på plass.

Arbeidsgruppa foreslår at ansvar for drift av digitalt planarkiv ligg til Herøy.

Matrikkelføring av jordskiftesaker/Stanes vegves vert flytta til Vanylven.

Ajourføring av AR5 kartdata vert flytta til Vanylven.

Drift og produksjon av WMS-tjeneste i Kommunekart løysinga for Vanylven kan bli utført i Herøy. Mens ajourholdet og ansvar for at karta er oppdaterte ligg i Vanylven.

For fagområde drift ser arbeidsgruppa det vanskeleg å finne potensiale for flytting av arbeidsoppgåver og spesialisering. Uteseksjonane kan ved eit samarbeid dra nytte av kvarandre sitt utstyr. Dette vil spare både tid og ressursar.

For fagområde prosjektleiing ser arbeidsgruppa det vanskeleg å finne potensiale for flytting av arbeidsoppgåver og spesialisering. Samarbeidet mellom kommunane kan vere på innkjøp og vere støtte for kvarandre ved ulike utfordringar.

5.1 Avsluttande kommentar

Herøy meinar at innanfor fagområda plan, byggesak, oppmåling og geodata kan ein på sikt samlokaliserast gjennom interkommunal samarbeidsprosjekt. Ein bør då satse på å samle fleire kommunar for å klare å etablere «heile stillingar» og kunne oppnå spesialisering innanfor fagfelta.

Herøy meinar at det ikkje er naudsynt med denne kompetanse på kvart rådhus, men ein kan legge opp til td. videochat med sakshandsamar for å kompensere for at rådhusa ikkje er «bemanna». Ein vil også måtte heve kunnskapsnivået på 1.linjetenesta(servicetorg) ift. enkel rettleiing innanfor desse fagområda.

Samarbeidsprosjekt Herøy og Vanylven innan fagområde brann

HERØY KOMMUNE

Vanylven kommune

Utgreiing av samarbeidsmoglegheiter mellom Herøy og Vanylven 2018

Sist revidert 04.04.2018

Innhold

1. Innleiing 4
1.1 Mandat 4
1.2 Føresetnader 5
1.3 Innspel frå arbeidsgruppa 5
2. Beskrive samarbeidsområdet i dag med oppgåvekartlegging, ressursbruk og programvareplattform 6
2.1 Ressursar 6
a. Herøy 6
b. Vanylven 6
2.2 Arbeidsoppgåver 7
a. Brannsjef 7
a. Herøy 7
b. Vanylven 8
b. Forebyggande 8
a. Herøy 8
b. Vanylven 9
c. Beredskap 9
a. Herøy 9
b. Vanylven 9
2.3 Programvare 10
c. Herøy 10
d. Vanylven 10
2.4 Myndigheitsfordeling 10
a. Herøy 10
b. Vanylven 10
2.5 Organisasjonsstruktur 11
a. Herøy 11
b. Vanylven 11
2.6 Delegasjonsreglement 12
a. Herøy 12
b. Vanylven 12

3. Forslag til flytting av arbeidsoppgåver mellom kommunane 12
3.1 Felles brannvern 12
3.2 Felles brannsjef 14
4. Konklusjon 15

1. Innleiing

Herøy og Vanylven er positiv til å utarbeide eit interkommunalt samarbeid knytt brann- og redning. Herøy og Vanylven skal på eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst i løpet av prosjektperioden. Samarbeidet skal gå over 2 år med påfølgjande evaluering.

Over heile landet blir det etablert interkommunale samarbeidsformar innan brann- og redning, som stadig fleire sluttar seg til. Mindre kommunar må etter kvart erkjenne at dei aleine vanskeleg klarar å oppfylle forskriftskrav og dei krav til kvalitet som krevjas for tenesta. Samarbeid i større einheitar er einaste moglegheit til å utnytte samla kompetanse og ressursar mellom kommunar. Herøy og Vanylven står slik sett betre rusta med eit slikt samarbeid.

Eit interkommunalt samarbeid har fleire store fordelar:

- Felles risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) / dokumentasjon av brannvernet/brannordning
- Felles forvaltning, som gjev langt større handlingsrom.
- Større fagleg miljø, båe innan forebyggande arbeid og beredskap, med tilgang på spisskompetanse
- Innanfor ulike områder (juridisk, heiltids tilsette og opplæring m.m.)
- Felles rutinar og prosedyrar for internkontroll og HMS
- Felles innkjøp og vedlikehald, med raskare utskifting av utstyr
- Betre og samordna opplæring og øvingsverksemd
- Større fridom og større ansvar i eit interkommunalt samarbeid.

Med heimel i Kommunelova § 27 om interkommunalt samarbeid og Lov om brann- og eksplosjonslova av 14. juni 2001 kan Herøy og Vanylven organiserast som eit interkommunalt brannvesen. Dette er ein organisering som passar godt for desse tenestane og erfaringar frå andre delar av landet er svært gode.

1.1 Mandat

Vedtak Herøy kommunestyre:

«Herøy kommunestyre er positiv til å utarbeide eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune på tekniske fagområde knytt til planlegging, byggesak og kart/oppmåling seinast frå 1 januar 2019.

Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide ein samarbeidsavtale om å etablere felles administrativ brannsjefsstilling frå 1. januar 2019.
Herøy kommune skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgjande evaluering»

Vedtak Vanylven kommunestyre:

Vanylven kommune er positiv til å utarbeide eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Herøy kommune på tekniske fagområde knytt til planlegging, byggesak og kart/oppmåling seinast frå 1. januar 2019.

Vanylven kommune og Herøy kommune ynskjer å utarbeide ein samarbeidsavtale om å etablere felles administrativ brannsjefstilling frå 1. januar 2019.

Vanylven kommune skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk i løpet av prosjektperioden.

Mandat:

Arbeidsgruppe for brann skal med heimel i brann- og eksplosjonslova § 15 m.a gi innspel om:

- Beskriving av samarbeidsområdet
- Myndigheitsfordeling
- Ressursar som inngår
- Varsling og alarmeringsrutinar
- Samband nødnett
- Kostnadsfordeling
- Oppseiing av avtale
- Revisjon/rullering
- Vaktordning
- Andre innspel som gruppa ønskjer å løfte fram

1.2 Føresetnader

Interkommunale prosjekt som tener brukarane, utgangspunktet er like tilbod i dei to kommunane

- Styrkje det faglege samarbeidet mellom kommunane - oppgåvefordeling(spesialisering)
- Ein skal ta ut effektiviseringsgevinstar
- Digitalisering av tenester skal stå sentralt
- Utgreie ulike alternativ for samarbeid, organisering og lokalisering

1.3 Innspel frå arbeidsgruppa

Herøy kommune sine representantar løfta inn modellen med å slå saman dei to brannverna til ei eining under ein ledelse.

2. Beskrive samarbeidsområdet i dag med oppgåvekartlegging, ressursbruk og programvareplattform.

2.1 Ressursar

a. Herøy

Herøy har 2,5 administrative stillingar fordelt slik:
Brannsjef 0,5 stilling
Leiar beredskapsavdelinga 1 stilling (0,5 beredskap og 0,5 brannførebyggjande)
Leiar Førebyggjande avdeling: 1 stilling (0,5 leiar og 0,5 utførande)

Beredskapsutstyr:
Mannskapsbil – S.1.1 fullt utstyr bil med klippeutstyr. Registrert for 5.
Tankbil – S.2.4 utstyrt med RD og klippeutstyr. Registrert for 4.
Vaktbil – S.0.1 – Utstyr med litt førstehjelpsutstyr, 2 handslokkera og 2 RD stoler med flaskesett. Registrert for 4.
Alle beredskapsbilane er utstyrt med Locus navigasjon.
Brannbåt – S.1 Båt – Pioneer Multi med 50 hestar påhengsmotor.
IUA mellomdepot i Myrvåg med kjemikaliedykkerar

Mannskap:
Fosnavåg stasjon f.t 20 personar. 4-delt rullerande vaktturnus.
Myrvåg f.t 8 personar. Berre sjåfør i beredskap. 4-delt vaktturnus.

b. Vanylven

Vanylven har administrative stillingar fordelt slik:

Brannsjef 0,16 stilling
Leiar beredskapsavdelinga 0,16
Leiar Førebyggjande avdeling: 0.16

Samla til 0.5 stilling.

Det er pr. februar 2018 følgjande ressursar i VBR:

Brannstasjon Fiskå:

Vaktbil-Z01-Peugeot Partner 4x4-modell 2010, 4-delt rullerande kombi-vaktturnus

Røykdykkarbil-Z11- Mercedes1124-modell 1993

Redningsbil-Z17-Mercedes312D/35-modell 1995

Skaphengar med overflateredningsutstyr-Alt nytt 2018

Redningsbåt –Pioner båt m/5-hk

Tilgang på havnevesen-båt ved behov: Targa 27, kan benyttes ved IUA aksjon

IUA-utstyr

15 mann tilknytt Z1 pr.dd (av disse ca. 5 røykdykkarar og 2 nytilsette utan kurs)

Branngarasje Syvde:

Mannskapsbil -Z22-Ford Transit 100-modell 1990 – Ny bil bestillt, antatt levering tidleg haust.

Tankbil Z24-Mercedes Benz 2543-modell 1997

9 mann tilknytt Z2 pr.d.d. (av disse ca. 4 røykdykkarar og 1 nytilsett utan kurs)

2.2 Arbeidsoppgåver

a. Brannsjef
    a. Herøy

Følgje opp brannlova sitt formål om å verne liv, helse, miljø og materielle verdier mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønskede tilsiktede hendelser.

Herunder plikt til å:

- Forebygge brann og eksplosjon samt organisere og gjennomføre brann- og eksplosjonsvernsarbeidet i kommunen.
- Sikre ein beredeskap knytt til ulykke- og skadeforebyggande handtering av farleg stoff og ved transport av farlig gods på land, samt krav til beredskap og innsats overfor akutte ulykker der brannvesenet har ei innsatsplikt.
- Sikre innbyggarane ein så god brann- og ulukkesberedskap som mogleg ut frå gitte føresetnader for å unngå skade på helse, liv, eigedom og miljø.
- Drive førebyggande arbeid innan brann og ulykke for å unngå skade på helse, liv, eigedom og miljø.

Teneste-/ansvarsområde:

Dagleg leiing og koordinering av brannvernet i kommunen innafor følgjande teneste-ansvarsområde:

- Førebygging av brann og ulukker
- Brann- og ulukkesberedskap
- Informasjonsarbeid knytt til ansvarsområdet

Lovverk som sorterer til avdelinga:

- Brann- og eksplosjonsvernlova m/forskrifter
- Arbeidsmiljølova
- Internkontrollforskriften

Leiaren (brannsjef) har ansvar for avdelinga som omfattar:

- Formelt ansvar (administrativ og fagleg leiar)
- Personalansvar (leie og utvikle dei tilsette)
- Økonomiansvar (effektiv bruk og forvaltning av tildelte økonomiske ressursar)
- Organisasjonsansvar (effektiv organisasjon med eit godt arbeidsmiljø)
- Tenesteansvar (ansvar for tenester med god kvalitet)
- Resultatansvar (rapportere og følgje opp avtalte målsettingar)
- Teamansvar (ansvarleg for å sjå den samla kommunale verksemda under eitt og syne vilje og aktiv handling til omstilling for å ivareta det som til ei kvar tid samla sett er dei beste løysingane for kommunen).

Sjå heile formålsskildring til brannsjef, i vedlegg 1

b. Vanylven
    - Brannsjefsmøte
    - IUA-møte
    - Møte i Brannbefalslaget
    - Avtalar brannmannskap og tilsetje nye
    - Oppfølging kurs/utdanning
    - Interne brannbefalsmøte
    - BRIS-oppfølging/rapportering inkl. årstrapport/statistikk
    - Vision Boss oppfølging/oppdatering mannskap /køyretøy /tidsplanleggar, budsjettering/rekneskapsoppfølging kontinuerlig (Agresso/Arena/Momentum)
    - Bålbrenning-behandle søknader /inspeksjonar/ instruksar /avvik
    - Søknader om overnatting
    - Arrangere varmøvingar (avtale/klargjere objekt)
    - Fyrverkeri –behandle søknader utsal/oppfølging/kontroll)
    - Lage ROS-analyser
    - Utdanningsplanar/sertifiseringsplanar
    - Strategiplanar og alle former for skjema til intern bruk
    - Vaktordninga-koordinere/følgje opp og lage underlag for godtgjersle kvar mnd inkl. rutiner

b. Forebyggande
    a. Herøy
        - Branntilsyn §13 objekt
        - Sjekke bekymringsmeldingar
        - Informasjon, motivasjonsretta tiltak
        - Kartleggingsarbeid – risiko for brann
        - Kampanjar og aksjonar
        - Feie og tilsynsteneste, oppfølging av avtale med Ulstein/Hareid

b. Vanylven
    - Ta del i førebyggjande forum
    - Feiing-ordne avtalar/ anbod/ annonsering/ avviksoppfølgjing/ oppdatering Komtek
    - Ansvar for utføring av §13-tilsyn/avtalar med utførande/ oppfølgjing/ rapportutsending
    - Ansvar for utføring av tilsyn bustader/avtalar/ oppfølgjing
    - Budsjett
    - Barnehagane i kommunen/omvisning årlig stasjon eller bilar ut/ Skulane/årlig 6-kl.undervisning inkl. sløkkjeøvingar ute/ i samarbeid med DLE
    - Arrangere Open dag på brannstasjonen årlig
    - Oppdatering IUA-rutiner/planar inkl. utstyr
    - Brannvarslar-aksjonar årlig i tillegg til andre aksjonar eks. komfyrvakter, fritidsbustader….

c. Beredskap
    a. Herøy

        - Sjå til at Herøy brann og redning til ei kvar tid har ein god og forsvarlig beredskap.
        - Brannøvingar – årsplan og gjennomføring
        - Vaktlister/beredskap
        - Kjøretøy og utstyr
        - Informasjon til mannskap
        - Superbruker på fagprogrammet: Adapt-IT
        - Superbruker på VisionBoss
        - Sjå til at HMS og prosedyrehandboka vert følgt.
        - Gjennomfører månadlige brannmøter i befalsgruppa – sekretær i møta.

    Er den som har tettast kontakt opp mot mannskap/tilsette. Vert bindeledd mellom administrasjon og tilsette i Herøy brann og redning.

    b. Vanylven
        - Ansvar for at bilpark /utstyr og mannskap er i forskriftsmessig stand og fungerer til ei kvar tid
        - Kontroll av røykdykkarutstyr årlig (avtale på plass)
        - Utdanning og kurs for dei som treng det må følgjast opp og økonomiske forhold må ordnast opp i
        - Planlegge og utføre øvingar(min 8/år) for alle mannskap inkl. rapportering/evaluering
        - Samøvingar med eksterne

- Følgje opp avtale med Luftambulansen «mens vi venter på ambulansen»
- Avløning av brannmannskap må følgjast opp 2 g/år og underlag frå timelister må lagast og sendast økonomi
- Godkjenne utgifter utlegg mannskap, ansvar for vedlikehald av basestasjonar vhf-radio

2.3 Programvare

c. Herøy
- Adapt-IT – Fagprogram for drift av Herøy brann og redning
- Locus – Kartprogram for å finne sted vi skal rykke ut til og for å sende statusmeldingar til 110-sentralen.
- Compilo – Program for avvikshandsaming.
- KOMTEK – tilsynsmodulen
- KOMTEK – Feiing og tilsyn
- BRIS – For rapportering av hendingar og årsrapportering MOB (melding om brannvesenet) til DSB.
- Farlig stoff – App
- Vision Boss

d. Vanylven
- LOCUS-Kartprogram utrykningsbilar (installert kun i vaktbil Z01 foreløpig)
- KOMTEK- feiing/tilsyn med feltmodul (Ulstein kommune har tilgang)
- BRIS
- VISION BOSS

2.4 Myndigheitsfordeling

a. Herøy

Avdelingsleiarar har delegert mynde til å gjere vedtak i «ikkje prinsipielle saker». Avdelingane i sektor for samfunnsutvikling har felles kommunalsjef og saker kan løftast til kommunalsjefen for vedtak eller vidaresending til politisk handsaming.

Delegasjonsreglementet ligg ved som vedlegg.

Viser ellers til Herøy sitt forslag til avtale, som byggjer på vertskommunemodellen.

b. Vanylven

Kommunestyre/Rådmann/kommunalsjef/brannsjef

2.5 Organisasjonsstruktur

a. Herøy

Herøy kommune er i dag organisert etter kommunalsjefmodellen. Herøy har 4 sektorar (Helse og omsorg, oppvekst, stab og Samfunnsutvikling). Brannavdelinga er eiga avdeling under Samfunnsutvikling med eigen avdelingsleiar. Under kvar avdelingsleiar er det ulike fagleiarar



b. Vanylven



2.6 Delegasjonsreglement

a. Herøy

Herøy har eige delegasjonsreglement for brann. Sjå vedlegg

b. Vanylven

Delegasjon brannsjef Vanylven:

Det er signert ein avtale 16.02.17 mellom kommunalsjef og brannsjef:

Kommunalsjefen gir delegasjonen som i sin tid var gitt frå rådmann i sin heilskap vidare til brannsjef. Brannsjef kan skrive under brev sjølvstendig for det som gjeld brann, men med kopi til kommunalsjef. Delegerte vedtak skal skrivast i ePhorte og kopi til kommunalsjef. Ramma for delegering omfattar ikkje viktige prinsipielle saker eller område som lova legg til kommunestyret sjølv. Viktige prinsipielle saker vil vere:

- Dokumentasjon av brannkorpset.
- Definisjon av innhald i og utarbeiding av ROS-analyser
- Dimensjonering av brannkorpset utover lokale ROS-analyser i medhald av lokale vedtak.
- Lokale planar for brannvernarbeidet
- Vedtak i henhald til Brann –og eksplosjonsvernlova §13. fjerde ledd om eventuelle lokale forskrifter, §7 tredje ledd tiltak ved store arrangement, §28 gebyr for feiing og tilsyn.
- Budsjett for brannvern m.m. ligg til brannsjef som attestant, større innkjøp over kr.10.000,- skal leggjast fram for kommunalsjef før bestilling.

3. Forslag til flytting av arbeidsoppgåver mellom kommunane

3.1 Felles brannvern

Herøy kommune legg til grunn at samarbeidet mellom kommunane må vere smidig og ha hovudfokus på brukarane av tenestane. Ein ser det som vanskeleg å få full effekt av samarbeidet dersom ein ikkje legg til grunn ei full sammenslåing av dei to brannverna. Ei effektiv felles administrativ leiing krev at ressursane vert samla og at ny brannsjef får enkle, forutsigbare og gode vilkår for å utøve arbeidet sitt.

Føremålet med eit felles brann- og feievesen må vere å samordne dei administrative, beredskapsmessige og førebyggande ressursane for å kunne yte betre og meir effektive tenester til innbyggjarane.

Herøy kommune legg til grunn at vertskommunemodellen legg eit godt grunnlag for eit vertskommunesamarbeid for felles brann- og feievesen for kommunane Herøy og Vanylven. Avtalen må omfatte alle kommunale oppgåver som vert definert Lov av 14.6.2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med

farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova).

Samarbeidet bør gjennomførast etter reglane i kommunelova kapittel 5A, jf. § 28-1 b Administrativt vertskommunesamarbeid, jf. også kommunelova § 28-1 a-k. Herøy er vertskommune, og Vanylven er samarbeidskommune.

Ein ny brannsjef vil ha ansvar knytt til desse hovudområda:

- Formelt ansvar (administrativ og fagleg leiar)
- Personalansvar (leie og utvikle dei tilsette)
- Økonomiansvar (effektiv bruk og forvaltning av tildelte økonomiske ressursar)
- Organisasjonsansvar (effektiv organisasjon med eit godt arbeidsmiljø)
- Tenesteansvar (ansvar for tenester med god kvalitet)
- Resultatansvar (rapportere og følgje opp avtalte målsettingar)
- Teamansvar (ansvarleg for å sjå den samla kommunale verksemda under eitt og syne vilje og aktiv handling til omstilling for å ivareta det som til ei kvar tid samla sett er dei beste løysingane for kommunen).

Ein viser elles til utkast til avtale mellom kommunane, delegeringsmynde og formålskildring til brannsjefen for meir detaljert informasjon.

Fordelar:

- Kommunen vil vere betre rusta til å løyse lovpålagde oppgåva som dei i dag ikkje maktar sjølve. Det gjeld t.d. gjennomføring av lovpålagd branntilsyn, kontroll av piper og eldstadar og å sikre arbeidsgivaransvaret for utrykkingspersonell i samsvar med arbeidsmiljølova.
- Eit felles brannvern vil skape eit nytt fagmiljø som vil kome begge kommunane til gode og ikkje minst knyte kommunane nærmare saman. Kvalitet på mange av tenestane vil verte betre.
- Det er mogleg å avvikle samordna vakttenesete i Vanylven, Herøy ordnar utkalling av mannskap (har vaktordning 24/7 i dag). Vanylven har pr. i dag felles vakt mellom brann og teknisk vakt. Ved overgang til brannvakt i Herøy vil Vanylven kommune framleis sitje att med utgiftene til teknisk vakt, men vil ha ei monaleg innsparing då det er antyda 50% gikk til brannordninga.
- Plassering av organisasjonen på ein stad vil kunne skape eit fagleg miljø som vil vere attraktivt, og som kan trekkje til seg godt kvalifisert mannskap.
- Organisasjonen vil vere enklare å leie om dei ulike avdelingane er samla på ein plass. Leiarjobben vil bli meir attraktiv og det vil bli lettare å byggje teamhaldningar.
- Ein vil også kunne ha ein enklare digitalt datanett om organisasjonen vert slått saman.

Ulemper:

- I dag kombinera Vanylven leiarstilling i brannvernet med ingeniørstilling i teknisk sektor. Kanskje kan det i framtid vere vanskelegare å rekruttere nye ingeniørar til kommunen dersom branntillegget (brannsjef) blir teke bort.

3.2 Felles brannsjef

Ein felles brannsjef sitt føremål er å samordne dei administrative, beredskapsmessige og førebyggande ressursane for å kunne yte effektive tenester til innbyggjarane.

Modellen krev at kommunestyret i Vanylven delegerer mynde til Herøy kommune for brannsjefen sine oppgåver, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og § 28-1 a.

Brannsjefen får mynde til å forvalte og gjennomføre oppgåvene som kommunane har i følgje brann- og eksplosjonsvernlova og handheve reglane om bålbrenning.

Brannsjefen vert ved etablering organisatorisk underlagt samfunnsutvikling i Herøy kommune. Brannsjefen sin næraste overordna vert kommunalsjef samfunnsutvikling. Vesentlege endringar i organisering skal drøftast mellom kommunane. Brannvesenet si organisering skal samsvare med relevante lover, forskrifter, retningslinjer og vedtekne brannordningar i begge kommunar. Etter at forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen eventuelt vert revidert, skal det utarbeidast felles ROS-analyse og brannordning for kommunane som vert lagt fram for begge kommunestyra til godkjenning.

Brannsjefen skal ha hovudkontor i Fosnavåg. Tilgjenge til tenesta for aktuelle brukarar må sikrast som for alle andre kommunale einingar.

Brannstasjonar for beredskapsstyrken vil vere i samsvar med gjeldande brannordningar og regelverk elles.

Fordelar:

- Organiseringa av samarbeidet kan gjennomførast i to eller tre trinn. I første omgang kan kommunane samarbeide om brannsjef. Beredskap fungerar godt.
- Eit samarbeid på området brannsjef får lite å seie for eksisterande stillingar i kommunen.
- Det blir skapt eit brannteknisk miljø med høg kompetanse, der primærkommunen får del i 2,5 stillingar ekstra.

Ulemper:

- Ordninga medføra ein del uklare ansvarsområde. Det må utarbeidast ein detaljert avtale og delegasjonsreglementet mellom den einskilde kommune og brannsjef.
- Eit samarbeid om brannsjef delen av brannvernet blir etter måten liten i ein «liten» organisasjon. Vertskommunen bør/må i tilfelle ta seg av det

administrative arbeidet med personell. Dette må betalast av primærkommunen.

4. Konklusjon

Mellom medlemane i branngruppa er det ulike meiningar om saka og det er såleis ikkje mogleg å representere ei samla tilråding overfor styringsgruppa. For ei nærmare oppsummering viser ein til fordelar og ulemper ein har teke opp i utgreiinga.

Fleirtalet i gruppa vil tilrå at det vert etablert eit felles brannkorps mellom Herøy og Vanylven kommune, ein vil då få ein sterkt fagleg brannvern eining med ein forholdsvis stor tyngde og stabilitet til å møte framtida sine utfordringar. Det må understrekast at ein eventuell forventning om innsparing ikkje er det viktigaste bak denne tilrådinga.

Dei lokale beredskapskorps knytt til dei einskilde brannstasjonar vil i hovudtrekk vere uendra i ein ny organisasjon. Unnatak er brannbefal som eventuelt vil gå ut og erstatta av eit felles brannbefalsteam for begge kommunane. Dette inneber at dei lokale brannstasjonane vil fungere om lag som før, men under ny leiing

Mindretalet i gruppa meiner at eit samarbeid bør avgrensast til å omfatte berre felles brannsjef.

For begge alternativa er vertskommunemodell alternativet med Herøy som vertskommune.

I etterkant av siste møte den 22032018 har brannsjefen i Vanylven og tillitsvalgt for brannmannskap i Vanylven kome med ytterligare merknadar. Desse merknadane og alle referat frå prosessen ligg som vedlegg til rapporten.

Branngruppa ser med dette seg ferdig med utgreiingsarbeidet og oversendar denne til styringsgruppa for vidare handsaming.

Vedlegg:

Formålsskildring til brannsjef

Delegasjonsreglementet Herøy kommune frå kommunalsjef til avdelingsleiar brann

Avtale mellom Vanylven og Ulstein, feiing og tilsyn

Avtale mellom Herøy og Ulstein, feiing

Utkast til felles avtale for eitt samla brannvern.

Utkast til felles avtale for ein felles brannsjef.

Brannsjefen i Vanylven sine merknadar med excelskjema

Tillitsvalgt for brann sine merknadar

Svar på merknadar frå kommunalsjefen i Herøy.

FORMÅLSSKILDRING BRANNSJEF

Føremålet med teneste-/resultatavdelinga:

Følgje opp brannlova sitt formål om å verne liv, helse, miljø og materielle verdier mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønskede tilsiktede hendelser.

Herunder plikt til å :

- forebygge brann og eksplosjon samt organisere og gjennomføre brann- og eksplosjonsvernsarbeidet i kommunen.
- Sikre ein beredeskap knytt til ulykke- og skadeforebyggande handtering av farleg stoff og ved transport av farlig gods på land, samt krav til beredskap og innsats overfor akutte ulykker der brannvesenet har ei innsatsplikt.
- Sikre innbyggarane ein så god brann- og ulukkesberedskap som mogleg ut frå gitte føresetnader for å unngå skade på helse, liv, eigedom og miljø.
- Drive førebyggande arbeid innan brann og ulykke for å unngå skade på helse, liv, eigedom og miljø.

Teneste-/ansvarsområde:
Dagleg leiing og koordinering av brannvernet i kommunen innafor følgjande teneste- ansvarsområde:

- Førebygging av brann og ulukker
- Brann- og ulukkesberedskap
- Informasjonsarbeid knytt til ansvarsområdet

Instruks etter brannlovgivinga for brannsjef med stedfortredar

1. Brannsjefen har leiinga av kommunen sitt brann- og feiarvesen, jfr. brannlovens § 12. Brannsjefen har delegert mynde frå kommunestyret. Hans næraste overordna i branntekniske spørsmål er Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap.

2. Brannsjefen skal best mogleg halde seg ajour med utviklinga i sløkketeknikk og brannførebyggande arbeid og pliktar å gjennomgå naudsynte kurs.

3. Brannsjefen er sakshandsamar for saker som skal fremjast for kommunestyret.

4 Brannsjefen skal utarbeide forslag til budsjett for brann- og feiarvernet. Han skal gje årleg melding om brann- og feiarvernets tilstand og verksemd i året som har gått, og fremje forslag om dei forbetringar han vurderer som

naudsynte eller ynskjelege.

5. Brannsjefen utarbeider utkast til årsmelding om brannvernet og liste over særskilde brannobjekt (§13-bygg) i samsvar med gjeldande regelverk og for at årsmeldinga og lista i tide blir framlagt til handsaming og innsending til DSB.

6. Brannsjefen skal, etter utrykking av brannvernet, utarbeide og rapportere hendinga i samsvar med retningsliner fastsett av DSB.

7. Brannsjefen skal sjå til at krava i vedteken brannordning til ei kvar tid er oppfylt, jfr brannlovas §10. Dersom dette ikkje er tilfelle, eller det er behov for revisjon av brannordninga, skal det leggast fram sak for kommunestyret med forslag om tiltak.

8. Brannsjefen skal vurdere behovet og i tilfelle utarbeide innsatsplanar for særskilde brannobjekt mv nemnt i brannlova §13.

9. Brannsjefen skal sjå til at:

    - Brannvernet til ei kvar tid er klart for innsats.
    - Varslings-, alarmerings- og sambandsutstyr er i orden og regelmessig blir kontrollert og ettersett
    - Brannvernet sitt materiell er på plass og i orden, blir tilfredsstillande oppbevart og vedlikehalde, og motorisert materiell regelmessig prøvekøyrt.
    - Forsyning av sløkkevatn med tiltak og innretningar er effektive.
    - Moglegheit for sløkkehjelp blir kartlagt og hjelpa tilrettelagt iht reglane i brannlova.
    - Mannskapsstyrken er fulltallig og har naudsynt kompetanse.
    - Det blir utarbeidd og halde ajour oversikt over personell i brannvernet med opplysningar om m.a. bupel, arbeidsstad, telefon, næraste pårørande, ulike sertifikat og godkjenningar.
    - Alt personell i brannvernet får elektronisk tilgang til, og såleis er kjent med, gjeldande instruksar. I tillegg kan ein ved behov få utskrift.
    - Personellet vert gjort kjent med kva måte det vil bli alarmert og korleis dei skal forhalde seg ved alarm.
    - Personellet får den naudsynte opplæring og øving.
    - Personellet blir informert om faremoment i tenesta og korleis dei best kan verne seg mot skade.

10. Testalarm/prøvealarm vert sendt ut av 110-sentral etter gjeldande intervall.

11. Brannsjefen pliktar å delta i overordna vakt iht forskrift om organisering og dimensjonering av brannvern. Er brannsjefen fråverande har overordna vakt (0.1-vakt) brannsjefens mynde.

12. Ved oppmoding om bistand til anna brannvern, politi eller ambulanse skal brannsjefen la brannvernet yte bistand i den grad han finn mogleg utan vesentleg risiko for beredskapen i eigen kommune, jfr. brannlova §12 og §15.

13. Brannsjefen fører kommandoen på skadestad, jfr. likevel reglane i brannlovas §12 og punkt 11 ovanfor.

14. Dersom brann eller annan aksjon har tatt eller truar med å få slikt omfang at det er fare for at innsatsen til eige brannvern ikkje vil være tilstrekkeleg, pliktar brannsjefen å tilkalle bistand så sant slik hjelp kan bli effektiv, jfr brannlovas §12.

15. Brannsjefen skal sørgje for at brannsyn og andre inspeksjonar samt feiing blir utført i samsvar med gjeldande retningslinjer.

16. Denne instruks gjeld tilsvarande, så langt den passer, for personell som tenestegjer i brannsjefens stad (stedfortredarar).

Lovverk som sorterer til avdelinga:

- Brann- og eksplosjonsvernlova m/forskrifter
- Arbeidsmiljølova
- Internkontrollforskriften

Leiing av teneste-/resultatavdelinga brannvernet:

Leiaren har ansvar for avdelinga som omfattar:

- Formelt ansvar (administrativ og fagleg leiar)
- Personalansvar (leie og utvikle dei tilsette)
- Økonomiansvar (effektiv bruk og forvaltning av tildelte økonomiske ressursar)
- Organisasjonsansvar (effektiv organisasjon med eit godt arbeidsmiljø)
- Tenesteansvar (ansvar for tenester med god kvalitet)
- Resultatansvar (rapportere og følgje opp avtalte målsettingar)
- Teamansvar (ansvarleg for å sjå den samla kommunale verksemda under eitt og syne vilje og aktiv handling til omstilling for å ivareta det som til ei kvar tid samla sett er dei beste løysingane for kommunen).

Fosnavåg, 18.07.2017

Jarl Martin Møller, kommunalsjef

Kopi: Revisjon, leiarteam samfunnsutvikling, rådmann og formannskapet (ref)

DELEGERING AV MYNDE – AVDELINGSLEIAR

UTGANGSPUNKTET FOR DELEGERING AV MYNDE

Kommunestyret har ved delegeringsreglement fastsett delegering av mynde til rådmannen, jfr. K-sak 27/16. Etter kommunelova skal all delegering frå politisk nivå til administrasjonen gjevast til rådmannen. Rådmannen har fått delegert avgjerdsmynde frå kommunestyret i saker som ikkje er prinsipielle. Det kan i enkelte høve vere uklart kva som er prinsipielle/ikkje-prinsipielle saker. Der det er tvil, må ein ta opp dette med rådmannen som fremjar spørsmålet til politisk avklaring. Rådmannen kan delegere mynde vidare så langt det ikkje står at mynde i ei sak er lagt til ”rådmannen sjølv”.

2 ORGANISERING

Kommunalsjefen syner til hovudstrukturen vedteken av Herøy kommunestyre i K-sak 144/16.

Sektor for samfunnsutvikling er organisert slik pr 01.01.2018:



Organisasjon og leiaromgrep i Herøy kommune



Avdelingsleiar rapporterer direkte til kommunalsjefen og deltek aktivt i kommunalsjefen si leiargruppe i overordna planlegging, utvikling og samordning på tvers av ansvarsområda .

Avdelingsleiar er tillagt det totale ansvaret (personal, økonomisk og fagleg) ansvar for heile området.

Avdelingsleiar er arbeidsgjevar sin representant for det delegerte området, også i situasjon der det oppstår arbeidskonflikt/streik.

3 GENERELT OM DELEGERING

Kommunalsjefen fastset følgjande vidaredelegering, jfr. delegering frå kommunestyret til rådmannen i K-sak 27/16 og notat frå rådmann til kommunalsjefen datert 14.12.2016, sak 2016/1726. Vidaredelegeringa gjeld inntil noko anna vert avgjort av kommunalsjefen.

1.
Avdelingsleiaren får delegert avgjerdsrett i einskildsaker av ikkje prinsipiell karakter for det område som sorterer under avdelingsleiaren i samsvar med gjeldande ansvarsområde og organisering, så langt mynde elles er delegert til rådmannen og det elles ikkje er gjort anna avgrensing.

For enkeltvedtak er det grunngjevingsplikt og klagerett. Kommunalsjefen har fullmakt til å handsame klage på vedtaka som underinstans. Elles vert det synt til klagereglene i særlovene når det gjeld klageprosedyre for enkeltvedtak etter særlov.

2.
Avdelingsleiar har med bakgrunn i myndet som er delegert **utviklings- og driftsansvar** for ansvarsområdet som er tillagt.

Totalansvar. Avdelingsleiar har fagleg ansvar, ansvar for personalleiing og for økonomistyring i ansvarsområdet. Avdelingsleiar har ansvar for plassering og fordeling av ansvar og arbeid i området ut frå overordna prinsipp for arbeidsgjevarpolitikk, organisering og verdigrunnlag for Herøy kommune. Organiseringa skal gjennomførast etter spelereglane i lov og avtaleverk og i samråd med kommunalsjefen.

3. **Føre var prinsippet.** Avdelingsleiaren skal praktisere "betre føre var" - prinsippet og konferere med kommunalsjefen i saker når det kan vere grunn til å tru at saka kan vere konfliktfylt, ha økonomiske el. juridiske konsekvensar, eller har særleg interesse for politiske utval, berørte partar, pårørande eller andre.

4. Avdelingsleiaren kan, på vegne av kommunalsjefen, uttale seg til media om faglege spørsmål, faktiske tilhøve og skildring av situasjon innanfor det ansvarsområde som er tillagt. Det vert stilt krav om lojalitet til kommunen sin overordna policy. Uttalerett kan delegerast vidare i enkeltsaker eller fast etter konkret avtale med kommunalsjefen. Slik delegering skal skje skriftleg.

Vidaredelegering.
Vidaredelegering skal skje skriftleg, med kopi til kommunalsjefen, kommunerevisjonen og økonomileiar. Når det gjeld personalansvar skal personalavdelinga ha kopi. Avdelingsleiaren har ansvar for praktiseringa av vidaredelegeringa.

4. TENESTER

Planlegging/utvikling

Avdelingsleiaren har planleggingsansvar for sitt ansvarsområde. Avdelingsleiaren skal følgje opp statlege pålegg om utarbeiding av planer, og på eige initiativ drive fagleg utvikling av ansvarsområdet. Avdelingsleiaren skal i god tid vurdere arealbehov og behov for bygningsmasse for tenestene. Avdelingsleiaren har ansvar for utarbeiding av framlegg for sitt område til kommuneplan, økonomiplan, årsbudsjett og årsrapport, og for utarbeiding av fagplanar.

Sakshandsaming

Avdelingsleiaren har ansvar for all sakshandsaming innanfor tillagt ansvarsområde, og elles etter avtale i det enkelte høve. All saksførebuing skal skje som fullført sakshandsaming.

Sakshandsaming til politisk nivå skal skje i god tid og takast opp med kommunalsjefen før ferdigstilling av saka. Det gjeld fristar for ferdigstilling av saker for utsending til utvalshandsaming.

Avdelingsleiaren skal sjå til at ansvarsområdet følgjer gjeldande prosedyrer og krav til datasikring, arkiv og sakshandsaming.

5. ØKONOMI

Budsjettansvar (drifts-/resultatansvar)

Avdelingsleiaren har ansvar for gjennomføring av vedtatt budsjett for ansvarsområdet, med mål og tiltak og føresetnader. Avdelingsleiar har medansvar for gjennomføring av budsjettet for heile kommunen.

Avdelingsleiaren har budsjettansvar og rett til å gjere budsjettendringar i samråd med kommunalsjefen innafor eige budsjett med dei avgrensningar som ligg i delegasjonsreglement i budsjettsaker, om fullmakt til administrasjonen og gjeldande økonomireglement:

- sjå under eitt inntektsførte sjukepengar og inntak av sjukevikarar.
- sjå under eitt budsjetterte utgifter og inntekter innafor den enkelte artsgruppe, når dette er naudsynt for å gjennomføre dei oppgåver som er føresett i budsjettet og det ikkje ligg føre særlege føresetnader for ein budsjettart. Myndet gjeld ikkje disponering av ikkje-budsjetterte inntekter.

Avdelingsleiaren pliktar å rapportere i samsvar med gjeldande retningsliner for rapportering. Rapporteringa skal gi orientering til kommunalsjefen, rådmannen og politiske styringsorgan om utviklinga i tenesteomfang og -innhald i høve til dei mål og resultatkrav som ligg i vedtatt budsjett.

Avdelingsleiaren skal melde frå til kommunalsjefen så tidleg som råd om det oppstår vanskar i høve vedteken ramme, og skal sette i verk og elles foreslå dei tiltak som er naudsynte for å oppretthalde balansen i budsjettet.

Innkjøpsmynde
Avdelingsleiaren har innkjøpsmynde / rekvisisjonsrett innanfor sitt budsjettansvarsområde, i høve til gjeldande innkjøpsreglement, gjeldande rammevilkår for offentlege kjøp, og i høve til reglar for bilagshandsaming.

Tilvisingsrett
Avdelingsleiaren har tilvisingsrett for heile ansvarsområdet, jfr. eiga oppstilling over budsjettansvar. Tilvising skal skje i høve til gjeldande økonomireglement og rutine for bilagshandsaming.
Kommunalsjefen kan ikkje tilvise rekningar som vedkjem ein sjølv (kurs, køyregodtgjersle m.v.). Slike rekningar skal tilvisast av kommunalsjefen.
Tilsvarande gjeld ved vidaredelegering innanfor ansvarsområdet.

6. ORGANISASJON / PERSONALUTVIKLING / LEIING

Personalansvar og instruksjonsmynde
Avdelingsleiaren har personalansvar og instruksjonsmynde for alle tilsette i området. Avdelingsleiaren skal syte for god intern kommunikasjon og ha jamleg oppfølging av sine medarbeidarar gjennom jamlege møte og individuelle medarbeidarsamtalar. Det skal leggjast vinn på å utvikle positivt arbeidsmiljø og trivsel blant dei tilsette.

Avdelingsleiaren skal ivareta samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og oppfølging av hovudavtalen og hovudtariffavtalen. Avdelingsleiaren pliktar å følgje gjeldande rutiner og retningsliner for kvalitetssikring (jfr. fråversstatistikk, oppfølging av eigenmeldingsrutinene og HMS/internkontroll.

Avdelingsleiaren har ansvar for personalutvikling og kompetansebygging for området. Behov og tiltak skal vurderast i høve mål, resultatkrav, utvikling av tenester og forvaltningsoppgåver.

Avdelingsleiraren er ansvarleg for handsaming av personalsaker i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk, gjeldande prosedyrer og reglement i Herøy kommune. Leiarfunksjonen skal utøvast i tråd med retningsliner frå rådmannen, kommunalsjefen og kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk uttrykt i personalpolitiske retningsliner, lønspolitikk m.v. Personalfunksjonen i kommunen gjev støtte og råd i personalsaker.

7. RAPPORTERING

Avdelingsleiaren skal rapportere til kommunalsjefen om forvaltinga av det delegerte myndet. Administrative vedtak etter fullmakt skal settast i protokoll og refererast/rapporterast til vedkomande politiske organ.

Det vert synt til prosedyrene for rapportering, vedteken av kommunestyret i K-sak 86/02.

Det vert elles synt til kommentarane under kap V om budsjettansvar.

8 AVGRENSING I DELEGERT MYNDE

Med atterhald om avgrensingar i det delegerte myndet kommunalsjefen har fått frå rådmann datert 14.12.2016, sak 2016/1726 er mynde vidaredelegert til avdelingsleiar for området etter prinsippet om negativ avgrensing innanfor tillagt ansvarsområde. Dette inneber at mynde i ikkje-prinsipielle saker er delegert så langt ikkje noko anna er sagt. Det vert likevel minna om føre-var-prinsippet og prinsippet om ikkje-prinsipielle saker.

Det er ikkje delegert mynde til å:

- Opprette eller nedleggje stillingar eller engasjement.
- Gjere tilsettingar før det er godkjent at den oppretta stillingsheimelen kan brukast og lysast ut eksternt el. internt.
- Forhandle om løn eller fastsette løn for tilsette.
- Gi permisjonar utover velferdspermisjonar og lov-/avtalefesta rettar (altså ikkje til å gi langtidspermisjonar ved overgang til ny stilling m.v.)
- Gjere om stillingsheimlar
- Gjere disponeringar utover det som det er dekning for i budsjettet for ansvarsområdet.

9 SAMORDNING OG TVERRFAGLEG SAMARBEID

Den enkelte avdelingsleiar har eit aktivt ansvar for å innleie til samarbeid med andre, og til å etablere faglege nettverk/fagteam med dei som ein må samarbeide med i oppgåveløysinga. Det skal ikkje vere vasstette skott mellom avdelingar og sektorar.

Avdelingsleiaren skal elles medverke til godt samarbeid og effektiv tenesteyting på tvers av heile organisasjonen. Eit ope og kontinuerleg samarbeid mellom ansvarsområda og servicetorget er avgjerande for å yte god service.

YMSE
1.
Dersom omgrepet "avdelingsleiaren sjølv" er brukt, så inneber dette at myndet ikkje kan delegerast vidare.
2.
Denne delegeringsfullmakta er ei systematisering av dei fullmaktene som gjeld i dag og inneber i og for seg ikkje noko nytt. Presisering av delegeringa vert gjort etter behov. Delegeringsfullmakt kan elles trekkjast attende.

Vedlegg 6

AVTALEDOKUMENT

mellom

Vanylven kommune (VK) Teknisk sektor (org. nr 964 978 662) (heretter kalla Oppdragsgjevar)	og	[Leverandør] UNSTEIN KOMMUNE (heretter kalla Leverandøren)

er det inngått følgjande avtale:

1.Kontraktsobjekt

Feiing og tilsyn av fyringsanlegg i Vanylven kommune - 2016

2.Avtalen sitt innhald

Avtalen gjeld kjøp av Feie og Tilsynsteneste av fyringsanlegg i Vanylven kommune, og består av dette avtaledokumentet og følgjande andre dokument:

Konkurransegrunnlag med vedlegg:

- Vedlegg 1: Tilbodsbrev
- Vedlegg 2: Eigenerklæring løns –og arbeidsvilkår
- Vedlegg 3: HMS-eigenerklæring
- Vedlegg 4: Tilbydar sine atterhald og avvik
- Vedlegg 5: Prisskjema
- Vedlegg 6: Avtaledokument (dette dokumentet)

- **Ved motstrid mellom vedlegga går konkurransegrunnlaget føre.**

3.Kontraktsum:

Kategori	Pris kr	Eining
Feiing pipe med 1 røykløp		Pris pr. feiing
Feiing ekstra røykløp eller pipe nr.2		Pris pr. feiing
Feiing/kontroll av pipe/fyringsanlegg etter pipebrann		Pris pr. pipe
Tilsyn av fyringsanlegg/brannvarsling/sløkkjeutstyr		Pris pr. husstand

N.B! Oppgitte prisar er eks. mva!

4.Kontraktstid

- **Avtaleperiode: 01.07.2016-30.06.2018 (+opsjon 1+1 år) med estimert oppstart av avtale 1.juli 2016.**

5. Opsjon

- **Opsjon vert automatisk utløyst ved avtaledato, ellers må entreprenøren sin kontaktperson varslast skriftlig 2 månader før kontraktsdato av VK**

5. Prisregulering

- **Prisane vert indeksregulerte etter Konsumprisindeksen.**
  Basis er indeks pr. juli 2016. Første regulering vert 01.01.2017 ut frå indeks pr desember 2016. Prisen skal regulerast 01.01. kvart år i heile kontraktsperioden. Entreprenør er ansvarleg for å regulere prisen, og gi VK skriftleg framstilling av prisreguleringa og nye prisar for komande år. Foreldelsesfrist er 2 år.

Dato: 1.7.2016

For ~~Oppdragsgjevar~~:

[Namn] TERJE KOLSTAD

For Leverandøren:

~~[Namn]~~ ARNE RUNAR VIK

Avtalen er underteikna i to eksemplar, der kvar part får eitt eksemplar.

Kontaktpersonar:

MARTE T. HANSEN

Hos Kunden:
Magne Lundehaug
Rådhuset
6143 Fiskå
(tlf 97494380) eller magne.lundehaug@vanylven.kommune.no

Hos Leverandøren:
[Namn og adresse]

A V T A L E
OM VERTSKOMMUNESAMARBEID OM BRANNVERN

mellom

Herøy kommune - vertskommune
(ORG.NR. 964 978 840)

og

Vanylven kommune - samarbeidskommune
(ORG.NR. 964 978 662)

1. Verkeområde, føremål, samarbeidsform og namn
   a. Verkeområde:
      Avtalen gjeld etablering av eit vertskommunesamarbeid for felles brann- og feievesen for kommunane Herøy og Vanylven. Avtalen omfattar alle kommunale oppgåver som vert definert Lov av 14.6.2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova).

   b. Føremål
      Føremålet med eit felles brann- og feievesen er å samordne dei administrative, beredskapsmessige og førebyggande ressursane for å kunne yte betre og meir effektive tenester til innbyggjarane.

   c. Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunelova kapittel 5A, jf. § 28-1 b Administrativt vertskommunesamarbeid, jf. også kommunelova § 28-1 a-k. Herøy er vertskommune, og Vanylven er samarbeidskommune.

   d. Det felles brannvesenet skal heite Herøy og Vanylven brannvesen

2. Delegering av mynde
   a. Kommunestyret i Vanylven(samarbeidskommunen) delegerer mynde til Herøy kommune(vertskommunen) for brannvesenet sine oppgåver, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og § 28-1 a. Saker av ikkje prinsipiell karakter kan avgjerast administrativt.

b. Saker i Vanylven kommune som er prinsipielle, vert handsama politisk av Vanylven kommune, jf. kommunelova § 28-1 b. nr. 1. Saksutgreiing vert utført av aktuell sakshandsamar i vertskommunen for rådmannen i samarbeidskommunen.

c. Brannsjefen avgjer om ei sak er prinsipiell eller ikkje. Ved tvil legg brannsjefen spørsmålet fram for rådmann og ordførar i Vanylven til avgjerd.

3. Organisering og lokalisering
   a. Oppgåver og mynde
      i. Herøy og Vanylven brannvesen får mynde til å forvalte og gjennomføre oppgåvene som kommunane har i følgje brann- og eksplosjonsvernlova § 9 – 14.
      ii. Vertskommunen får mynde til å handsame og handheve reglane om bålbrenning etter Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 1981-03-13, nr. 6 (forureiningslova) § 9 og akutt forureining, jf. § 43.
      iii. Klage på vedtak følgjer reglane i Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 1967-02-10 (forvaltningslova) kap. VI. Dvs. at vedtak knytt til saker eller objekt i Vanylven kommune følgjer klagesaksgangen etter reglementet for delegering av mynde i Vanylven. Tilsvarande gjeld for saker i Herøy. Vaktlaget i Herøy kommune fungerar også som brannvakt for Vanylven kommune. Brannsjefen kallar då ut korpset i Vanylven kommune. (Z01).

   b. Organisering
      i. Herøy og Vanylven brannvesen vert ved etablering organisatorisk underlagt samfunnsutvikling i Herøy kommune som eiga avdeling. Brannsjefen sin næraste overordna vert kommunalsjef samfunnsutvikling. Vesentlege endringar i organisering skal drøftast mellom kommunane. Brannvesenet si organisering skal samsvare med relevante lover, forskrifter, retningslinjer og vedtekne brannordningar i begge kommunar. Etter at forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen eventuelt vert revidert, skal det utarbeidast felles ROS-analyse og brannordning for kommunane som vert lagt fram for begge kommunestyra til godkjenning.

   c. Lokalisering
      i. Herøy og Vanylven brannvesen skal ha hovudkontor i Fosnavåg. Tilgjenge til tenesta for aktuelle brukarar må sikrast som for alle andre kommunale einingar.
      ii. Det skal vere brannstasjonar for beredskapsstyrken i samsvar med gjeldande brannordningar og regelverk elles.

Husleige vert betalt av det felles brannvesenet overført eller fakturert frå huseigar.

4. Tilsette
   a. Arbeidsgjevaransvar
      Herøy kommune har som vertskommune arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i det felles brannvesenet.

   b. Prinsipp for tilsetjing
      Tilsette i Vanylven brannvesen vert etter avtale mellom dei tilsette, kommunen og fagorganisasjonane overført til vertskommunen (Herøy) i den stillingsbrøk dei har per 01.01.2018 med unntak av stillingar omfatta av punkt 4 c under Dette vert regulert som individuelle avtalar med dei tilsette. Vertskommunen er arbeidsgjevar som m.a. inneberer å ha tilsettingsmynde og personaloppfølging.

   c. Administrative deltidsstillingar
      For administrative deltidsstillingar, må det førast særskilde forhandlingar

   d. Tilsette sine rettar
      Ved eventuell nedbemanning eller opphøyr av ordninga med felles brannvesen, har dei tilsette rettar i samsvar med gjeldande avtaleverk arbeidsmiljølova kapittel 16

   e. Kompetanse
      Det er vertskommunen sitt ansvar å syte for at dei tilsette i felles brannvesen har den kompetanse som til ei kvar tid vert kravd i brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter.

5. Materiell, utstyr og køyrety
   Køyrety eigd av Vanylven brannvesen vert framleis ståande som Vanylven kommune sin eigedom, men dei blir disponert av vertskommunen. Driftsutgifter knytt til aktuelle køyrety som må fakturerast Vanylven kommune, vert refundert av Herøy kommune. Anna brannvernmateriell i Vanylven kommune vert vederlagsfritt overført til vertskommunen. Verdi skal takserast av uavhengig fagkyndig saman med ein representant for kvar av kommunane seinast innan dato for iverksetting av avtalen.

6. Investeringar
   Investeringar i materiell og køyrety for Herøy og Vanylven brannvesen er vertskommunen og samarbeidskommunen sitt felles ansvar og skal belastas etter følgjande brøk: Herøy kommune xx %, Vanylven kommune xx % basert på avrunda folketal på 8.965 for Herøy kommune og 3.187 for Vanylven kommune, jf. elles punkt 11 c.

Ny brannstasjon i Fosnavåg er Herøy kommune sitt ansvar å koste. Eventuelle til- eller påbygg for brannstasjon(ar) i Vanylven er det Vanylven kommune sitt ansvar å koste. Husleige, jf. punkt 3 c, ii, kan deretter justerast i samsvar med kostnader til rente og avdrag knytt til tiltaket.

7. Sløkkjevatn

Den einskilde kommune er ansvarleg for sikker leveranse av sløkkjevatn. Ansvarleg eining for kommunal vassforsyning pliktar å ha eit a jour leidningskart som til ei kvar tid skal vere tilgjengeleg for det felles brannvesenet. Kommunane har på same måte ansvar for funksjonstesting og vedlikehald av sine eigne hydrantar og brannkummar.

8. Økonomi

a. Fordeling av utgifter

Vertskommunen sine årlege driftsutgifter for Herøy og Vanylven brannvesen vert fordelt ved at Vanylven kommune betalar xxx kr pr. innbyggjar pr. 1.7.2018 basert på SSB sine tal til Herøy kommune. I tillegg betalar Vanylven kommune eit årleg beløp på 50.000 kr i administrasjonskostnader til Herøy kommune for fellestenestene økonomi, lønn, personal, arkiv m.m. Beløpa vert justert årleg basert på SSB sin lønsindeks. Eventuelle endringar i drifts- eller investeringsgrunnlaget skal også kunne gje endringar i beløpet pr. innbyggjar, jf. punkt 6, sjå også punkt 11 c.

b. Budsjett

Årleg budsjettframlegg vert utarbeidd av rådmannen i Herøy og sendt til Vanylven kommune før vedtak i Herøy kommunestyre.

c. Oppgjer

Vertskommunen fakturerer a-kontosummar til samarbeidskommunen 3 gonger i året. Faktura vert utstedt den 15. i månaden for kvart påbegynt tertial, og a-kontosummen vert stipulert ut frå forventa kostnad med drifta for kvartalet. Avrekning skal skje kvart år i samband med rekneskapsavslutninga for driftsåret.

d. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg i kommunane vert finansiert etter prinsippa om sjølvkost og fakturert av respektive kommune til objekteigarar i kommunane. Brannsjefen og rådmannen i Herøy utarbeider budsjett for dette sjølvkostområdet og sender dette til rådmannen i Vanylven innan den 1.10. kvart år. Framlegget vert basert på tal på objekt i Vanylven.

e. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg skal følgje prinsippa for sjølvkost i Herøy kommune.

9. Rapportering
   a. Økonomisk rapportering
      Brannsjef rapporterer til rådmann i vertskommunen. Ved vesentlege økonomiske avvik, skal rådmann i Herøy orientere rådmann i Vanylven om forholdet, årsaker og tiltak. Økonomirapporteringa følgjer elles rutinane for rapportering i vertskommunen.

   b. Årsrapport og rekneskap
      Årsrapport og rekneskap vert sendt frå vertskommunen til samarbeidskommunen straks dette er klart.

   c. Vedtak
      Brannsjef i Herøy er ansvarleg for å rapportere alle enkeltvedtak for saker i Vanylven kommune til rådmannen i Vanylven.

   d. Rapportering til sentrale mynde
      Brannsjef i Herøy er ansvarleg for rapportering til sentrale mynde p.t. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB).

10. Samarbeidsorgan og evaluering
    Det vert etablert eit samarbeidsorgan for Herøy og Vanylven brannvesen der rådmennene i verts- og samarbeidskommunen, og brannsjef tek del. Organet skal drøfte alle tilhøve kring samarbeidet og drifta, derunder økonomiske tilhøve og budsjett. Årsmelding frå føregåande år og årsplan bør drøftast i organet. Det skal vere minst eitt årleg møte i samarbeidsorganet, som skal haldast innan den 15.6. kvart år. Brannsjefen i vertskommunen skal kalle inn til møtet.

11. Iverksetting, endring av avtalen, evaluering og oppløysing
    a. Iverksetting.
       Oppgåver og mynde i medhald av denne avtalen vert overført frå og med 01.01.2019.

    b. Endring av avtalen
       Rådmennene i begge kommunar kan foreslå endringar i avtalen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunestyra både i Vanylven og Herøy.

    c. Evaluering
       For å sikre at begge kommunane bidreg økonomisk i samarbeidet mest mogeleg korrekt i høve dei plikter kommunane har etter brann- og eksplosjonsvernlova, skal dei

økonomiske sidene av avtalen evaluerast etter at rekneskapen for det andre heile driftsåret er lagt fram.

d. Oppløysing
Avtalen er ikkje tidsavgrensa. Det felles brannvesenet kan oppløysast ved at ein av partane etter kommunestyrevedtak seier opp avtalen. Oppseiingstida er eitt år gjeldande frå første årsskiftet etter oppseiingsdato.

e. Utstyr og verdiavskriving
Ved avvikling av samarbeidet, skal kommunane ha tilbake utstyr av verdi tilsvarande det kommunen overførte ved iverksetting av avtalen inkludert eventuell oppgradering. For verdifastsetting gjeld same ordning som under punkt 5 og fordelingsnøkkel elles basert på folketal, jf. punkt 8.

12. Erstatning
Kommunane beheld ansvar for økonomisk erstatning som vert søkt frå eigne innbyggjarar eller føretak.

13. Tvistemål
Om kommunane etter forhandlingar ikkje vert samde om tvistar som måtte kome mellom samarbeidskommunane, vil tvistemål om verksemda måtte avgjerast etter reglane i «Lov om mekling og rettergang i sivile tvister».

Avtalen er vedteken i kommunestyra i Vanylven den …….2018 i sak nr. ……, og i Herøy den ……..2018 i sak nr……...

Vanylven/Fosnavåg, ...

.....	.....
Lena Landsverk Sande	Arnulf Goksøyr
ordførar i Vanylven	ordførar i Herøy

A V T A L E
OM VERTSKOMMUNESAMARBEID OM FELLES BRANNSJEF

mellom

Herøy kommune - vertskommune
(ORG.NR. 964 978 840)

og

Vanylven kommune - samarbeidskommune
(ORG.NR. 964 978 662)

1. Verkeområde, føremål, samarbeidsform og namn
    a. Verkeområde:
    Avtalen gjeld etablering av eit vertskommunesamarbeid for felles brannsjef for kommunane Herøy og Vanylven. Avtalen omfattar alle kommunale oppgåver som vert definert Lov av 14.6.2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova).

    b. Føremål
    Føremålet med eit felles brannsjef er å samordne dei administrative, beredskapsmessige og førebyggande ressursane for å kunne yte effektive tenester til innbyggjarane.

    c. Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunelova kapittel 5A, jf. § 28-1 b Administrativt vertskommunesamarbeid, jf. også kommunelova § 28-1 a-k. Herøy er vertskommune, og Vanylven er samarbeidskommune.

2. Delegering av mynde
    a. Kommunestyret i Vanylven(samarbeidskommunen) delegerer mynde til Herøy kommune(vertskommunen) for brannsjefen sine oppgåver, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og § 28-1 a. Saker av ikkje prinsipiell karakter kan avgjerast administrativt.

    b. Saker i Vanylven kommune som er prinsipielle, vert handsama politisk av Vanylven kommune, jf. kommunelova § 28-1 b. nr. 1. Saksutgreiing vert utført av aktuell sakshandsamar i vertskommunen for rådmannen i samarbeidskommunen.

c. Brannsjefen avgjer om ei sak er prinsipiell eller ikkje. Ved tvil legg brannsjefen spørsmålet fram for rådmann og ordførar i Vanylven til avgjerd.

3. Organisering og lokalisering
    a. Oppgåver og mynde
        i. Brannsjefen får mynde til å forvalte og gjennomføre oppgåvene som kommunane har i følgje brann- og eksplosjonsvernlova § 9 – 14.
        ii. Vertskommunen får mynde til å handsame og handheve reglane om bålbrenning etter Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 1981-03-13, nr. 6 (forureiningslova) § 9 og akutt forureining, jf. § 43.
        iii. Klage på vedtak følgjer reglane i Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 1967-02-10 (forvaltningslova) kap. VI. Dvs. at vedtak knytt til saker eller objekt i Vanylven kommune følgjer klagesaksgangen etter reglementet for delegering av mynde i Vanylven. Tilsvarande gjeld for saker i Herøy.

    b. Organisering
        i. Brannsjefen vert ved etablering organisatorisk underlagt samfunnsutvikling i Herøy kommune. Brannsjefen sin næraste overordna vert kommunalsjef samfunnsutvikling. Vesentlege endringar i organisering skal drøftast mellom kommunane. Brannvesenet si organisering skal samsvare med relevante lover, forskrifter, retningslinjer og vedtekne brannordningar i begge kommunar. Etter at forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen eventuelt vert revidert, skal det utarbeidast felles ROS-analyse og brannordning for kommunane som vert lagt fram for begge kommunestyra til godkjenning.

    c. Lokalisering
        i. Vanylven og Herøy brannvesen skal ha hovudkontor i Fosnavåg. Tilgjenge til tenesta for aktuelle brukarar må sikrast som for alle andre kommunale einingar.

ii. Det skal framleis vere brannstasjonar for beredskapsstyrken både på Fiskå, branngarasje i Syvde og i Fosnavåg/Myrvåg i samsvar med gjeldande brannordningar og regelverk elles.

4. Tilsette
    a. Arbeidsgjevaransvar
    Herøy kommune har som vertskommune arbeidsgjevaransvar for brannsjefen i brannvesenet.

    b. Tilsette sine rettar

Ved eventuell nedbemanning eller opphøyr av ordninga med felles brannsjef, har den tilsette rettar i samsvar med gjeldande avtaleverk arbeidsmiljølova kapittel 16

c. Kompetanse
Det er ~~vertskommunen~~ brannsjefen sitt ansvar å syte for at dei tilsette i brannvesenet har den kompetanse som til ei kvar tid vert kravd i brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter.

5. Materiell, utstyr og køyrety
Køyrety eigd av dei einskilde brannvesen vert som tidlegare.

6. Investeringar
Investeringar i materiell og køyrety for Vanylven og Herøy brannvesen vert som tidlegare.

~~Ny brannstasjon i Fosnavåg er Herøy kommune sitt ansvar å koste. Eventuelle til- eller påbygg for brannstasjon(ar) i Vanylven er det Vanylven kommune sitt ansvar å koste.~~

7. Sløkkjevatn
Den einskilde kommune er ansvarleg for sikker leveranse av sløkkjevatn. Ansvarleg eining for kommunal vassforsyning pliktar å ha eit a jour leidningskart som til ei kvar tid skal vere tilgjengeleg for brannvesenet. Kommunane har på same måte ansvar for funksjonstesting og vedlikehald av sine eigne hydrantar og brannkummar.

8. Økonomi
a. Fordeling av utgifter
Vertskommunen sine årlege driftsutgifter for felles brannsjef vert fordelt ved at Vanylven kommune betalar xxx kr til Herøy kommune. Beløp vert justert årleg basert på SSB sin lønsindeks.

b. Budsjett
Årleg budsjettframlegg vert utarbeidd av brannsjefen og lagt fram for rådmannen i Vanylven for vidare handsaming.

c. Oppgjer
Vertskommunen fakturerer a-kontosummar til samarbeidskommunen 3 gonger i året. Faktura vert utstedt den 15. i månaden for kvart påbegynt tertial, og a-kontosummen vert stipulert ut frå forventa kostnad med drifta for kvartalet. Avrekning skal skje kvart år i samband med rekneskapsavslutninga for driftsåret.

d. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg i kommunane vert finansiert etter prinsippa om sjølvkost og fakturert av respektive kommune til objekteigarar i kommunane. Brannsjefen og rådmannen i

Herøy utarbeider budsjett for dette sjølvkostområdet og sender dette til rådmannen i Vanylven innan den 1.10. kvart år. Framlegget vert basert på tal på objekt i Vanylven.

e. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg skal følgje prinsippa for sjølvkost i kommunen.

9. Rapportering
   a. Økonomisk rapportering
      Brannsjef rapporterer til rådmann i vertskommunen. Ved vesentlege økonomiske avvik, skal rådmann i Herøy orientere rådmann i Vanylven om forholdet, årsaker og tiltak. Økonomirapporteringa følgjer elles rutinane for rapportering i vertskommunen.

   b. Årsrapport og rekneskap
      Årsrapport og rekneskap vert sendt frå vertskommunen til samarbeidskommunen straks dette er klart.

   c. Vedtak
      Brannsjef i Herøy og Vanylven er ansvarleg for å rapportere alle enkeltvedtak for saker i Vanylven kommune til rådmannen i Vanylven.

   d. Rapportering til sentrale mynde
      Brannsjef i Herøy og Vanylven er ansvarleg for rapportering til sentrale mynde p.t. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB).

10. Samarbeidsorgan og evaluering
    Det vert etablert eit samarbeidsorgan for Vanylven og Herøy brannvesen der rådmennene i verts- og samarbeidskommunen, og brannsjef tek del. Organet skal drøfte alle tilhøve kring samarbeidet og drifta, derunder økonomiske tilhøve og budsjett. Årsmelding frå føregåande år og årsplan bør drøftast i organet. Det skal vere minst eitt årleg møte i samarbeidsorganet, som skal haldast innan den 15.6. kvart år. Brannsjefen i vertskommunen skal kalle inn til møtet.

11. Iverksetting, endring av avtalen, evaluering og oppløysing
    a. Iverksetting.
       Oppgåver og mynde i medhald av denne avtalen vert overført frå og med 01.01.2019.

    b. Endring av avtalen

Rådmennene i begge kommunar kan foreslå endringar i avtalen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunestyra både i Vanylven og Herøy.

c. Evaluering
For å sikre at begge kommunane bidreg økonomisk i samarbeidet mest mogeleg korrekt i høve dei plikter kommunane har etter brann- og eksplosjonsvernlova, skal dei økonomiske sidene av avtalen evaluerast etter at rekneskapen for det andre heile driftsåret er lagt fram.

d. Oppløysing
Avtalen er ikkje tidsavgrensa og kan oppløysast ved at ein av partane etter kommunestyrevedtak seier opp avtalen. Oppseiingstida er eitt år gjeldande frå første årsskiftet etter oppseiingsdato.

12. Erstatning
- Moglegheit til å tilby «utvida» åpningstid / «økt» tilgjengelighet, ved at brukerne kan benytte det kontoret de «ønsker» for drop-in
- Breiare utval av tiltaksplasser
- Tilgang til eit større arbeidsmarknad
- Gode back-up løysningar ved ferie og anna fråvær
- En kan unngå å komme for tett på brukarene (nabo, familie, slekt)

Kompetanse:

- En vil få eit større fagmiljø
- Samarbeide på tvers sikrar trygghet og mestring i jobben
- Kompetanseutvikling / -deling på tvers av einingane
- Felles fagmøter innan sosialt, arbeidsavklaringspengar, marknad, ungdom, flyktning, anna)
- Felles opplæringstiltak
- Økt tilgang på spesialkompetanse
- Mulighet til å delta på fagsamlinger o.a. i større grad enn i dag

Administrasjon:

- Felles funksjoner, slippar dobbelt arbeid
- Mindre intern administrering – «ein av alt»: virksomhetsplan, målekort, HMS plan, opplæringsplan, internkontroll system, interne rutinar, samarbeidsavtale / fellesrutinar for flyktning/oppfølgingstjenesten, beredskapsplan, marknadsplan, ferieplan, etc.
- Muligheit til å etablere ein leiargruppe

Anna:

- Mindre konkurranse om arbeidskraft
- Digitalt kommunalt arkiv i Velferd er ein føresetnad
- Økt sikkerhet for de ansatte

Karriere:

- Muligheit til spesialisering
- Karrierevei
- Mulighet til å få alle inne på «statlige vilkår» (lønn, reise, lunsj, stempling o.a.)

3. Ulike alternative former for organisering:

Alternativ 1: Uendret struktur – dagens ordning	
Fordeler	**Ulemper**
- God oversikt over porteføljen, intern kompetanse og samarbeidspartnere - Nærhet / tilgjengelighet til brukerne, bedrifter og samarbeidspartnere - Gode rutiner ved nødhjelp - Kommunale arbeidsplasser i kommunen - Vet hvem en skal kontakte når - Nærhet til leder - Tett på kommunal ledelse - Ta del i kommunal utvikling	- Mye uformell dialog som dukker opp - Sårbarhet ved fravær, ferie, ved deltagelse på opplæring/fagsamling o.a., intern kompetanse - Forventninger om tilgjengelighet - For nær brukar (naboen) - Sårbarhet – økt belastning for den enkelte - Manglende muligheter for kompetanseutvikling - Konkurranse om arbeidskraft - Mister kompetanse, har ikke tid til å delta på fagsamlinger o.a. - Mange oppgaver som fordeles på få -

Alternativ 1 er vurdert av gruppen, gruppen er samstemt på å ikke gå videre med denne modellen.

Alternativ 2a: Vertskommune modellen – en felles leder og avdelingsledere – samlokalisert	
Fordeler	**Ulemper**
- En kommune å forholde seg til - Lett å samarbeide internt, trygghet og mestring - Kompetanseutvikling / -deling - Bedre kvalitet på tjenestene / likebehandling - Karrierevei - Mindre konkurranse om arbeidskraft - Mulighet til å få alle inne på «statlige vilkår» (lønn, reise, lunsj, stempling o.a.) - Digitalt kommunalt arkiv i Velferd (redusere behovet for arkivplass) - Økt sikkerhet for de ansatte - Mulighet til å økt åpningstid / «økt» tilgjengelighet, ved at brukerne kan benytte det kontoret de «ønsker» for drop in(?) - Alle har Velferd i dag - Gode back-up løsninger ved ferie og annet fravær - Økt tilgjengelighet - Bredere tilbud til brukerne - Mindre intern administrering – «en av alt» (Virksomhetsplan, HMS plan, Opplæringsplan, IK system, interne rutiner, samarbeidsavtale / rutiner Flykning/OT), markedsplan - Felles fagmøter (sosial, AAP, marked, annet) - Felles opplæringstiltak - Likere saksbehandling/vurdering - Økt tilgang på spesialkompetanse - Bredere utvalg av tiltaksplasser - Større arbeidsmarked uten grenser - Større fagmiljø - Felles funksjoner, slipper dobbelt arbeid - Kan utvides til å gjelde flere kontor (senere) - Lavere kostnader husleie	- Mister lokale arbeidsplasser i kommunen - Mindre ressurser (stat) - Økt avstand til kommunene - Reisetid for bruker / ansatt / samarbeidspartnere - Økte reise kostnader - Ulik bruk av kommunale IT systemer - Kost ved samordning av kommunale IT systemer - Tid til å samordne organisasjonene, rutiner o.a. - Ulike kulturer - Fare for å miste statlige ressurser - Ulike maler i Velferd - Ulikt nivå for sosialstønadene

Alternativ 2b: Vertskommune modellen – en felles leder og avdelingsledere – desentralisert løsning (opprettholde dagens lokasjoner)	
Fordeler	**Ulemper**
- En kommune å forholde seg til - Lett å samarbeide internt, trygghet og mestring - Kompetanseutvikling / -deling - Bedre kvalitet på tjenestene / likebehandling - Karrierevei - Mindre konkurranse om arbeidskraft - Mulighet til å få alle inne på «statlige vilkår» (lønn, reise, lunsj, stempling o.a.) - Digitalt kommunalt arkiv i Velferd (redusere behovet for arkivplass) - Økt sikkerhet for de ansatte - Mulighet til å økt åpningstid / «økt» tilgjengelighet, ved at brukerne kan benytte det kontoret de «ønsker» for drop in(?) - Alle har Velferd i dag - Gode back-up løsninger ved ferie og annet fravær - Økt tilgjengelighet - Bredere tilbud til brukerne - Mindre intern administrering – «en av alt» (Virksomhetsplan, HMS plan, Opplæringsplan, IK system, interne rutiner, samarbeidsavtale / rutiner Flykning/OT), markedsplan - Felles fagmøter (sosial, AAP, marked, annet) - Felles opplæringstiltak - Likere saksbehandling/vurdering - Økt tilgang på spesialkompetanse - Bredere utvalg av tiltaksplasser - Større arbeidsmarked uten grenser - Større fagmiljø - Felles funksjoner, slipper dobbelt arbeid - Kan utvides til å gjelde flere kontor (senere) - Arbeidsplasser i alle kommunene	- Mer reisetid for leder - Mindre ressurser (stat) - Økt avstand til kommunene - Økte reise kostnader - Ulik bruk av kommunale IT systemer - Kost ved samordning av kommunale IT systemer - Tid til å samordne organisasjonene, rutiner o.a. - Ulike kulturer - Fare for å miste statlige ressurser - Ulike maler i Velferd - Ulikt nivå for sosialstønadene - Høyere husleiekostnader - Binder opp flere ressurser ved åpning/samtaler i kontoret

Alternativ 3: Felles leder – 3 kontor – 1 partnerskapsavtale	
Fordeler	**Ulemper**
- Mindre sårbar ved fravær, ferie, opplæring, annet - Mulighet til å redusere åpningstider - God oversikt over ressurser, porteføljen, intern kompetanse og samarbeidspartnere - Nærhet / tilgjengelighet til brukerne, bedrifter og samarbeidspartnere - Gode rutiner ved nødhjelp - Kommunale arbeidsplasser i kommunen - Vet hvem en skal kontakte når - God oversikt over arbeidsmarkedet	- Lovlighet (NAV M&R sjekker) - Mye uformell dialog som dukker opp - Forventninger om tilgjengelighet - For nær brukar (naboen) - Sårbarhet – økt belastning for den enkelte - Økt belastning på leder i forbindelse med rapportering til 3 kommuner

Alternativ 3 er vurdert, men ikke anbefalt å gå videre i gruppen.

Alternativ 4: Sande / Vanylven går sammen men en felles leder, med et tett og formelt samarbeid med NAV Herøy	
Fordeler	**Ulemper**
- Redusert sårbarhet - Nærmere geografisk - Kan være et trinn 1 i en videre prosess - God oversikt over porteføljen, intern kompetanse og samarbeidspartnere - Nærhet / tilgjengelighet til brukerne, bedrifter og samarbeidspartnere - Kommunale arbeidsplasser beholdes i kommunene - Vet hvem en skal kontakte når - Akseptabel nærhet til leder - Tett på kommunal ledelse - Ta del i kommunal utvikling - Fulltidsleder	- Usikker på om sårbarhet ved fravær, ferie, ved deltagelse på opplæring/fagsamling o.a. er redusert tilstrekkelig - Fare for å miste statlige ressurser - Forventninger om tilgjengelighet - Økt belastning på leder i forbindelse med rapportering til 3 kommuner - Mindre tilstedeværelse - Mulighet for spesialisering

Alternativ 4 er vurdert av gruppen, men ikke anbefalt å arbeide videre med i gruppen da den ikke vil gi særlig effekt.

Korleis ein best kan organisere og lokalisere ei interkommunal teneste.

Arbeidsgruppa har vurdert ulike alternativ for organisering og lokalisering, dette er nærare beskriven i vedlegg til rapporten.

Arbeidsgruppa har konkludert med at eininga vil ha hovudbase i Herøy (fortrinnsvis Myrvåg) med avdelingar på Larsnes og Fiskå. Eininga vil ha en felles leder med inntil to avdelingsleiare.

Brukarene vil kunne oppsøke hvilket kontor en ønsker for drop-in samtaler, men en ønsker å tilstrebe forhandsavtalte møter. Avtalte brukermøta skal gjennomføres nærest mulig brukar.

Enheten tar sikte på opprettholdelse eller øke tilgjengeligheten for brukerne, men vil måtte kunne vurdere enhetens åpningstider.

4. Vurdering av dagens lokaliteter

Gruppen har vurdert dagens lokaliteter lokalisering av hovedbase for et interkommunalt NAV samarbeid, og sett på fordeler og ulemper ved dagens lokaliteter (to av gruppens medlemmer er uenig i uttrykket hovedbase).

Alternativ 1: Vanylven (Fiskå)	
Fordeler	**Ulemper**
- Her er plass til mer enn 4 - Har et stort mottak, muligheter for å bygge om - Muligheter for å benytte kommunestyresalen til møter - Muligheter for utvidelse av dagens lokaliteter - Lav arbeidsgiveravgift	- Stor avstand til hovedtyngden av brukerne - Merutgifter for å forflytte medarbeidere (km/diett) - Reisetid ved forflytting av medarbeidere (inntil 1,5 hver vei)

Alternativ 2: Sande (Larsnes)	
Fordeler	**Ulemper**
- Midtpunkt mellom kontorene - God tilgang på søkere ved rekruttering	- Har uegnede lokaler - Ikke muligheter for utvidelser av lokalene - Dårlig kapasitet på møtelokaler - Ingen ledige lokaler - Merutgifter ved forflytting av personell

Alternativ 3: Herøy (Fosnavåg)	
Fordeler	**Ulemper**
- Har gode funksjonelle lokaler - Muligheter for å overta lokaler etter andre kommunale tjenester (flyktning/bolig sosial og rus) - Muligheter til ombygning av arkiv til kontorer/møterom - Har gode møterom fasiliteter - Har 5 egne samtalerom - Her er plass til mer enn 4 - Har et stort mottak - Muligheter for å benytte kommunestyresalen / Grunderparken til større møter / annen aktivitet - God tilgang på søkere ved rekruttering - Størrelsen på det kommunale støtteapparatet	- Fysisk langt fra Fiskå til Fosnavåg - Merutgifter ved forflytting av personell

Utfra ovennevnte gjennomgang går gruppen inn for Fosnavåg som hovedbase for interkommunalt samarbeid.

Gruppen anser en lokalisering som Myrvåg som enda bedre egnet, gitt at det er mulig å oppdrive tilsvarende gode lokaliteter.

Utgreie ulike alternativ for samarbeid mellom kommunane.

Arbeidsgruppa har vurdert ulike alternativ for samarbeid mellom kommunane, dette er beskrevet i eiga vedlegg til denne rapporten.

Arbeidsgruppa går inn for vertskommunemodellen.

Fleirtalet i arbeidsgruppa går inn for Herøy som vertskommune, mindretalet vil la dette stå åpent.

Det er viktig å sikre et nært og godt samarbeid med alle tre kommunane.

Arbeidsgruppa har bestått av følgjene:

NAV leiarane Ingrid Nystøyl, Hilde Knotten Dyrhol og Jarle Stordal

Kommunens leiing: Renathe Rossi-Kaldhol og Arnhild Nordaune

Tillitsvalgt og verneombud: Randi Aarones, Siv Bente Suleiman og Ingunn Eltvik

Representant frå fylkesleddet i NAV: Erik Husby

Arbeidsgruppas konklusjon:

1. Arbeidsgruppa tilrår etablering av felles kontor for NAV Herøy, Sande og Vanylven, organisert som vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28 a og b.

2. Fleirtalet i arbeidsgruppa går inn for at Herøy kommune vært vertskommune, mindretalet vil at det skal stå opent kven som skal være vertskommune. NAV kontoret organiseras innafor ein minimumsløysning av tenestar.

3. Arbeidsgruppa anbefaler å opprettholde 3 lokasjoner.

4. De ansatte ønsker en felles base i Myrvåg.

5. Fleirtalet i arbeidsgruppa ynskjer at NAV Leiar rapporterer til rådmann i vertskommunen.

6. Målet er at vertskommunesamarbeidet trer i kraft snarast mulig og innan 01.09.2019.

7. Vertskommunemodellen skal evaluerast innan 31.12.2020.

Rapport frå arbeidsgruppa «Samarbeid mellom Herøy, Sande, Vanylven Barnevernteneste»

21.02.2018

Innhold

Samansetning av arbeidsgruppa....3
Mandat til arbeidsgruppa....3
Kort oversikt over dei ulike kontora....4
Avstandar mellom kontora (i km):....5
Arbeidsoppgåver / arbeidsfelt for kommunal barneverntenesteste i dag....5
Framtidige endringar og nye krav til kommunal barneverteneste....5
Skildring av den enkelte barneverntenesteste;....6
Herøy kommune....6
Sande kommune....10
Vanylven kommune....12
Erfaring frå Storfjord barneverntenesteste....14
Barnevernvakt-beredskap....15
Ulike alternative former for organisering:....16
Konklusjon og gruppas tilråding....20

Samansetning av arbeidsgruppa

Herøy kommune:
Leiar for barneverntenesta -Evy Løfoll
Avd.leiar for barn, familie og helse - Inger Marie Tofthagen

Sande kommune:
Leiar for barneverntenesta - Toril Urkedal
Sakshandsamer i barneverntenesta - Ann Kristin Ringstad

Vanylven kommune:
Leiar for barneverntenesta - Marion Vik
Kommunalsjef for helse og omsorg sektoren - Arnhild Nordaune

Tillitsvalt:
Hovudtillitsvalt frå Utdanningsforbundet i Herøy - Oddbjørn Vinjevoll

Verneombud:
Hovudverneombud frå Vanylven kommune -Ingunn Hanebrekke Endal

Gruppa vart konstituert ved første møte den 4.1.2018
Leder, Toril Urkedal
Referent; Marion Vik

Mandat til arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa har fått følgjande mandat frå kommunane sine rådmenn;

1. *Utgreie om eit interkommunalt barnevern vil gi betre tenester og fagleg gevinst , evt. korleis.*

2. *Korleis ein best kan organisere og lokalisere ei interkommunal teneste.*

3. *Utgreie ulike alternativ for samarbeid mellom kommunane*

Kort oversikt over dei ulike kontora

	Herøy	Sande	Vanylven
Leder ressurser:	100%	100%	100%
Antall stillinger saksbehandlere Merkantil	6 0.2	2 0	2 0.3
Organisering:	team	generalist	generalist
tiltaksstillinger	0	0,4	0
Tverrfaglige møter:	Tverrfaglig team i skule og barnehage Faste samarbeidsmøte med helsestasjon og PPT Politimøter Under etablering samarbeidsmøte med Tannhelsetenesta og NAV Samarbeidsmøter med Sande/Vanylven	Ressursgruppe Faste møte med helsestasjon Politimøter	TFT kvar månad Tverrfagleg ressurs team KOT samarbeid kvar månad
IT system kommunale tjenester:	familia	Familia	familia
Hjelpetiltak	68	21	29
Fosterbarn	12	3	7
tilsynsbarn	14	4	8
Innbyggere	8 957	2 540	3 203

Avstandar mellom kontora (i km):

	Herøy	**Sande**	**Vanylven**
Herøy		34	55
Sande	34		22
Vanylven	55	22	

Arbeidsoppgåver / arbeidsfelt for kommunal barnevernteneste i dag

- Vurdere meldingar
- Undersøkingar
- Oppfølging av hjelpetiltak
- Råd og rettleiing
- Fosterheimsoppfølging
- Tilsynsoppfølging
- Tverrfagleg samarbeidsgrupper
- Forebyggande arbeid ift barns psykiske helse

Framtidige endringar og nye krav til kommunal barneverteneste

Det er under arbeid ein stor lovendring av dagens lov om barneverntenester. Prop.106 L (2013) viser flytting av ansvar og oppgåver frå stat til kommune. Det gir små kommunar utfordringar med å levere forsvarlige og kvalitetsmessige gode tenester. Barnevernloven blir en rettighetslov. Det vil komme mange endringar som skal styrke barns og foreldre rettigheter.

Til dømes blir ansvar for fosterheimsrekruttering, matching og oppfølging ligge til kommunen og det er førespegla at det vil skje i løpet av 2020. Statlige tiltak vert lagt ned og kommuner må bygge opp.

Skildring av den enkelte barnevernteneste;
Herøy kommune

Barneverntenesta i Herøy Kommune har 6 faste årsverk. Barnevernleiar, 5 fagstillingar/sakshandsamarar og i tillegg 1 engasjementstilling tilført av statlige midlar. Tenesta har ei merkantil stilling på 25%.

Organisering og ansvarsfordeling

Barneverntenesta i Herøy er organisert under sektor for helse og omsorg. Denne er vidare strukturert under fire under- avdelingar der barneverntenesta er definert under avdeling for «Barn, familie og helse».
Leiar er direkte under leiar for «Barn, familie og helse» avdelinga og er med på leiarmøta.

Intern organisering i barneverntenesta

Barneverntenesta i Herøy arbeider etter spesialistmodellen.
Mottak: Leiar tek mot, vurderer, registrerer og fordeler meldingar.
Undersøkingsteamet: Undersøkings teamet skal etablere kontakt med barnet og familien.

- Gjennomføre undersøkinga innan 3 månader (i særlege høve 6 månader)
- Lage plan for undersøkinga
- Innhente komparentopplysning frå offentlege instansar som har med barnet/familiar å gjere.
- Samtale med barnet
- Samtale med foreldra
- Observasjonar
- Samarbeidsmøte
- Utarbeide undersøkingsrapport /Kvello malen etter undersøkinga. Vedtak om tiltak eller henlegging. Evt.fremje sak for Fylkesnemda (dvs. utarbeide sluttrapport/saksframlegg). Drøfte tiltaket med tiltaksteamet før saka vert overført. Tiltaksteamet vert med på gjennomgang av undersøkingsrapport ilag med familien.
- Skrive tiltaksplan etter undersøking dersom vedtak om tiltak.
- Bistå i akuttsaker.

Tiltaksteamet : Etablere kontakt med barnet/familien, første treffpunkt skal vere seinast ved gjennomgang av sluttrapport ilag med undersøkingsteamet og familien.

- Skrive tiltaksplan i samarbeid med barn og foreldre.
- Iverksetje tiltak;
- Følgje opp tiltak
- Evaluere tiltak; til fastsett evalueringsdato, evalueringa skal vere skriftleg og målast opp i mot målsettinga.
- Lage nye vedtak/tiltaksplan med ny målsetting.
- Førebu saker til Fylkesnemda
- Bistå i akuttsaker
- Overføre saker til omsorgsteamet
- Rekruttere tiltak
- Sikre politiattest

*Omsorgsteamet skal koplast på når ein tek til å førebu ei sak for Fylkesnemda. Dette for å sikre naudsynt informasjonsflyt og eigarskap til saka. Dette innebere at ein i møte med Bufetat og i rekrutteringa/godkjenninga av fosterheim/val av institusjonstilbod, skal vere med ein frå omsorgsteamet. Den frå tiltaksteamet som har førebudd saka til nemnda møter som kommunen sin representant og eig saka til vedtak frå nemnda ligg føre, evt. anke til tingretten. Då skal saka endeleg overførast til omsorgsteamet.

Omsorgsteamet

Etablere kontakt med familien/barnet/fosterfamilien/institusjonen før endeleg plassering.

Følgje opp plasseringane:

- Sende melding om plassering til relevante instansar
- Varsle plasseringskommunen og sikre godkjenning av fosterheimen og oppnemning av tilsynsførar
- Heimebesøk minimum 4 gongar pr. år, evt. 2 dersom plasseringa har vart i over to år og det er fatta vedtak om redusert tal på heimebesøk
- Oppfølging skal dokumenterast skrifteleg
- Ha kontroll med talet på tilsynsbesøk og følgje opp dette.

Følgje opp/iverksetje støttetiltak i fosterheimen:

- Ansvarsgruppe/samarbeidsmøter
- Forsterkningstiltak. NB! Drøftast og avklarast med Bufetat

- Avklare, skrive søknad og refusjonskrav. (Merkantil har ansvar for refusjonskrava).

Følgje opp biologiske foreldre, rettleiing og samværsplan:

- Utarbeide samværsplan etter vedtak frå Fylkesnemda
- Organisere det praktiske rundt samvær, tilsyn og økonomisk.
- Følgje opp foreldra etter behov og eventuelt hjelpe dei vidare i hjelpeapparatet.
- Evt. førebu ankesaker

Ettervern:

- Iverksetje og følgje opp tiltak for ungdom mellom 18-23 etter ein oppsett ettervernsavtale

Tilsynsbarn

- Oppfølging av barn plassert i Herøy frå andre kommunar.

Utfordringar og behov i Herøy

Barneverntenesta har dei siste 2 åra vore prega av ein del utskifting av personalet, ny leiar, permisjonar og langtidssjukmeldingar, noko som gjer tenesta sårbar.
Samstundes har ein ressurskrevjande og tunge saker.
Det vart viktig for tenesta å fokusere på å yte/sikre fagleg forsvarlege tenester.
Undersøkingsteamet har fokus på fristar og tiltaksteamet på planarbeid.
Oppfølging/evaluering av saker har i perioden blitt nedprioritert og evalueringsfristane utvida.
Det har i vore noko vakanse og det har vore opplæring av nye vikarar.
Ein valgte likevel i denne perioden å nytte ein del tid på å skrive ei ny rutinehandbok.
Gjennom denne prosessen vil ein få ei felles plattform for arbeidet vidare.
Prosessarbeidet ville føre til betre kjennskap og kunnskap om arbeidsfeltet og arbeidsmetoder, ein opparbeidde seg kunnskap om sitt arbeidsområde både juridisk , fagleg og gjennom gode rutiner trygge eit fagleg godt barnevern.
Hausten 2017 tok barnevernavdelinga del i Regjeringen si kompetansesatsing , der formålet var kvalitets- og tjenesteutvikling. Heile avdelinga var deltakande og leiar tok utover dette del i eit utvida lederløp. I tillegg til dette har leiar i 2017 teke del i kommunen sitt leiarutviklingsprogram.
Vidare er ein av den oppfatning at barneverntenesta sine tilsette skal ta del i vidareutdanningstilbodet fram til 2024 gjennom ein utarbeidd kompetanseplan for denne perioden

Samarbeid mellom Herøy, Sande og Vanylven Barneverntenesta

Herøy kommune har styrka det førebyggande arbeidet generelt og det tverrfaglege arbeidet spesielt. Ein har danna fundamentet for tidleg oppdaging og tidleg innsats :
April 2012 endra barneverntenesta i Herøy si interne organisering frå å jobbe etter generalistmodellen til å jobbe i spesialistteam. Dette er ein modell som ein har arbeidd etter i nærare 5 år. Ein har opparbeidd seg erfaring med modellen og arbeidsgleda og motivasjonen hjå den enkelte har auka. Dei enkelte team har spisskompetanse på sine områder, meir effektive, sakene blir betre kvalitetssikra.
Ein kan sjå at team-modellen er sårbar i høve sjukmeldingar og liknande, men ein viss rotasjon i arbeidsområdet er nødvendig, då ulikt arbeidspress/tempo i perioder gir ulike belastning, og alle skal ha kjennskap til heile saksfeltet.
Herøy kommune har vidare valgt ein tverrsektoriell modell framfor interkommunalt samarbeid.
Dette er ein modell der ein ser at samarbeidet har blitt styrka og barn blir tidlegare oppdaga. Avdelinga er bygd opp med fokus på barnet og familien som brukargruppe, og kravet til tenestene er bygd på prinsippa om tidleg intervensjon, integrering og tverrfagleg samordning av tenestene.
I avdeling for Barn ,Familie og Helse er barnevernet samorganisert med seksjon for førebyggjande eining, legetenesta, psykiatritenesta og rehabilitering. Samlokalisert med PPT, skuleadministrasjonen og barnehageadministrasjonen. Med slik organisering av tenestene for barn og familie har det tverrfaglege samarbeidet og tidleg intervensjon blitt styrka. Vi har positive erfaringar med ein slik modell, vi ser at barn vert tidlegare oppdaga.
Samstundes har ein fokus på tidleg oppdaging ved å styrke innsatsen innan det førebyggande arbeidet. Det er tverrfaglege team i alle skular og barnehagar og faste samarbeidsmøte mellom barneverntenesta/helsekontoret og PPT, samt med førebyggande eining i politiet.

I høve drifta av barneverntenesta/forsvarleg teneste har ein i enkelte saker utvida fristen, men ikkje fristbrot.
Herøy på lik linje med dei fleste barneverntenester har ei utfordring i høve tilgangen på fleire og ulike tiltak . Det å kunne ha eit eige tiltaksteam i tenesta ville sjølvsagt være svært ønskjeleg, framfor å kjøpe inn tiltak frå private aktørar. Dette ser ein at barneverntenesta ikkje pr. dato er dimensjonert nok for.
Barneverntenesta i Herøy er ei middels stor teneste, ein har sjølvsagt begrensa handlingsrom innanfor kompetanseheving der eit større fagmiljø gir auka mulegheiter.

Kort opp summert er Herøy barneverntenesta sine behov i dag;

- A Større tiltaksportefølje/utvikle tiltaksteam/stillingar
- B Auke handlingsrom i høve kompetanseheving/spesialisering

Sande kommune

Befolkningsgrunnlag

Sande kommune har 2540 innbyggarar. Av desse er 555 i alderen 0-18 år.

Organisering av barnevernstenesta

Barnevernstenesta er organisert i nav-kontoret, lokalisert på rådhuset. Kontoret har totalt 7 tilsette, av desse er 2,4 stillingar knytt til barnevern. Nav-leiar har personal- og budsjettansvar, og rapporterer til rådmannen.

Barnevernleiar er tilsett i heil stilling, og har mykje saksbehandling lagt til stillinga. Ein saksbehandlar arbeider heil stilling, og vi har ein tilsett i 40 % stilling knytt til tiltak. Saksbehandlar arbeider etter generalistmodell, og har saker frå mottak av melding via undersøkelse til oppfølging og avslutning av tiltak. Oppfølging og tilsyn av fosterbarn ligg også i dette arbeidet.

Tiltaksarbeidar har hovudvekta av arbeidet sitt med tiltak i heimen og råd og rettleiing, men bistår også i undersøkelsesarbeid.

Styrker som generalist og lokal

Arbeidsmåten gir god kjennskap til lokale forhold. Ein har god oversikt over det offentlege tenestetilbodet og over aktivitetstilbodet i kommunen. Ein får inngåande kjennskap til sakene, og ein har gode moglegheiter til relasjonsbygging både til barn/familiar og til samarbeidspartar.

Det er innarbeidd faste samarbeidsfora på ulike områder. Sande kommune har ei ressursgruppe for barn og unge. I gruppa deltek skule, barnehage, ppt, psykisk helse (hab/rehab), kultur, helsestasjon, lege, fysioterapeut og barnevernstenesta. Det er faste månadlege møter, der ein drøfter saker på systemnivå, tenkjer felles om førebygging og drøfter saker etter samtykke. Det er faste samarbeidsmøter med helsestasjonen to-tre gongar i halvåret. Samarbeidsmøter med politiet i lag med dei andre barnevernstenestene i sjustjerna. I tillegg har vi eit etablert samarbeid med barnevernstenestene i Herøy og Vanylven der vi kan rådføre oss med kvarandre.

Utfordringar

Barnevernstenesta opplever seg svært sårbar med få tilsette. Siste tre åra har vore prega av mykje sjukefråvær og vakanse i stillingane. Dette har ført til prioritering av fristarbeid – melding og undersøkelse -, og nedprioritering av oppfølging og evaluering.

Ei lita teneste har begrensa moglegheiter til fagleg utvikling og vidareutdanning, og det er svært lite tid til tenesteutvikling – system og rutiner. Det er utfordrande å halde seg oppdatert også på endringar i lovverk og forskrifter.

Fagmiljøet er svært lite, ofte står ein åleine med vurderingar og gjennomføring av oppgåver. Dette kan gi utfordring i høve til rolle som profesjonell og privat, når ein ikkje kan skjermast for saker som kjem nær.

Barnevernstenesta i Sande har ingen akuttberedskap. Etter ordinær kontortid har vi ikkje noko system som ivaretek barn om noko skulle oppstå. Barnevernstenestene i sjustjerna har utarbeidd forslag til ei interkommunal barnevernsteneste.

Nedbygginga av tiltak frå buf-etat gir kommunene auka ansvar for eigne tiltak. Varsla lovendringar vil gi kommunene fleire oppgåver og meir ansvar innanfor barnevernsfeltet.

Sande kommune er «medeigar» i interkommunal PMTO-terapi, med Ulstein som vertskommune. Tiltaket kosta i 2017 rundt kr 120 000,- for vår kommune. Vi nyttar private aktørar til både undersøkelsesarbeid og tiltak. I 2017 vart det utbetalt rundt kr 170 000,- knytt til tiltak, i tillegg noko til akuttbistand.

Framover

Barnevernstenesta i Sande driv allereie marginalt med tanke på å greie dei oppgåvene vi er pålagde i dag. Med nye lovkrav og endra ansvarsområde, er vi ikkje rusta til å drive ei forsvarleg teneste. Det er behov for eit større fagmiljø med barnevernsperspektiv og større handlingsrom innanfor mellom anna kompetanseheving.

Kort oppsummert er Sande barneverntenesta sine behov i dag;

- Fleire personale å spele på når det er stor turn over/sjukemeldinger.
- Fleire tilsette for å få moglegheit til faglig utvikling og vidareutdanning
- Store nok til å halde seg oppdatert på lover og forskrifter
- Rett tiltak til rett tid
- Store nok til å ha forsvarlig akuttberedskap

Vanylven kommune

Befolkningsgrunnlag

Dei siste åra har det i Vanylven vore nedgong i folketalet. Pr. 3.kvartal er det 3203 innbyggarar i kommunen, og av desse er 669 born i alderen 0 – 19 år. (SSB 10.1.18)

Organisering og personale i barnevern

Barneverntenesta er organisert i avdeling Barn og Unge under helse og omsorg sektoren. Barn og Unge består av barneverntenesta, helsestasjon og jordmortenesta. Det er 0,3 avdelingsleiarressurs. Personalressursane i barnevertenesta inneheld 3 sakshandsamarar i 100%, der barnevernleiar er ein av dei. I tillegg er det 0,3 % stilling som merkantil knytta til tenesta.

Sakshandsamarane arbeider etter generalistmodellen. Det vil sei at alle arbeider med undersøkingar, tiltak i og utanfor heimen, og med born i alle aldrar frå 0 til 23 år.

Utfordringar og behov

Sida 2005 må ein kunne sei at tenesta har vore prega av ein del utskifting av personalet. Samtidig har ein hatt komplekse saker og mange omsorgsovertakinga. Tenesta har difor vore og er sårbar. Det har vore lite tid til nytenking og endringsarbeid. Omorganiseringa som vart gjort i 2013 samstundes med ein ny barnevernleiar, gav håp om nedskrivne rutinar og system. Det var og behov for å ha meir fokus på meir tverrfagleg samarbeid.

Mål om nedskrivne rutinar satt i system og oppbygging av kompetanse har det ikkje vore kapasitet til å prioritere. Stor turn over gjør at leiar si tid går til opplæring og tett oppfølging i klientsaker.

Det vert kjøpt inn ekstern rettleiing som hjelpetiltak inn i familiar frå private aktørar grunna manglande fagleg kompetanse i barneverntenesta. Det er få tilgjengelig og difor lite å velje av ut i frå behov for tiltak. Det er utfordring med effektive/dyktige private aktørar og nyutdanna sakshandsamare som skal stå for eigne vurderingar knytt til fungering i familien. Det er behov for å bygge opp eit tiltaksteam der barneverntenesta kan plukke/søke på det tiltaket som familien trenger. Ikkje måtte hyre den private som er tilgjengelig.

Ressursar og styrkar

I dag, januar 2018, er tenesta framleis prega stor turnover. Barnevernleiar har vore stabil sidan 2014 og vi har i dag oversikt over sakene og kvar vi har utfordringar. I dialogmøte med

Fylkesmann den 5.1.2018 var dei ikkje lenger bekymra for drifta av barneverntenesta ift fristbrot og oppfølging av saker.
Vi har fått eit veldig godt og tett tverrfagleg samarbeid med andre tenester i kommunen, både på system nivå og på individnivå. Vi har TFT (Tverrfaglig team) gruppe som møtast ca 1 gong i månaden der faglege utfordringar vert løfta opp. TFT har som førebyggande tiltak, psykologisk førstehjelp i alle 3.klassene. Alle faginstansar (helsestasjon, barnevern, PPT og fysioterpi) som arbeider med barn og unge orienterer på foreldre møte i barnehage og skule. Det er tilbod til alle barnehagar at TFT gruppa kommer samla på besøk 3 gonger i året for å drøfte ilag med barnhagen det dei er oppteken av. Det kan være tema på system og individnivå. Målet er at same tilbod vert gitt til alle skulane.
Kommunen har Tverrfagleg ressursgruppe som møtast 2 gonger i året der relevante kurs/opplæring og andre aktuelle tema vert løfta opp i fellesskap.
Det er gitt tilbakemeldingar om at barnevern er lett å samarbeide med og at nå er terskelen for å ta uformell kontakt er lav. En kan velje å lese ut av statestikken at barnevern har tillit, då det er aukande tal meldingar dei siste åra.
Barneverntenesta har stor nytte av kollegaer i Kommunal oppfølgingsteneste, PPT, bhg, skule, helsestasjon og fysioterapi. Vi jobbar med dei same familiane og med samtykke til samarbeid får vi til gode endringsfokuserte prosesser. Det er viktig for Vanylven å halde på dette uformelle og formelle samarbeidet som kommunen har fått til.

Økonomi

Det er mange, komplekse og krevjande saker og manglande erfaring og fagkompetanse blant personalet gjør terskelen lav for å kjøpe inn eksterne rettleiarar. I 2017 brukte vi 646 000 kr på konsulentar. (inkluderer kjøp av tolk og ein sakkyndig utgreiing) Barneverntenetsa har ikkje eigne foreldre rettleiingstiltak. Av den sum vi kjøper tenester for kan det være fristande å tenke seg ein saksbehandlar til på kontoret, samstundes som alle fikk opplæring og oppfølging med foreldre rettleiingsprogram.
Barneverntenesta har i dag 8 fosterbarn. Barna bur i anna kommune i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Vi utbetalte i 2017 kr 1 811 000,- i arbeidsgodtgjersle og kr 758 000,- i utgiftdekking.
Barneverntenesta har 8 tilsynsbarn som bur i vår kommune der andre kommunar er omsorgskommune. Det vert utbetalt lønn etter timelister der Vanylven kommune har skreve engasjement avtale og omsorgskommune vert refundert 2500 kr pr besøk pr barn.
Vanylven kommune meiner at det no er kontroll på budsjettet til barneverntensta.

Kort opp summert er Vanylven barneverntenesta sine behov i dag:

- Fleire personale å spele på når det er stor turn over/sjukemeldinger.
- At tenesta får meir faglig kompetanse og større faglig fora til å handtere komplekse saker.
- Tilgang til fleire og ulike tiltak som kan passe til den familien vi skal hjelpe

Erfaring frå Storfjord barnevernteneste

Den 14.februar møtte arbeidsgruppa barnevernleiar i Storfjord barnevern Lene Solheim

Overordna organisering:

- Styringsgruppe: alle 4 rådmenn, møtet vår og haust. Skriftleg rapport til møte og stoda i tenesta.
- 5 budsjett, eit felles for drift, eit for kvar kommune
- Kostnadsfordeling: Drift: 30% flatt, 70 % fordelt etter barnetal. Kostnad knytt til enkeltbarn fakturerast heimkommunen månadleg.
- Auka reiseutgifter, har tre leasingbilar. Reisekostnadar vert fordelt, drift.
- Kommunevis rapportering til fm og ssb
- Ved omorgansiering: tilsette som fekk lengst reiseveg fekk kompensert noko på løna. Ikkje ved seinare tilsettingar
- Beredskap: Plan: bvleiar har døgnvakt på tlf, til drøfting og veiledning. Stedfortreder ved behov. Kompensert 50 000,- pr år. Håper å få denne godkjent av fylkesmannen. Utrykning gir overtid.
- Alle samarbeidsmøter vert haldne lokalt i den enkelte kommune, og muligheiter for klientsamtalar i kommunene
- Samarbeidspartar i alle kommunene opplever eigarskap til barnevernstenesta
- Erfaringar med dette: mange foreldre ønsker samtalar utanfor sitt eige område – mindre synleg
- Barnevernleiar har møter med einingsleiarar i den enkelte kommune
- Tverrfagelg samhandling: dei ulike instansar saknar det uformelle samarbeidet; stikke innom, møtast i gangen
- Tilbakemeld frå samarb.partnarar: Breiare fagleg kompetanse

- Barnevernstenesta har blitt meir tydeleg og avgrensa, har ikkje lenger flytande overgangar/samarbeid med andre kommunale tenester
- Svært bevisst på at tenesta dekkjer alle deler av geografisk område, forbudt å snakke om avstandar
- Ikkje nok eigarskap til kommunene
- Kommunene lengst unna, bruker barnevern mindre

Intern organisering

- 11 stillingar, inkl ei som tilhøyrer Skodje kommune – førebygging - + 60 % merkantil
- Bv.leiar er også SLT-koordinator
- Leiar har ikkje eigne saker, men er med på saksdrøft i alle teama.
- Gått over til spesialisering på oppgåver – fleksible ved gode relasjonar
- Mld/us: tre stk
- Oppf/eval: fire stk
- Oppf.fosterheim/ettervern: to stk
- Alltid saksbehandlar ein og to, mindre sårbart ved fråvær.
- Tiltaksbank med ulike kompetansefelt; pmto, familieterapeut…
- Dei ulike teama har møte kvar veke til saksdrøft – leiar er med
- Fellesmøte alle teama annakvar veke til personalspørsmål, generell info, kunnskapsdeling mm
- Erfaringar med teamarbeid: overgangane kan vere vanskelege. Koblar derfor inn neste team tidlegare enn før.
- Ingen av dei tilsette ønsker seg tilbake til «gamle dagar»
- Rekruttering uproblematisk, mest frå Ålesund/Sula, men har også tilsette frå fjordstroka innanfor
- Største utfordringa: køyring; tidkrevjande og dyrt – komp med mobiltlf, bærbar pc. Strenge reglar for heimekontordagar.

Barnevernvakt-beredskap

Herøy, Sande og Vanylven kommune er med på søknad til Fylkesmann om prosjektskjønns midlar for å organisere/bygge opp ei samla barnevernsvakt på Søre Sunnmøre i lag med Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein og Hornindal barneverntenesteste.

Ulike alternative former for organisering:

Alternativ 1: Uendret struktur – dagens ordning	
Fordeler	**Ulemper**
Det er godt samarbeid med barnehager og skuler i kommunen, samt andre kommuale avdelingar. Det gir god oversikt over lokale forhald. Det er nærheit til brukarane våre og stor grad av brukarmedvirkning, noko det er stort fokus. Vi har fleire samtaler med barna og bruker tid på å treffe dei heime og på skulen. Det gjør det lettare med ei geografisk nær teneste. Tett og uformelt samarbeid gir moglegheit for å etablere relasjonar over tid, både med brukar og samarbeidspartnere. Generalistmodellen som Sande og Vanylven arbeidet etter i dag gir familiane og sbh moglegheit til å følgje kvarnadre frå Start til slutt.	Liten muligheit til vidareutdanning. Lite fagmiljø og lite moglegheit til dagleg fagleg kollegaveiledning Vanskelig å starte opp egne tiltak, som foreldreveiledningsprogram, familieterapeut osv. Bygge opp ein tiltaksteam knytta til eigen teneste. Sårbart i høve fråvær; sjukefråvær, ferieavvikling, kurs/utdanning Rolleutfordringar privat/profesjonell og lett komme i konflikt med saker som står sbh nær.

Sande og Vanylven har lite/ingen fristbrot i høve til undersøkingar. Dei er likevel for sårbare i dag. Stor turn over og sjukefråvær gjer tenestane ekstra sårbare.

Herøy har i dag ei større teneste. Herøy får ved denne strukturen behalde den modellen som dei over tid har bygd opp og som dei har god erfaring med.

Herøy har ei teneste som i dag fungerer godt i dag, er samorganiserte og samlokaliserte med andre etater i kommuna som arbeider med barn og unge. Dei har ein innarbeida modell som fungerer godt, tverrfagleg tenking og fokus på tidleg inn.

Herøy har gode innarbeida rutinar innad på kontoret og er mange nok til å ta over for kvarandre ved sjukdom, slik at ein sørger for at dei lovpålagde oppgåvene vert løyste på trass av sjukdom.

Alle tre kommunane må rustas opp for framtidas nasjonale krav.

Alternativ 1 er vurdert av gruppa og barneverntenestene har ulikt syn på behov for endring. Herøy kan halde fram som i dag med uendra struktur. Sande og Vanylven er for små til å halde fram som i dag med uendra struktur

Alternativ 2 a: Vertskommune modell – Samlokalisering med adm.leder **<u>Definisjon;</u>** *Eitt kontor der alle tilsette har arbeidsplassen sin. Mulighet til å ha møte og samtaler i den enkelte kommune – ha tilgang til møterom, samt ein arbeidsplass td til skrivearbeid.*	
Fordeler	**Ulemper**
Større fagmiljø. Mulighet til å bygge opp en tiltaksteam. Større muligheit til fagleg utvikling Meir merkantil. Frigjere meir tid for saksbehandlarane. Muligheit til meir Fagteam-stillingar, betre veiledning og opplæring av nytilsette. Større fagmiljø, kontinuerleg kollegarettleiing og meir tid til betre oppfølging av sakshandsamarar, Detter speseilet viktig i dei tunge/komplekse sakene Mindre sårbart i høve fråvær og turnover. Større muligheiter innan intern organisering (generalist/spesialist/teammodell) Med ein adm.leiar står ein betre rusta til å lage kvalitetssikringar og felles rutinar, som stetter nye lovkrav, varsla oppgåver og ansvar.	Vi mister samorganisering/ samlokalisering i kommunen med andre i hjelpeapparatet, modellen med tverrfaglig samarbeid og fokus på tidleg inn. Utfordring i høve til å halde på gode lokale samarbeidsfora Reiseavstandene vil auke drastisk, det vil gå med mykje arbeidstid til å reise til og frå møter, samtaler med barn og foreldre og heimebesøk. Kan bli lengre reiseveg for enkelte tilsette og brukarar, samarbeidspartar også. Den brukarmedvirkninga vi har i dag vil bli meir utfordrande å gjennomføre med større reiseavstander. Det blir vanskelig å følgje dagens føringar med fokus på samtaler med barna.

Med ei større barneverntenesta, der alle tre vert samlokalisert med felles adm.leder, vil vi vere dimensjonert for dagleg drift, og vil vere det alternativet som best vil kunne møte nye utfordringar og krav.

Sande og Vanylven er dei tenestene som vil tene mest fagleg på ei samlokalisering med felles adm.leiar.

Det er ei stor ulempe å miste det uformelle lokale samarbeidet og nærleik til familiane.

Alternativ 2a er vurdert av gruppa og alternativet er det som klart gir den beste faglege tenesta om ein ser dei tre kommunane under eitt i eit framtidig perspektiv. En i gruppa er usamd i at denne løysinga er den beste.

Alternativ 2 b: Vertskommune modell - Felles adm.leder med base i den enkelte kommune ***Definisjon;*** *Alle tilsette er tilsett i same kommune, som har det administrative ansvaret for drifta. Kontor i kvar kommune, men leiar disponerer personalet.*	
Fordeler	**Ulemper**
Felles saksbehandlingsrutiner som gir større likebehandling for alle tre kommunane sine innbyggare. Kollegarettleiing og støtte Mindre sårbart Nærleik til brukarane Nærleik til samarbeidspartnarar Meir knytt til kommunen Større fagmiljø Mulighet til å bygge opp en tiltaksteam. Større muligheit til fagleg utvikling	Leder blir mindre tilgjengelig for sakshandsamarane. Det kan være behov for å ha ein barnevernsleder med beslutningsmyndighet til stades i det daglege. Det er mange drøftingar og faglege avgjerd som må fattast i et høgt tempo. Det vil kanskje kunne bety at ein har behov for fagteamstilling på kontoret som har fagansvar og bestutningsmyndighet i tillegg til administrativ leder. Mindre tid til sakshandsaming. Leder må forholde seg til tre administrasjoner.

Felles for alle kommunene så gir denne modellen mogleheita til å halde på det samarbeidet ein har bygd opp over tid med barnehager og skuler. Brukarmedvirkning og nærleik til barna der dei bur og går på skulen vil bestå.

Alternativ 2b er vurdert av gruppa. Fleirtalet meiner at alternativet er for vagt til å sikre nødvendige endringar. Barnevernleiarene tilhøyrar fleirtalet og meiner at barneverntenesten då vil vere som i dag. Fleirtallet meiner at oppgåvene til leiar blir uoverkommelig. Ein i gruppa meiner at dette alternativet kan fungere med god organisering.

Alternativ 3a Vertskommune modell – Vanylven og Sande samlokalisert med felles leder og tett samarbeid med Herøy	
Fordeler	**Ulemper**
Vi vil kunne dra nytte av samarbeid faglig, samarbeide om felles tiltak.(hjelpetiltak, foreldreveiledning) Felles kurs/opplæring Felles rutiner	Framleis for små til å stette komande krav, og forsvarleg drift

Alternativ 3a er vurdert av gruppa og konklusjon er at dette alternativet vil ikkje stette Sande og Vanylven kommunane sine behov for å styrke tenesta i dag og framtida.

Alternativ 3 b: Vertskommune modell - Vanylven og Sande med en felles leder men har kvar vårt kontor som i dag.	
Fordeler	**Ulemper**
Felles rutiner	Framleis for små, samstundes som leiar vil vere meir fråværande

Alternativ 3b er vurdert av gruppa og konklusjon er at dette alternativet vil ikkje stette Sande og Vanylven kommunane sine behov for å styrke tenesta i dag og framtida.

Konklusjon og gruppas tilråding

Arbeidsgruppa har vurdert ulike alternativ for samarbeid og samlokalisering for å svare på mandatet som var gitt av kommunane sine rådmenn;

1. *Utgreie om eit interkommunalt barnevern vil gi betre tenester og fagleg gevinst , evt. korleis.*

2. *Korleis ein best kan organisere og lokalisere ei interkommunal teneste.*

3. *Utgreie ulike alternativ for samarbeid mellom kommunane.*

OPPSUMMERING

Arbeidsgruppa har vurdert fordeler og ulemper opp mot kvarandre. Gruppa er samde om at vertskommunemodell med ein leiar er den einaste løysinga som gir fagleg gevinst til alle kommunane. Gruppa er delt i synet på graden av samlokalisering. Fleirtalet meiner at for å få den beste tenesta, er samlokalisering etter modell 2a det einaste alternativet. Mindretalet av gruppa meiner modell 2b vil dekke behova, og at denne modellen bør prøvast først.
Gruppa ser at barnevernstenesta må være av ein viss størrelse for å kunne arbeide etter team-modell. Dette gir rom for ein viss grad av spesialisering innanfor dei enkelte arbeidsområda, noko som gir meir effektive tenester og betre hjelp.
Ei betre teneste betyr at barn og familiar møter ei barnevernsteneste som har tilgjengelige tiltaksløysingar som kan stette familien sine behov, og der dei får sakshandsamar som har eit nært nettverk med kompetanse og fagleg støtte i sine kollegaer. Det kan leggast ein plan for kompetanse- og kvalitetsutvikling der tenesta samla på sikt vil kunne ha brei fagleg kompetanse, både innanfor sakshandsaming og tiltak. Ei slik teneste vil være betre rusta til å ta i vare familiar med kompliserte hjelpebehov.
Ved samanslåing vil ein utvikle ei felles fagleg plattform som vil gi ein meir einheitleg og lik praksis i arbeidet med familiar.
Turnover og sjukefråvær er eit stor utfordring i dei to minste tenestene. Ei felles teneste gjer det lettare å fordele arbeidsoppgåver. Det er grunn til å tru at dette reduserer og fordeler belastningstoppane. Dette vil igjen auke trivsel, redusere sjukefråvær og minke turnover.
Det er ei føresetnad for å lukkast med samanslåing at det vert sett inn ressursar i både tid, leiing og personal for å få ein god prosess. Barnevernreforma gir kommunen stadig meir ansvar, noko som betyr at den enkelte teneste må utvikle nye, fleire og betre tiltak. Dette betyr

at ein ikkje kan gå utifrå at samanslåing vil gi reduserte utgifter på kort sikt. Krav om barnevernvakt i 2018 vil krevje ressursar.

Vi ønskjer å behalde og rekruttere personale frå alle tre kommunane. Samlokalisering endrar reiseavstand og reisekostnader for dei som alt er tilsette. Her må det forhandlast mellom arbeidstakarorganisasjonane og leiing for å finne tilfredstillande ordningar. På same måte må ein få til ordningar som oppmuntrar til nyrekruttering frå alle kommunane.

På tiltakssida vil ein kunne sjå muligheit til innsparing på sikt. Dette fordi ein i dag kjøper eksterne tenester frå private aktørar. Dette er kostbart, og ein må bruke dei tiltaka ein til ei kvar tid har tilgang på. Ved å bygge opp kompetanse innanfor sitt eige tiltaksteam, vil tiltaka kunne spissast meir direkte mot hovudutfordringane i familien, og dermed gi betre hjelp til dei mest sårbare.
Det etablerte tverrfaglege lokale samarbeidet vil kunne bestå ved samanslåing, men det uformelle samarbeidet står i fare for å svekkast ved samlokalisering. Vidareutvikle eit godt tverrfagleg samarbeid gjennom gode samhandlingsrutiner
Gruppa har ikkje funne anna samarbeidsløysing som kan gi alle kommunane fagleg og betre tenester. Både Herøy, Sande og Vanylven har kapasitet til å være vertskommune.

TILRÅDING

Gruppa si tilråding vert på bakgrunn av dette arbeidet at ein slår saman barnevernstenestene i dei tre kommunane til ei felles barnevernsteneste. Tenesta må vere organisert etter vertskommunemodellen med ein leiar.

Fleirtalet tilrår alternativ 2a.
Eit mindretal tilrår alternativ 2b.

Larsnes 21.03.18

Evy Løfoll Inger Marie Tofthagen Toril Urkedal

Ann Kristin Ringstad Marion Vik Arnhild Nordaune

Oddbjørn Vinjevoll Ingunn Hanebrekke Endal

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/176
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Valnemnd	
118/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	

SKULEUTVAL HERØY VIDAREGÅANDE SKULE - VAL AV KOMMUNAL REPRESENTANT

Tilråding:

Kommunen sin valde representant til skuleutvalet ved Herøy vidaregåande skule vert:

Representant :

Personleg vara:

Særutskrift:

Herøy vidaregåande skule

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Etter eit møte i 2017 mellom HVS og kommunen vart det sett fram ønskje om at Herøy kommune vart representert i skuleutvalet. Skuleutvalet har stilt seg positiv til dette og saka vert lagt fram for valnemnd og kommunestyret .

Saksopplysningar:

Etter eit møte med fungerande ordførar Camilla Storøy og Jarl Martin Møller den 27.10.17 kom det fram eit ønskje frå Herøy kommune om at ein representant med vara frå kommunen burde vere representert i skuleutvalet. Dette tok skuleutvalet opp som eiga sak :

Ny representant i skuleutvalet

Ordførar Camilla Storøy har kome med ynskje om at kommunen får stille med ein representant i skuleutvalet ved Herøy vidaregåande skule. Utvalet stiller seg positive til at kommunen utnemner ein representant m/vara.

Vurdering og konklusjon:

Slik rådmannen ser det må kommunen og den vidaregåande skulen ha eitt tett og nært samarbeid i tida framover. Ei rekkje saker skal diskuterast som har stor betydning for både skulen i seg sjølv og utvikling av lokalsamfunnet generelt. At skuleutvalet ønskjer kommunal medverknad er svært positivt og saka vert lagt fram for valnemnd og Herøy kommunestyre for avgjerd.

Fosnavåg, 15.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

HERØY KOMMUNE

Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LU	Arkivsaknr:	2016/261
		Arkiv:	U63

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
119/18	Formannskapet	12.06.2018

KLAGE ENKELTVEDTAK TILDELING AV PRIKKAR

Tilråding:

Formannskapet held fast ved vedtak i DE-sak 12/18 datert 11.04.2018.
Vedtaket vert vidaresendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vurdering.

Særutskrift: Yong Hong Restaurante Dao Fu, Holmsildgata 16, 6090 Fornavåg
ØB REKNESKAP AS, Postboks 342, 6151 Ørsta
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vedlegg:

1 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 - Yong Hong Restaurante
2 Klage enkeltvedtak tildeling av prikkar

Samandrag av saka:
Herøy kommune har frist for innlevering av omsett alkoholoppgave 1. mars. Denne fristen har kommunen hatt i fleire år og brev om dette vert sendt ut i god tid før innrapportering skal skje.
Omsetningsoppgåve frå Young Hong kom ikkje inn innan fristen. Dette er eit brot som gir to prikkar etter alkoholforskrifta § 10-3. Det vart sendt varsel om tildeling av prikkar (Jf. forvaltningslova § 16) og seinare vedtak om tildeling av prikkar. Det har kome klage på vedtak om tildeling av prikkar.

Saksopplysningar:

Om vedtak
Young Hong Restaurant fikk varsel om tildeling av prikkar (Jf. forvaltningslova § 16) med frist for tilbakemelding 23.03.18. Det kom ingen merknad til varselet. Det vart fatta vedtak om tildeling av prikkar, DE-sak 12/18, den 11.04.2018:
Yong Hong Restaurant med organisasjonsnummer 976616529, vert tildelt to prikkar for manglande innrapportering av alkoholomsetnad 2017.
Dette er Yong Hong Restaurant sine to fyrste prikkar. Om løyvehavar får tildelt 12 prikkar i løpet av to år frå vedtaksdato 11.04.2018, vil inndraging av løyvet skje, jf. Alkohollova sine forskrifter § 10-2. Dette til orientering. (jf. Vedlegg 1).

Både varsel og vedtak vart sendt eigar si bustadadresse.

Om klage
Klage på vedtak om tildeling av prikkar vart levert Herøy kommune 25.04.2018 (Jf. vedlegg 2).
I klaga kjem det fram at Young Hong ikkje har motteke brev om at innrapportering skulle gjerast. Yong Hong sitt regnskapskontor vart gjort kjent med manglande innrapportering 15.03.2018, og sende inn omsetningsoppgåve.
Omsetningsoppgåve frå Yong Hong vart motteken 16.03.18.

Adresse ved utsending av brev/saker vert henta frå enhetsregisteret. Adressa til Yong Hong er i ettertid kontrollert i enhetsregisteret. Yong Hong er oppført med adresse Sentrumsgården, 6099 Fosnavåg. Dette er ikkje ei gyldig postadresse. Herøy kommune har oppmoda om å sende adresseendring til Folkeregister/ enhetsregisteret.

Delegasjon frå kommunestyret til rådmannen (K-sak 27/16)

9.5.15 Alkohollova (06.06.89 nr. 27).

- Godkjenne ny styrar og stedfortredar ved skifte i løyveperioden (§ 1-7c).
- Godkjenne utviding av skjenkelokale for ei enkelt tilstelling (§ 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve til slutta lag (§ 4-5).
- Fastsetjing av avgifter etter § 7-1 i alkohollova og §§ 11-1, 11-2 og 11-3 i forskriftene.

- Alminneleg løyve til enkeltarrangement (§17)
- Saker etter alkohollova, som ligg innanfor rammer sett i alkoholpolitisk plan, vert delegert til rådmannen. Saker som fell utanfor planverket, prinsipielle saker, klagesaker og saker som etter alkohollova ikkje kan delegerast skal handsamast i kommunestyret **(K-sak 176/12).**

Rådmannen har delegert dette vidare til leiar for servicetorget.

Kommunestyret har delegert saker etter alkohollova til formannskapet (K-sak 24/16).

Slik er reglane for berekning av prikkar:

«§ 10-2.Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.
Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.

Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunktene legges til grunn.

Toårsperioden gjelder uavhengig av om bevillingen er fornyet i løpet av perioden, jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdragelse begynner ny periode på overdragelsestidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.»

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for drift:
Herøy kommune v/ servicetorget får ikkje sendt ut fakturagebyr for skjenkeavgift før omsetningsoppgåva er innsendt. Det vert unødig lang saksbehandlingstid.

Folkehelseinstituttet, på oppdrag frå Helse- og omsorgsderpartementet, innhenter opplysningar frå alle kommunane som omhandlar dei kommunale salgs- og skjenkebevillingane. Herøy kommune kan ikkje kome med korrekte tal så lenge ikkje alle har sendt inn omsetningsoppgåve. I 2018 har Herøy kommune rapportert til Folkehelseinstituttet med merknaden at det er manglande innleverte omsetningsoppgåver.

Datoen for innrapportering er kjent for alle og skal vere ein del av dei faste rutinane til skjenkestadane. At Young Hong ikkje har motteke påminninga om at innrapportering skal skje finn ein ikkje grunnlag for å oppheve vedtak om tildeling av prikkar. Vedtaket vert oppretthalde og sendt vidare til fylkesmannen for vurdering.

Fosnavåg, 18.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen- Hjelmeseth
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Lene Utseth

HERØY KOMMUNE

Servicetorget

YONG HONG RESTAURANT Dao Fu

Holmsildgata 16, Sentrumsgården
6099 FOSNAVÅG

DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	LU	Saksnr.	2016/261
Utvalssaksnr:	12/18	Arkiv:	U63
		Vedtaksdato:	11.04.2018

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med alkohollova §1-16

Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 - Yong Hong RestauranteDao Fu

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt vedtak:

Vedtak:

Yong Hong Restaurant med organisasjonsnummer 976616529, vert tildelt to prikkar for manglande innrapportering av alkoholomsetnad 2017.

Dette er Yong Hong Restaurant sine to fyrste prikkar. Om løyvehavar får tildelt 12 prikkar i løpet av to år frå vedtaksdato 11.04.2018, vil inndraging av løyvet skje, jf. Alkohollova sine forskrifter § 10-2. Dette til orientering.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker og skal vere grunngjeven og skriftleg. Klaga kan sendast Herøy kommune, pb 274, 6099 Fosnavåg. Klage kan også leverast elektronisk i eige skjema på www.heroy.kommune.no

Saksopplysningar:
Alle med sal- og skjenkeløyve skulle rapportere inn til kommunen alkoholomsetning for 2017. Frist for dette var 01.03.2018. Det var sendt ut varsel om tildeling av prikkar 14.03.2018, det er ikkje kome merknad får Yong Hong innan fristen, som var sett til 8.03.2018.

Herøy kommune mottok innrapportering 16.03.2018. Skjenkestaden har plikt til å innrapportere årleg, innan fastsett frist, jfr. alkohollova sine forskrifter § 6-3. Manglande innrapportering av omsetning innan fristen skal etter alkohollova med forskrift føre til tildeling av 2 prikkar (§ 10-3 i forskrift).

Vurdering og konklusjon:
Skjenkestaden har etter alkohollova med forskrift plikt til å rapportere inn omsetning kvart år, innan fastsett frist, og skal etter alkohollova med forskrift tildelast 2 prikkar. Sidan der ikkje ligg føre merknader til saka vert prikkar tildelt som varsla.

Wenche Moltu

Lene Utseth
Sakshandsamar

Yong Hong Restaurant
Sentrumsgården
6090 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr 2016/261 | Saksbeh
25 APR. 2018
Ark kode P
Ark kode S
J nr | Dok nr
Kassasjon

Herøy Kommune
PB 274
6099 Fosnavåg

25.04.18

ATT Lene Utseth

Klage enkeltvedtak tildeling av prikkar

Vi sender over klage angående Yong Hong Restaurant, org nr 976616529.

Det ble sendt ut informasjonsbrev 06.02.18 angående innrapportering av alkoholomsetning i 2017. Dessverre mottok vi ikkje dette brevet. Som ein følge av dette fikk ikkje vi gitt beskjed videre til vårt regnskapskontor om å sende inn skjemaet.

Vår regnskapsfører ble kjent med forholdet 15.03.18 og beregnet umiddelbart aktuelle tall. Vår regnskapsfører sendte inn omsetningsoppgåven elektronisk 16.03.18. Vi beklager på det sterkeste at dette ikkje ble ordnet innenfor fristen.

I og med at vi ikkje har registrert å ha mottatt skrivet med fristen, klager vi på tildeling av 2 prikker. Oppgaven er riktig nok sendt inn 15 dager for sent, men den er sendt inn så snart vårt regnskapskontor ble kjent med forholdet. Nå har vi notert oss forholdet med innrapportering i februar og planlegger å følge det opp i februar i 2019.

Fint om De kan behandle klagen. Vi håper at De har forståelse for at dette bare var ein svikt i rutinene våre denne gangen.

Med vennleg helsing
Yong Hong Restaurant

Dao Fu

DAO FU

HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr: Arkiv:	2018/753

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2018
120/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	23.08.2018

REGLEMENT FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE (RFF)

Tilråding:

Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF), vert vedteke slik det ligg føre.

Særutskrift:

Rådmannen

Vedlegg:
Vedlegg
1 Utkast reglement -Råd for menneske ned nedsett funksjonsevne

Samandrag av saka:
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF) har ikkje eige reglement i Herøy kommune. RFF har bedt kommunen sørge for, at slikt reglement kjem på plass.

Saksopplysningar:
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har ikkje eit eige reglement for sitt virke per i dag. Rådet har sjølv bedt om å få på plass eit slikt reglement. Kommunalsjef for helse og omsorg, som er sekretær for rådet, har laga utkast til reglement basert på dagens praksis, krav i lovverk og liknande reglement i omkringliggande kommunar. Forslaget til reglement er eit resultat av dette arbeidet.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår til at reglementet vert vedteke.

Fosnavåg, 24.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Renathe Rossi-Kaldhol
Rådmann	Kommunalsjef Helse og omsorg

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol

Råd for menneske ned nedsett funksjonsevne (RFF) i Herøy kommune

Reglement
Godkjent av Herøy kommunestyre i møte xx.xx.xxxx, sak

§1 Nemning
Råd for menneske ned nedsett funksjonsevne (RFF).

§2 Heimel
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er lovfesta - og arbeider etter
-Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.
-Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)
-Lov og regelverk som regulerer kommunen sitt arbeids- og ansvarsområde

§3 Formål
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit samhandlings- og rådgjevande organ for kommunen. Hovudintensjonen er å sikre medverknad og bidra til auka deltaking i samfunnet for personar som er rørslehindra. Det kan også vere rådgjevar for statlege kontor og andre offentlege instansar på kommunalt nivå.

Rådet arbeider i samsvar med målsettinga for det statlege Rådet for funksjonshemma for like vilkår og full deltaking i samfunnet for menneske med funksjonshemming.

§4 Samansetting
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er samansett av seks -6- medlemer: Eitt -1- medlem frå kommunestyret og fem -5- medlemer frå interesseorganisasjonar for funksjonshemma med fem -5- personlege varamedlemer.

§5 Oppnemning
Det kommunale rådet for funksjonshemma blir oppnemnt av kommunestyret, som også oppnemner leiar og nestleiar.

Funksjonstida til rådet følgjer den kommunale valperioden. Ved oppnemning av representantar for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen, skal organisasjonane deira ha forslagsrett.

§6 Arbeidsoppgåver for rådet

6.1 Rådet skal drøfte saker som er viktige for funksjonshemma

6.2 Rådet bør uttale seg om aktuelle saker som er under arbeid i kommunen. Sakspapira til dei faste kommunale utvala, formannskap og kommunestyret må sendast leiar i rådet.

Kommunane skal sørgje for at menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld mellom anna tilkomst, arbeid mot

diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet kan også sjølv ta opp saker dei meiner er viktige for funksjonshemma. Referat frå møte skal sendast det kommunale organ som skal behandle saka.

Rådet har rett til å uttale seg før kommunestyret opprettar sekretariat, vedtek budsjett og gir utfyllande reglar for saksbehandlinga i rådet. Reglane om utval i kommunelova gjeld tilsvarande så langt ikkje anna går fram av denne lova. Rådet skal kvart år leggje fram ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

6.3 Rådet kan drive informasjonsarbeid ovanfor kommunale organ, statlege kontor, organisasjonar og liknande.

6.4 Sakshandsamar i kommunen pliktar å samarbeide med rådet om saker som er viktige for funksjonshemma i kommunen. Rådet skal sjå til at brukarane sine erfaringar blir tekne med i sakshandsaminga.

6.5 Rådet kan ta initiativ til drøftingar med representantar for offentlege instansar/institusjonar om viktige spørsmål for funksjonshemma.

6.6 Sakstyper som rådet skal ha til handsaming:
• Årsbudsjett og økonomiplanar
• Kommune- og fylkesplanar
• Tiltak/forslag og planar i helse- og omsorgssektoren
• Bustadprogram, reguleringssaker og byggesaker
• Samferdselssaker og kommunikasjonsplanar
• Kulturelle tiltak som skal gjelde folket generelt
• Skular, SFO og barnehagar
• Idrett og fysisk aktivitet

Dersom administrasjonen er i tvil om saka skal leggast fram for rådet, bør saka leggast fram til uttale. Rådmannen må syte for at rådet får dei sakene rådet skal ha.

§7 Sekretariat og økonomi
Sekretærfunksjonen er lagt til rådmannen, eller den rådmannen delegerer til. Sekretæren har tale- og forslagsrett.
Kommunen dekkjer utgiftene til rådet i samsvar med nødvendige behov.

§8 Godtgjersle
Medlemer av rådet får møtegodtgjersle i samsvar med det kommunale reglementet for møtegodtgjersle.

§9 Møte
1 Rådet skal ha møte etter behov, men minst fire gangar i året. Rådet kan kallast inn når minst to av medlemene krev det.

2 Sekretæren kallar inn til møte i samsvar med leiar. Innkalling med sakliste og saksdokument skal som hovudregel sendast ut seinast 7 dagar før møtet skal haldast. Sekretæren fører møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast medlemer, varamedlemer, kommunal administrasjon og andre som vert omfatta av vedtak.

3 Rådet utarbeider årsmelding som skal sendast ordførar, rådmann og dei funksjonshemma sine organisasjonar og til råd for likestilling av funksjonshemma i Møre og Romsdal.

Endringar av reglementet kan gjerast av råd for menneske med nedsett funksjonsevne med godkjenning frå kommunestyret.

UTKAST

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/708
		Arkiv:	N41

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
121/18	Formannskapet	12.06.2018
	Kommunestyret	19.06.2018

INNSPEL HØYRING - NY KONKURRANSE OM REGIONALE RUTEFLYGINGAR I SØR-NOREG FRÅ 1. APRIL 2020

Tilråding:

Herøy kommunestyre sluttar seg til høyringsuttalen frå utviklingsforum Hovden Lufthamn. Kommunestyret viser til den viktige funksjonen lufthamna har for samfunn og næringsliv og at dagens billettprisar er konkurransehemmande for næringslivet i regionen.

Med bakgrunn i erfaringstal og historikk frå Hovden sitt nedslagsfelt, foreslår Herøy kommunestyre følgande endring for Hovden Lufthamn:

- FOT-ruter tilbake for Oslo rutene
- Utvide FOT-ruta til Bergen med ei ekstra direkte rute tur/retur som er tilpassa næringslivet.
- Oppretting av ei dagleg FOT-rute Hovden –Trondheim frå Hovden 07.30 med retur 17.30. For tilgang til regionsjukehus, utdanningsinstitusjonar, pasient- og pårørande reiser og offentleg etatar for region midt-Noreg

Særutskrift:
Ørsta kommune
Utviklingsforum Hovden
MR Fylke

Vedlegg:
Vedlegg
1 Høyring - ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2020

Samandrag av saka:

Saka gjeld innspel til «Høyring - ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2020». Ørsta/Volda Lufthamn Hovden er den einaste kortbaneflyplassen i Møre og Romsdal og er svært viktig for næringslivet i Herøy kommune. Med bakgrunn i uttale frå Utviklingsforum Hovden vil Herøy kommune gi innspel til høyringa.

Saksopplysningar:

Ørsta/Volda Lufthamn Hovden er den einaste kortbaneflyplassen i Møre og Romsdal. Kortbanenettet i Norge har ein særskilt oppgåve for å tene samfunnet i distrikta, det bidreg til god infrastruktur i heile landet gjennom eit tilgjengeleg, trygt og miljøvennleg transportsystem. Dette er ei samfunnsnytte som utløyser statlege midlar for å oppretthalde retten til allmenn kommunikasjon til hovudstad, internasjonale flyruter og regionsjukehus.
Hovden Lufthamn miste den statlege stønaden, FOT-rutene, på alle avgangar til/frå Oslo i 2016. Dei to rutene til Bergen er fortsatt i FOT-systemet.

Konklusjonen etter kommersialiseringa ved Hovden er at det frå tidlegare samanliknbare utrekningsmodellar vart ein auka pris på 25-30% på full-flex billettar. Passasjernedgangen var på 18% og tal flybevegelsar fekk ein nedgang på 10%. Samstundes fekk Ålesund Lufthamn ein auke i sin trafikk. Denne auken var det ingen andre regionale lufthamner som fekk, og ein slår dermed fast at Hovden Lufthamn tapte konkurransen med Vigra grunna kommersialisering, prisauke og færre avgangar.
Ein auke fekk også den nærmaste kortbaneflyplassen Sandane i det tidsrommet Hovden sine Oslo-ruter vart kommersialisert.

Hovden lufthamn er svært avhengig av næringslivsreiser og næringslivet sin konkurransesituasjon er svært avhengig av Hovden. Lufthamna sin næringstrafikk utgjer 60% av ca 110.000 reisande pr. år. Stabiliteten i denne trafikken har vore svært god med bakgrunn i ein flyplass som ligg logistikkmessig svært sentralt på Søre Sunnmøre, har rask innsjekking og høg frekvens på direkte avgangar til Oslo. Næringslivet på Søre Sunnmøre har høg innovasjonsgrad og er i stor omstilling i ein internasjonal marknad, Hovden Lufthamn spelar ei vesentleg rolle for at mange bedrifter i lufthamna sitt nedslagfelt kan vere konkurransedyktige.

Parallellt med at vi fekk ei kommersialiseringa og ein vesentleg billett-prisauke, inntraff også oljekrisa og på toppen ei seteavgift. Særleg det maritime næringslivet måtte kutte kostnader, og når ein veit at denne næringa statistisk sett reiser 6 gonger meir enn anna næring, ugjorde denne prisstigninga betydelege ulemper med tanke på reiseutgifter og dermed vart både Vigra og Sandane eit rimelegare alternativ.

I førre høyring der Hovden miste sine FOT-ruter var det frå Samferdselsdepartementet, TØI og Møreforsking argumentert med at Oslorutene over Hovden ville kunne kommersialiserast og lett konkurrere med Vigra. Det ville bli lågare prisar og fleire operatørar. Begge deler har slått feil. Rapporten konkluderer (på side 10) med at ein vanskeleg ser føre seg at det her vil vere to konkurrerande aktørar ved Hovden, og at det er lite som tyder på at kommersialisering vil føre til auka konkurranse, og ein gir derfor inga anbefaling om fortsatt overgang til kommersialisering. Ein konkluderer derimot med at det vil vere ein vesentleg fare for negativ fordelingseffekt for passasjerar og lokalsamfunn.

Vigra er i reisesamanheng ein heilt anna kategori flyplass og tener heilt andre oppgåver både nasjonalt og internasjonalt. Rapporten viser til at nedslagsfeltet til Hovden lufthamn har ein passasjer-lekasje til Vigra på om lag 50%. Kortbanenette har ei samfunnsoppgåve for distrikts-Noreg og desse områda sin kommunikasjon til sentrale funksjonar.
Rapporten viser også til at kommersialiseringseffekta har liten eller ingen verknad på den samfunnsøkonomiske rekneskapen, og rapporten seier at ein ikkje vil anbefale vidare overgang til kommersialisering. Ein konkluderer med at FOT-ruter bør forankrast i regional- og samferdselpolitiske mål. Dagens billettprisar er konkurransehemmande for næringslivet.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommunestyre sluttar seg til høyringsuttalen frå utviklingsforum Hovden Lufthamn.

Kommunestyret viser til den viktige funksjonen lufthamna har for samfunn og næringsliv og at dagens billettprisar er konkurransehemmande for næringslivet i regionen.

Fosnavåg, 15.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 15.05.2018 09:19:47
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Høyring - ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2020

Fra: Kai Bedringås <kai.bedringas@mrfylke.no>
Sendt: 23. april 2018 14:56
Til: Ørsta postmottak <postmottak@orsta.kommune.no>; Postmottak Volda <postmottak@volda.kommune.no>; Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>; Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>; Ulstein Postmottak <postmottak@ulstein.kommune.no>; Sande Kommune <sande.kommune@sande-mr.kommune.no>; Postmottak Vanylven <postmottak.vanylven@vanylven.kommune.no>
Emne: Innhenting av innspel: Høring - ny konkurranse om regionale ruteflyginger i Sør-Noreg frå 1. april 2020

Til:

Kommunane Ørsta, Volda, Hareid, Herøy, Ulstein, Sande og Vanylven

Vedlagt følgjer brev datert 27.februar 2018 frå Samferdselsdepartementet om høyringsrunde angåande ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 01. april 2020. I Møre og Romsdal gjeld dette Ørsta/Volda lufthamn Hovden.

Departementet har sett høyringsfrist 28.mai 2018. Fylkeskommunen si høyringsfrist blir sett til 15.mai 2018 for å rekke politisk handsaming av saka. Informasjon om arbeidet, og aktuelle linkar til bakgrunnsstoff er å finne i brevet frå Samferdselsdepartementet.

Vi ber om orsaking for at denne invitasjonen kjem seint. Vi håper likevel at de tar dykk tid til å svare på høyringa.

Med helsing
Kai Bedringås
rådgivar
samferdselsavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 04 80/ 930 50 264
kai.bedringas@mrfylke.no
mrfylke.no

Vedlegg:
Høring - Ny konkurranse om regionale ruteflyginger i Sør-Norge fra 1.april 2020

Referatsaker

RS 23/18 Herøy kyrkjelege fellesråd - driftsrekneskap/investeringsrekneskap 2017. Herøy kyrkjelege fellesråd - driftsrekneskap/investeringsrekneskap 2017. 28.05.2018 00:00:00 HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD
Kyrkjeverja
Herøy kyrkje
Lisjebøvegen 1
6090 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Kopi
2018/632
Saksbeh.
28 MAI 2018
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr.
Dok.nr.
Kassasjon

Herøy kommune
her

DATO:28.05.18
ARKIV: 133
REF.:

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD
DRIFTSREKNESKAP/INVESTERINGSREKNESKAP 2017

Vedlagt fylgjer sak 18/18 handsama av Herøy kyrkjelege fellesråd i møte 02.05.18.

Sakene vert sendt til orientering.

Med helsing

Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD
Kyrkjeverja
Lisjebøvegen 1
6091 Fosnavåg

SÆRUTSKRIFT

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD	2. MAI 2018	SAK 18/18	ARKIV 133

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD DRIFTSREKNESKAP OG INVESTERINGSREKNESKAP 2017. GODKJENNING

FELLESRÅDET HAR FATTA SLIKT SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Herøy kyrkjelege fellesråd godkjenner driftsrekneskapen, balanserekneskapen og investeringsrekneskapen for året 2017, datert 23.04.18 med eit rekneskaps messig mindreforbruk på kroner 501 290,77.

2. Driftsoverskottet, kr 501 290,77 vert disponert slik:

   - Kr. 16 014 vert sett av til å dekke Eigenkapitaltilskott KLP 2017
   - Kr. 485 276,77 vert sett av til Disposisjonsfond kto. 55600001

Fosnavåg, 18.05.2018

Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Ekspd.: HK

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD
Kyrkjeverja
Herøy kyrkje
6091 Fosnavåg

F.R. SAK:
ARKIV:
SAK HANDS.:

DRIFTSREKNESKAP HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD 2017
INVESTERINGSREKNESKAPEN 2017

Innleiing

Rekneskapstala for 2017 ligg no føre, rekneskapen er ferdig revidert og revisjonsmeldinga vert ettersendt.

Etter Lov om Den norske kirke av 7. juni 1996 skal fellesrådet vedta sitt eige budsjett, medan kommunestyret skal yte rammeløyving etter dette budsjettet. Etter Forskrifter om budsjettordning, rekneskapsføring og revisjon for kirkelig fellesråd og menighetsråd § 5-7 skal årsrekneskap og årsmelding verte lagt fram for fellesrådet, og det er fellesrådet som "fastsetter" årsrekneskap og årsmelding. Fellesrådet har rapportering til KOSTRA pr. 15.03 som er ein månad etter kommunen.

Revisor skal så gi revisjonsberetning, dersom revisor har merknader til rekneskapen skal desse over sendast bispedømerådet. Dersom det er overskott i driftsrekneskapen skal dette disponerast, om det er underskott skal det leggast fram plan for korleis det skal dekkast inn.

Rekneskapen har eit driftsrekneskap (Økonomisk oversikt - drift, vedlegg 1), Balanserekneskap (vedlegg 2) og investeringsrekneskap (Økonomisk oversikt - investering, vedlegg 3), Noter (vedlegg 4) samt revisjonsmelding (vedlegg 5)

Driftsrekneskapen er, som namnet seier, rekneskapen over utgifter og inntekter knytt til ordinær drift. Til forskjell for private rekneskap har fellesrådet sin driftsrekneskap med enkelte moment som ein vanlegvis knyter til investeringar som refusjon mva. på investeringar og avskriving av eigedomar.

Herøy kyrkjelege fellesråd sin rekneskap er delt inn i 4 funksjonar:

41 Kyrkjeleg administrasjon
42 Kyrkjer
43 Kyrkjegardar
44 Anna kyrkjeleg verksemd (løn til kateket og "soknerådssaker")

Utgifter og inntekter vert ført på desse forskjellige funksjonane, og det er teknisk mogleg å hente ut rekneskap som viser kor store utgiftene knytt til t.d. gravplass er eit år. I samband med

årsavsluttinga er ikkje dette ei interessant inndeling, og vedlegg 1 er difor ikkje delt i funksjonar. Utgiftene grupperte etter art, dvs. at t.d. all løn for dei som jobbar i administrasjonen, dei som jobbar i kyrkjene og dei som arbeider på gravplassane art 10100, alle kostnader til vedlikehald både på kyrkjebygg og gravplassar er ført på artane 12300 – 12500 osb. Om ein skal sjå kor mykje som vert nytta til vedlikehald spesifikt på kyrkjebygg t. d må ein splitte dette i funksjon.

Generelle kommentarar

Herøy kyrkjelege fellesråd starta sitt budsjettarbeid i september 2016 slik ein vanlegvis gjer. Det vart arbeidd med budsjettet både administrativt og i fellesråd og i formannskap utover hausten . Herøy kommunestyre vedtok si løyving til fellesrådet i møte 15.12.2016, K-sak 204/16, og fellesrådet fatta endeleg vedtak i sitt møte 18.01.17, sak 03/17

Fellesrådet har hatt jamleg budsjettkontroll i 2017, så ein har fylgt utviklinga nøye.

Driftsrekneskapen

Herøy kyrkjelege fellesråd sitt driftsrekneskap for 2017 vert gjort opp med eit rekneskaps messig mindreforbruk på kr. 501 290,77.

Det er til dels store avvik mellom budsjett og rekneskap i fellesrådet si drift, og driftsresultatet skriv seg både frå lågare forbruk enn budsjettert og høgare inntekter enn det er budsjettert. Samla sett hadde ein ca. kr. 326 000 lågare utgifter enn budsjett medan ein hadde ca. 170 000 kroner høgare inntekter enn budsjettert.

Rekneskapsåret 2017 var første året omlegginga i systemet med festeavgift fekk full effekt etter at ein gjekk over til å krevje inn festeavgift for 10 år om gongen i staden for 20 års periode. Dette, saman med naturlege svingingar for denne avgifta gav ei meirinntekt på nær 155 000 kroner. Andre store avvik på dette området er auken i husleigeinntekt på kr 43 000. Negativt avvik på inntektssida ser ein på overføringa frå sokn (kto. 37500) med eit avvik på kr. 126 000 som skuldast lågare lønsutgifter i samband med ulønt permisjon.

På utgiftssida ser ein tydeleg at det har vore vakanse i heil stilling for trusopplærar i 7 månader og redusert stilling for barne- og ungdomskoordinator i 7 månader (til saman 150% stilling). Det er eit mindreforbruk i høve til budsjett på nærare 860 000 kroner innanfor kto. 30100 – kto. 30990 SUM Løn mm. I dette beløpet ligg eit avvik på ca. 620 000 i lønskostnader samt eit avvik på om lag 292 000 kroner i pensjon og arbeidsgjevaravgift.

På utgiftssida er det eit samla meirforbruk på nærare 510 000 kroner. I stor grad er dette eit styrt meirforbruk innanfor arbeidsfeltet 45008 Trusopplæring. Herøy kyrkjelege fellesråd tok i mot i alt 631 000 kroner i trusopplæringsmidlar. I eit normalår vil mesteparten av dette gå til lønsutgifter, i år der ein har lågare lønsutgifter har ein moglegheit til å bruke desse midlane til andre utgifter knytt til trusopplæringa samt at ein har høve til å sette av inntil 5% (kr. 31550) til bunde fond for bruk seinare år. I rekneskapsåret 2017 vart det sett av ca. kr. 24 000 til slikt fond (kro 35500). Av rekneskapen går det vidare fram at ein brukte om lag 30 000 kroner meir enn budsjettert på annonsar (knytt til utlysing stilling som trusopplærar).

Av andre driftsutgifter ser vi at energi (kto. 31800) og avgifter/lisensar/serviseavgifter (kto. 31950/31951) hadde til dels stort meirforbruk, kr. 140 000.

Balanserekneskapen

Balanserekneskapen er ei oversikt over sokna sine eigedelar (kyrkjer, gravplassar og maskiner), sokna si gjeld, fellesrådet sine bankkontoar og fellesrådet sine ulike fond. Balansen

viser at det pr. 31.12.17 var kr. 407 895 i leverandørgjeld medan det er om lag 1 700 000 i disposisjonsfond og ca. 125 000 kroner i bunde driftsfond trusopplæring samt at det er kr. 41 494,80 som ikkje er dekka inn i investeringsrekneskapen (sjå neste avsnitt)

Investeringsrekneskapen
Investeringsrekneskapen syner utgifter og inntekter knytt til investeringar i 2017 og tidlegare år samt Eigenkapitaltilskotet til KLP. Utgiftene i investeringsrekneskapen vert finansiert ved overføring frå kommune, sokn og stat, og desse utgiftene er knytt til utviding og opp gradering av gravplassar og kyrkjer.

Herøy kyrkjelege fellesråd fatta i sak 13/18 vedtak om å dekke opp meirforbruket i investeringsrekneskapen, prosjekt 42001 Kyrkjekjellaren, kr. 25480,80 ved bruk av fellesrådet sitt disposisjonsfond, og det vert vist til denne saka (sjå vedlegg) for meir detaljar (vert ført 2018 rekn).

Ein står då att med eit meirforbruk på prosjekt 49000 Eigenkapitaltilskott KLP med kr 16 014 som ein må dekke opp ved disponering av årets driftsoverskott

Konklusjon
Driftsrekneskapen 2017 viser eit driftsoverskott på kr. 501 290,77. Rekneskapen er ferdig revidert og revisjonsmeldinga vert ettersendt.

Framlegg til vedtak:

1. Herøy kyrkjelege fellesråd godkjenner driftsrekneskapen, balanserekneskapen og investeringsrekneskapen for året 2017, datert 23.04.18 med eit rekneskaps messig mindreforbruk på kroner 501 290,77.

2. Driftsoverskottet, kr 501 290,77 vert disponert slik:

    - Kr. 16 014 vert sett av til å dekke Eigenkapitaltilskott KLP 2017
    - Kr. 485 276,77 vert sett av til Disposisjonsfond kto. 55600001

Fosnavåg, 25.04.18
Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD DRIFTSREKNESKAP 2017

Konto	Konto (T)	Rekneskap	Budsjett vedtatt	Avvik	Forbruk i %
30100	Fastlønn	3 611 471,23	4 230 000,00	618 528,77	85
30108	Pensjonsgjevande tillegg	37 420,32	45 000,00	7 579,68	83
30200	Vikarar	77 452,97	75 000,00	-2 452,97	103
30209	variable tillegg vikarar	98 746,79	100 000,00	1 253,21	99
30300	Ekstrahjelp	24 846,22	20 000,00	-4 846,22	124
30500	Anna lønn	14 662,33	0,00	-14 662,33	0
30508	Diverse lønsutbetaling	47 905,13	0,00	-47 905,13	0
30800	Godtgjersle folkevalde	34 400,00	40 000,00	5 600,00	86
30802	Tapt arbeidsgodtgjersle	1 092,00	5 000,00	3 908,00	22
30900	Pensjonsinnskot	451 521,92	685 000,00	233 478,08	66
30902	Kollektiv ulykke- og gruppelivforsikring	10 275,00	15 000,00	4 725,00	69
30990	Arbeidsgjevaravgift	466 198,65	520 000,00	53 801,35	90
	SUM LØN m.m	4 875 992,56	5 735 000,00	859 007,44	85
31000	Kontormateriell	7 372,20	16 000,00	8 627,80	46
31002	Abonnement aviser og fagliteratur	9 875,33	9 000,00	-875,33	110
31100	Aktivitetsrelatert forbruksmateriell/ utstyr/ tenester	305 229,36	35 950,00	-269 279,36	849
31151	Servering møter, kurs, representasjon	14 744,43	25 000,00	10 255,57	59
31152	Servering som del av drift (ref moms 15%)	4 863,62	0,00	-4 863,62	0
31200	Anna forbruksmateriell	54 520,11	85 000,00	30 479,89	64
31201	Arbeidskle	1 190,40	5 000,00	3 809,60	24
31202	Velferdstiltak	4 152,89	3 000,00	-1 152,89	138
31208	Diverse utgifter	5 470,00	0,00	-5 470,00	0
31300	Post, banktenester, telefon	25 912,40	55 000,00	29 087,60	47
31301	Telefoni	28 886,29	19 000,00	-9 886,29	152
31400	Annonsar, reklame, informasjon og representasjon	50 414,60	20 000,00	-30 414,60	252
31500	Opplæring kurs (ikkje oppgåvepliktig)	24 483,00	17 000,00	-7 483,00	144
31550	Reiseutgifter, opplæring (ikkje oppgåvepliktig)	381,64	0,00	-381,64	0
31600	Reiseutgifter, oppgåvepliktige	103 970,27	105 000,00	1 029,73	99
31603	Km.godtgjersle skattepliktig del	256,40	0,00	-256,40	0
31700	Reisutgifter, drift av eigne transportmiddel	33 175,94	33 000,00	-175,94	101

Konto	Konto (T)	Rekneskap	Budsjett vedtatt	Avvik	Forbruk i %
31703	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	12 153,20	14 000,00	1 846,80	87
31800	Energi	308 431,78	247 500,00	-60 931,78	125
31850	Forsikringar, vakttenester	120 047,00	120 000,00	-47,00	100
31900	Leige av lokaler og grunn	3 081,82	2 500,00	-581,82	123
31950	Avgifter, gebyr og lisensar	213 811,55	175 000,00	-38 811,55	122
31951	Lisenser/ serviceavgifter	41 711,80	0,00	-41 711,80	0
32000	Kjøp og oprasjonelll leasing av driftsmiddel	48 202,65	65 000,00	16 797,35	74
32100	Kjøp, leige og leasing av transportmiddel	11 348,00	40 000,00	27 351,80	32
32200	Leige av driftsmiddel	0,00	7 000,00	7 000,00	0
32300	Vedlikehald, byggjetenester og nybygg	163 830,86	180 000,00	16 169,14	91
32301	Vedlikehald grøntanlegg	355 360,16	360 000,00	4 639,84	99
32350	Utgifter stell av grav	11 369,00	20 000,00	8 631,00	57
32400	Serviceavtaler og reparasjonar	71 536,84	65 000,00	-6 536,84	110
32500	Materiale til vedlikehald, påkosting og nybygg	90 740,56	25 000,00	-65 740,56	363
32650	Vakthald og vektarreneste, alarm-system	17 520,00	18 000,00	480,00	97
32700	Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon), tidlegare	256 246,40	240 000,00	-16 246,40	107
33700	Refusjon til andre	33,00	0,00	-33,00	0
34290	Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	465 835,30	350 000,00	-115 835,30	133
34702	Div. øre/kroneavrunding - øre/kronebalanse	16,18	0,00	-16,18	0
	SUM ANDRE DRIFTSOSTNADER	2 866 174,98	2 356 950,00	-510 525,18	122
35000	Renteutgifter	3 562,00	7 000,00	3 438,00	51
35001	Morarenter	1 223,55	0,00	-1 223,55	0
35100	Avdragsutgifter	400 130,00	400 000,00	-130,00	100
	SUM RENTER/AVDRAG/FINANS	404 915,55	407 000,00	2 084,45	99
35500	Avsetnader til bundne fond	24 497,69	0,00	-24 497,69	0
	AVSETNADER	24 497,69	0,00	-24 497,69	
36200	Sal av varer og tenester, gebyr med vidare utanfor avgift	-13 450,00	-20 500,00	-7 050,00	66
36201	Gebyrinntekter Avgiftsfritt	-7 300,00	-5 000,00	2 300,00	146
36202	Trekk frå ansatte	-2 343,00	-3 000,00	-657,00	78
36250	Stell av grav	-53 700,00	-75 000,00	-21 300,00	72
36300	Husleigeinntekter/ utleige av lokaler/ festeavgift	-108 017,50	-65 000,00	43 017,50	166
36400	Festeavgift	-374 870,00	-220 000,00	154 870,00	170

Konto	Konto (T)	Rekneskap	Budsjett vedtatt	Avvik	Forbruk i %
36500	Avgiftspliktig sal av varer og tenester	-20 952,00	0,00	20 952,00	0
37100	Sjukelønsrefusjon/ refusjonar frå trygdeetaten	-11 948,00	0,00	11 948,00	0
37290	Kompensasjon moms påløpt i driftssrekneskapen	-465 835,30	-350 000,00	115 835,30	133
37500	Refusjon frå sokneråd	-220 720,66	-347 000,00	-126 279,34	64
37700	Refusjon frå andre private	-19 600,29	0,00	19 600,29	0
38000	Tilskot frå staten/ statlege institusjonar	-631 000,00	-633 450,00	-2 450,00	100
38300	Tilskot frå kommunen/ kommunale institusjonar	-6 740 000,00	-6 780 000,00	-40 000,00	99
39000	Renteinntekter	-3 135,00	0,00	3 135,00	0
	SUM INNTEKTER	-8 672 871,75	-8 498 950,00	173 921,75	102
	SUM UTGIFTER	8 171 580,78	8 498 950,00	326 069,02	96
	RESULTAT 2017	-501 290,97	0,00		

Balanseregnskapet — Herøy kyrkjelege fellesråd

Tall i 1000 kroner	Note	Regnskap 2017	Regnskap 2016
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Faste eiendommer og anlegg		68 571	66 832
Utstyr, maskiner og transportmidler		0	0
Utlån		0	0
Aksjer og andeler		150	121
Pensjonsmidler		0	0
Sum anleggsmidler		**68 721**	**66 953**
OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		1 256	2 552
Premieavvik		0	0
Aksjer og andeler		0	0
Sertifikater		0	0
Obligasjoner		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd		2 494	788
Sum omløpsmidler		**3 750**	**3 340**
Sum eiendeler		**72 471**	**70 293**
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Disposisjonsfond	4	-1 704	-1 693
Bundne driftsfond	4	-125	-101
Ubundne investeringsfond		0	0
Bundne investeringsfond	4	-5	-5
Regnskapsmessig mindreforbruk	6	-501	-119
Regnskapsmessig merforbruk		0	0
Udisponert i investeringsregnskapet		0	0
Udekket i investeringsregnskapet	7	41	108
Likviditetsreserve		0	0
Kapitalkonto	5	-68 721	-66 553
Endring rekneskapsprinsipp AK (drift)		0	0
Endring rekneskapsprinsipp AK (investering)		0	0
Sum egenkapital		**-71 015**	**-68 363**
GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Pensjonsforpliktelser		0	0
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	3	0	-400
Sum langsiktig gjeld		**0**	**-400**
KORTSIKTIG GJELD			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld		-1 456	-1 530
Premieavvik		0	0
Sum kortsiktig gjeld		**-1 456**	**-1 530**
Sum egenkapital og gjeld		**-72 471**	**-70 293**
Ubrukte lånemidler		0	0
Andre memoriakonti		0	0
Motkonto for memoriakontiene		0	0
Sum memoriakonti		**0**	**0**

Balansen Herøy kyrkjelege fellesråd 2017

Konto	Konto (T)	Beløp
51020001	Sparebanken Møre, 3909.07.56161	2121818,83
51020002	Sparebanken Møre, 3910.51.19759	180675
51098001	Skattetrekk Sbm, 3909.30.46904	192276
51310100	KORTSIKTIGE FORDRINGER NAV . INTERIMSKONTO	0
51314010	Ref. momskompensasjon investering	12628,62
51314020	Ref. MVA. kompensasjon drift	13565,81
51314080	Grunnlag momskompensasjon	-67541,56
51314090	Oppgjerskonto momskompensasjon	138715
51375001	Ref. frå Herøy kommune	463174,82
51375003	Påløpt inntekt som er fakturert	10550
51375010	Anna tilgodehavande	632872,6
21375100	Kundereskontro	52332,5
52110000	K L P - egenkapitalinnskot	150000
52120000	Andel Sævik vasslag	1
52130000	Andel Nerlandsøy vasslag	1
52140000	Andel Bergsøy vasslag	1
52420000	Inventar Herøy kyrkje	1
52450000	Inventar Herøy kyrkje	4
52710000	Herøy kyrkje	35682226,01
52710001	Herøy kyrkje - kyrkjekjellaren	7782011
52710010	Uteareal Herøy kyrkje	4886709,95
52710020	Kapell Herøy kyrkje	3141453,64
52720000	Leikanger kyrkje	1914256,98
52730000	Indre Herøy kyrkje	5378136,79
52740000	Klokkehus Tjørvåg gravplass	998661
52750000	Flusund gravplass	371318,5
52760000	Remøy gravplass	698741,43
52770000	Moltu gravplass	1045179,5
52780000	Kvalsund gravplass	6622181,15
52790000	Runde gravplass	50000
52790010	Leikanger gravplass	1
53214000	Oppgj. konto skattetrekk	-179836
53214001	Utgåande mva VAR § 11.1	0
53214010	Oppgjerskonto mva	0
53214080	Grunnlag MVA-komp. motkonto	67541,56
53214100	Forskotstrekk skatt	0
53214200	Påleggstrekk	-5000
53214300	Arbeidsgjvaravgift	-70444,13
53268000	Oppgjerskonto KLP	0
53268100	KLP- arbeidsgjevars del	0
53268101	KLP- arbeidstakars del, fellesordning	0
53275017	Avsatt feriepengar i opptjeningsåret	-426327,52
53275018	Feriepengar, utbetales i ferieåret	0
53275067	Avsatt arb.giv.avg. av feriepengar i opptjeningsåret	-45190,72
53275100	Trekk forsikring	0
53275202	Innkassotrekk	0
53299000	Interimskonto for utbetalt løn	0
53299001	Øreavrunding løn/komm.fakt	0
53299010	OU- trekk KA	0
53299011	Fagforeningstrekk, OU-trekk	0
53299740	Kortsiktig gjeld andre	32666,9
53299741	Påløpt leverandørgjeld	-407895
23499501	Leverandørreskontro	-421776,74
54500000	Lån Opplysningsvesenets fond	0
55100000	Bunde fond trusopplæring	-125520,89
55500010	Gåvefond Kapell	-5000
55600001	Disposisjonsfond	-1704487,73
55950001	Årets ikkje disp. del av netto driftsresultat	-501290,77
55970001	Underskot investeringsrekneskapet	41494,8
55990000	Kapitalkonto fast eigedom	-68508376,95
55990100	Kapitalkonto utstyr/maskin/transportm.	-9,38
55990200	Kapitalkonto aksjar og andelar	-212500
55990300	Kapitalkonto innlån	0
		0

T	Konto	Konto (T)	Beløp
	51020001	Sparebanken Møre, 3909.07.56161	2 121 818,83
	51020002	Sparebanken Møre, 3910.51.19759	180 675,00
	51098001	Skattetrekk Sbm, 3909.30.46904	192 276,00
	51310100	KORTSIKTIGE FORDRINGER NAV . IN	0,00
	51314010	Ref. momskompensasjon investering	12 628,62
	51314020	Ref. MVA. kompensasjon drift	13 565,81
	51314080	Grunnlag momskompensasjon	-67 541,56
	51314090	Oppgjerskonto momskompensasjon	138 715,00
	51375001	Ref. frå Herøy kommune	463 174,82
	51375003	Påløpt inntekt som er fakturert	10 550,00
	51375010	Anna tilgodehavande	632 872,60
	52110000	K L P - egenkapitalinnskot	150 000,00
	52120000	Andel Sævik vasslag	1,00
	52130000	Andel Nerlandsøy vasslag	1,00
	52140000	Andel Bergsøy vasslag	1,00
	52420000	Inventar Herøy kyrkje	1,00
	52450000	Inventar Herøy kyrkje	4,00
	52710000	Herøy kyrkje	35 682 226,01
	52710001	Herøy kyrkje - kyrkjekjellaren	7 782 011,00
	52710010	Uteareal Herøy kyrkje	4 886 709,95
	52710020	Kapell Herøy kyrkje	3 141 453,64
	52720000	Leikanger kyrkje	1 914 256,98
	52730000	Indre Herøy kyrkje	5 378 136,79
	52740000	Klokkehus Tjørvåg gravplass	998 661,00
	52750000	Flusund gravplass	371 318,50
	52760000	Remøy gravplass	698 741,43
	52770000	Moltu gravplass	1 045 179,50
	52780000	Kvalsund gravplass	6 622 181,15
	52790000	Runde gravplass	50 000,00
	52790010	Leikanger gravplass	1,00
	53214000	Oppgj. konto skattetrekk	-179 836,00
	53214001	Utgåande mva VAR § 11.1	0,00
	53214010	Oppgjerskonto mva	0,00
	53214080	Grunnlag MVA-komp. motkonto	67 541,56
	53214100	Forskotstrekk skatt	0,00
	53214200	Påleggstrekk	-5 000,00
	53214300	Arbeidsgjvaravgift	-70 444,13
	53268000	Oppgjerskonto KLP	0,00
	53268100	KLP- arbeidsgjevars del	0,00
	53268101	KLP- arbeidstakars del, fellesordning	0,00
	53275017	Avsatt feriepengar i opptjeningsåret	-426 327,52
	53275018	Feriepengar, utbetales i ferieåret	0,00
	53275067	Avsatt arb.giv.avg. av feriepengar i op	-45 190,72
	53275100	Trekk forsikring	0,00
	53275202	Innkassotrekk	0,00
	53299000	Interimskonto for utbetalt løn	0,00
	53299001	Øreavrunding løn/komm.fakt	0,00
	53299010	OU- trekk KA	0,00

Periode=[201700,201712] ; Konto=5*

T	Konto	Konto (T)	Beløp
	53299011	Fagforeningstrekk, OU-trekk	0,00
	53299740	Kortsiktig gjeld andre	32 666,90
	53299741	Påløpt leverandørgjeld	-407 895,00
	54500000	Lån Opplysningsvesenets fond	0,00
	55100000	Bunde fond trusopplæring	-125 520,89
	55500010	Gåvefond Kapell	-5 000,00
	55600001	Disposisjonsfond	-1 704 487,73
	55950001	Årets ikkje disp. del av netto driftsresi	-501 290,77
	55970001	Underskot investeringsrekneskapet	41 494,80
	55990000	Kapitalkonto fast eigedom	-68 508 376,95
	55990100	Kapitalkonto utstyr/maskin/transport	-9,38
	55990200	Kapitalkonto aksjar og andelar	-212 500,00
	55990300	Kapitalkonto innlån	0,00
			369 444,24

T	Konto	Konto (T)	Beløp
	21375100	Kundereskontro	16 890,00
	23499501	Leverandørreskontro	-2 120 936,85
			-2 104 046,85

Balansen Herøy kyrkjelege fellesråd 2016

Konto	Konto (T)	Beløp
51020001	Sparebanken Møre, 3909.07.56161	12 813,42
51020002	Sparebanken Møre, 3910.51.19759	625 527,00
51098001	Skattetrekk Sbm, 3909.30.46904	150 217,00
51314010	Ref. momskompensasjon investering	50 687,60
51314020	Ref. MVA. kompensasjon drift	-7 680,65
51314090	Oppgjerskonto momskompensasjon	457 666,00
51375001	Ref. frå Herøy kommune	1 987 797,59
51375003	Påløpt inntekt som er fakturert	14 650,00
51375010	Anna tilgodehavande	31 832,23
21375100	Kundereskontro	16 890,00
52110000	K L P - egenkapitalinnskot	120 923,00
52120000	Andel Sævik vasslag	1,00
52130000	Andel Nerlandsøy vasslag	1,00
52140000	Andel Bergsøy vasslag	1,00
52420000	Inventar Herøy kyrkje	1,00
52450000	Inventar Herøy kyrkje	4,00
52710000	Herøy kyrkje	36 693 457,01
52710001	Herøy kyrkje - kyrkjekjellaren	7 398 827,00
52710010	Uteareal Herøy kyrkje	4 995 150,95
52710020	Kapell Herøy kyrkje	3 216 827,64
52720000	Leikanger kyrkje	1 960 812,98
52730000	Indre Herøy kyrkje	5 496 450,79
52740000	Klokkehus Tjørvåg gravplass	861 256,00
52750000	Flusund gravplass	917 766,50
52760000	Remøy gravplass	1 238 708,43
52770000	Moltu gravplass	1 097 295,50
52780000	Kvalsund gravplass	2 955 293,15
53214000	Oppgj. konto skattetrekk	-138 050,00
53214100	Forskotstrekk skatt	-2 375,00
53214200	Påleggstrekk	-5 000,00
53214300	Arbeidsgjvaravgift	-57 693,00
53275017	Avsatt feriepengar i opptjeningsåret	-414 643,50
53275067	Avsatt arb.giv.avg. av feriepengar i opptjeningsåret	-43 952,21
53299000	Interimskonto for utbetalt løn	-4 096,39
53299011	Fagforeningstrekk, OU-trekk	-73,44
53299740	Kortsiktig gjeld andre	-29 946,72
53299741	Påløpt leverandørgjeld	1 286 879,23
23499501	Leverandørreskontro	-2 120 936,85
54500000	Lån Opplysningsvesenets fond	-400 000,00
55100000	Bunde fond trusopplæring	-101 023,20
55500010	Gåvefond Kapell	-5 000,00
55600001	Disposisjonsfond	-1 693 314,85
55950001	Årets ikkje disp. del av netto driftsresultat	-119 022,68
55970001	Underskot investeringsrekneskapet	107 849,80
55990000	Kapitalkonto fast eigedom	-66 769 345,95
55990100	Kapitalkonto utstyr/maskin/transportm.	-9,38
55990200	Kapitalkonto aksjar og andelar	-183 423,00
55990300	Kapitalkonto innlån	400 000,00
		0,00

T	Konto	Konto (T)	Beløp
	21375100	Kundereskontro	52 332,50
	21375999	Feilkonto kunder	0,00
	23499501	Leverandørreskontro	-421 776,74
			-369 444,24

T	Konto	Konto (T)	Beløp
	51020001	Sparebanken Møre, 3909.07.56161	12 813,42
	51020002	Sparebanken Møre, 3910.51.19759	625 527,00
	51098001	Skattetrekk Sbm, 3909.30.46904	150 217,00
	51310100	KORTSIKTIGE FORDRINGER NAV . INTERIMSKONTO	0,00
	51314010	Ref. momskompensasjon investering	50 687,60
	51314020	Ref. MVA. kompensasjon drift	-7 680,65
	51314080	Grunnlag momskompensasjon	0,00
	51314090	Oppgjerskonto momskompensasjon	457 666,00
	51375001	Ref. frå Herøy kommune	1 987 797,59
	51375003	Påløpt inntekt som er fakturert	14 650,00
	51375010	Anna tilgodehavande	31 832,23
	51475100	Interimskonto lønnsforskudd	0,00
	52110000	K L P - egenkapitalinnskot	120 923,00
	52120000	Andel Sævik vasslag	1,00
	52130000	Andel Nerlandsøy vasslag	1,00
	52140000	Andel Bergsøy vasslag	1,00
	52420000	Inventar Herøy kyrkje	1,00
	52450000	Inventar Herøy kyrkje	4,00
	52710000	Herøy kyrkje	36 693 457,01
	52710001	Herøy kyrkje - kyrkjekjellaren	7 398 827,00
	52710010	Uteareal Herøy kyrkje	4 995 150,95
	52710020	Kapell Herøy kyrkje	3 216 827,64
	52720000	Leikanger kyrkje	1 960 812,98
	52730000	Indre Herøy kyrkje	5 496 450,79
	52740000	Klokkehus Tjørvåg gravplass	861 256,00
	52750000	Flusund gravplass	917 766,50
	52760000	Remøy gravplass	1 238 708,43
	52770000	Moltu gravplass	1 097 295,50
	52780000	Kvalsund gravplass	2 955 293,15
	53214000	Oppgj. konto skattetrekk	-138 050,00
	53214080	Grunnlag MVA-komp. motkonto	0,00
	53214100	Forskotstrekk skatt	-2 375,00
	53214200	Påleggstrekk	-5 000,00
	53214300	Arbeidsgjvaravgift	-57 693,00
	53268000	Oppgjerskonto KLP	0,00
	53268100	KLP- arbeidsgjevars del	0,00
	53268101	KLP- arbeidstakars del, fellesordning	0,00
